



DET KONGELEGE BARNE-  
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2019**

Utgiftskapittel: 800–873, 2530

Inntektskapittel: 3842, 3847, 3855, 3856, 3858





DET KONGELEGE BARNE-  
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2019**

Utgiftskapittel: 800–873, 2530

Inntektskapittel: 3842, 3847, 3855, 3856, 3858



# Innhald

<b>Del I</b>	<b>Innleiande del</b> .....	9	Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet .....	94
<b>1</b>	<b>Hovedprioriteringar – Innsats for utsette barn og familiar</b> .....	11	Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet .....	97
1.1	Barnefattigdom .....	11	Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet .....	98
1.2	Vald og overgrep .....	12	Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar .....	99
1.3	Barnevernet .....	13	Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar .....	99
1.4	Likestilling .....	14	Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet .....	100
1.5	Forbrukaranes stilling .....	15	Kap. 3858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet .....	101
<b>2</b>	<b>Oversikt over budsjettforslaget</b> .....	17	<i>Programkategori 11.30 Forbrukarpolitikk</i> .....	102
2.1	Forslag til utgifter og inntekter fordelt på kapittel og postgrupper .....	17	Kap. 860 Forbrukarrådet .....	112
2.2	Postar med stikkordet «kan overførast» .....	20	Kap. 862 Stiftinga Miljømerking i Noreg ....	113
2.3	Meirinntektsfullmakter .....	21	Kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak .....	114
<b>3</b>	<b>Oppmodingsvedtak</b> .....	22	Kap. 867 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet .....	115
<b>Del II</b>	<b>Nærare om budsjettforslaget</b> ...	43	Kap. 868 Forbrukartilsynet .....	116
<b>4</b>	<b>Nærare om budsjettforslaget</b> ...	45	Kap. 3868 Forbrukartilsynet .....	117
<b>Programområde 11</b> .....	45	<i>Programkategori 11.40 Likestilling og ikkje-diskriminering</i> .....	118	
<i>Programkategori 11.00 Administrasjon</i> .....	45	Kap. 870 Sekretariatet for Diskrimineringsnemnda .....	128	
Kap. 800 Barne- og likestillingsdepartementet .....	47	Kap. 871 Likestilling og ikkje-diskriminering .....	129	
Kap. 3800 Barne- og likestillingsdepartementet .....	47	Kap. 872 Nedsett funksjonsevne .....	131	
<i>Programkategori 11.10 Familie og oppvekst</i> ...	48	Kap. 873 Likestillings- og diskrimineringsombodet .....	132	
Kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep .....	69	<b>Programområde 28</b> .....	134	
Kap. 841 Samliv og konfliktløysing .....	70	<i>Programkategori 28.50 Stønad ved fødsel og adopsjon</i> .....	134	
Kap. 842 Familievern .....	71	Kap. 2530 Foreldrepengar .....	138	
Kap. 3842 Familievern .....	72	<b>Del III</b>	<b>Omtale av særlege tema</b> .....	141
Kap. 843 Adopsjonsstønad .....	72	<b>5</b>	<b>Likestilling i budsjettet og oppfølging av aktivitets- og rapporteringspliktene</b> .....	143
Kap. 844 Kontantstøtte .....	73	5.1	Familie- og oppvekstområdet .....	143
Kap. 845 Barnetrygd .....	73	5.2	Barnevernsområdet .....	144
Kap. 846 Familie- og oppveksttiltak .....	75	5.3	Status i departementet og dei underliggjande verksemdene for 2017 .....	144
Kap. 847 EUs ungdomsprogram .....	78			
Kap. 3847 EUs ungdomsprogram .....	78			
Kap. 848 Barneombodet .....	79			
<i>Programkategori 11.20 Barnevernet</i> .....	81			
Kap. 853 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker .....	93			
Kap. 3853 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker .....	94			

5.4	Barne- og likestillings- departementet .....	149	<b>8</b>	<b>Omtale av klima- og miljørelevante saker .....</b>	<b>157</b>
5.5	Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) .....	149	8.1	Omtale av klima- og miljørelevante saker på forbrukarområdet .....	157
5.6	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker .....	149	8.2	Mål for det vidare arbeidet på forbrukarområdet .....	157
5.7	Forbrukartilsynet .....	150			
5.8	Barneombodet .....	150	<b>9</b>	<b>Forskning og utvikling .....</b>	<b>158</b>
5.9	Likestillings- og diskrimine- ringsombodet .....	150	<b>10</b>	<b>Arbeid med menneskerettar ...</b>	<b>160</b>
5.10	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet .....	151	<b>11</b>	<b>Oversikt over opptrappings- planen mot vald og overgrep ...</b>	<b>162</b>
5.11	Sekretariatet for Likestillings- og diskrimineringsnemnda .....	151	<b>12</b>	<b>Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemdar ..</b>	<b>167</b>
5.12	Andre kommentarar til omtalen ...	151	12.1	Likestillings- og diskrimine- ringsombodet .....	167
<b>6</b>	<b>Fornye, forenkla og forbetre ....</b>	<b>152</b>	12.2	Forbrukarrådet .....	171
<b>7</b>	<b>Oppfølging av FNs berekraftsmål .....</b>	<b>154</b>		<b>Forslag .....</b>	<b>177</b>

## Figuroversikt

Figur 4.1	Barn med plasseringstiltak i barnevernet .....	83	Figur 4.3	Delen kvinner med 100 prosent foreldrepenge/dekningsgrad, 2008–2017. Prosent .....	136
Figur 4.2	Gjennomsnittleg tal dagar med foreldrepenge for mor og far. Barn fødte i det aktuelle halvåret .....	135			

## Tabelloversikt

Tabell 3.1	Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer .....	22	Tabell 5.7	Forbrukartilsynet (kjønn, lønn, stilling) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N) .....	147
Tabell 4.1	Forslag til satser for kontantstøtte i 2019 (kroner) .....	49	Tabell 5.8	Forbrukartilsynet (deltid, tilsetjingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent	147
Tabell 4.2	Barn som får barnebidrag gjennom det offentlege, etter alder og storleiken på det gjennomsnittlege bidraget (kroner) .....	54	Tabell 5.9	Barneombodet (kjønn, lønn) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N) .....	147
Tabell 4.3	Offer under 18 år i melde tilfelle av vald, mishandling og seksuallovbrot 2012–2016 .....	58	Tabell 5.10	Barneombodet (deltid, tilsetjingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent	147
Tabell 4.4	Forslag til satsar for barnetrygd for 2019 (kroner) .....	74	Tabell 5.11	Likestillings- og diskrimineringsombodet (kjønn, lønn, stilling) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N) .....	148
Tabell 4.5	Talet på stønadsmottakarar i 2017. Prognosar for 2018 og 2019 .....	74	Tabell 5.12	Likestillings- og diskrimineringsombodet (deltid, tilsetjingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent	148
Tabell 4.6	Talet på stønadsmottakarar i 2017. Prognosar for 2018 og 2019 .....	74	Tabell 5.13	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet (kjønn, lønn) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N) .....	148
Tabell 4.7	Fødslar og bruk av foreldrepengeordninga 2014–2017 .....	137	Tabell 5.14	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet (deltid, tilsetjingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent .....	148
Tabell 4.8	Sats for eingangsstønad ved fødsel i perioden 2013–2018 .....	137	Tabell 11.1	Status for tiltak i Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021) per 1. juli 2018 .....	162
Tabell 5.1	Barne- og likestillingsdepartementet (kjønn, lønn, stilling) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N) .....	144	Tabell 12.1	Utgifter og inntekter etter art ....	167
Tabell 5.2	Barne- og likestillingsdepartementet (deltid, tilsetjingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent	145	Tabell 12.2	Inntekter etter inntektskjelde ...	169
Tabell 5.3	Barne-, ungdoms- og familieetaten (kjønn, lønn, stilling) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N) .....	145	Tabell 12.3	Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei føremåla kontantbeholdningane skal nyttast til .....	170
Tabell 5.4	Barne-, ungdoms- og familieetaten (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent .....	146	Tabell 12.4	Utgifter og inntekter etter art ....	171
Tabell 5.5	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker (kjønn, lønn, stilling) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N) .....	146	Tabell 12.5	Inntekter etter inntektskilde .....	173
Tabell 5.6	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent	146	Tabell 12.6	Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei føremåla kontantbeholdningane skal nyttast til .....	174







DET KONGELEGE BARNE-  
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2019**

Utgiftskapittel: 800–873, 2530

Inntektskapittel: 3842, 3847, 3855, 3856, 3858

*Tilråding frå Barne- og likestillingsdepartementet 21. september 2018,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*



*Del I*  
*Innleiande del*



# 1 Hovedprioriteringar – Innsats for utsette barn og familiar

Gir vi barn ein god oppvekst, har dei gode føresetnader for å vekse opp til å bli sjølvstendige menneske, få seg ei utdanning, ein jobb, skape ein heim for seg og sine og bidra til eit berekraftig velferdsamfunn. Dei fleste barn i Noreg veks opp i trygge familiar med gode økonomiske vilkår. Samstundes er det familiar som lever i vedvarande låginntekt og som dermed får avgrensa høve til fullverdig deltaking i samfunnet. Barn som veks opp i låginntektsfamiliar skal ha moglegheit til å delta i sosiale fellesskap på linje med andre. Andre barn lever under tilhøve som kan skade helsa eller utviklinga deira. Desse skal få naudsynt hjelp og omsorg. Barnevernet skal vere eit tryggingnett for barn og unge når foreldra av ulike årsaker ikkje greier å gi barna sine den omsorga dei treng. Regjeringa ønskjer òg eit tryggare Noreg og styrkjer innsatsen mot vald og overgrep ytterlegare.

Familien er eit sterkt og grunnleggjande sosialt fellesskap som skaper ei trygg ramme kring oppveksten til barn og unge. Barn og familiar er ulike og dei har ulike behov. Regjeringa arbeider for ein politikk der familiarne får fridom til å leve sine eigne liv og organisere kvardagen slik dei sjølve ønskjer. Ein god politikk for familiarne legg grunnlaget for livskvalitet, og gir helsemessige og samfunnsøkonomiske gevinstar. Samstundes skal familiepolitikken leggje til rette for likestilling mellom foreldra både i heimen og i arbeidslivet. Fars deltaking i ulike omsorgsoppgåver er viktig for barns utvikling. Utviding av mødre- og fedrekvota frå 10 til 15 veker ved uttak av foreldrepenge vart sett i kraft 1. juli 2018. Dette gir lik tredeling ved 100 pst. uttak. Tredeling vartek valfridom, samstundes som ho gjer sitt til at fedrar får meir tid med barna sine.

For å skape eit berekraftig velferdssamfunn er det viktig at alle kan bidra til fellesskapet gjennom arbeid. Regjeringa har sett i gang ein inkluderingsdugnad for å få fleire av dei som står utanfor arbeidslivet i ordinær jobb. Likestilling, ikkje minst i arbeidslivet, er ein føresetnad for å føre vidare det høge velferdsnivået vi har i Noreg, og for å utvikle samfunnet vidare. Regjeringa vil rette ein innsats mot kjønnsstradisjonelle utdanningsval.

Dei medverkar til å oppretthalde ein kjønnsdelt arbeidsmarknad, med forskjellar i lønn, arbeidstid og arbeidsbelastning.

Regjeringa vil at enkeltmennesket skal få vere seg sjølv og leve livet som ein vil. Det er framleis barrierar mot samfunnsdeltaking for LHBTIQ-personar. Regjeringa vil halde fram med å arbeide for at alle skal ha like rettar og moglegheiter uavhengig av kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion og livssyn, alder og seksuell orientering.

Regjeringa vil at kvar einskild skal ha fridom til å avgjere korleis dei skal leve livet sitt og følgjer opp *Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse (2017–2020)*. Regjeringa er òg i gang med eit integreringsløft og vil leggje fram ein strategi som skal gi tydeleg retning for arbeidet framover, sjå Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet. Målet er at innvandra skal vere ein del av store og små fellesskap i det norske samfunnet. Ein del av dette er å få fleire innvandrarkvinner i arbeid. Tiltak for foreldrestøtte, betre kompetanse i tenestene og betring av innvandarbefolkninga si tillit til barnevernet er blant dei sentrale innsatsområda for BLD.

## 1.1 Barnefattigdom

Regjeringa har som mål å vidareføre eit samfunn med små forskjellar. Regjeringa vil arbeide for å auke den sosiale mobiliteten gjennom å inkludere fleire i arbeidslivet og redusere risikoen for at levekårsutfordringar går i arv.

Talet på barn som lever i familiar med vedvarande låg inntekt har auka frå 67 300 barn i 2006 til 101 300 barn i 2016. Det er naudsynt med ein brei og samordna innsats for å motverke at barn veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Låginntekt heng til stor del saman med manglande eller for låg deltaking i arbeidsmarknaden. Arbeids- og velferdspolitikken står difor sentralt i innsatsen.

Mange barn vert ramma av fattigdom og utenforskap, utan moglegheit til å skape seg sitt eige, gode liv. Fattigdom påverkar helse, utdannings-

moglegheiter og sosiale nettverk. Nokre barn og unge opplever at viktige hendingar i oppveksten kostar så mykje at dei held seg utanfor. Barn som veks opp i låginntektsfamiliar skal ha moglegheiter og fridom til å skape si eiga framtid. Dei skal få god omsorg, bu trygt, delta i fritidsaktivitetar og kjenne seg verdifulle i samfunnet.

For å leggje til rette for at alle barn og unge får ein trygg og god oppvekst, er innsatsen rundt utsette familiar styrkt. Denne regjeringas viktigaste tiltak mot barnefattigdom har vore:

- Nasjonal strategi mot barnefattigdom (2015–2017), den første i Noreg.
- Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom, er auka frå om lag 100 mill. kroner i 2014 til om lag 270 mill. kroner i 2018.
- Fritidserklæringa, eit samarbeid mellom regjeringa, frivillige organisasjonar og KS. Målet er at alle barn, uavhengig av økonomien til foreldra, skal få delta i minst ein organisert fritidsaktivitet saman med andre.
- Rimelegare barnehageplass for familiar med låg inntekt, og ei nasjonal ordning med gratis kjernetid i barnehagen for alle barn i familiar med låg inntekt frå barna er tre år, sjå omtale i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.
- Prøveprosjekt med gratis deltidsplass i SFO (Drammen, Oslo, Stavanger og Trondheim), og forsøk med gratis barnehage og SFO for barn frå familiar med låg inntekt og/eller barn med minoritetspråkleg bakgrunn, sjå omtale i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.
- Ungdom i familiar med låg inntekt får meir i skulestipend, sjå omtale i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.
- Over 1 milliard kroner meir til helsestasjons- og skulehelsetenesta, sjå omtale i Prop. 1 S for Helse- og omsorgsdepartementet.
- Styrkt bustøtte for barnefamiliar og andre store husstandar, sjå omtale i Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Styrkt områdesatsing i enkelte område i dei store byane med særskilde levekårsutfordringar, sjå omtale i Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

#### *Hovedprioriteringar i 2019*

Regjeringa vil styrkje innsatsen retta mot barn som veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt med ytterlegare 181 mill. kroner i 2019. Barn frå familiar med låg inntekt skal ha moglegheit til å delta i sosiale fellesskap på linje med andre. Ungdom som slit, skal få hjelp til skule eller arbeid. Det er òg lagt vekt på betre buforhold og

trygge oppvekstmiljø. Regjeringa vil prioritere desse tiltaka:

- 20 mill. kroner til *oppfølgings- og losfunksjoner for ungdom*. Losane følger opp unge med vanskar knytt til dømes til omsorgssituasjonen i heimen, svakt sosialt nettverk og helseproblem, og kor det er risiko for at dei avbryt utdanninga.
- 10 mill. kroner til eit pilotprosjekt for å dekkje individuelle utgifter ved deltaking i organiserte fritidsaktivitetar for barn frå låginntektsfamiliar.
- 5 mill. kroner til ferietiltak for barn frå låginntektsfamiliar.
- 46 mill. kroner til gratis kjernetid i barnehage for to-åringar frå familiar med låg inntekt, sjå Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.
- 60 mill. kroner til å styrkje bustøtteordninga for barnefamiliar og andre store husstandar, sjå Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Om lag 40 mill. kroner til å styrkje *Områdesatsing* i utvalde byer, sjå Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Satsinga omfattar òg rekrutteringstiltak til barnehage i utsette byområde.

## **1.2 Vald og overgrep**

Barn og ungdom skal ha trygge og gode liv. Dei skal ikkje oppleve vald og overgrep. Vald og overgrep i nære relasjonar er eit alvorleg samfunns- og folkehelseproblem. Det fører til store lidningar for den einskilde og store utgifter for samfunnet. For å beskytte barn, er det mange som har ein viktig rolle. Foreldre, barnehagar, skular, barnevern, helse- og omsorgstenester, politi, frivillige organisasjonar og fleire, må alle bidra.

Regjeringa sitt arbeid mot vald og overgrep er forankra i Prop. 12 S (2016–2017) *Opptappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)* og Innst. 247 S (2016–2017). Arbeidet har høg prioritet. Den samla satsinga frå saldert budsjett for 2017 på om lag 530 mill. kroner til tiltak i opptappingsplanen blei vidareført i 2018. I tillegg blei innsatsen styrkt med ytterlegare 295 mill. kroner i 2018, slik at den samla satsinga for 2018 er på om lag 825 mill. kroner. Av dei 88 tiltaka («regjeringa vil»-punkt) i opptappingsplanen, er 16 allereie gjennomført, 49 er byrja, 17 er av løpande karakter og seks står att å starte opp. Dei viktigaste tiltaka i planperioden har vore:

- Ny strategi for foreldrestøtte (2018–2021), den første i Noreg.
- Nytt verktøy for å samtale med barn om vald og overgrep. Målet er at dei som arbeider med barn klarer å avdekkje vald tidlegare.
- Nye retningslinjer om vald og overgrep mot barn og unge med nedsett funksjonsevne.
- Nytt opplæringsprogram til bruk i barnehagar og skular om mobbing, vald og digitale krenkingar.
- Informasjonskampanjar for å førebyggje vald og overgrep.
- Tilskotsordninga *Foreldrestøttande tiltak i kommunane* er styrkt.
- Familievernet sitt tilbod til familiar som lever med vald er styrkt.
- Eit familiemandat til Alternativ til Vold (ATV) og etablering av nye ATV-kontor.
- Etterforsking av vald og overgrep mot barn er styrkt, sjå Prop. 1 S for Justis- og beredskapsdepartementet.
- Auka kapasitet og kompetanse i Statens barnehus, sjå Prop. 1 S for Justis- og beredskapsdepartementet.
- Arbeidet mot internettrelaterte overgrep mot barn er styrkt, sjå Prop. 1 S for Justis- og beredskapsdepartementet.
- Behandlingstilbod og tiltak som ivaretek utsette barn og overgripapar er styrkt.
- Auka satsing på utvikling av kunnskap og kompetanse i helsetenestene.
- Tydeleggjering av ansvaret for arbeidet mot vald og overgrep i helselovene.
- Arbeidet mot mobbing og digitale krenkingar er styrkt, sjå Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.
- 5 mill. kroner til å implementere og vidareutvikle støtteverktøy som gjer det lettare for tilsette i barnehagar, skular og andre tenester å oppdage og følgje opp utsette barn og unge.
- Utvikle ein nasjonal kompetansestrategi om vald og overgrep.
- 19 mill. kroner til å styrkje behandlingstilbodet for personar dømt for seksuelle overgrep, sjå Prop. 1 S for Helse- og omsorgsdepartementet.
- 4 mill. kroner til å styrkje arbeidet med å førebyggje vald og overgrep, sjå Prop. 1 S for Helse- og omsorgsdepartementet.
- 17 mill. kroner til å styrkje arbeidet mot mobbing, sjå Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.
- Utvikle familievernntenesta sitt tilbod til familiar med høgt konfliktnivå.
- Arbeide for at fleire barn skal bli høyrde i samband med mekling.

### 1.3 Barnevernet

Barnevernet skal gi naudsynt hjelp og omsorg til barn som har det vanskeleg og som lever under tilhøve som kan skade helsa eller utviklinga deira. Barnevernet skal vere eit tryggingsnett for barn og unge når foreldra ikkje greier å gi barna sine den omsorga dei treng. Barnet sitt beste er det grunnleggjande omsynet for arbeidet i barnevernet.

Utsette barn og familiar skal få hjelp der dei bur. Barnevernet skal bli betre på å kome tidleg inn med hjelp til barn som lever med omsorgs- svikt. Regjeringa ønskjer at flest mogleg barn skal vekse opp saman med foreldra sine. Samstundes er det viktig å ha tilstrekkeleg mange gode og stabile fosterheimar, tilpassa dei barna som ikkje kan bu hos foreldra sine og har behov for ein trygg heim.

Tilsette i barnevernet gjer ein uvurderleg innsats for å gi barn og familiar deira ein betre kvar- dag. Det er likevel behov for auka kompetanse i det kommunale barnevernet. Dei tilsette skal kjenne seg trygge på jobb og vite at dei har nok kunnskap til å gjere dei riktige vurderingane. Derfor har regjeringa sett i verk eit historisk kompetanseløft i barnevernet, som særleg omfattar ein auke i tilbodet om etter- og vidareutdanning for tilsette. Tilsette i barnevernet skal få styrkt kunnskapen sin om utgreiingsarbeid og hjelpetiltak til barn og familier.

#### *Hovedprioriteringar i 2019*

Regjeringa vil følgje opp *Opptrappingsplanen mot vald og overgrep* ved å vidareføre det viktige arbeidet som er i gang og setje i verk ei rekkje nye tiltak. God førebyggjing er avgjerande fordi det kan redusere behovet for meir inngripande tiltak seinare. Tenestene treng meir kompetanse til å avdekkje vald og overgrep mot barn. God hjelp og behandling til rett tid kan motverke dei alvorlege konsekvensane av vald og overgrep. Regjeringa vil prioritere desse tiltaka i 2019:

- Følgje opp strategi for foreldrestøtte – *Trygge foreldre – trygge barn* som blei lagt fram i juni 2018.
- 22 mill. kroner til å styrkje det foreldrestøttande arbeidet på familieområdet.

Barn som får hjelp frå barnevernet skal få god hjelp tilpassa behovet til det einstilte barnet, uavhengig av kven som drifrar tilbodet. Regjeringa vil leggje til rette for eit mangfald av aktørar i barnevernet for å få tilbod med høg kvalitet. Vi har derfor starta ein gjennomgang av rammevilkåra for private aktørar i barnevernet, mellom anna for å vurdere behovet for betre styring av innhaldet i tilbodet til barn i barnevernet. Regjeringa har òg sett ned eit offentleg utval som skal sjå generelt på bruken av private aktørar på velferdsområda.

Dei viktigaste tiltaka på barnevernsområdet i regjeringsperioden 2014–2018 har vore:

- Meld. St. 17 (2015–2016) *Trygghet og omsorg – Fosterhjem til barns beste*, jf. Innst. 318 S (2015–2016).
- Ei barnevernsreform, jf. Prop. 73 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven (barnevernsreform)* og Innst. 354 L (2016–2017).
- Betre rettstryggleik for barn og foreldre gjennom Prop. 169 L (2017–2018) *Endringer i barnevernloven mv. (bedre rettssikkerhet for barn og foreldre)*, jf. Innst. 151 L (2017–2018).
- Kompetanseløft i det kommunale barnevernet, mellom anna gjennom kompetansestrategien (2018–2024) for det kommunale barnevernet som blei lagt fram hausten 2017.
- Betre samarbeid mellom barnevernet og helse-tenestene. Det blir mellom anna oppretta to omsorgs- og behandlingstilsetningar for barn som treng langvarig omsorg utanfor heimen og som treng psykisk helsehjelp.

#### *Hovedprioriteringar i 2019*

Regjeringa er i gang med barnevernsreforma. Større kommunalt ansvar for barnevernet skal bidra til at kommunane i større grad prioriterer førebyggjande hjelp og tenester som er betre tilpassa den einstilte. Regjeringa gjennomfører også eit kvalitets- og kompetanseløft for barnevernet. Betre kompetanse og digitale løysingar legg grunnlaget for ei vellukka reform. Regjeringa startar i 2019 arbeidet med eit digitalt løft for det kommunale barnevernet. Regjeringa ønskjer òg å styrkje barn og unge sin rett til å medverke og rettstryggleiken til barn og foreldre. Regjeringa vil prioritere desse tiltaka i 2019:

- 30 mill. kroner til å starte arbeidet med eit digitalt løft for det kommunale barnevernet. Gjennom det kommunal-statlege samarbeidsprosjektet DigiBarnevern skal det bli utvikla nye digitale løysingar for å auke effektiviteten og kvaliteten i sakshandsamingar i barnevernet.

- Eit storstilt kompetanseløft for å auke kvaliteten i dei kommunale tenestene. Regjeringa sin kompetansestrategi for det kommunale barnevernet blir derfor ført vidare i 2019.
- 10 mill. kroner til ei særleg satsing på barnevernet sitt arbeid med unge kriminelle, for å styrkje samarbeidet mellom barnevernet og lokalt politi i Oslo og auke bruken av tiltak mot unge med alvorlege åtferdsvanskar.
- Styrkje rettstryggleiken til barn og familiar i barnevernet. Regjeringa tek sikte på å sende forslag til ny barnevernslov på høyring i 2019.
- Leggje til rette for eit mangfald av aktørar i barnevernet, for å få tilbod med høg kvalitet. Det er starta ein gjennomgang av rammevilkåra for ideelle og kommersielle aktørar i barnevernet.

## **1.4 Likestilling**

Noreg er eit av verdas mest likestilte land, men det er framleis naudsynt med innsats på ei rekkje samfunnsområde. Likestilling, ikkje minst i arbeidslivet, er ein føresetnad for å føre vidare det høge velferdsnivået vi har i Noreg, og for å utvikle samfunnet vidare.

For regjeringa dreier reell likestilling og likeverd seg om at ein ikkje berre skal ha formelle rettar, men også reelle moglegheiter. Eit samfunn med like moglegheiter og utan diskriminering blir skapt gjennom positive og stimulerande verkemiddel og gjennom betre diskrimineringsvern. Regjeringa vil styrkje likestillinga og skape eit betre diskrimineringsvern for alle.

Regjeringa har med Meld. St. 7 (2015–2016) *Likestilling i praksis – Like muligheter for kvinner og menn* gitt eit langsiktig perspektiv for likestillingsarbeidet. Meldinga løftar fram utfordringar knytte til likestilling på sentrale samfunnsområde: oppvekst og utdanning, arbeidsliv, helse og næringsliv, entreprenørskap og vald og overgrep. I meldinga blir strategiar og verkemiddel som skal medverke til eit meir likestilt samfunn, presenterte.

I dag blir omgrepet «likestilling» nytta i vidare forstand enn likestilling mellom menn og kvinner. Det handlar òg om likestilling når det gjeld funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder, etnisitet og religion. Det er framleis behov for å styrkje dei grunnleggjande rettane til LHBTIQ-personar og motverke diskriminering på grunnlag av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Regjeringa vil òg halde fram arbeidet mot diskriminering av per-



sonar med nedsett funksjonsevne. Hausten 2018 vil regjeringa leggje fram ein strategi for betre samordning og gjennomføring av regjeringas mål.

Dei viktigaste tiltaka på likestilling og ikkje-diskrimineringsområdet i regjeringsperioden 2014–2018 har vore:

- Ny felles likestillings- og diskrimineringslov.
- Nytt handhevingsapparat på likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet.
- Meld. St. 7 (2015–2016) *Likestilling i praksis – Like muligheter for kvinner og menn.*
- Handlingsplan for universell utforming (2015–2019).
- Handlingsplan mot diskriminering på grunnlag av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (2017–2020).
- Strategi mot hatefulle ytringar (2016–2020).

#### *Hovedprioriteringar i 2019*

BLD tek i samarbeid med KD, ASD og NFD fleire initiativ i 2019 for eit meir likestilt arbeidsliv. Arbeidet startar med likestilling i barnehagen og skulen. Det trengs fleire kvinnelege leiarar og rollemodellar i næringslivet, og ikkje minst må menn oppfordrast til å ta likestillingskampen. Som del av arbeidet med integrering, er det òg lagt vekt på at fleire innvandrarkvinner må i arbeid. #MeToo-kampanjen har vist at vi ikkje er komen langt nok i arbeidet mot seksuell trakassering. Regjeringa arbeider derfor mellom anna med eit lågterskeltilbod mot seksuell trakassering.

Regjeringa vil prioritere desse tiltaka i 2019:

- 2 mill. kroner til tiltak for å motverke kjønnsdelte utdanningsval. BLD og KD vil prioritere rekruttering av menn til grunnskole- og barnehagelærerutdanninga og til utdanningar innanfor helse- og omsorgssektoren. Sjå òg Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.
- Auke tilskotet til prosjektet *Jenter og teknologi* i regi av NHO med 1 mill. kroner, til samla 3,5 mill. kroner i 2019.
- 2 mill. kroner til tiltak som kan bidra til å auke delen kvinnelege toppleiarar i næringslivet. Sjå òg Prop. 1 S for Nærings- og fiskeridepartementet.
- Følgje opp høyringane om lågterskeltilbod for handsaming av saker om seksuell trakassering og styrking av aktivitets- og rapporteringspliktene.
- Ein meir målretta innsats på integreringsfeltet. Regjeringa føreslår til saman 50 mill. kroner for å styrkje Jobbsjansen. Jobbsjansen del A for innvandrarkvinnar vert styrkt med 15 mill. kroner, noko som skal medverke til at innvan-

drarkvinner som står langt frå arbeidslivet, kjem i arbeid. Sjå Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.

## **1.5 Forbrukaranes stilling**

Regjeringa meiner at gode forbrukarrettar er avgjerande for ein tillitsbasert marknadsøkonomi. Ikkje minst er dette viktig i den digitale økonomien. Nesten grenselaus tilgang til informasjon og handel gjennom digitale medium gir forbrukarane nye moglegheiter, men òg ufordringar. Forbrukarrettane er mellom anna utfordra av nye former for marknadsføring og handel med personopplysingar. Det er avgjerande å få marknadsaktørane til å respektere at reglane som elles vernar forbrukarane og varetek rettane deira òg gjeld i den digitale økonomien. Barn og unge er særleg sårbare i denne utviklinga. Samstundes som dei er aktive brukarar av sosiale medium, er dei ofte i mindre grad enn vaksne i stand til å forstå ulike former for påverknad og marknadsføring. Bruk av sosiale medium verkar òg å vere ein viktig grunn til at barn og unge opplever kroppspress.

Regjeringa vil arbeide for at forbrukarane kan vere i stand til å ta informerte val, kjenne rettane sine og framgangsmåten dersom dei er misnøgde. Forbrukarane skal vere beskytta mot svindel og ulovleg marknadsføring. Det gjeld òg i samband med kjøp og sal på nett. Oppstår det tvistar mellom forbrukarar og næringsdrivande, skal partane ha tilgang til eit effektivt system for å løyse desse på ein rimeleg og god måte.

Dei viktigaste tiltaka på forbrukarområdet i regjeringsperioden 2014–2018 har vore:

- Tvisteløysingstilbodet til Forbrukarrådet er utvida og profesjonisert.
- Forbrukarombodet er omgjort til eit tilsyn, Forbrukartilsynet, med vedtakskompetanse.
- Det er etablert ei konsesjonsordning for gjeldsinformasjonsføretak.
- Det er utarbeidd og gjennomført ein strategi med tiltak for å forbetre forbrukarane sin digitale kvardag.
- Det er etablert ein straumprisportal og Finansportalen er vidareutvikla med nye modular.

#### *Hovedprioriteringar i 2019*

Den teknologiske utviklinga fører til stadig nye endringar innanfor dei fleste samfunnsområde og i kvardagen til forbrukarane. Regjeringa vil møte desse endringane og andre utviklingstrekk med

ein aktiv forbrukarpolitikk. Regjeringa vil prioritere desse tiltaka i 2019:

- Auke løyvinga til Forbrukartilsynet med 6 mill. kroner for å styrkje arbeidet med tilsyn og rettleiing på digitalområdet.
- Leggje fram ei melding for Stortinget om forbrukarpolitikken, der det vil bli lagt særleg vekt forbrukaranes digitale kvardag. Forbrukaranes stilling i bustadmarknaden og finansmarknaden er òg blant emna som vil bli drøfta.

## 2 Oversikt over budsjettforslaget

### 2.1 Forslag til utgifter og inntekter fordelte på kapittel og postgrupper

#### Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
<b>Administrasjon</b>					
800	Barne- og likestillingsdepartementet	157 884	160 834	160 854	0,0
	<i>Sum kategori 11.00</i>	<i>157 884</i>	<i>160 834</i>	<i>160 854</i>	<i>0,0</i>
<b>Familie og oppvekst</b>					
840	Tiltak mot vald og overgrep	203 999	222 329	233 876	5,2
841	Samliv og konfliktløsning	31 410	33 474	35 410	5,8
842	Familievern	531 951	573 789	582 551	1,5
843	Adopsjonsstønad	12 015	12 172	12 525	2,9
844	Kontantstøtte	1 648 760	1 752 180	1 800 890	2,8
845	Barnetrygd	15 032 020	15 070 000	14 830 000	-1,6
846	Familie- og oppveksttiltak	524 828	590 684	660 032	11,7
847	EUs ungdomsprogram	8 950	8 236	8 431	2,4
848	Barneombudet	20 922	21 461	21 968	2,4
	<i>Sum kategori 11.10</i>	<i>18 014 855</i>	<i>18 284 325</i>	<i>18 185 683</i>	<i>-0,5</i>
<b>Barnevernet</b>					
853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	219 832	225 888	230 440	2,0
854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet	1 729 983	1 025 124	1 089 598	6,3
855	Statleg forvaltning av barnevernet	6 586 553	6 752 462	6 910 253	2,3
856	Barnevernets omsorgssenter for einsleige, mindreårige asylsøkjjarar	459 547	213 801	141 429	-33,9
858	Barne-, ungdoms- og familie- direktoratet	275 267	271 888	295 632	8,7
	<i>Sum kategori 11.20</i>	<i>9 271 182</i>	<i>8 489 163</i>	<i>8 667 352</i>	<i>2,1</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
	<b>Forbrukarpolitikk</b>				
860	Forbrukarrådet	157 778	160 271	155 094	-3,2
862	Stiftinga Miljømerking i Noreg	10 058	10 330	10 630	2,9
865	Forbrukarpolitiske tiltak	17 184	19 175	19 671	2,6
867	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet	12 475	13 520	14 122	4,5
868	Forbrukartilsynet	27 044	27 171	33 485	23,2
	<i>Sum kategori 11.30</i>	<i>224 539</i>	<i>230 467</i>	<i>233 002</i>	<i>1,1</i>
	<b>Likestilling og ikkje-diskriminering</b>				
870	Sekretariatet for Diskriminerings- nemnda	6 168	18 598	19 006	2,2
871	Likestilling og ikkje-diskriminering	46 592	56 248	57 099	1,5
872	Nedsett funksjonsevne	243 768	268 015	275 712	2,9
873	Likestillings- og diskriminerings- ombudet	55 107	42 821	43 843	2,4
	<i>Sum kategori 11.40</i>	<i>351 635</i>	<i>385 682</i>	<i>395 660</i>	<i>2,6</i>
	<i>Sum programområde 11</i>	<i>28 020 095</i>	<i>27 550 471</i>	<i>27 642 551</i>	<i>0,3</i>
	<b>Stønad ved fødsel og adopsjon</b>				
2530	Foreldrepenget	19 660 498	21 234 000	20 378 000	-4,0
	<i>Sum kategori 28.50</i>	<i>19 660 498</i>	<i>21 234 000</i>	<i>20 378 000</i>	<i>-4,0</i>
	<i>Sum programområde 28</i>	<i>19 660 498</i>	<i>21 234 000</i>	<i>20 378 000</i>	<i>-4,0</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>47 680 593</i>	<i>48 784 471</i>	<i>48 020 551</i>	<i>-1,6</i>

**Inntekter fordelt på kapittel**

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
<b>Administrasjon</b>					
3800	Barne- og likestillingsdepartementet	234			
	<i>Sum kategori 11.00</i>	<i>234</i>			
<b>Familie og oppvekst</b>					
3842	Familievern	255	715	736	2,9
3847	EUs ungdomsprogram	3 551	2 364	2 364	0,0
	<i>Sum kategori 11.10</i>	<i>3 806</i>	<i>3 079</i>	<i>3 100</i>	<i>0,7</i>
<b>Barnevernet</b>					
3853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	369			
3855	Statleg forvaltning av barnevernet	1 396 243	1 491 567	1 457 236	-2,3
3856	Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	118 728	138 536	110 127	-20,5
3858	Barne-, ungdoms- og familie- direktoratet	1 747	470	484	3,0
	<i>Sum kategori 11.20</i>	<i>1 517 087</i>	<i>1 630 573</i>	<i>1 567 847</i>	<i>-3,8</i>
<b>Forbrukarpolitikk</b>					
3868	Forbrukartilsynet	16			
	<i>Sum kategori 11.30</i>	<i>16</i>			
<b>Likestilling og ikkje-diskriminering</b>					
3871	Likestilling og ikkje-diskriminering	2 965			
	<i>Sum kategori 11.40</i>	<i>2 965</i>			
	<i>Sum programområde 11</i>	<i>1 524 108</i>	<i>1 633 652</i>	<i>1 570 947</i>	<i>-3,8</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>1 524 108</i>	<i>1 633 652</i>	<i>1 570 947</i>	<i>-3,8</i>

### Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
01-23	Drift	7 886 146	7 831 407	7 955 089	1,6
30-49	Nybygg og anlegg	6 763		25 500	
50-59	Overføringer til andre statsrekneskap	244 827	233 869	229 448	-1,9
60-69	Overføringer til kommunar	2 264 757	1 703 755	1 813 661	6,5
70-98	Overføringer til private	37 278 100	39 015 440	37 996 853	-2,6
	Sum under departementet	47 680 593	48 784 471	48 020 551	-1,6

### 2.2 Postar med stikkordet «kan overførast»

Barne- og likestillingsdepartementet føreslår å knyte stikkordet «kan overførast» til desse postane utanom postgruppe 30–49.

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2018	Forslag 2019
840	73	Tilskot til senter for valdsutsette barn	420	31 090
846	60	Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn	946	36 560
846	79	Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid mv.	124	11 432
847	01	Driftsutgifter	516	8 431
854	72	Tilskot til forskning og kompetanseutvikling i barnevernet	4	113 765
855	21	Spesielle driftsutgifter	3 101	24 121
865	21	Spesielle driftsutgifter	1 991	2 244
865	79	Rammeprogrammet til EU om forbrukarpolitikk	3 930	6 312
871	21	Spesielle driftsutgifter	3 398	13 868
872	71	Universell utforming og auka tilgjenge		29 097

## 2.3 Meirinntektsfullmakter

---

Stortinget samtykkjer i at Barne- og likestillingsdepartementet i 2019 kan:

---

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekt under
kap. 842 post 01	kap. 3842 post 01
kap. 847 post 01	kap. 3847 post 01
kap. 855 post 01	kap. 3855 postane 01, 02 og 60
kap. 856 post 01	kap. 3856 post 01
kap. 858 post 01	kap. 3858 post 01
kap. 868 post 01	kap. 3868 post 01

---

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og gjeld derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltingsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter er tekne med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

### 3 Oppmodingsvedtak

Nedanfor er ei oversikt over oppfølginga av oppmodingsvedtak under Barne- og likestillingsdepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortingsesjonen 2017–2018 og alle vedtak frå tidlegare stortingssesjonar der rapporteringa ikkje blei avslutta i samband med handsaminga av Prop. 1 S (2017–2018) eller eventuelt i samband med handsaminga av meldinga til Stortinget om oppmodings- og utgreiingsvedtak.

I kolonne 4 i tabell 3.1 står det om departementet vurderer at rapporteringa om oppmodingsvedtaket er avslutta, eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket også i budsjettproposisjonen for neste år. Rapporteringa på vedtak som inneber at departementet skal leggje fram

ei konkret sak for Stortinget, til dømes ein proposisjon, ei melding, ei utgreiing eller liknande, vil normalt vere avslutta fyrst når saka er lagd fram for Stortinget.

Sjølv om tabellen viser at rapporteringa er avslutta, vil det i ein del tilfelle kunne vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er endelig avslutta. Dette kan til dømes gjelde vedtak med ei oppmoding til regjeringa om å vareta særlege omsyn i politikktutforminga på eit område, der oppfølginga vil kunne gå over mange år. Stortinget vil i desse tilfella vere orientert om den vidare oppfølginga på vanleg måte, gjennom omtale av det relevante politikkområdet i budsjettproposisjonar og andre dokument.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2012–2013	106	visjon om eit universelt utforma samfunn fram mot 2025	Ja
2014–2016	16	nytt felles anbod for faste barnevernsplassar	Nei
2015–2016	740	bruk av tvang i barnevernet	Ja
2015–2016	741	barn som har utført eller vore utsette for overgrep, og barn med traume	Nei
2015–2016	744	best mogleg oppfølging for å sikre ein god oppvekst for adopterte barn	Nei
2015–2016	745	pålagde barnevernstiltak under svangerskap	Nei
2015–2016	811	innsynsrett i barnevernssaker	Nei
2015–2016	832	levetårskartlegging av fleirlingfamiliar, einslege med fleire barn i småbarnsalder, familiar med barn som har alvorleg sjukdom eller funksjonsnedsetjing, familiar som har alvorleg sjukdom hos foreldra, og andre med spesielle omsorgsbehov	Ja
2015–2016	890	lov om openheit om produksjonsstader og etikkinformasjon om vareproduksjon til forbrukarar og organisasjonar	Nei
2016–2017	488	rutinar som sikrar informasjon om foreldreansvar	Nei
2016–2017	490	omfanget av saker der far er ukjend	Nei
2016–2017	491	evaluere felles foreldreansvar	Nei



Tabell 3.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2016–2017	494	gjennomgå dommar i foreldretvistar	Ja
2016–2017	596	retteleing om korleis tilsette i kommunar kan avdekkje og følgje opp vald i nære relasjonar	Ja
2016–2017	597	lovfeste at barnevern og politi skal samarbeide betre	Nei
2016–2017	602	opptrappinga av familievernkontora	Ja
2016–2017	603	styrkje familievernkontora	Ja
2016–2017	604	leggje til rette for rettleiing for foreldre	Ja
2016–2017	606	politiattest for yrkesgrupper som er i kontakt med barn	Nei
2016–2017	607	ordning for å sertifisere alle offentleg tilsette som er i kontakt med barn	Nei
2016–2017	611	tilsette med minoritetsbakgrunn og auka kompetanse på minoritetskulturar i barnevernet	Ja
2016–2017	618	at alle ATV-kontor får eit familiemandat	Nei
2016–2017	626	rapportere i dei årlege budsjettproposisjonane om alle tiltak vedtekne i opptrappingsplanen mot vald og overgrep	Ja
2016–2017	627	rapport om dei økonomiske behova knytte til arbeidet mot vald og overgrep	Ja
2016–2017	628	økonomisk forplikting og øyremerking knytte til tiltaka i opptrappingsplanen mot vald og overgrep	Ja
2016–2017	682	offentleg utval som ser på kva likestillingsutfordringar barn møter på ulike arenaer	Ja
2016–2017	683	evaluere foreldrepermisjonsordninga	Ja
2016–2017	779	årleg rapportering om barnevernet til kommunestyret	Nei
2016–2017	780	spesialiserte hjelpetiltak	Ja
2016–2017	781	vurdere korleis tilsette i barnevernet kan sikrast mot vald og truslar	Ja
2016–2017	783	reglar for anbod i barnevernet	Ja
2016–2017	786	ordninga med nasjonal gjeldsinformasjon	Nei
2016–2017	789	sakshandsamingstida ved utanlandsadopsjon	Nei
2016–2017	790	oppfølging av adopterte og familiane deira	Nei
2016–2017	791	kartleggje behovet for oppfølging etter adopsjon	Ja
2016–2017	875	lågterskeltilbod for handheving av forbodet mot seksuell trakassering	Nei
2016–2017	932	oppfølging av mindreårige offer for menneskehandel	Ja
2016–2017	1119	vidareføre aktivitets- og rapporteringsplikta	Nei
2017–2018	4	14 veker fedrekvote	Ja
2017–2018	169	verknader av forenklinga i foreldrepengeperioden	Nei

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2017–2018	181	lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår for barnevernsaktører	Nei
2017–2018	200	offentleg utval etikkinformasjon	Ja
2017–2018	207	likestillingssentera	Ja
2017–2018	443	innhenting av kunnskap om kontantstøttemottakarar	Ja
2017–2018	526	betalingsansvaret for utgifter til tolk og sakkunnige oppnemnt av nemnda	Nei
2017–2018	599	retteleings- og hjelpetilbod seksuell trakassering	Nei
2017–2018	602	lågterskeltilbod seksuell trakassering	Nei
2017–2018	649	handlingsplan mot rasisme og etnisk og religiøs diskriminering	Nei
2017–2018	742	lovbestemt nedre aldersgrense for å få anerkjent ekteskap som er inngått i utlandet, inkludert ei 18-årsgrense	Ja
2017–2018	760	likestillingseffektar av den økonomiske politikken	Nei
2017–2018	762	avtalar med ideelle tilbydarar av institusjonsplassar	Nei
2017–2018	847	angrerett pakkereiser	Nei
2017–2018	848	reisegaranti transportdel pakkereise	Nei
2017–2018	850	tilsyn usunn reklame	Nei
2017–2018	852	god marknadsføringsskikk og usunt skjønnheitsideal	Nei
2017–2018	853	god marknadsføringsskikk overfor barn	Nei
2017–2018	893	strategi for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne	Ja
2017–2018	894	tiltak i melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma	Nei
2017–2018	895	melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma	Nei
2017–2018	896	melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – rett til arbeid	Nei
2017–2018	897	melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – rett til helsetenester	Nei
2017–2018	899	melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – verjemålslova	Nei
2017–2018	900	melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – universell utforming skulebygg	Nei
2017–2018	901	melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – kjøpe og eige bustad	Nei

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2017–2018	902	melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – likeverdige tenester	Nei
2017–2018	903	melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – koordinering av tenester	Nei
2017–2018	904	melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne	Nei
2017–2018	905	melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – fritidsaktivitetar og livssyn	Nei
2017–2018	906	melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – skulefritidsordning	Nei

Visjon om eit universelt utforma samfunn fram mot 2025

Vedtak nr. 106, 5. desember 2012

*«Stortinget ber regjeringa legge fram forslag om en fremdriftsplan for å nå den vedtatte visjonen om et universelt samfunn frem mot 2025.»*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 1 S (2012–2013), og har bakgrunn i visjonen om eit universelt utforma samfunn fram mot 2025 frå *Handlingsplanen for universell utforming og økt tilgjengelighet (2009–2013)*.

Regjeringa la 29. januar 2016 fram *Regjeringens handlingsplan for universell utforming (2015–2019)*. Planen har hovudvekt på IKT og velferdsteknologi, og i tillegg tiltak for universell utforming på områda bygningar, uteområde, transport og produktdesign. Tiltaka i handlingsplanen er i hovudsak i rute. Oppdaterte statusrapportar ligg ute på nettsidene til Bufdir.

Siste år for handlingsplanen er 2019. Når det gjeld vidare arbeid med universell utforming, har Bufdir gjennomført utgreiingar i samarbeid med eksterne konsulentar, organisasjonar og fagmiljø for å finne handlingsrommet for å utvikle eit universelt utforma samfunn og gjere framlegg om metodar og strategiar for å nå dit. Arbeidet viser at det ikkje er praktisk mogleg å nå visjonen om Noreg som universelt utforma samfunn på alle område innan 2025. Representantar frå interesseorganisasjonane er samde i dette. I staden for ein framdriftsplan med 2025 som generell målsetjing,

vil regjeringa arbeide systematisk og målretta for eit universelt utforma samfunn innanfor dei områda der utfordringane er størst.

Buudir har i samarbeid med fagmiljø og interesseorganisasjonar utvikla ein plan (eit vegkart) for universell utforming av skulebygg. Vegkartet tilrår ein metode som byggjer på kartlegging av problem, kostnadsvurdering og gjennomføring av rehabilitering i drifts- og vedlikehaldsprogrammet til kommunane. Dette er ein metode som fleire fylke og kommunar har nytta med godt resultat. Metoden kan overførast til andre sektorar.

Dei ansvarlege sektordepartementa utarbeider strategiar for eit universelt utforma samfunn i samarbeid med BLD. På transportområdet blir strategiarbeidet følgt opp gjennom Nasjonal transportplan. Det skal gjennomførast samfunnsøkonomiske analysar av tiltak, og samfunnsøkonomisk lønnsemd vil bli vektlagt i strategiarbeidet. Tiltak med økonomiske konsekvensar vil bli vurderte i samband med dei årlege statsbudsjettframlegga. BLD reknar vedtaket som følgt opp gjennom dette arbeidet.

Nytt felles anbod for faste barnevernsplassar

Vedtak nr. 16, 13. november 2014

*«Stortinget ber regjeringa, når nytt felles anbod på kjøp av faste barnevernsplasser blir utlyst, å legge til grunn at kontraktene gjøres langsiktige/løpende, med jevnlig kontraktsoppfølging og gjensidig oppsigelsesmulighet som ivaretar barnas behov for langsiktighet.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Dok. 8:85 (2013–2014) om eit representantforslag om ideelle organisasjonar og skjerma anbod, jf. Innst. 31 S (2014–2015).

Dagens kontraktar varer til 2020. Departementet vil komme tilbake til Stortinget om oppfølginga av vedtaket på eigna måte.

#### Bruk av tvang i barnevernet

*Vedtak nr. 740, 31. mai 2016*

*«Stortinget ber regjeringen gjennomgå bruken av tvang når det gjelder barn innenfor barnevernet og fosterhjemsomsorgen.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Meld. St. 17 (2015–2016) *Trygghet og omsorg. Fosterhjem til barns beste*, jf. Innst. 318 S (2015–2016).

Bufdir skal i 2019–2020 gå gjennom og stille saman kunnskap og gi tilrådingar på området. Departementet reknar vedtaket som følgt opp.

Barn som har utført eller vore utsette for overgrep, og barn med traume

*Vedtak nr. 741, 31. mai 2016*

*«Stortinget ber regjeringen sikre at barn som har begått overgrep, barn med traumer eller barn som har vært utsatt for overgrep, følges opp.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Meld. St. 17 (2015–2016) *Trygghet og omsorg. Fosterhjem til barns beste*, jf. Innst. 318 S (2015–2016).

Opptrappingsplanen mot vald og overgrep inneheld fleire tiltak som skal styrkje helsestetiltaket til barn og unge som er utsette for vald eller overgrep. Mellom anna skal ein greie ut forløp for valdsutsette og for valdsutøvarar. I tillegg har dei regionale helseføretaka etablert eit nasjonalt klinisk nettverk for behandling av barn og unge med problematisk eller skadeleg seksuell åtferd. Dei regionale helseføretaka har fått i oppdrag å styrkje kompetansen og etablere behandlingstilbod i alle helseregionar for barn og unge med problematisk eller skadeleg seksuell åtferd. Det blei løyvd 5 mill. kroner til dette arbeidet i 2017, og midlane er vidareførte i 2018 og i budsjettframlegget for 2019. Dei ordinære barneavdelingane i sjukehusa behandlar barn som er utsette for vald og overgrep. Dei regionale helseføretaka har i oppdragsdokumenta for 2015 og 2016 fått i oppdrag å styrkje den sosialpediatriske kompetan-

sen og sørgje for at alle barn som vert avhøyrd i Statens barnehus, får tilbod om ei medisinsk undersøking. Dei regionale helseføretaka har i 2017 utarbeidd planar for å auke kapasiteten og kompetansen innanfor sosialpediatri, og dette arbeidet vert følgt opp i helseføretaka.

Driftstilskotet til Alternativ til Vold (ATV) blei auka med 10 mill. kroner både i 2017 og i 2018. Styrkinga skal mellom anna gå til å gi behandlingstilbod til barn som er utsette for vald i familien. I tillegg fører regjeringa vidare det øyremerkte driftstilskotet til Stine Sofie Senteret, som er eit nasjonalt senter for valdsutsette barn, deira trygge omsorgspersonar og søsken. Departementet vil orientere Stortinget om det vidare arbeidet på området i samband med rapporteringa om opptrappingsplanen mot vald og overgrep.

Best mogleg oppfølging for å sikre ein god oppvekst for adopterte barn

*Vedtak nr. 744, 31. mai 2016*

*«Stortinget ber regjeringen se på tiltak som kan gjøres for hvordan adopterte barn kan få best mulig oppfølging for å sikre en god oppvekst.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Meld. St. 17 (2015–2016) *Trygghet og omsorg. Fosterhjem til barns beste*, jf. Innst. 318 (2015–2016).

Departementet vil sjå oppmodingsvedtaka om adopsjon i samanheng. Dette gjeld vedtak nr. 744 av 31. mai 2016 og vedtak nr. 789–791 av 7. juni 2017.

Bufdir har fått i oppdrag av departementet å vurdere forslag til tiltak. Departementet vil orientere Stortinget om den vidare oppfølginga av vedtaket på eigna måte.

Pålagde barnevernstiltak under svangerskap

*Vedtak nr. 745, 31. mai 2016*

*«Stortinget ber regjeringen vurdere om også pålagte tiltak kan settes inn uten samtykke under svangerskap for å sørge for tidlig hjelp og forebygge omsorgssvikt for nyfødte.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Meld. St. 17 (2015–2016) *Trygghet og omsorg. Fosterhjem til barns beste*, jf. Innst. 318 S (2015–2016).

Ved handsaminga av Prop. 73 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven (barnevernsreform)* slutta Stortinget seg til forslaget om å gi kommu-

nen plikt til å gi opplysningar til barnevernet når gravide rusmiddelavhengige blir haldne tilbake i rusinstitusjon, jf. Innst. 354 L (2016–2017). I proposisjonen skriv departementet at det kan vere behov for ytterlegare utgreiing av ansvar og oppgaver barnevernet har i tilknytning til vern av det ufødde livet.

Departementet har utarbeidd mandat for ei utgreiing som skal identifisere risikogrupper og vurdere kva slags tiltak barnevernet skal kunne setje i verk overfor gravide. Departementet vil orientere Stortinget om vidare oppfølging av vedtaket på eigna måte.

#### Innsynsrett i barnevernssaker

*Vedtak nr. 811, 8. juni 2016*

*«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med gjennomgangen av barnevernloven vurdere begrensninger i, eller utsettelse av, pårørendes innsynsrett i journal og partenes innsynsrett i dokumenter i barnevernssaker når det er til barnets beste.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Dok. 8: 52 S (2015–2016) om eit representantforslag om tiltak for å hindre at teieplikt og regelverk står i vegen for eit godt tilbod til valds- og overgrepsette barn, jf. Innst. 337 (2015–2016).

Stortinget vedtok 16. juni 2017 ei endring i pasient- og brukarrettslova § 3-4 om informasjon når pasienten eller brukaren er under 18 år. Informasjon skal ikkje bli gitt til foreldre eller andre som har foreldreansvaret, dersom tungtvegande omsyn til pasienten eller brukaren taler mot det. Endringa tok til å gjelde 1. januar 2018. Med endringa blei det innført ytterlegare eit unntak frå hovudregelen om at både pasient og brukar og foreldre eller andre med foreldreansvaret skal informerast når pasienten eller brukaren er under 16 år. I tillegg følgjer det frå tidlegare av same føresegn at informasjon heller ikkje skal bli gitt til foreldra eller andre som har foreldreansvaret, når ein pasient eller brukar mellom 12 og 16 år, av årsaker som bør respekterast, ikkje ønskjer det. Av § 5-1 i lova, om rett til innsyn i journal, følgjer det vidare at når foreldre eller andre med foreldreansvaret ikkje skal få informasjon, skal dei heller ikkje få innsyn i denne informasjonen i journal. I lys av dette ser Helse- og omsorgsdepartementet inntil vidare ikkje behov for å vurdere ytterlegare innskrenkingar i retten dei pårørande har til innsyn i journal, ut ifrå det beste for barnet. Når det gjeld retten pårørande har

til innsyn i journal, reknar departementet med dette oppmodingsvedtaket for utkvittert.

NOU 2016: 16 om ny barnevernslov inneheld eit forslag til ein ny regel om retten til dokumentinnsyn i barnevernssaker. Den vidare oppfølginga av oppmodingsvedtaket må sjåast i samanheng med vurderinga av forslaget frå barnevernslovutvalet. Departementet arbeider med eit høyringsnotat om forslag til ny barnevernslov og planlegg å sende det på høyring i 2019. Departementet vil komme tilbake til oppfølginga av vedtaket i den samanhengen.

#### Levekårskartlegging av fleirlingfamiliar mv.

*Vedtak nr. 832, 9. juni 2016*

*«Stortinget ber regjeringen iverksette en levekårskartlegging om flerlingfamilier, enslige med flere barn i småbarnsalder, familier med barn som har alvorlig sykdom eller funksjonsnedsettelser, familier som har alvorlig sykdom hos foreldrene, og andre med spesielle omsorgsbehov.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er eit representantforslag om nye tiltak for å sikre hjelp og støtte til familiar med flerlingar, jf. Dok. 8: 39 S (2015–2016) og Innst. 368 S (2015–2016).

Arbeids- og velferdsdirektoratet har gjennomført ei kartlegging av levekåra innanfor rammene av statistikken direktoratet har tilgjengeleg, og har publisert funna sine i NAV-notat nr. 4-2017, NAV-notat nr. 5-2017 og NAV-notat nr. 6-2017. Departementet vurderer at notata til Arbeids- og velferdsdirektoratet ikkje gir grunnlag for å setje i verk nye tiltak. I tillegg har Stortinget vedteke regjeringa sine lovendringsforslag om å gi 17/21 veker ekstra foreldrepengar til tvillingforeldre og 46/56 veker ekstra til foreldre som får tre eller fleire barn, jf. Prop. 74 L (2017–2018) og Innst. 340 L (2017–2018). Departementet reknar vedtaket som følgt opp.

#### Lov om openheit om produksjonsstader og etikkinformasjon om vareproduksjon til forbrukarar og organisasjonar

*Vedtak nr. 890, 13. juni 2016*

*«Stortinget ber regjeringen utrede og vurdere å fremme forslag til lov om åpenhet om produktionssteder og etikkinformasjon om vareproduksjon til forbrukere og organisasjoner.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er eit representantforslag om lov om etikkinformasjon, jf. Dok. 8: 58 S (2015–2016) og Innst. 384 S (2015–2016).

BLD sette i juni 2018 ned eit ekspertutval med brei representasjon som skal greie ut om det er føremålstenleg å påleggje næringsdrivande ei informasjonsplikt knytt til arbeid med samfunnsansvar og oppfølging av leverandørkjeder. Utvalet skal levere utgreinga si til departementet i løpet av 2019. Stortinget vil på eigna måte bli orientert om framdrifta i saka. Sjå òg omtale nedanfor av oppmodingsvedtak nr. 200 av 12. desember 2017.

Rutinar som sikrar informasjon om foreldreansvar

*Vedtak nr. 488, 7. mars 2017*

*«Stortinget ber regjeringen etablere rutiner som sikrer at vordende foreldre som ikke bor sammen når de får barn, får god informasjon om hvilke rettigheter og plikter de har som foreldre, inkludert informasjon om mulighetene for å melde fra dersom man ikke ønsker felles foreldreansvar.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 161 L (2015–2016) *Endringer i barnelova mv. (likestilt foreldreskap)*, jf. Innst. 195 L (2016–2017).

Vedtaket er knytt til lovendringa om felles foreldreansvar for alle, òg for foreldre som ikkje bur saman når eit barn blir fødd. Ettersom denne lovendringa er knytt til prosjektet for modernisering av Folkeregisteret, og dermed vil bli sett i kraft noko fram i tid, må oppmodingsvedtaket bli følgt opp i samband med iverksetjinga av lovendringa det heng saman med.

Omfanget av saker der far er ukjend

*Vedtak nr. 490, 7. mars 2017*

*«Stortinget ber regjeringen sørge for at det finnes statistikk over omfanget av fødsler der far oppgis som ukjent, og utviklingen av dette etter lovendringen.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 161 L (2015–2016) *Endringer i barnelova mv. (likestilt foreldreskap)*, jf. Innst. 195 L (2016–2017).

Statistikken skal vise ei utvikling etter ei lovendring som vil bli sett i kraft noko fram i tid. Vedtaket blir derfor følgt opp på eit seinare tidspunkt, sjå omtale under vedtak nr. 488 av 7. mars 2017.

Evaluere felles foreldreansvar

*Vedtak nr. 491, 7. mars 2017*

*«Stortinget ber regjeringen evaluere felles foreldreansvar fra fødsel, etter at loven har virket tre år.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 161 L (2015–2016) *Endringer i barnelova mv. (likestilt foreldreskap)*, jf. Innst. 195 L (2016–2017).

Sjå nærare omtale under vedtak nr. 488 av 7. mars 2017. Evalueringa skal skje etter at lovendringa har verka i tre år, og vil derfor ikkje kunne gjennomførast før tre år etter iverksetjinga.

Gjennomgå dommar i foreldretvistar

*Vedtak nr. 494, 7. mars 2017*

*«Stortinget ber regjeringen initiere en gjennomgang av dommer avsagt i barnefordelingssaker, for å finne svar på i hvilken grad fedre ikke når frem i rettssystemet og om det er grunn til å senke terskelen for å sende foreldre tilbake til mekling.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 161 L (2015–2016) *Endringer i barnelova mv. (likestilt foreldreskap)*, jf. Innst. 195 L (2016–2017).

Departementet har i tilskotsbrevet til Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) for 2018 bede NKVTS om å «arbeide med og initiere nye prosjekter under prosjektparaplyen 'Foreldretvistar og barns rettigheter'». Forskinga skal mellom anna omfatte utfall i foreldretvistar for lagmannsretten, saker med valds- og overgrepssproblematikk og samvær med tilsyn og høyring av barn.

Buudir fekk vidare i 2018 i oppdrag å samarbeide med Domstolsadministrasjonen om å utvikle og leggje til rette for betre samhandling mellom familieverntenesta og domstolane i saker med høgt konfliktnivå, mellom anna å identifisere saker som bør sendast tilbake frå domstolen til mekling. Målet er at fleire foreldre inngår avtaler til beste for barnet, og at fleira saker med høgt konfliktnivå kan løysast utan handsaming av domstolane.

Buudir og Domstoladministrasjonen har satt ned ei arbeidsgruppe med representantar for ulike aktørar for å kartlegge og foreslå tiltak som kan fremje og styrkje samhandling mellom domstolane og familieverntenesta på foreldretvistområdet. Det er utvikla arbeidsflyt mellom familievernet og tingretten på tre sentrale område: sending

tilbake til mekling, tvangsfyllbyrding og støtta til-syn.

Departementet reknar vedtaket som følgd opp gjennom dette arbeidet og vil orientere Stortinget om resultatata på eigna måte.

Rettleiing om korleis tilsette i kommunar kan avdekkje og følgje opp vald i nære relasjonar

*Vedtak nr. 596, 25. april 2017*

*«Stortinget ber regjeringen i samarbeid med KS utarbeide veiledere om hvordan ansatte i kommuner kan avdekke og følge opp vold i nære relasjoner.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*, jf. Innst. 247 S (2016–2017).

Fleire rettleiingar knytte til arbeidet med å førebyggje vald og overgrep i kommunane er nyleg reviderte eller under revidering. Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) har revidert ei rettleiing som skal hjelpe kommunane med å utarbeide handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Bufdir reviderer *Veileder for utarbeidelse av plan for krisehåndtering. Mistanke om ansattes seksuelle overgrep mot barn*. Bufdir har utarbeidd retningslinjer som omtaler sårbarheita til barn og unge med nedsett funksjonsevne og andre utsette barn. Bufdir har vidare utarbeidd ei rettleiing for kvalitet og inn-hald i krisesentertilbodet. KS har delteke i arbeidet med fleire av rettleiarane.

Departementet reknar vedtaket som følgd opp. Bufdir har også i 2018, i samarbeid med KS, fått i oppdrag å vurdere behovet for ytterlegare rettleiingar eller andre pedagogiske verktøy om korleis tilsette i kommunar kan avdekkje og følgje opp vald i nære relasjonar.

Lovfeste at barnevern og politi skal samarbeide betre

*Vedtak nr. 597, 25. april 2017*

*«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan det kan lovfestes at barnevern og politi skal samarbeide bedre, og hvilket ansvar og hvilke rutiner barnevernet skal følge ved mistanke om vold og overgrep.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*, jf. Innst. 247 S (2016–2017).

Bufdir har fått i oppdrag å utarbeide retningslinjer om ansvaret barnevernet har for barn som gjer kriminelle handlingar. Direktoratet tek sikte på å ferdigstille retningslinjene i fyrste del av 2019. Saman med Politidirektoratet held Bufdir fram med å utarbeide retningslinjer for samarbeidet mellom politi og barnevern når det er mistanke om vald og seksuelle overgrep. Direktoratet sende i 2018 på høyring *Nasjonale retningslinjer for samarbeid mellom politiet og barneverntjenesten ved mistanke om vold og seksuelle overgrep i nære relasjoner*.

Oppfølginga av vedtaket må vidare sjåast i samanheng med departementet sitt arbeid med ny barnevernslov. Departementet planlegg å sende eit forslag til ny barnevernslov på høyring i 2019 og vil komme tilbake til oppfølginga av vedtaket i den samanhengen.

Opptrappinga av familievernkontora

*Vedtak nr. 602, 25. april 2017*

*«Stortinget ber regjeringen fortsette opptrappingen av familievernkontorene slik at det sikres egne ansatte som arbeider med voldsarbeid på alle familievernkontor, og at arbeidet med familier med voldsutfordringer ikke går på bekostning av familievernets kjerneoppgaver.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*, jf. Innst. 247 S (2016–2017).

I 2017-budsjettet blei familieverntenesta styrkt med 38 mill. kroner. Satsinga har mellom anna gått til å styrkje kompetansen på vald og overgrep for dei som jobbar i familieverntenesta. Bufdir og dei einskilde familievernkontora skal samarbeide med ATV for å styrkje kompetansen og behandlingsskapiteten på området. Det er utvikla eit lokalt samarbeid mellom ATV og familieverntenesta over heile landet. Familievernkontora blei ytterlegare styrkt med 32,5 mill. kroner i 2018. Midlane har mellom anna gått til arbeid med førebygging og arbeid med valdssaker. Satsingane er vidareførte i i budsjettframlegget for 2019. Departementet vil orientere Stortinget om den vidare satsinga på valdsarbeidet i familievernet på ordi-nær måte i Prop. 1 S.

### Styrkje familievernkontora

Vedtak nr. 603, 25. april 2017

*«Stortinget ber regjeringen styrke familievernkontorenes allmenne arbeid med forebygging av vold for å avdekke risikofamilier og gi foreldrene verktøy til å håndtere vanskelige følelser og eventuelt disposisjon for utøvelse av vold.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*, jf. Innst. 247 S (2016–2017).

Familievernkontora blei styrkte med 32,5 mill. kroner i 2018. Midlane har mellom anna gått til familievernkontora sitt allmenne arbeid med forebygging av vald for å avdekkje risikofamiliar og gi foreldra verktøy til å handtere vanskelege kjensler og eventuelt disposisjon for utøving av vald. Satsinga er føreslått vidareført i 2019-budsjettet. Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

### Leggje til rette for rettleiing for foreldre

Vedtak nr. 604, 25. april 2017

*«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at foreldre får tilbud om foreldreveiledning gjennom helsestasjon, barnevern, familievern eller andre ideelle aktører.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)* og Innst. 247 S (2016–2017).

Regjeringa la fram ein nasjonal strategi for foreldrestøtte i juni 2018. Strategien inneheld tiltak som skal forebyggje at barn veks opp med mangelfull eller skadeleg omsorg. Målet er at alle foreldre skal vite kvar dei kan få hjelp og støtte når dei møter på utfordringar, jf. omtale om strategien under programkategori 11.10. Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

### Politiattest for yrkesgrupper som er i kontakt med barn

Vedtak nr. 606, 25. april 2017

*«Stortinget ber regjeringen vurdere behovet for å krevje politiattest for yrkesgrupper som er i kontakt med barn, men som ikke faller inn under særlovgivingen.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)* og Innst. 247 S (2016–2017).

Departementet gav Bufdir i oppdrag å vurdere behovet for å krevje politiattest for yrkesgrupper som er i kontakt med barn, og som det i dag ikkje finst heimel for å krevje politiattest frå i spesiallovgivinga eller i politiregisterforskrifta. Departementet har motteke utgreiinga frå direktoratet og vil vurdere ho i samband med politikkutforminga på området. Departementet vil komme attende til Stortinget om vidare oppfølging av vedtaket.

### Ordning for å sertifisere alle offentleg tilsette som er i kontakt med barn

Vedtak nr. 607, 25. april 2017

*«Stortinget ber regjeringen utrede en sertifiseringsordning som alle offentlig ansatte som er i kontakt med barn, må gjennomføre. Ordningen skal sikre at alle har kompetanse om vold og overgrep, den bør være enkel og praktisk å gjennomføre, og det bør stilles krav om fornyelse f.eks. hvert andre år.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)* og Innst. 247 S (2016–2017). Vedtaket vil bli sett i samanheng med arbeidet med å lage ein nasjonal kompetansestrategi om vald og overgrep. Departementet vil komme attende til Stortinget om vidare oppfølging av vedtaket

### Tilsette med minoritetsbakgrunn og auka kompetanse på minoritetskulturar i barnevernet

Vedtak nr. 611, 25. april 2017

*«Stortinget ber regjeringen bidra til at det er flere med minoritetsbakgrunn og økt kompetanse på minoritetskulturer i barnevernet.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*, jf. Innst. 247 S (2016–2017).

Bufdir har utarbeidd *Handlingsplan for å bedre tillit mellom etniske minoritetsmiljøer og barnevernet 2016–2021*. Det er det siste året gjennomført fleire forskingsprosjekt om barn med minoritetsbakgrunn i barnevernet. Forskinga



underbyggjer behovet for å styrkje kompetansen i tenestene. Regjeringa la hausten 2017 fram ein fleirårig kompetansestrategi for det kommunale barnevernet. Auka kompetanse vil saman med tiltak for å styrkje tilliten til barnevernet gjere barnevernet til ein meir attraktiv arbeidsplass også for medarbeidarar med minoritetsbakgrunn. Bufetat har som personalpolitisk mål å rekruttere tilsette med fleirkulturell bakgrunn. Bufetat oppmodar derfor alle, uavhengig av nasjonal eller etnisk bakgrunn, om å søkje ledige stillingar.

Departementet vil i 2019 utvide kompetanse-tilbudet til det kommunale barnevernet med eit eige opplæringstilbod om barnevernet sitt arbeid med barn og familiar med minoritetsbakgrunn. Opplæringa skal vere for heile barnevernsteneser. Innhaldet skal omfatte vurdering av omsorg hos foreldre med ulik sosial, kulturell eller erfaringsmessig bakgrunn, og omhandle problemstillingar om kulturforståing, bruk av tolk, negativ sosial kontroll og vald. Opplæringa bør byggje på erfaringar frå dei tilsette og arbeidskvardagen i tenestene. Tilbodet skal komme på plass i løpet av 2019.

Departementet vil vidare få på plass ei ny praksisretta vidareutdanning på 30 studiepoeng. Denne skal gi tilsette betre moglegheit til fagleg fordjuping i arbeid med barn og familiar med minoritetsbakgrunn. Studiet skal erstatte den eksisterande vidareutdanninga *Barnevern i eit minoritetsperspektiv*, som var på 15 studiepoeng.

Buudir har òg vurdert tiltak som kan bidra til å auke den spesifikke kompetansen om samiske barn og familiar i barnevernet. Departementet følgjer opp desse vurderingane i dialog med Sameininget.

Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

At alle ATV-kontor får eit familiemandat

*Vedtak nr. 618, 25. april 2017*

*«Stortinget ber regjeringen sørge for at alle ATV-kontor får et familiemandat i løpet av planperioden.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*, jf. Innst. 247 S (2016–2017).

Driftstilskotet til Alternativ til Vold (ATV) blei auka med 10 mill. kroner både i 2017 og i 2018. Midlane skal mellom anna gå til utvida mandat ved fleire ATV-kontor, slik at fleire kontor òg kan gi tilbod til både vaksne valdsutsette og barn som

er utsette for vald. BLD gav i tilskotsbrev til ATV for 2018 føringar om at ATV skal yte eit behandlingstilbod til utøvarar av vald i nære relasjonar og familiane deira.

ATV skal i 2019 arbeide vidare for å utvikle det eksisterande tilbodet sitt gjennom eit familiemandat, slik at dei skal kunne gi meir heilskapleg behandling av valdsutøvarar og familiane deira. Departementet vil komme tilbake til Stortinget om den vidare satsinga på eit familiemandat i alle ATV-kontor.

Rapportere i dei årlege budsjettproposisjonane om alle tiltak vedtekne i opptrappingsplanen mot vald og overgrep

*Vedtak nr. 626, 25. april 2017*

*«Stortinget ber regjeringen sikre at det rapporteres i de årlige budsjettproposisjonene i løpet av planperioden på måloppnåelse på alle tiltak vedtatt i opptrappingsplanen mot vold og overgrep.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*, jf. Innst. 247 S (2016–2017).

Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)* blei vedteken av Stortinget 25. april 2017. 2017 er fyrste året i planperioden. Det blir rapportert om dei ulike tiltaka i dei årlege budsjettproposisjonane til departementa som er ansvarlege for tiltaka i planen frå Prop. 1 S for 2019, sjå omtale under programkategori 11.10. Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

Rapport om dei økonomiske behova knytte til arbeidet mot vald og overgrep

*Vedtak nr. 627, 25. april 2017*

*«Stortinget ber regjeringen utarbeide en rapport på lik linje som da opptrappingsplanen for psykisk helse ble utarbeidet, og som skal være grunnlag for vurdering av de økonomiske behovene knyttet til bekjempelse av vold og overgrep i planperioden.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*, jf. Innst. 247 S (2016–2017).

Barne- og likestillingsdepartementet har, i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Justis- og beredskaps-

departementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet og Finansdepartementet, utarbeidd ein rapport om kostnader knytte til tiltak i opptrappingsplanen og oppmodingsvedtak som blei gjorde under handsaminga av planen i Stortinget. Rapporten er publisert på nettsida til Barne- og likestillingsdepartementet.

Rapporten vil vere eit sentralt grunnlag for å vurdere dei økonomiske behova knytte til tiltak mot vald og overgrep i perioden som står att av opptrappingsplanen. Regjeringa vil i dei årlege budsjettforslaga vurdere innfasing og prioritering av einskildtiltak i planen. Departementet reknar vedtaket som følgt opp.

Økonomisk forplikting og øyremerking knytte til tiltaka i opptrappingsplanen mot vald og overgrep

*Vedtak nr. 628, 25. april 2017*

*«Stortinget ber regjeringa i forslag til statsbudsjett for 2018 komme med forslag til økonomiske forpliktelser og øyremerking for planperioden knyttet til tiltakene i opptrappingsplanen mot vald og overgrep.»*

Sjå nærare omtale under vedtak nr. 627 av 25. april 2017. Vedtaket vil bli følgt opp i dei årlege budsjettframlegga.

Offentleg utval som ser på kva likestillingsutfordringar barn møter på ulike arenaer

*Vedtak nr. 682, 23. mai 2017*

*«Stortinget ber regjeringa nedsette et norsk offentlig utvalg som ser på hvilke likestillingsutfordringer barn møter på ulike arenaer.»*

Vedtaket blei gjort i samband med eit representantforslag om nye tiltak for å fremje likestilling, jf. Dok. 8: 62 S (2016–2017) og Innst. 277 S (2017–2018).

Regjeringa har sett ned eit offentlig utval for å greie ut likestillingsutfordringar barn og unge møter på viktige arenaer. Utvalet skal òg føreslå tiltak som kan bidra til auka likestilling for den einskilde og for samfunnet. Etter planen skal utvalet levere utgreiinga si hausten 2019. BLD reknar vedtaket som følgt opp gjennom dette arbeidet.

Evaluere foreldrepermisjonsordninga

*Vedtak nr. 683, 23. mai 2017*

*«Stortinget ber regjeringa gjennomføre en evaluering av foreldrepermisjonsordningen for å avdekke i hvilken grad dagens ordning fremmer likestilling og sikrer likestilt foreldreskap.»*

Vedtaket blei gjort i samband med eit representantforslag om nye tiltak for å fremje likestilling, jf. Dok. 8: 62 S (2016–2017) og Innst. 277 S (2017–2018). Departementet har gitt Institutt for samfunnsforskning i oppdrag å greie ut foreldrepengeordninga for å avdekkje korleis dagens ordning fremjar likestilling og sikrar likestilt foreldreskap. Oppdraget skal bli avslutta i oktober 2018. Departementet reknar vedtaket som følgt opp, og Stortinget vil bli orientert om resultatane frå evalueringa på eigna måte.

Årleg rapportering om barnevernet til kommunestyret

*Vedtak 779, 7. juni 2017*

*«Stortinget ber regjeringa innføre krav om årlig rapportering om barnevernet til kommunestyret.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 73 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven (barnevernsreform)*, jf. Innst. 354 L (2016–2017).

Departementet planlegg å sende forslag til ny barnevernslov på høyring i 2019. I høyringsforslaget vil regjeringa føreslå krav om årleg rapportering om barnevernet til kommunestyret. Bufdir har i tillegg fått i oppgåve å greie ut det faglege grunnlaget for ei årleg tilstandsrapportering til kommunestyret om barnevernet, og sørgje for at viktig informasjon er lett tilgjengeleg. Bufdir lanserte i desember 2017 ein nettbasert kommunemonitor som mellom anna gir kommunane informasjon om kvalitet, bemanning og ressursar i barnevernstenestene. Utviklinga av ei løysing for automatisk uttrekk av data frå sakshandsamingsystemet til barnevernstenesta inngår også i prosjektet DigiBarnevern. Den nye løysinga for digital rapportering vil leggje til rette for betre og meir oppdatert rapportering om kvaliteten og tilstanden i barnevernet i den einskilde kommunen.

### Spesialiserte hjelpetiltak

Vedtak nr. 780, 7. juni 2017

*«Stortinget ber regjeringen evaluere og gjennomgå de ulike programmene og sikre at barn og unge gis en betydelig rolle i denne evalueringen.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 73 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven (barnevernsreform)*, jf. Innst. 354 L (2016–2017), der Stortinget slutta seg til at Bufetat framleis skal ha eit tilbod om spesialiserte hjelpetiltak der dette kan hindre plassering utanfor heimen.

Departementet har bede Bufdir om å følgje opp vedtaket. Direktoratet vil setje i gang ei evaluering i løpet av hausten 2018 ved mellom anna å systematisere forskingskunnskap om tiltaka som Bufetat i dag tilbyr: Multisystemisk terapi (MST), Parent Management Training Oregon (PMTO), Funksjonell familierapi (FFT) og familieråd. Vidare vil det vere dialog med mellom anna ungdommar som har eller har hatt desse tiltaka, dei som arbeider i tiltaka, og dei som har utvikla tiltaka i Noreg. Departementet reknar vedtaket som følgt opp.

Vurdere korleis tilsette i barnevernet kan sikrast mot vald og truslar

Vedtak nr. 781, 7. juni 2017

*«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan barnevernsansatte kan sikres mot vold og trusler.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 73 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven (barnevernsreform)*, jf. Innst. 354 L (2016–2017).

Tilsette i barnevernet er blant yrkesgruppene som er særleg utsette for hets, vald og truslar om vald. Slike ytringar blir sette fram i sosiale medium og på anna vis. Dette rammar tilsette i kommunalt barnevern og i barnevernsinstitusjonar. Også fosterforeldre, som ikkje er tilsette, men oppdragstakarar i barnevernet, kan bli utsette for dette. Bufdir har, i samarbeid med KS, vurdert tiltak som kan gi tilsette og oppdragstakarar betre vern mot hets, vald og truslar. Arbeidet har resultert i ei fagleg rettleiing med råd om handtering av slike saker. Regjeringsstrategien mot hatefulle ytringar (2016–2020) har òg tiltak mot vald og truslar mot tilsette i arbeidslivet. Departementet reknar vedtaket som følgt opp.

### Reglar for anbod i barnevernet

Vedtak nr. 783, 7. juni 2017

*«Stortinget ber regjeringen gjennomgå reglene for anbod i barnevernet, herunder legge fram retningslinjer for kvalitetssikring og kontroll.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 73 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven (barnevernsreform)*, jf. Innst. 354 L (2016–2017). Bufdir har skildra rammene for anskaffingane til Bufetat, inkludert korleis Bufdir/Bufetat har etablert internkontroll på området, og korleis Bufdir/Bufetat syter for etterleving. Bufdir har sytt for at det har blitt utarbeidd rutinar og malar for kjøp av tenester som bidreg til kvalitetssikring og kontroll.

Anboda til Bufetat følgjer regelverket for anskaffingar der dette gjeld. Det er òg slik at det ofte er føremålstenleg å nytte konkurransar der regelverket ikkje gjeld. Departementet viser til at delar av tenestekjøpa til barnevernet fell utanfor anskaffingsregelverket, jf. anskaffingsforskrifta § 2-4 h. Overvakingsorganet til EFTA (ESA) har slått fast at staten sine kjøp av plassar i barnevernsinstitusjonar er omfatta av unntaket om offentleg myndigheitsutøving i EØS-avtalen. Dette er grunna på at institusjonane har heimel til å utøve tvang mot bebuarane. Delar av tenestekjøpa til barnevernet fell derfor utanfor anskaffingsregelverket.

På grunn av kompleksiteten i kjøpa har Bufetat etablert ei eining for inntaksstøtte, som har ei sentral rolle som spesialist på rammeavtalar og på rutinar og malar for einskilde kjøp. I konkurransen om dei noverande rammeavtalane for institusjonsplassar var det sett nokre absolutte krav til kvalitet som vilkår for å delta. I tillegg blei barnevern- og sosialfagleg kompetanse hos miljøpersonell vektlagt ved tildeling av kontrakt. Departementet viser også til at både kommunane og Bufetat skal ha internkontroll for å sjå til at oppgåvene blir utførte i samsvar med krav som er fastsette i lov og i medhald av lov.

Departementet har vurdert at det ikkje er behov for ytterlegare retningslinjer og kontroll, og reknar vedtaket som følgt opp.

Ordninga med nasjonal gjeldsinformasjon

Vedtak nr. 786, 7. juni 2017

*«Stortinget ber regjeringen evaluere ordningen med nasjonal gjeldsinformasjon og komme til-*

*bake til Stortinget med en sak om dette senest to år etter at valgte system er opprettet.»*

Forbruksforskningsinstituttet SIFO har fått i oppdrag å gjennomføre evalueringa. Som ledd i evalueringa er SIFO i gang med å kartlegge kredittmarknaden før etableringa av gjeldsinformasjonsføretak. Etter at gjeldsinformasjonsføretak er etablerte og effekten av dette på kredittmarknaden er evaluert, vil departementet orientere Stortinget på eigna måte.

Sakshandsamingstida ved utanlandsadopsjon

Vedtak nr. 789, 7. juni 2017

*«Stortinget ber regjeringen sørge for at saksbehandlingen når det gjelder utenlandsadopsjon, ikke overskrider 30 dager.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 88 L (2016–2017) *Lov om adopsjon*, jf. Innst. 359 L (2016–2017).

Ut ifrå sakshandsaminga og omtalen i Innst. 359 L (2016–2017) har departementet forstått vedtaket slik at det gjeld tida frå Bufdir tek imot ei sak som skal handsamast i det faglege utvalet for adopsjonssaker, til det er avgjort om adopsjonsprosessen kan halde fram. I november 2017 bad departementet Bufdir om å følgje opp vedtaket og gjennomføre det så snart som råd. Bufdir har i årsrapporten for 2017 opplyst at tida det tek å handsame sakene for det faglege utvalet for adopsjonssaker ligg innanfor 30 dagar. Departementet vil òg sjå vedtaket i samanheng med den politiske plattformen til regjeringa om å gjere adopsjonsprosessar raskare og enklare. Departementet vil halde Stortinget orientert om den vidare utviklinga i sakshandsaminga på eigna måte.

Oppfølging av adopterte og familiene deira

Vedtak nr. 790, 7. juni 2017

*«Stortinget ber regjeringen vurdere behovet for oppfølging av adopterte og familiene i tråd med Haagkonvensjonen artikkel 9, der en modell som den danske kan vurderes som ett alternativ, og komme tilbake til Stortinget på egnede måte.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 88 L (2016–2017) *Lov om adopsjon*, jf. Innst. 359 L (2016–2017).

Departementet vil sjå oppmodingsvedtaka om adopsjon i samanheng. Dette gjeld vedtak nr. 744

av 31. mai 2016 og vedtak nr. 789–791 av 7. juni 2017. Bufdir har fått i oppdrag av departementet å vurdere forslag til tiltak. Folkehelseinstituttet har vidare fått i oppdrag å kartlegge behovet for oppfølging av adopterte og adoptivfamiliar, sjå oppmodingsvedtak nr. 791 nedanfor. Departementet vil orientere Stortinget om oppfølginga på eigna måte.

Kartlegging behovet for oppfølging etter adopsjon

Vedtak nr. 791, 7. juni 2017

*«Stortinget ber regjeringen kartlegge behovet for oppfølging etter adopsjon.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 88 L (2016–2017) *Lov om adopsjon*, jf. Innst. 359 L (2016–2017).

Bufdir har gitt Folkehelseinstituttet i oppdrag å kartlegge behovet for oppfølging av adopterte og adoptivfamiliar. Rapporten skal vere ferdig i 2020. Departementet reknar vedtaket som følgt opp.

Lågterskeltilbud for handheving av forbudet mot seksuell trakassering

Vedtak nr. 875, 12. juni 2017

*«Stortinget ber regjeringen utrede et lågterskeltilbud for håndhevelse av forbudet mot seksuell trakassering.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med stortingshandsaminga av Prop. 80 L (2016–2017) *Lov om Likestillings- og diskrimineringsombudet og Diskrimineringsnemnda (diskrimineringsombudsloven)*, jf. Innst. 388 L (2016–2017).

BLD har hatt på høyring eit forslag til eit lågterskeltilbud for handsaming av saker om seksuell trakassering. Departementet arbeider vidare med å følgje opp forslaget etter høyringa og vil komme attende til Stortinget om vidare oppfølging av vedtaket.

Oppfølging av mindreårige offer for menneskehandel

Vedtak nr. 932, 14. juni 2017

*«Stortinget ber regjeringen opprette en sentral enhet med ansvar for oppfølging av mindreårige ofre for menneskehandel og veiledning til lokale barnevernkontor i saker hvor menneskehandel mistenkes.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Dok 8:100 S (2016–2017) *Representantforslag om styrket innsats mot at barn utnyttes i menneskehandel*, jf. Innst 397 (2016–2017).

Som ei følgje av budsjettforliket for 2018 mellom regjeringspartia, Venstre og Kristeleg Folkeparti, blei det gitt ei løyving på 5 mill. kroner over budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet til rettleiing og oppfølging i arbeidet med mindreårige offer. Dette skal bidra til god oppfølging av barna, betre samarbeid mellom ulike instansar og gi betre rettleiing til lokalt barnevern og andre relevante etatar som mistenkjer menneskehandel, eller som har barn som er offer for menneskehandel i sin kommune. Regjeringa føreslår at løyvinga for 2019 blir overført til Barne- og likestillingsdepartementet. Bufdir får ansvar for å opprette ein funksjon for oppfølging og rettleiing av barnevernet og andre relevante etatar.

Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

Vidareføre aktivitets- og rapporteringsplikta

*Vedtak nr. 1119, 21. juni 2017*

*«Stortinget ber regjeringa bevare aktivitets- og redegjøringsplikten, samt styrke den ved å følge opp Skjeie-utvalgets anbefalinger til endringer, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med en sak om dette.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med stortingshandsaminga av Prop. 81 L (2016–2017) *Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven)*, jf. Innst. 401 S (2016–2017).

BLD har hatt på høyring eit forslag om å styrkje aktivitets- og rapporteringspliktene. Departementet arbeider vidare med å følgje opp forslaget etter høyringa og vil komme attende til Stortinget om vidare oppfølging av vedtaket.

14 veker fedrekvote

*Vedtak nr. 4, 11. oktober 2017*

*«Stortinget ber regjeringa legge frem en sak om å øke fedrekvoten i foreldrepermisjonen til 14 uker, for å gi barn og fedre tid sammen og bidra til likestilling i arbeidslivet.»*

Vedtaket blei gjort i samband med trontalen i oktober 2017. Regjeringa fremja Prop. 74 L (2017–2018) *Endringer i folketrygdloven og kontantstøtte-*

*loven (innfasing av tredeling av foreldrepenger mv.)* for Stortinget 10. april 2018, med forslag om å utvide mødrekvota og fedrekvota frå 10 til 15 veker. Forslaget blei vedteke 11. juni 2018 og vart sett i kraft 1. juli 2018. Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

Verknader av forenklinga i foreldrepengerperioden

*Vedtak nr. 169, 11. desember 2017*

*«Stortinget ber regjeringa i løpet av en toårsperiode fra ikrafttredelse, orientere Stortinget om negative virkninger av forenklingen i foreldrepengerordningen.»*

Vedtaket blei gjort i samband med Prop. 168 L (2016–2017) *Endringer i folketrygdloven (forenklinger i foreldrepengerordningen)*, jf. Innst. 58 L (2017–2018). Nokre av lovendingane vart sett i kraft 1. januar 2018, men dei fleste endringane skal etter planen ta til å gjelde frå 1. januar 2019. Departementet vil orientere Stortinget om oppfølginga på eigna måte.

Lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår for barnevernsaktørar

*Vedtak nr. 181, 12. desember 2017*

*«Stortinget ber regjeringa vurdere hvordan det kan sikres at aktører som mottar offentlige tilskudd for drift av barnevernstjenester, har lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår på linje med det som gjelder i offentlige virksomheter.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Dokument 8:19 S (2017–2018) *Representantforslag om å sikre et trygt og stabilt barnevern uten profitt*, jf. Innst. 43 S (2017–2018).

Departementet har sett i gang ei ekstern utgreiing som skal sjå på lønns-, arbeids- og pensjonsvilkåra i offentlege og private barnevernsverksemder. Fafo skal gjere utgreiinga, og planen er at rapporten skal vere ferdig tidleg i 2019. Denne problemstillinga blir òg vurdert av det offentlege utvalet som skal kartleggje pengestraumar i offentlege finansierte velferdstenestar, jf. oppmodingsvedtak nr. 182 av 12. desember 2017. Fafo sin rapport og vurderingane frå utvalet vil inngå i BLD sin vidare oppfølging av vedtaket. Departementet vil komme tilbake til Stortinget om oppfølging av vedtaket på eigna måte.

Offentleg utval etikkinformasjon  
Vedtak nr. 200, 12. desember 2017

*«Stortinget ber regjeringen om å nedsette et utvalg med bred representasjon som skal utrede en eventuell lov om etikkinformasjon, dens virkeområde, hva loven skal omfatte og hvem den skal gjelde for. Utvalget bør i tillegg vurdere hvordan en lov om etikkinformasjon kan sikre forbrukernes og organisasjoners rett til informasjon ut over lover og andre verktøy som finnes i dag.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 14 S (2017–2018).

BLD sette i juni 2018 ned eit ekspertutval med brei representasjon som skal greie ut om det er føremålstenleg å påleggje næringsdrivande ei informasjonsplikt knytt til arbeid med samfunnsansvar og oppfølging av leverandørkjeder. Utvalet skal levere utgreiinga si til departementet i 2019. BLD reknar vedtaket som følgd opp gjennom nedsetjinga av utvalet. Sjå òg omtale av oppmodingsvedtak nr. 890 av 13. juni 2016.

Likestillingssentera

Vedtak nr. 207, 12. desember 2017

*«Stortinget ber regjeringen ta et initiativ overfor fagmiljøene utenfor forvaltningen for å vurdere om disse kan innlemmes i samme struktur som de øvrige likestillingssentrene.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med stortingshandsaminga av BLDs Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 14 S (2017–2018).

BLD føreslår i 2019-budsjettet å samle tilskotet til Likestillingssenteret, KUN – senter for kunnskap og likestilling, Reform – ressurscenter for menn og Senter for likestilling ved Universitetet i Agder på kap. 871, post 73. Likestillingssentera har fått høve til å komme med innspel til endringane. BLD reknar vedtaket som følgd opp gjennom denne endringa.

Innhenting av kunnskap om kontantstøttemottakarar

Vedtak nr. 443, 1. februar 2018

*«Stortinget ber regjeringen innhente kunnskap om hvem kontantstøttemottakerne er, med særleg vekt på yrkesstatus, utdanningsbakgrunn, årsa-*

*ker til at man benytter seg av ordningen, samt levekår generelt for denne gruppen.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Dok. 8: 43 S (2017–2018) *Representantforslag om endringer av botidskrav for rett til kontantstøtte*, jf. Innst. 97 S (2017–2018).

SSB har fått i oppdrag å gjennomføre eit analyseprosjekt om kontantstøtte der ein mellom anna kartlegg ulike kjenneteikn ved kontantstøttemottakarane. Prosjektutforminga skjer i ein dialog mellom SSB, Bufdir og BLD. Ein legg vekt på å få innhenta kunnskap i tråd med vedtaket over. Departementet reknar vedtaket som følgd opp og vil orientere Stortinget om resultatata frå arbeidet på eigna måte.

Betalingsansvaret for utgifter til tolk og sakkunnige oppnemnt av fylkesnemda

Vedtak nr. 526, 6. mars 2018

*«Stortinget ber regjeringen se nærmere på innretningen av kommunenes betalingsansvar, og vurdere om det fortsatt skal være kommunenes ansvar å dekke utgifter til tolk og sakkyndige som oppnevnes av fylkesnemndene, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 169 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven mv. (bedre rettssikkerhet for barn og foreldre)*, jf. Innst. 151 L (2017–2018).

Ein vil sjå oppfølginga av vedtaket i samanheng med departementet sitt arbeid med ny barnevernslov. Departementet planlegg å sende eit forslag til ny barnevernslov på høyring i 2019.

Rettleiings- og hjelpetilbod seksuell trakassering

Vedtak nr. 599, 12. april 2018

*«Stortinget ber regjeringen finne en hensiktsmessig måte å styrke veilednings- og hjelpetilbudet til personer som utsettes for seksuell trakassering, som ivaretas av Likestillings- og diskrimineringsombudet.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med stortingshandsaminga av eit representantforslag om kampen mot seksuell trakassering, jf. Dok. 8: 71 S (2017–2018) og Innst. 75 S (2017–2018).

BLD har hatt på høyring eit forslag til eit lågterskeltilbod for handsaming av saker om seksuell

trakassering. Departementet arbeider vidare med å følgje opp forslaget etter høyringa og vil komme attende til Stortinget om vidare oppfølging av vedtaket.

Lågterskeltilbod seksuell trakassering

Vedtak nr. 602, 12. april 2018

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med sak i forbindelse med statsbudsjettet 2020 om å innføre et lågterskeltilbud for håndhevelse av saker om seksuell trakassering, samt gi Diskrimineringsnemnda myndighet til å gi oppreisning og erstatning i slike saker innenfor diskrimineringslovens område, tilsvarende diskriminering på grunn av etnisitet, kjønn og funksjonshemming.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med stortingshandsaminga av eit representantforslag om kampen mot seksuell trakassering, jf. Dok. 8: 71 S (2017–2018) og Innst. 75 S (2017–2018).

BLD har hatt på høyring eit forslag til eit lågterskeltilbud for handsaming av saker om seksuell trakassering. Departementet arbeider vidare med å følgje opp forslaget etter høyringa og vil komme attende til Stortinget om vidare oppfølging av vedtaket.

Handlingsplan mot rasisme og etnisk og religiøs diskriminering

Vedtak nr. 649, 24. april 2018

*«Stortinget ber regjeringen utarbeide og iverksette en ny nasjonal handlingsplan mot rasisme og etnisk og religiøs diskriminering.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med stortingshandsaminga av eit representantforslag om å utarbeide og setje i verk ein handlingsplan mot rasisme og diskriminering, jf. Dok. 8: 117 S (2017–2018) og Innst. 210 S (2017–2018). Departementet tek sikte på å leggje fram handlingsplanen hausten 2019.

Lovbestemt nedre aldersgrense for å få anerkjent ekteskap som er inngått i utlandet, inkludert ei 18-årsgrense

Vedtak nr. 742, 22. mai 2018

*«Stortinget ber regjeringen utrede en lovbestemt nedre aldersgrense for å anerkjenne ekteskap inngått i utlandet, herunder en 18-årsgrense.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 49 L (2017–2018), jf. Innst. 267 L (2017–2018).

Departementet følgjer opp vedtaket i samband med utgreiinga av reglane om godkjenning av utanlandske ekteskap. Utgreiinga gjeld særleg tilfelle der éin eller begge partar er mindreårige på tidspunktet for vigselen og tilfelle der eit tidlegare ekteskap består (bigami). Eventuelle forslag til endringar i desse reglane vil bli sende på høyring. Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

Likestillingseffektar av den økonomiske politikken

Vedtak nr. 760, 28. mai 2018

*«Stortinget ber regjeringen gjennomgå likestillingseffektene av den økonomiske politikken og fremme forslag som bidrar til å redusere de økonomiske forskjellene mellom kvinner og menn.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med at barne- og likestillingsministeren orienterte om statusen for arbeidet med å fremje likestilling og mangfald i alle sektorar. Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgd opp.

Avtalar med ideelle tilbydarar av institusjonsplassar

Vedtak 762, 28. mai 2018

*«Stortinget ber regjeringen sikre langsiktige og løpende avtaler med ideelle tilbydere av institusjonsplasser som fører til at andelen ideelle øker til om lag 40 pst. innen 2025, samtidig som den offentlige andelen institusjonsplasser ikke reduseres.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Dok. 8: 161 S (2017–2018) *Representantforslag om et offentlig og ideelt drevet barnevern*, jf. Innst. 303 S (2017–2018).

Departementet har bede Bufdir vurdere korleis vedtaket kan gjennomførast på best mogleg måte, inkludert kva som kan vere dei viktigaste konsekvensane og dei største risikoområda i samband med gjennomføringa av vedtaket. Departementet vil komme tilbake til Stortinget om oppfølging av vedtaket på eigna måte.

Angrerett pakkereiser

Vedtak nr. 847, 6. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å innføre i den nye pakkereiseloven en angrerett på pakkereiser som er kjøpt utenom faste forretningslokaler.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 54 L (2017–2018), jf. Innst. 354 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

Reisegaranti transportdel pakkereise

Vedtak nr. 848, 6. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å videreføre reisegaranti for transportdelen av en pakkereise i den nye pakkereiseloven.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av Prop. 54 L (2017–2018), jf. Innst. 354 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

Tilsyn usunn reklame

Vedtak nr. 850, 6. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen sikre et forsterket tilsyn med usunn reklame som retter seg mot barn og unge, særlig reklame som promoterer urealistiske skjønnhetsidealer og bidrar til kroppspress.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om kroppspress og reklameindustrien, jf. Dok. 8: 187 S (2017–2018) og Innst. 344 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

God marknadsføringsskikk og usunt skjønnhetsideal

Vedtak nr. 852, 6. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen foreslå endring av markedsføringsloven i bestemmelsen om god markedsføringsskikk, markedsføringsloven § 2, som presiserer at annonsør skal sørge for at reklamen ikke viser et urealistisk eller usunt skjønnhetsideal, blant annet ved merking av*

*reklame som gjennom retusjering endrer kroppsfasongen til mennesker i reklamen.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om kroppspress og reklameindustrien, jf. Dok. 8: 187 S (2017–2018) og Innst. 344 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

God marknadsføringsskikk overfor barn

Vedtak nr. 853, 6. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen foreslå endring av markedsføringsloven § 21, som regulerer god markedsføringsskikk overfor barn, for å hindre reklame rettet mot barn generelt, og motvirke kroppspress mot unge spesielt.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om kroppspress og reklameindustrien, jf. Dok. 8: 187 S (2017–2018) og Innst. 344 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

Strategi for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne

Vedtak nr. 893, 12. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen sørge for tett involvering av funksjonshemmedes organisasjoner i alle ledd i prosessen under utarbeidelsen av regjeringens helhetlige strategi for likestilling av mennesker med nedsatt funksjonsevne, herunder faste kontaktpunkter med sektoransvarlige departementer.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018).

BLD koordinerer arbeidet med regjeringas strategi for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne. I mai 2018 hadde BLD møte med organisasjonane for funksjonshemma for å diskutere korleis organisasjonane kan involvere seg vidare i arbeidet med strategien. Det er avtalt at BLD og organisasjonane skal ha jamlege dialogmøte hausten 2018. Organisasjonane og relevante sektordepartement skal ha supplerande



møte. Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

Tiltak i melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma

*Vedtak nr. 894, 12. juni 2018*

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding med forslag til tiltak for at utviklingshemmede skal få oppfylt sine menneskerettigheter på lik linje med andre.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018).

Oppmodingsvedtak nr. 894 blir oppfatta som Stortingets hovudvedtak knytt til representantforslaget om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming. Stortinget ber regjeringa leggje fram ei stortingsmelding om rettane til utviklingshemma. Vedtaka nr. 895–906, med unntak av vedtak 898, er knytte til temaa og innhaldet i stortingsmeldinga. BLD vil koordinere regjeringa si oppfølging av vedtak 894 og tilknytte vedtak under dette. Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgd opp.

Melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma

*Vedtak nr. 895, 12. juni 2018*

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der det legges vekt på utviklingshemmede rett til å uttrykke sin mening eller hevde sin rett på lik linje med andre.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8:172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgd opp.

Melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – rett til arbeid

*Vedtak 896, 12. juni 2018*

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der det legges vekt på tiltak som sikrer utviklingshemmede retten til arbeid, herunder tilrettelagt yrkesfagutdanning.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgd opp.

Melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – rett til helsetenester

*Vedtak 897, 12. juni 2018*

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der det legges vekt på utviklingshemmedes rett til lik tilgang til helse-tjenester av god kvalitet som resten av befolkningen.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgd opp.

Melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – verjemålslova

*Vedtak 899, 12. juni 2018*

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der erfaringene med verge-målsloven gjennomgås og foreslå nødvendige lov- endringer som sikrer den enkelte vergetrengendes medbestemmelse og rettssikkerhet.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar

og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

Melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – universell utforming skulebygg

Vedtak 900, 12. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der det legges vekt på tilrettelagt undervisning for utviklingshemmede elever i den ordinære skolen, herunder universell utforming av eksisterende skulebygg.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

Melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – kjøpe og eige bustad

Vedtak 901, 12. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der det legges vekt på at utviklingshemmede skal ha samme mulighet til å kjøpe og eie egen bolig som andre.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

Melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – likeverdige tenester

Vedtak nr. 902, 12. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der det legges vekt på å sikre at tjenesteapparatet for mennesker med utviklingshemming innehar tilstrekkelig kompetanse til at utviklingshemmede får likeverdige tjenester innenfor ulike samfunnsområder, på linje med alle andre.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

Melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – koordinering av tenester

Vedtak 903, 12. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der det legges vekt på å sikre god koordinering av tjenestene til utviklingshemmede i overgangssituasjoner og mellom løpende tjenester, internt i kommunene, og mellom kommune, fylkeskommune og stat.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

Melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne

Vedtak nr. 904, 12. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen legge fram en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes rettigheter der det legges vekt på å sikre at FN-konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD) fullt ut skal gjennomføres på alle relevante samfunnsområder, blant annet gjennom en helhetlig tilnærming på departementsnivå for hvordan man skal nå politiske målsettinger for utviklingshemmede, og sikre en koordinert innsats.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

Melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – fritidsaktivitetar og livssyn

Vedtak 905, 12. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen legge fram en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der det legges vekt på å sikre alle muligheter til å drive med meningsfulle fritidsaktiviteter og muligheter for livssynsutøvelse.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.

Melding til Stortinget om sikring av menneskerettane for utviklingshemma – skulefritidsordning

Vedtak 906, 12. juni 2018

*«Stortinget ber regjeringen legge fram en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter, der det foretas en kartlegging av om det er store forskjeller i praksis mellom kommuner og fylkeskommuner, når det gjelder skulefritidsordning/tilbud etter skoletid fra 4. årstrinn til og med videregående skole, herunder innhold i tenestene og egenbetaling fra foreldrene, og gi en vurdering av i hvilken grad det er opplæringsloven eller lov om helse- og omsorgstjenester, som skal dekke slike tenester, sett i lys av FN-konvensjonen om funksjonshemmedes rettigheter.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om rettar og likeverd for utviklingshemma og om tiltak som styrkjer dei grunnleggjande rettane til menneske med utviklingshemming, jf. Dok. 8: 172 S (2017–2018) og Innst. 377 S (2017–2018). Departementet vil komme attende til Stortinget på eigna måte om korleis oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp.



*Del II*  
*Nærare om budsjettforslaget*



## 4 Nærare om budsjettforslaget

### Programområde 11

#### Programkategori 11.00 Administrasjon

##### Hovudinnhald og prioriteringar

Under Programkategori 11.00 Administrasjon ligg i hovudsak lønns- og driftsutgifter til departementet.

##### Resultatrapport og strategiar

##### Organisering og drift av departementet

Departementet har 161 tilsette per 31. desember 2017. Hovudoppgåvene til departementet er knytte til familie, oppvekst og levekår til barn og unge, barnevern, likestilling, ikkje-diskriminering og forbrukarinteresser. Dei ulike fagområda er nærare omtalte under programkategoriane lenger bak i proposisjonen.

Departementet skal vere eit utviklingsorientert og effektivt fagleg sekretariat for den politiske leiinga. Departementet skal òg vere ein tydeleg etatsstyrar og ta hand om forvaltingsoppgåvene på ein god måte. For å nå desse måla arbeider departementet mellom anna med innføring av nye arbeidsformer og med kompetanseutvikling. Dette arbeidet held fram i 2019.

Målet for arbeidet med samfunnsstryggleik og beredskap i BLD er å førebyggje uønskte hendingar og minske konsekvensane dersom slike hendingar skulle inntreffe. Departementet har arbeidd systematisk med å utvikle samfunnsstryggleiks- og beredskapsfeltet og har gjennomført fleire øvingar i 2017 og 2018, mellom anna i samarbeid med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), Utenriksdepartementet og Direktoratet for forvaltning og ikt (Difi). BLD har òg arbeidd for å betre informasjonstryggleiken i sektoren. Som tiltak for å førebu oss på uønskte hendingar i framtida vil BLD i 2019 gå gjennom erfaringar etter beredskapsøvingar for å lære og forbetre planverket i eiga verksemd og underliggjande verksemdar. Departementet vil òg i 2019

revidere oversikta over risiko og sårbarheit i sektoren, samtidig som endringar som følgje av ny sikkerheitslov med forskrifter vert innarbeidd i kriseplanverket.

##### Organisering og drift av underliggjande verksemdar

Desse verksemdene ligg under BLD per 1. oktober 2018: Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, Forbrukarrådet, Forbrukartilsynet, Barneombodet, Likestillings- og diskrimineringsombodet, Sekretariatet for Diskrimineringsnemnda og Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet. Under presenterer departementet dei viktigaste gjennomførte utviklingsprosjekta og tiltaka i førre periode og dei viktigaste planlagde utviklingsprosjekta og tiltaka i 2019.

##### Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Bufdir og Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) har vore gjennom store omstillingar dei siste åra. I samband med omstillingsarbeidet og effektiviseringa har Bufdir i 2017 også vurdert korleis direktoratet skal organiserast for å møte mellom anna teknologisk utvikling, høgare krav til forvaltninga og auka forventingar frå kommunane. Det er også eit viktig omsyn at Bufdir skal utøve den normerande direktoratsrolla si og rolla som ansvarleg for tenestene og tiltaka Bufetat yter til kommunane, utan at det oppstår rollekonflikt. Ei ny organisering av Bufdir skal etter planen vere ferdig i 2018. Omorganiseringa skal føre til auka kapasitet, betre bruk av kompetanse og effektivisering av interne prosessar og gi ein struktur som legg til rette for god oppgåveløysing.

Bufdir har vidareutvikla dei digitale løysingane for kommunerapporteringa og arbeidd med ei borgarplattform for sikker innlogging. Vidare har

Bufdir i 2017 vore staten sin representant i prosjektet DigiBarnevern. DigiBarnevern er ei felles satsing mellom stat og kommune med mål om mellom anna å etablere eit barnevernsfagleg kvalitetssystem med digital systemstøtte, moglegheiter for meldingsutveksling og automatisert rapportering og styringsinformasjon for kommunalt barnevern. Sjå nærare omtale av DigiBarnevern under programkategori 11.20.

Bufdir har utvikla ein IKT-strategi for det langsiktige IKT-arbeidet i direktoratet og utarbeider no strategiske handlingsplanar som mellom anna skal understøtte god IKT-styring, auka tilgjenge og stabil drift. Digitalisering og bruk av teknologi vil framleis vere satsingsområde for direktoratet i åra som kjem.

#### Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker fekk inn til saman 4 907 saker i 2017, ein nedgang på 4 prosent frå 2016. Fylkesnemndene har over fleire år arbeidd målretta for å få ned sakshandsamingstida og redusere forskjellar mellom nemndene, noko som har gitt positive resultat. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid i saker med forhandlingsmøte var i 2017 på 47 dagar, ein nedgang på 24 prosent frå 2016. Frå 2013 til 2017 er sakshandsamingstida redusert med 50 dagar, frå 97 til 47 dagar. Det betyr at ventetida for dei som skal ha saker handsama i fylkesnemndene, i snitt er meir enn halvert.

I 2016/2017 tok fylkesnemndene i bruk eit nytt sakshandsamingssystem, ProSak. Det har lagt til rette for likare administrativ sakshandsaming i nemndene og meir digital kommunikasjon. Målsetjinga er eit heilelektronisk sakshandsamingssystem der all kommunikasjon skal vere digital. Som del av den vidare utviklinga av ProSak har det blitt arbeidd med å utvikle ein nettportal

for sikker utveksling av dokument mellom fylkesnemndene og eksterne aktørar som kommunar, advokatar og domstolar.

#### Forbrukarapparatet

Eit sterkt og effektivt forbrukarapparat er ein viktig føresetnad for å møte utfordringane forbrukarane står overfor. Regionkontora til Forbrukarrådet blei derfor frå 1. mai 2017 grupperte om til tre større einingar i Tromsø, Stavanger og Skien. I tillegg endra Forbrukarombodet namn til Forbrukartilsynet 1. januar 2018. Ved endringar i marknadsføringslova og angrerettlova blei Forbrukartilsynet samtidig gitt vedtakskompetanse i alle saker. Marknadsrådet, som tidlegare gjorde vedtak, blei klageinstans. Endringane frå 1. januar 2018 gjer det mogleg for tilsynet å gripe raskare og meir effektivt inn mot næringsdrivande som bryt lovverket.

#### Likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet

BLD la fram Prop. 80 L (2016–2017) *Lov om Likestillings- og diskrimineringsombudet og Diskrimineringsnemnda (diskrimineringsombudsloven)* 5. april 2017, jf. Innst. 388 L (2016–2017). Lovproposisjonen blei vedteken i Stortinget 16. juni 2017, og den nye lova tok til å gjelde 1. januar 2018. Den nye lova la grunnlaget for at pådrivarrolla og handhevingsrolla til Likestillings- og diskrimineringsombudet vart skilde frå kvarandre. Lovhandhevingsoppgåvene er overførte til Sekretariatet for Diskrimineringsnemnda, som skal handsame alle sakene i éin instans. Den nye nemnda har fått mynde til å påleggje oppreising i saker som gjeld arbeidslivet, og erstatning i enkle saker. I 2019 vil departementet særskilt vektleggje effektiv nemndshandsaming og korte ned handsamingstida i diskrimineringsaker.

#### Nærare om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
800	Barne- og likestillingsdepartementet	157 884	160 834	160 854	0,0
	Sum kategori 11.00	157 884	160 834	160 854	0,0



## Kap. 800 Barne- og likestillingsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	148 749	150 916	150 743
21	Spesielle driftsutgifter	9 135	9 918	10 111
	Sum kap. 0800	157 884	160 834	160 854

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje lønn og andre driftsutgifter for departementet.

Departementet føreslår ei løyving på 150,7 mill. kroner i 2019. Dette er om lag uendra frå Saldert budsjett 2018.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje utgifter til utgreiingsprosjekt i departementet og til tenestemenn som er lånte ut til Europakommisjonen. Løyvinga kan òg nyttast til andre tiltak innanfor ansvarsområda til departementet.

Stilling som nasjonal ekspert for Safer Internet under EUs Connecting Europe Facility (CEF) in Telecom vart avvikla 1. september 2018. Det blir derfor føreslått å flytte 0,4 mill. kroner til kap. 800, post 21 mot tilsvarende reduksjon på kap. 542, post 01, jf. nærare omtale i Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Det blir òg føreslått å flytte 0,5 mill. kroner frå posten mot tilsvarende auke på kap. 100, post 01 for å delfinansiere ei rådsstilling ved den norske EU-delegasjonen i Brussel, jf. nærare omtale i Prop. 1 S for Utenriksdepartementet.

Departementet føreslår ei løyving på 10,1 mill. kroner i 2019.

## Kap. 3800 Barne- og likestillingsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Tilfeldige inntekter	234		
	Sum kap. 3800	234		

## Programkategori 11.10 Familie og oppvekst

### Hovudinnhald og prioriteringar

Regjeringa vil arbeide for ein solid og heilskapleg familiepolitikk. Familien er eit sterkt og grunnleggjande sosialt fellesskap som skaper ei trygg ramme kring oppveksten til barn og unge. Ein god politikk for familiane legg grunnlaget for livskvalitet og gir helsemessige og samfunnsøkonomiske gevinstar.

Familieverntenesta utgjer grunnstammen i hjelpetilbodet til familiar når det gjeld samlivsproblem og konflikter i parforhold, mekling og foreldresamarbeid. Familievernet snakkar med stadig fleire barn i meklingssakene. Departementet vil arbeide for at endå fleire barn nyttar seg av tilbodet om samtale med familievernet. Tilbodet til familiar som opplever høg konflikt, skal òg bli betre. Eit offentleg nedsett utval vil gjennomgå familieverntenesta i 2019.

Vald i nære relasjonar og vald og seksuelle overgrep mot barn er eit alvorleg samfunns- og folkehelseproblem. Arbeidet mot vald og overgrep held fram med høg prioritet i 2019, mellom anna gjennom oppfølging av *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*. Vald og overgrep mot barn kan vere vanskeleg å oppdage. Barn vegrar seg gjerne for å snakke om vald og overgrep, særleg når den som utøver vald, er ein som står dei nær. Det er viktig å bryte tabua kring vald, slik at fleire tør å spørje og fleire utsette tør å snakke om opplevingane sine. Regjeringa vil derfor i 2019 arbeide for å auke kompetansen i tenestene, slik at vald og overgrep mot barn blir avdekt tidlegare.

Dei fleste barna i Noreg veks opp i ein trygg familie med gode økonomiske kår, og ulikskapen i inntektene er små. Samstundes er det familiar som har så låg inntekt eller levestandard at det avgrensar høvet deira til fullverdig deltaking i samfunnet. Dette rammar barna. Regjeringa vil arbeide for at alle barn og unge skal ha likeverdige tilbod utan omsyn til kva bakgrunn dei har. Det sosiale tryggingssynet må styrkjast, slik at fleire blir løfta opp, blir inkluderte og får delta i samfunnet på linje med andre. Regjeringa vil derfor auke deltakinga i sosiale aktivitetar blant barn som veks opp i familiar med låg inntekt.

Forskringsrådet skal førebu ein gjennomgang og analyse av tilstand og behov på forskingsområda innanfor temaet «Utsette barn og unge». Denne gruppa vil over tid ha behov for bistand frå ulike hjelpetenester, og det er ei utfordring å gi tidlig nok og god nok hjelp, sjå nærare omtale i del III Forsking og utvikling.

Foreldrepengeordninga er ei sentral del av familiepolitikken. Foreldrepengeområdet er nærare omtalt under programkategori 28.50.

### Mål

BLD har for 2019 desse måla på området familie og oppvekst:

---

#### Mål

---

- Fleire barn skal bli høyrde i samband med mekling.
  - Fleire foreldre som vurderer å reise sak for retten, inngår avtalar.
  - Fleire foreldre skal få tilbod om foreldrestøtte.
  - Auke deltakinga i sosiale aktivitetar blant barn som veks opp i familiar med låg inntekt.
  - I større grad avdekkje valds- og overgrepssaker mot barn og unge.
- 

Desse måla er nærare omtalte under overskriftene *Mekling og arbeidet med familiar med høgt konfliktnivå*, *Arbeidet mot vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom* og *Arbeidet mot barnefattigdom*.

### Resultatrapport og strategiar

#### Overføringar og støtte til barnefamiliane

Regjeringa vil fremje ein politikk som gir familiar fleksibilitet og valfridom og gjer det mogleg for familiane å velje dei løysingane som passar best for dei. Nedanfor blir dei sentrale overføringsordningane til barnefamiliane – kontantstøtte og barne-trygd – gjennomgått i korte trekk. Arbeids- og velferdsetaten (NAV) forvaltar overføringsordningane. Det blir her òg gitt ein statusrapport om for-

valtinga til NAV på området til BLD. Foreldrepenge og eingongsstønad ved fødsel er omtalte under programkategori 28.50.

#### Kontantstøtte

Kontantstøtte er eit alternativ til bruk av barnehage for barn mellom eitt og to år. Stønadsperioden for kontantstøtte er inntil elleve månader frå og med månaden etter at barnet har fylt eitt år, til og med månaden før barnet fyller to år (13 til 23 månader). Satsen for full kontantstøtte er 7 500 kroner per måned. Det er eit krav om fem års butid i Noreg (eller EØS) for rett til kontantstøtte.

Per mars 2018 får 31 prosent av foreldra til eittåringane kontantstøtte, noko som er 5,5 prosentpoeng lågare enn i mars 2016.

For å forbetre og effektivisere handsaminga av kontantstøttesaker har NAV gjennomført ei spesialisering av sakshandsaminga. I ein overgangsperiode har spesialiseringa ført til lengre handsamingstid og einskilte statistikkutfordringar. NAV har derfor ikkje statistikk for kontantstøtte

for 2017. Sidan NAV ikkje har tal for 2017, kan dei ikkje seie om nedgangen i delen kontantstøttebarn starta i 2017. NAV meiner likevel det er grunn til å tru at forklaringa på nedgangen er innføringa av butidskrav frå 1. juli 2017. Årsaka er at for dei eldste eittåringane (21–23 månader) har delen gått ned med om lag 1 prosentpoeng frå 2016 til 2018, medan han for dei yngste eittåringane (13–15 månader) har gått ned med i overkant av 5 prosentpoeng. Dei eldste eittåringane er ikkje råka av lovendringa, då dei alle reie fekk kontantstøtte før 1. juli 2017.

Per mars 2018 hadde 1,2 prosent av kontantstøttebarna deltidsbarnehageplass med halv kontantstøtte, og 77 prosent av mottakarane var kvinner.

Stortinget vedtok 11. juni 2018 endringar i kontantstøtteleva frå og med 1. august 2018 for å gjere lova meir fleksibel, jf. Prop. 74 L (2017–2018) *Endringer i folketrygdloven og kontantstøtteleven (innføring av tredeling av foreldrepenge mv.)* og Innst. 340 L (2017–2018). Foreldre kan ta imot kontantstøtte med 20, 40, 60, 80 eller 100 prosent sats etter følgjande tabell:

Tabell 4.1 Forslag til satser for kontantstøtte i 2019 (kroner)

Avtalt opphaldstid i barnehage (timar per veke)	Kontantstøtte i prosent av full sats	Kontantstøtte per barn per måned
Ikkje bruk av barnehageplass	100	7 500
Til og med 8 timar	80	6 000
Frå 9 til og med 16 timar	60	4 500
Frå 17 til og med 24 timar	40	3 000
Frå 25 til og med 32 timar	20	1 500
33 timar eller meir	0	0

#### Barnetrygd

Den ordinære barnetrygda blei vidareført utan endringar i satsane i 2017 og 2018. I 2017 var det 675 000 mottakarar av barnetrygd, og i underkant av kvar femte stønadmottakar hadde utvida stønad for einslege forsørgjarar. Menn fekk utvida stønad i om lag ein tredjedel av tilfella. 9 av 10 mottakarar av barnetrygd var kvinner. I 2017 var det om lag 2 400 mottakarar av småbarnstillegg til einslege forsørgjarar med barn under 3 år. Det har vore ein årleg nedgang i talet på personar med småbarnstillegg over lang tid.

Forvaltinga til Arbeids- og velferdsdirektoratet på ansvarsområdet til BLD

Arbeids- og velferdsetaten har ansvar for forvaltinga av sentrale ytingar og ordningar på ansvarsområdet til BLD. Det gjeld barnetrygd, kontantstøtte, foreldrepenge, eingongsstønad og barnebidrag. Målet er at brukarane skal få rett yting til rett tid.

Heile ytingsforvaltinga har vore gjennom ei omfattande omorganisering. Ved omorganiseringa er sakshandsaminga spesialisert ved at handsaming av einskildytingar er samla i færre forvaltningseiningar.

Ved omorganiseringa har kompetanse- og ressursbehovet på nokre område vore større enn ein hadde rekna med. Dette har i ein overgangsfase ført til noko lengre sakshandsamingstider og restansar.

På ansvarsområdet til BLD har det vore særskilde utfordringar når det gjeld barnebidrag. Arbeids- og velferdsetaten arbeider systematisk for å betre forvaltinga av ytingane for å auke kvaliteten i sakshandsaminga og redusere omfanget av feilutbetalingar. Arbeids- og velferdsetaten sin rapport om verksemda frå 1. tertial viser at ein oppnår måla for sakshandsamingstid for barnetrygd, kontantstøtte og barnebidrag. På foreldrepengeområdet har ein framleis utfordringar når det gjeld utanlandsaker. I 2017 blei det gjennomført systematiske kvalitetsmålingar på seks område, mellom anna barnebidrag. Resultata på bidragsområdet har vorte betre.

I det langsiktige arbeidet med å betre kvaliteten og effektiviteten i måten Arbeids- og velferdsetaten forvaltar ytingar og ordningar på, står moderniseringa av IKT-systema i etaten heilt sentralt.

Arbeids- og velferdsetaten gjennomfører no Prosjekt 2 i moderniseringa av IKT i etaten. Arbeids- og sosialdepartementet følgjer opp prosjektet som del av IKT-moderniseringsprogrammet i NAV, men vedtaksløysinga som blir utvikla i prosjektet, vil saman med plattformen for digitale sjølvbeteningsløysingar gi nye løysingar for foreldrepenge og eingongsstønad. Prosjektet har altså stor innverknad på forvaltinga av ytingar på ansvarsområdet til BLD.

Rapportering frå Arbeids- og velferdsdirektoratet viser at Prosjekt 2 er i rute.

Det er gjort nærare greie for IKT-moderniseringsprogrammet og anna utviklingsarbeid i Arbeids- og velferdsetaten i Prop. 1 S (2018–2019) frå Arbeids- og sosialdepartementet.

#### Utval om støtteordningar til barnefamiliane

Barnefamilieutvalet blei oppnemnt i juni 2015 og leverte utgreiinga NOU 2017: 6 *Offentlig støtte til barnefamiliene* 6. mars 2017. Utvalet har føreslått ei rekkje endringar i det offentlege tenestetilbodet og overføringsordningane til familiar med barn under 18 år. Utgreiinga har vore på brei offentleg høyring med frist 30. september 2017. Departementet følgjer opp utgreiinga og innspela frå høyringa i samarbeid med andre departement.

#### Fruktbarheit

Det har vore ein nedgang i talet på fødslar i Noreg. Det samla periodefruktbarheitstalet er no 1,62 barn per kvinne, det lågaste talet målt i Noreg. Utviklinga i fruktbarheita har gått ned sidan 2009, då det blei fødd 1,98 barn per kvinne. Fyrstegongsfødande i Noreg blir stadig eldre, og stadig færre får fleire enn to barn.

Utviklinga i talet på barn per kvinne kan studerast på to måtar; ein kan sjå på periodefruktbarheit eller kohortfruktbarheit. Periodefruktbarheit viser fruktbarheitstalet per kalenderår. Kohortfruktbarheit viser kor mange barn ein kohort (eit årskull) kvinner har fått gjennom livsløpet.

Utviklinga i kohortfruktbarheita er meir stabil over tid, ettersom ho ikkje blir påverka av når i livet kvinner får barn. Også dette talet viser ein fallande trend. Kvinner fødte i 1971 var det fyrste årskullet som ved 45 års alder hadde fødd færre enn to barn i gjennomsnitt.

Omtrent ein fjerdedel av menn i Noreg går barnlause gjennom livet. Universitetet i Bergen (UiB) har på oppdrag frå departementet undersøkt trekk ved dei barnlause mennene og samanlikna med menn som har fått barn. UiB har òg undersøkt utviklinga i barnløyse over tid. UiB finn at menn som ikkje har fått barn ved fylte 50 år, er ei svært heterogen gruppe, men at det er langt fleire med låg utdanning og låg inntekt, åleinebuande og trygdemottakarar blant barnlause enn blant fedrar. Vidare finn dei at uførheit i ung alder er den sterkaste einskildfaktoren for om menn ikkje får barn. I motsetning til det som ser ut til å vere ei utbreidd oppfatning, fordeler fedrar og barnlause seg stort sett likt med omsyn til om dei bur i meir eller mindre sentrale/tettbygde område. Delen barnlause har stige med seinare fødte kohortar målt ved både 40, 45 og 50 år. Auken er svakare for etnisk norske menn enn for alle busette samla.

Utviklinga i tala på barnefødsjar er ein av fleire faktorar som vil påverke den økonomiske utviklinga i Noreg. Sjølv om fallande fødselstal historisk sett ikkje har vore til hinder for høg økonomisk vekst, er det viktig å undersøkje nærare om nedgangen i fødselstala dei siste åra kan utgjere eit problem for å oppretthalde eit berekraftig velferdssamfunn over tid. SSB har derfor fått i oppdrag å undersøkje dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av høvesvis aukande, fallande og stabil fruktbarheitsutvikling. Prosjektet skal avsluttast innan 1. desember 2018.

Departementet har gitt Institutt for samfunnsforskning i oppdrag å sjå på balansen mellom familieliv og arbeidsliv når det gjeld individuelle val og preferansar knytte til det å få barn. Prosjektet vert avslutta hausten 2018. Rapporten *Mellom arbeidsliv og familieliv. Hvilken betydning har arbeidsmarkeds-situasjonen for om menn og kvinner velger å få barn?* (Rapport 2018:13 frå ISF) blei lagt fram 3. september. Rapporten viser mellom anna at yngre kvinner ynskjer færre barn. Funn i rapporten tyder òg på at auka arbeidstid blant småbørnsforeldre isolert sett kan ha medverka til at færre familiar får meir enn to barn. Ein trygg og god inntekt aukar imidlertid sannsynligheita for å få barn, det er derfor ikkje sikkert at tilrettelegging for deltidsarbeid ville vera positivt for nye generasjonars fødselstal.

### Adopsjon

Bufetat har ansvar for å handsame søknader om innanlands- og utanlandsadopsjon. Når det gjeld innanlandsadopsjonar i 2017, tok Bufetat imot 298 søknader om stebarnsadopsjonar og 48 søknader om adopsjon av fosterbarn. Når det gjeld utanlandsadopsjonar i 2017, tok Bufetat imot 224 søknader. Det kom totalt 127 barn til Noreg i 2017, av desse var 125 formidla gjennom ein godkjend organisasjon og 2 utanom organisasjon. Det har vore ein stor nedgang i utanlandsadopsjonar dei siste 10 åra, men det ser ut til at det har stabilisert seg dei siste par åra. Ei årsak til nedgangen er at fleire barn får eit omsorgstilbod i heimlandet.

Den nye adopsjonslova og dei tilhøyrande forskriftene vart sette i kraft 1. juli 2018. For å skape betre kvalitet har Bufdir starta eit forbettringsarbeid knytt til adopsjonsprosessen, utgreinga av søkjarane og godkjeningsordninga. I tillegg har direktoratet arbeidd med å gjere sosialrapportane og rettleiingsmateriellet betre og med å utvikle dei adopsjonsførebuande kursa.

Direktoratet arbeider òg med å kartleggje og vurdere behovet for oppfølging av utanlands- og fosterbarnsadopterte og familiarne deira. Ulike tiltak som kan sikre betre oppfølging, skal vurderast. Departementet og Bufetat vil i 2019 arbeide vidare med å gjere adopsjonsprosessar raskare og enklare både utanlands og innanlands, jf. Jeløya-plattformen pkt. 3.

### Foreldresamarbeid og førebygging av familiekonfliktar

Regjeringa vil leggje til rette for ein god oppvekst for barn og ungdom og gi trygge rammer for fami-

lien. Familieverntenesta skal bidra til trygge familierelasjonar, likestilte foreldre og eit godt foreldresamarbeid til beste for barna. Nedanfor vert det gjort greie for familieverntenesta, arbeidet med mekling og høyring av barn og tilbodet til foreldre som lever i høg konflikt. Det vert gjort greie for oppnådde resultat i 2017 og fyrste halvdel av 2018 på desse områda og for tiltaka departementet planlegg i 2019.

### Familievern

Familieverntenesta har eit breitt tilbod og skal hjelpe familiar når dei har relasjonelle vanskar og utfordringar. Tenesta er eit gratis lågterskeltilbod, og ho er tilgjengeleg i heile landet. I perioden 2014–2018 har familieverntenesta vorte styrka med over 160 mill. kroner. Det har gitt eit grunnlag for å styrkje det faglege tilbodet i tenesta og gjere ho meir tilgjengeleg, slik at brukarane får likeverdige tenester uavhengig av kor dei bur. I 2017 fekk familieverntenesta inn nesten 30 000 nye kliniske saker og over 16 000 nye meklingsaker. Eksterne meklarar som er godkjende av Bufdir, utførte over 4 200 nye meklingar. Til saman er dette eit sakstilfang på over 50 000 saker. Dette inneber at om lag 160 000 foreldre og barn har fått hjelp av familievernet og eksterne meklarar i 2017. Det er ein liten nedgang i talet på foreldre som har bede om mekling i 2017. I 95 prosent av sakene fekk foreldra tilbod om time i løpet av tre veker.

Det har vore ei historisk satsing på familieverntenesta under regjeringa Solberg. Aukinga har gitt gode resultat. Fleire personar får hjelp i familievernet. Ventetida er redusert, og kapasiteten i familievernet er auka. Det inneber at ein kan bruke meir tid på arbeidet mot vald og arbeidet for familiar med høgt konfliktnivå. Sjølv om satsinga har gitt resultat, er det viktig å vidareutvikle tenesta slik at fleire familiar kan få hjelpa dei treng. I Jeløya-plattformen står det at regjeringa vil «[f]oreta en helhetlig gjennomgang av familievernet for å styrke tjenesten». Behovet for ein slik gjennomgang er òg understreka av stortingsfleirtalet, jf. Innst. 390 S (2015–2016) og Innst. 14 S (2016–2017). Regjeringa oppnemnde 15. mai 2018 eit offentleg utval som skal gå gjennom familieverntenesta. Utvalet skal drøfte dagens organisering, finansiering, oppgåveløysing og lovmessige rammeverk for familieverntenesta og utfordringar dette gir. Utvalet skal på dette grunnlaget komme med tilrådingar. Vidare skal utvalet vurdere dagens ressursbruk og kvalitet i tenesta sett opp mot måla for verksemda til familieverntenesta.

Målet med utgreiinga er at ho skal bidra til å styrkje tenesta slik at fleire familiar kan få den hjelpa dei treng.

Samarbeid mellom familievernet og kommunale tenester har hatt og har høg prioritet i arbeidet til familievernet. Evalueringa av eit treårig (2015–2017) prosjekt der familievernet har hatt eit systematisk samarbeid med helsestasjonar, viste mellom anna at den kontakten helsestasjonane har med barnefamiliar, gjer at spisskompetansen til familievernet kan setjast inn på eit tidleg tidspunkt for foreldre som treng det, og som i liten grad elles oppsøker familievernkontoret. I tillegg er det lettare for tenestene å samarbeide når dei kjenner til samfunnsmandatet, kunnskapen, kompetansen og arbeidsoppgåvene til kvarandre. Samarbeidet mellom familievernet og relevante kommunale tenester held fram, og vil òg vere tema for det offentlege utvalet som skal gjennomgå familievernntenesta.

Mekling og arbeidet med familiar med høgt konfliktnivå

Barn som lever i familiar der det er eit høgt konfliktnivå mellom foreldra, kan utvikle vanskar både emosjonelt, kognitivt og sosialt. For at desse barna skal få så gode oppvekstkår som mogleg, tilbyr familievernet hjelp til foreldra gjennom mekling og hjelp til å samarbeide om felles barn. Målet er å førebyggje og dempe konfliktar mellom foreldra.

Foreldra skal få eit tilbod som byggjer på den beste faglege kunnskapen til kvar tid. Meklaropp-læringa tek sikte på å auke den faglege og praktiske kompetansen i meklinga, både hos meklarane i familievernntenesta og hos dei eksterne meklarane. Meklaropp-læringa inneheld fordjupingstema i samtalar med barn, høgkonfliktmekling, kultursensitiv mekling og etikk, og rettleiing av meklarane. Det er òg obligatorisk praksis, meklingssamlingar og oppfriskingskurs for meklarar.

Utgreiingar av meklingsordninga viser at foreldra treng eit tilbod som er tilpassa deira konflikt og situasjonen i deira familie. Det er sett i gang eit omfattande fagleg, organisatorisk og digitalt utviklingsprosjekt for å tilpasse meklingstilbodet til dei behova brukarane har, og leggje til rette for auka deltaking for barna, sjå nærare omtale under avsnittet om høyring av barn. Det er mellom anna utarbeidd ein digital avtalemal for foreldresamarbeid. Bufdir arbeider no med å differensiere meklingstilbodet betre. Differensieringa tek utgangspunkt i behova til foreldra og skal skred-darsy det faglege innhaldet og oppbygginga av

meklinga ut frå graden av usemje og konflikt i kvar einskild familie. Meklinga blir supplert med tilbod om foreldresamtalar, grupper og kurs.

#### *Høyring av barn i mekling*

At barn har rett til deltaking, er noko som har komme stadig meir i søkjelyset dei seinaste åra. Barn har rett til informasjon og til å uttale seg i saker som vedkjem dei. Barn skal få høve til å uttale seg før foreldra lagar avtalar om bustads- og samværsordningar.

Etter Grunnlova har barn rett til å bli høyrde i spørsmål som gjeld dei sjølve, og det skal leggjast vekt på meininga deira i samsvar med alderen og utviklingssteget. Det same går fram av barnelova. Departementet legg vekt på at barn skal få tilbod om ein eigen time når foreldra skal møte til mekling. Talet på barn som blir høyrde i meklingssaker, har auka dei seinaste åra, men er framleis lågt. Departementet har derfor sett følgjande mål for arbeidet med meklingsordninga:

- *Fleire barn skal bli høyrde i samband med mekling.*

Det er ein auke i talet på barn som deltek når foreldra møter til mekling, særleg for barn over 7 år. I 2017 blei 21,4 prosent av barn over 7 år høyrde i meklingssakene. Dette er 5,4 prosentpoeng høgare enn i 2016. Departementet arbeider vidare for å styrkje deltakinga til barn og for at fleire barn skal nytte seg av tilbodet om eigen samtale når foreldra er i mekling ved samlivsbrot og foreldretvistar.

Meklarane informerer foreldra om barnet sin rett til å bli høyrte og skal i tillegg gjere foreldra merksame på at barnet kan få ein samtale med meklar. Foreldra blir òg gjorde merksame på at langvarige konfliktar kan vere skadelege for utviklinga og livskvaliteten til barnet.

Bufdir utarbeidde i 2016 ein opptrappingsplan som omtaler ansvaret for å leggje til rette for at barn deltek, og tiltak for at fleire barn skal bli høyrde i meklinga. Viktige tiltak rettar seg mot å gjere foreldra meir motiverte til å ta med barna i meklinga og gjere barna meir motiverte til å bli med i meklinga. Bufdir har revidert opptrappingsplanen i 2018.

I 2018 er det etablert eit spisskompetansmiljø i familievernntenesta for samtalar med barn. Spisskompetansmiljøet skal utvikle metodar for samtalar med barn til bruk for meklarane.

I tillegg til at barn får tilbod i meklingar, får dei òg tilbod av familievernntenesta om samtalar og gruppetilbod der det er vanskar i familien (kli-

niske saker). Fleire nyttar seg av tilbodet, særleg i saker der foreldre som bur kvar for seg, treng hjelp til å samarbeide om barna. I 2017 deltok barn i litt over 11 prosent av alle kliniske saker i familievernet. Dette er 0,6 prosentpoeng høgare enn i 2016.

#### *Tilbod til foreldre med høgt konfliktnivå*

Talet på konfliktsaker mellom foreldre som hamnar i rettsapparatet, er høgt. Det er solid fagleg dekning for å hevde at barn og unge kan ta skade av å leve med foreldre som har store og vedvarande konflikter, og det er eit mål at saker som er eigna for det, blir løyste på eit tidleg stadium.

Arbeidet med å senke konfliktnivået mellom foreldre er eit langsiktig og viktig mål for departementet. Tiltak som kan redusere talet på foreldretvistar for domstolane, vil òg vere samfunnsøkonomisk lønnsame. Departementet arbeider for at fleire foreldretvistar som eignar seg for det, blir løyste utanfor domstolane. Departementet har derfor sett følgjande mål for 2019:

- *Fleire foreldre som vurderer å reise sak for retten, inngår avtalar.*

Blant dei foreldra som vurderer å bringe ei sak inn for retten, har delen som inngår avtalar, halde seg stabil over mange år. For familieverntenesta var delen i 2017 på 32 prosent, medan han var på 40,6 prosent for dei eksterne meklarane. For somme i denne gruppa er konfliktnivået høgt, og det kan derfor vere krevjande å komme fram til gode avtalar for barna. Andre har fungerande avtalar, men store problem med å samarbeide. I desse sakene viser det seg ofte undervegs i meklinga at det ikkje er sjøve avtalen som er utfordringa, men samarbeidet mellom foreldra.

Tal frå Bufdir syner at fleire foreldre tek imot tilbodet om fleire meklingstimar. Det er òg ein liten auke i talet på saker med foreldresamarbeid samanlikna med 2016. Dette kan tyde på at foreldre ser at dei kan ha nytte av tilbodet til familievernet. Bufdir vil halde fram arbeidet med å utvikle meklingstilbodet. Foreldre og barn har ulike behov og treng tilpassa bistand. Bufdir vil òg halde fram med å styrkje kompetansen til meklarane og å utvikle faglege rettleiarar og metodar. Målet er å skape likare praksis for mekling og rådgiving etter samlivsbrot.

Talet på foreldretvistar som har komme inn til domstolane, var 2 631 i 2017, noko som er ein liten auke frå året før. Bufdir og Domstoladministrasjonen vil halde fram samarbeidet om å utvikle tiltak som kan føre til at fleire saker blir løyste i familie-

vernet, og at tilboda i familieverntenesta blir kjende og nytta slik at det fremjar det beste for barnet og reduserer konflikter mellom foreldra.

#### **Barne- og familierettsleg utviklingsarbeid**

Regjeringa vil føre ein politikk som legg til rette for at alle barn og unge får ein trygg og god oppvekst. Nedanfor blir det gjort greie for utviklingsarbeid på det familierettslege området. Det blir gjort greie for oppnådde resultat i 2017 og fyrste halvdel av 2018 og for planlagde tiltak i 2019.

#### Ekteskapslova

Frå 1. januar 2018 overtok kommunane oppgåva med borgarlege vigslar frå domstolane. Kommunane har no plikt til å ha eit tilbod om vigsel i kommunen for eigne innbyggjarar og for personar som ikkje bur i Noreg, men som oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap her. Det alminnelege tilbodet i kommunen til desse gruppene skal vere gratis. Dei som har mynde i kommunen til å utføre vigsel, er ordførar, varaordførar og eventuelle kommunalt tilsette eller folkevalde som kommunistyret gir slik mynde.

Stortinget vedtok 28. mai 2018 endringar i ekteskapslova for å innføre ei absolutt 18-årsgrense for å gifte seg i Noreg, jf. Prop. 49 L (2017–2018) *Endringer i ekteskapsloven (absolutt 18-årsgrense for å gifte seg i Norge)*, og Innst. 267 L (2017–2018).

Departementet vurderer innstrammingar i reglane om godkjenning av ekteskap som er inngått i utlandet. Utgreiinga gjeld særleg tilfelle der ein eller begge partar er mindreårige på tidspunktet for vigselen og tilfelle der eit tidlegare ekteskap består (bigami). Eventuelle forslag til endringar i desse reglane vil bli sende på høyring.

Folkehelseinstituttet førebur nå eit forskingsprosjekt om ekteskap mellom søskenbarn. Helse- og omsorgsdepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet skal finansiere forskinga saman. Regjeringa vil ta stilling til forbod i ekteskapslova mot ekteskap mellom søskenbarn når det ligg føre betre kunnskap om omfanget og det er gjort gode nok helsefaglege vurderingar på området.

#### Barnelova

Stortinget vedtok 11. juni 2018 endringar i barnelova for å gi heimel for å be om DNA-test når ein mann vil erklære seg som far etter barnelova, jf. Prop. 82 L (2017–2018) *Endringer i barnelova og*

statsborgerloven (foreldreskap og statsborgerskap for barn født i utlandet) og Innst. 336 L (2017–2018). Vilkåra er at dette er naudsynt for å fastslå farskapen fordi det er ID-tvil eller grunn til å tru at det er gitt urette opplysningar om kven som er far, for å få norsk statsborgarskap til barnet. Manglande heimel kan vere eit problem i land der det ikkje er mogleg å få fødselsattest eller ID-dokument, og i land der slike dokument ikkje er til å stole på. Der som mannen er norsk statsborgar, blir barnet automatisk også norsk statsborgar og får rett til pass og varig opphald. Utanriksstasjonane har meldt bekymring for at somme erklærer farskap til barn på feil grunnlag for å få norsk statsborgarskap. Stortingsvedtaket er sanksjonert. Før lova kan setjast i kraft, må det på plass ei forskrift om klageinstans.

Regjeringa vil i tråd med regjeringsplattforma setje ned eit utval som skal gjennomgå og modernisere barnelova og komme med eit forslag til ei tidsriktig barnelov. Utvalet skal mellom anna vurdere kva utforminga av systemet for barnebidrag har å seie for likestilt foreldreskap og med utgangspunkt i det som er best for barna, vurdere korleis foreldre kan sikrast like rettar som omsorgspersonar. Utvalet skal òg gå gjennom rettane til barn, spesielt i eit internasjonalt perspektiv.

### Barnebidrag

Foreldre skal bere utgiftene til forsyting og til utdanning av barnet. Der den eine eller begge foreldra ikkje bur saman med barnet, skal vedkommande betale barnebidrag. Foreldra kan sjølve avtale kor stort barnebidraget skal vere, eller dei kan be NAV om å fastsetje det.

Det har over fleire år vore ein reduksjon i talet på familiar som treng det offentlege tilbodet for å få fastsett barnebidraget. Om lag 45 prosent av dei delte familiane bruker det offentlege tilbodet. I mars 2018 blei det utbetalt barnebidrag og/eller bidragsforskot for 97 500 barn gjennom det offentlege tilbodet. Barna fordeler seg ganske jamt på dei fleste aldersgruppene. Sett i høve til befolkninga 0–17 år i heile landet er det 8,6 prosent av barna som får barnebidrag og/eller bidragsforskot gjennom det offentlege tilbodet. Dei fleste bidragsmottakarane er kvinner, og dei fleste bidragspliktige er menn. Prosentdelen mannlege bidragsmottakarar og kvinnelege bidragspliktige er på 7–8 prosent. Forvaltninga til Arbeids- og velferdsetaten på barnebidragsområdet er nærare omtalt under temaet *Overføringar og støtte til barnefamiliane*.

Tabell 4.2 Barn som får barnebidrag gjennom det offentlege, etter alder og storleiken på det gjennomsnittlege bidraget (kroner)

	Talet på barn	Gjennomsnittleg bidrag per måned (kroner)
Barn 0–5 år	12 412	1 699
Barn 6–10 år	25 110	1 868
Barn 11–14 år	25 117	2 036
Barn 15–17 år	22 959	2 402
Barn 18 år +	2 753	4 058

Arbeids- og velferdsdirektoratet. Tal frå utgangen av april 2018. Tala omfattar ikkje barn med ukjend far, barn som ikkje har fått fastsett bidrag, og barn med bidrag i utanlandsk valuta.

Den 12. april 2016 blei det lagt fram eit høyringsnotat om reglane for barnebidrag og bidrag etter fylte 18 år, med tilhøyrande endringar i barnelova med forskrifter. Som ei oppfølging av høyringsnotatet er desse endringane gjorde i forskrift av 15. januar 2003 nr. 123 om fastsetjing og endring av fostringstilskot (fastsetjingsforskrifta):

- Regelen om at bidraget ikkje skal setjast lågare enn utbetalt barnetillegg, skal ikkje lenger gjelde ved delt bustad.

- Bidragsevnevurderinga skal tilpassast den nye trinns-katten trinn 3 og 4, som erstattar den tidlegare toppskatten.
- Det skal innførast ein tilgang til å fastsetje gebyr i somme utanlandssaker.
- Det skal gjerast unntak frå automatisk justering av barnebidrag i somme utanlandssaker.

Endringane tok til å gjelde 1. januar 2018.



Barnelovutvalet, som er omtalt ovanfor under *Barnelova*, skal mellom anna vurdere kva utforminga av bidragssystemet har å seie for likestilt foreldreskap, og med utgangspunkt i det som er best for barnet, vurdere korleis foreldre kan sikrast like rettar som omsorgspersonar.

### Foreldrestøttande arbeid

Familien er den viktigaste ramma rundt barns liv og utvikling. Trygge foreldre gir trygge barn. I kvardagen kan alle foreldre møte vanskar og små og store kriser. For nokre er situasjonen meir alvorleg. Det er viktig at foreldre som ikkje maktar å gi barna sine det dei treng og har krav på, får hjelp frå det offentlege eller frå frivillig sektor så tidleg som mogleg. Førebyggjande arbeid og tidleg innsats kan vere heilt avgjerande for familiane som får ein vanskeleg start eller har kriser og utfordringar. Førebygging er samfunnsøkonomisk lønnsamt når det reduserer behovet for meir kostbare tiltak på eit seinare tidspunkt.

Altfor mange barn er utsette for vald, overgrep eller omsorgssvikt frå eigne foreldre eller nære omsorgspersonar. Eitt barn som blir utsett, er eitt barn for mykje. Tidleg hjelp til familiar som har behov for det, gjer foreldra betre i stand til å ta vare på barna sine, reduserer belastningane og betrar høvet til utvikling for barna. Departementet har derfor følgjande mål for arbeidet med foreldrestøtte:

- *Fleire foreldre skal få tilbod om foreldrestøtte.*

Omtalen nedanfor gjer greie for resultat i 2017 og fyrste halvdel av 2018 og for planlagde tiltak i 2019. Familievernet sitt arbeid på området er omtalt under overskrifta *Familievern*.

#### Strategi for foreldrestøtte

Regjeringa la i juni 2018 fram ein strategi for foreldrestøtte. Strategien skal førebyggje at barn veks opp med mangelfull eller skadeleg omsorg. Dette er ein del av regjeringa si breie satsing på førebyggjande arbeid og ein del av opptrappingsplanen mot vald og overgrep. Målet med strategien er at fleire barn skal leve eit godt liv i eigen heim, gjennom auka innsats på førebyggjande arbeid lokalt og ved at fleire foreldre får konkret hjelp og støtte i foreldrerolla. Med foreldrestøtte meiner ein i denne samanhengen ulike tiltak og tenester som rettar seg mot foreldre frå svangerskapet og til barnet fyller 18 år. Målet er å styrkje foreldra som omsorgspersonar og oppsedarar.

Bruken av sosiale medium blant barn og unge, og overgrep på nett vil vere tema som skal inngå i arbeidet med foreldrestøtte.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) vil få i oppdrag å koordinere arbeidet med å følgje opp strategien og dei tiltaka BLD er ansvarleg for. Bufdir oppretta i 2017 eit spisskompetansemiljø for førebygging og foreldrestøtte i Bufetat, region sør. Spisskompetansemiljøet skal utvikle erfaringsbasert kunnskap og medverke til kunnskapsbasert praksisutvikling på feltet.

Det er vidare prøvd ut opplegg for rettleiing av foreldre som har ei bekymring overfor barna sine knytt til radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Opplegget er evaluert av forskingsstiftinga Fafo. Evalueringa viser at det har vore vanskeleg å rekruttere foreldre, og at eit slikt tiltak mot ei særskild målgruppe ikkje fungerte så bra. Samstundes viser evalueringa at det er eit stort behov for foreldrerettleiing blant ungdomsforeldre. Bufdir har i 2017–2018 gjennomført ei ny tilpassing i fleire av kommunane frå utprøvinga. Forsøket blir prøvd ut til ungdomsforeldre med ulike bekymringar. Også dette forsøket har blitt evaluert av Fafo. Evalueringa viste at mange ungdomsforeldre ønskjer rettleiing om korleis dei kan få ein betre relasjon til ungdommen sin, og at dei såg på det som nyttig å møte andre ungdomsforeldre for å snakke om foreldrerolla. Dei fleste foreldra hadde minoritetsbakgrunn. Foreldrerettleiing til ungdomsforeldre blir følgd opp i den nye regjeringsstrategien for foreldrestøtte. Bufdir vil arbeide vidare med å auke bruken av den breiare tilnærminga til støtte til ungdomsforeldre.

Bufdir har fått eit særskilt ansvar for forvaltninga av International Child Development Program (ICDP). Programmet er tilpassa og prøvd ut for ulike målgrupper. Det er òg utarbeidd ein plan for å auke bruken av ICDP som foreldrestøttande tiltak i krisesenter. Det har gitt gode resultat å bruke programmet når nykomne flyktingar skal integrerast. Bufdir har derfor, i samarbeid med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, arrangert landsdekkjande rettleiaropplæring i ICDP for tilsette i introduksjonsprogrammet for nykomne innvandrarak sidan 2016.

Eit viktig verkemiddel i det foreldrestøttande arbeidet er tilskotsordninga *Foreldrestøttande tiltak i kommunane*. Formålet med tilskotsordninga er å bidra til å førebyggje og/eller avverje ulike former for vald og seksuelle overgrep mot barn og til å skape trygge oppvekstvilkår som legg til rette for positiv utvikling. Tilskota skal stimulere fleire kommunar til å setje i verk foreldrestøttande tiltak.

I 2017 fekk norske kommunar om lag 27 mill. kroner i tilskot til foreldrestøttande tiltak. 60 av dei 62 søknadene som fekk støtte, var frå nye søkjarkommunar, noko som er i tråd med prioriteringa i regelverket for ordninga. Det er stor søking til ordninga, noko som tyder på at kommunane ser eit behov for foreldrestøttande tiltak til ulike innbyggjargrupper. I 2018 er tilskotsordninga på 31,3 mill. kroner. Evalueringar som Fafo (2016) og Folkehelseinstituttet (2017) har gjort, viser at foreldrerettleiingsprogramma har positive resultat på foreldrekompetanse, tilknytning og samspel mellom foreldre og barn og på trivselen og den psykiske helsa til barn og foreldre.

For barn i familiar med særleg vanskelege livssituasjonar er det sett i gang ei utprøving av programmet *Nurse Family Partnership* i Oslo og Rogaland. I Noreg har programmet fått namnet *Familie for første gang* og skal gi tett oppfølging av utsette fyrstegangsforeldre som treng ekstra støtte. Deltakarfamiliar blir rekrutterte gjennom svangerskapsomsorga og andre fyrstelinjetenester i utprøvingssområda. Programmet blir følgjevaluert for å kunne vurdere nytteverdi og ei eventuell framtid i norsk kontekst. Utprøvinga av programmet vil ha til saman 150 deltakarar. Følgjeevalueringa av prosjektet skal leverast i 2019.

Foreldrehverdag.no vart lansert i 2016. Målet er å gi foreldre god og kvalitetssikra rettleiing. Nettressursen skal vere eit lågterskeltilbod for alle og ha førebyggjande effekt. Tenesta har blitt godt teken imot og er besøkt av mange i målgruppa. Det blei mellom anna lagt ut ein podcast om paparolla i august 2018.

Regjeringa føreslår til statsbudsjettet 2019 ei satsing på 21,5 mill. kroner til tiltak knytte til nasjonal strategi for foreldrestøtte. Satsinga vil særleg støtte foreldre med innvandrarbakgrunn. Foreldrerolla i Noreg kan skilje seg mykje frå foreldrerolla i landet familiare har flytta frå. Utvikling av foreldrestøttande tiltak må òg ta omsyn til at mange har svake kunnskarar i norsk, lite kjennskap til det norske samfunnet og manglande sosialt nettverk.

Satsinga inneber å styrkje tilskotsordninga *Foreldrestøttande tiltak i kommunane* med 20 mill. kroner. Ein monaleg del av prosjekta som får støtte over tilskotsordninga, dreier seg om foreldrerettleiing retta mot minoritetsspråklege foreldre og foreldre som deltek i introduksjonsprogrammet for flyktningar. Tiltak for denne gruppa vil bli prioriterte i 2019. Foreldrehverdag.no vil òg bli vidareutvikla, slik at innhaldet blir tilrettelagt for innvandrar- og mino-

ritetsforeldre og andre foreldregruppe med særskilde behov.

Ordningane som er omtalte under, vil òg bidra til at fleire foreldre får tilbod om foreldrestøtte.

#### Tilskotsordninga til samlivstiltak

Den overordna målsetjinga med tilskotsordninga til samlivstiltak er å støtte opp om samlivet i parforhold og å skape ein trygg og stabil oppvekst for barna. Par som har barn, blir prioriterte. Løyvinga til ordninga var på 10 mill. kroner i 2017. Ordninga blir forvalta av Bufdir. Det blei gitt støtte til 134 samlivskurs og 27 utviklingstiltak i 2017. Programma som blir nytta, blir systematisk brukerevaluerte. Tilbakemeldingane frå brukarane er positive. Ordninga er vidareført i 2018 og i budsjettframlegget for 2019.

#### Tilskot til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn

Målet med tilskotsordninga er å utvikle og implementere kommunale modellar for systematisk og kunnskapsbasert identifikasjon og oppfølging av utsette barn – til dømes barn av psykisk sjuke eller barn av foreldre som misbruker rusmiddel. Barn og foreldre i vanskelege livssituasjonar skal få hjelp så tidleg som mogleg. Løyvinga til ordninga var på 24 mill. kroner i 2017. Det blei gitt støtte til 34 tiltak. Kommunane rapporterer at tilskotsordninga har medverka positivt til arbeidet med målgruppa og til kompetanseheving i kommunane.

Tilskotsordninga *Systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn* vart samordna med tilskotsordninga *Betre tverrfagleg innsats – utvikling av lokal samhandling* i 2018. Bufdir forvaltar ordninga i samråd med Helsedirektoratet. Bufdir vil i samarbeid med Helsedirektoratet hjelpe og rettleie kommunane med utviklingsarbeidet. Ordninga er vidareført i 2018 og i budsjettframlegget for 2019.

#### Arbeidet mot vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom

Vald i nære relasjonar og vald og seksuelle overgrep mot barn er eit alvorleg samfunns- og folkehelseproblem. Det fører til store lidningar for den einskilde og store utgifter for samfunnet. Arbeidet mot vald og seksuelle overgrep omfattar ansvarsområda til fleire departement. BLD koordinerer innsatsen mot vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom, medan Justis- og beredskaps-

departementet koordinerer innsatsen mot vald i nære relasjonar.

Samordning på tvers av sektorar er ein føresetnad for å lukkast i arbeidet med å førebyggje vald og overgrep. Fleire departement har samarbeidd om oppfølginga av tiltaka i *En god barndom varer livet ut*, regjeringa sin tiltaksplan for å kjempe mot vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom (2014–2017) og tiltaka i handlingsplanen *Et liv uten vold – handlingsplan mot vold i nære relasjoner (2014–2017)*. Dei fleste av tiltaka i desse planane er ferdigstilte, og nokre er vidareførte i *Opptrappingsplan mot vald og overgrep (2017–2021)*. BLD koordinerer arbeidet med opptrappingsplanen.

Regjeringa la våren 2017 fram *Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse (2017–2020)*. Kunnskapsdepartementet koordinerer arbeidet med planen og BLD har ansvar for fleire tiltak. Arbeidet med å følgje opp tiltaka vil bli ført vidare i 2019. Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer arbeidet med ein ny handlingsplan mot valdtekt.

Regjeringa vil styrkje arbeidet mot vald og seksuelle overgrep mot barn, ungdom og vaksne, mellom anna gjennom oppfølging av *Opptrappingsplan mot vald og overgrep (2017–2021)*. Omtalen nedanfor gjeld resultat i 2017 og fyrste halvdel 2018 og planlagde tiltak i 2019 for arbeidet mot vald og overgrep.

#### Opptrappingsplan mot vald og overgrep (2017–2021)

Regjeringa la hausten 2016 fram ein opptrappingsplan som skal redusere førekomsten av vald i nære relasjonar og styrkje varetakinga av barn som er utsette for vald og overgrep. Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vald og overgrep (2017–2021)* blei handsama i Stortinget 25. april 2017 (Innst. 247 S (2016–2017)). I samband med handsaminga av opptrappingsplanen gjorde Stortinget 36 oppmodingsvedtak.

Arbeidet med å følgje opp opptrappingsplanen og oppmodingsvedtaka har i 2017 og 2018 hatt høg prioritet. Den samla satsinga frå saldert budsjett for 2017 på om lag 530 mill. kroner til tiltak i opptrappingsplanen, blei vidareført i 2018. I tillegg blei innsatsen styrkt med ytterlegare 295 mill. kroner i 2018, slik at den samla satsinga for 2018 er på om lag 825 mill. kroner.

Etterforskinga av vald og overgrep mot barn er styrkt, kapasiteten og kompetansen i Statens barnehus er auka. Behandlingstilboda og tiltak som varetek utsette og familiane deira, er styrkte.

Frå 1. januar 2018 er helselovene endra for å tydeleggjere ansvaret for arbeidet mot vald og overgrep. Regjeringa lanserte i juni 2018 ein strategi for foreldrestøtte med mange tiltak som skal bidra til å førebyggje vald. Regjeringa har òg sett i gang arbeidet med ein strategi mot internettrelaterte overgrep og ein kompetansestrategi på tvers av sektorane for heile valdsfeltet.

Familievernet har etablert eit spisskompetansemiljø som spreier kunnskap om vald til familievernkontora, og som har fått fleire terapeutårsverk dei seinaste åra. Det er etablert støttesentre for kriminalitetsutsette i kvart politidistrikt. Alternativ til Vold har opna fleire kontor og behandlar fleire valdsutøvarar, barna deira og partnarane deira.

I 2018 blei det lansert fleire tiltak for å styrkje handlingskompetansen i statlege og kommunale tenester. Det er mellom anna utvikla rettleiarar og informasjonsmateriell som blir brukte i tenestene for å oppdage og følgje opp barn og unge som er utsette for vald og overgrep. Ein fagleg rettleiar for krisesentertilbodet blei lansert i juni 2018. Han skal mellom anna medverke til betre kvalitet i krisesentertilbodet for både kvinner, menn og barn. Regjeringa og KS la i november 2017 fram ei felles utsegn om vald og overgrep mot barn. Denne handlar om å samarbeide betre på tvers mellom kommunane og staten for å førebyggje vald og overgrep og om å sikre barna riktig hjelp til rett tid.

Regjeringa vil bidra til at fleire kommunar utarbeider handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Det er utarbeidd ein rettleiar for kommunane i arbeidet med lokale handlingsplanar, og dei regionale ressursentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS-ane) skal støtte kommunane i arbeidet.

BLD har i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet utarbeidd ein rapport som anslår kostnader knytte til tiltak i opptrappingsplanen og oppmodingsvedtak som blei gjorde under handsaminga av planen i Stortinget. Rapporten er publisert på nettsida til Barne- og likestillingsdepartementet.

Buudir har fått ansvar for å følgje opp ei rekkje av tiltaka i opptrappingsplanen under ansvarsmrådet til BLD. Direktoratet skal mellom anna utvikle ein nasjonal kompetansestrategi om vald og overgrep i samarbeid med andre relevante direktorat. Kunnskapen om vald og overgrep i offentlege tenester er mangelfull. Ordninga med tverrfaglege konsultasjonsteam skal evaluerast. Vidare skal direktoratet gå gjennom og sjå til at

vald og overgrep er godt innarbeidd i rettleiarar, rundskriv og retningslinjer der det er relevant. Direktoratet har òg fått i oppgåve å revidere *Veileder for utarbeidelse av plan for krisehåndtering. Mistanke om ansattes seksuelle overgrep mot barn* i samarbeid med Utdanningsdirektoratet.

Bufo har eit særleg ansvar for at barn får informasjon om vald og overgrep. Fleire innsatsar er sette i verk i 2017, mellom anna utvikling av digitalt informasjonsmateriell til barn og ein kampanje om vald i nære relasjonar i samarbeid med profilar på Youtube.

Det går føre seg eit kontinuerleg arbeid i fleire direktorat for å vidareutvikle statistikkgrunnlaget på valds- og overgrepfeltet og for å utvikle indikatorar på vald i nære relasjonar.

I tillegg er det i gang eit forskingsprogram om vald i nære relasjonar (2014–2019). Noreg deltek dessutan i EU-Kids Online-undersøkinga for å auke kunnskapen om korleis barn bruker internett. Det er behov for å vurdere vidare forskning om vald og overgrep, mellom anna om vald og overgrep i samiske område.

Ei samla oversikt over statusen for opptrappingsplanen viser at arbeidet med å følgje opp tiltaka er godt i gang. Tabell 11.1 i del III gir ei oversikt over tiltaka, ansvarleg departement og status. Av dei 88 tiltaka («regjeringa vil»-punkt) i planen er 16 allereie gjennomførte, 49 er byrja, 17 er løpande, og 6 står att å starte opp. Det blir rapportert om dei ulike tiltaka i dei årlege budsjettproposisjonane til departementa som er ansvarlege for tiltak i planen, frå Prop. 1 S for 2019. Sjå Prop. 1 S for Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet for ei rapportering om dei tiltaka dei er ansvarlege for. By- og regionforskningsinstituttet NIBR, i samarbeid med Telemarksforskning, har fått i oppdrag å føljevaluere opptrappingsplanen.

I 2019 styrkjer regjeringa satsinga ytterlegare og føreslår ei tverrdepartemental satsing på 66,5 mill. kroner til oppfølging av tiltak i opptrappingsplanen:

- 21,5 mill. kroner til foreldrestøttande tiltak

- 5 mill. kroner til å implementere og vidareutvikle støtteverktøy for kommunane som skal bidra til å oppdage og følgje opp barn og unge som er utsette for vald og overgrep
- 19 mill. kroner til styrking av behandlingstilbodet for personar som er dømde for seksuelle overgrep, sjå Prop. 1 S for Helse- og omsorgsdepartementet
- 4 mill. kroner til å førebyggje vald og overgrep, sjå Prop. 1 S for Helse- og omsorgsdepartementet
- 17 mill. kroner til å styrkje arbeidet mot mobbing, sjå Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet

Arbeidet med å avdekkje vald og overgrep mot barn og unge

Vald og overgrep mot barn kan vere særleg vanskeleg å oppdage. Barn vegrar seg gjerne for å snakke om opplevingane sine, særleg når den som utøver vald er ein som står dei nær.

Det tek ofte mange år før barn fortel om vald og overgrep, og nokon gjer det aldri. Mange yrkesutøvarar som møter barn veit ikkje korleis dei kan spørje når dei har ein mistanke. Å avdekkje vald og overgrep tidleg vil forhindre at nye overgrep skjer. Departementet har derfor følgjande mål i arbeidet mot vald og overgrep:

- *I større grad avdekkje valds- og overgrepssaker mot barn og unge.*

Blant unge som deltok i UNGVold-undersøkinga i 2015, svarer 21 prosent at dei har opplevd fysisk vald frå ein forelder i løpet av oppveksten. Det tilsvarande talet i 2007 var 25 prosent. Reduksjonen har skjedd i den milde valden. Det er stabilitet i den grove valden. I 2015 oppgav 23 prosent at dei hadde opplevd minst ei form for seksuell krenking. Det tilsvarande talet i 2007 var 27 prosent (Mossige og Stefansen 2016).

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) over melde lovbrøt i 2016 viser at det er stadig fleire melde tilfelle av vald, mishandling og seksuallovbrøt mot barn.

Tabell 4.3 Offer under 18 år i melde tilfelle av vald, mishandling og seksuallovbrøt 2012–2016

	2012	2013	2014	2015	2016
Vald og mishandling	4342	4807	5163	5805	6341
Seksuallovbrøt	2131	2184	2251	2613	3564

Det er viktig å få meir kunnskap om omfanget av vald mot barn. Hausten 2018 gjennomfører Nasjonalt kunnskapscenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) ei undersøking av omfanget av vald og overgrep mot barn, der barn mellom 12 og 15 år deltek. Undersøkinga vil kartleggje kor mange barn som har vore utsette for vald og overgrep, og korleis dei opplever hjelpeapparatet. Barn og unge med innvandrarbakgrunn skal, så langt som råd, utgjere ein representativ del av undersøkinga. Undersøkinga skal gjennomførast i utvalde norske skular og ferdigstillast i 2019.

Bufdir har utvikla tre verktøy for kommunane som skal bidra til å oppdage og følge opp barn og unge som er utsette for vald og overgrep: opplæringsprogrammet *SNAKKE*, nettressursen *Jeg vet* og *Retningslinjer om vald og overgrep mot barn og unge med nedsett funksjonsevne*. Regjeringa foreslår til saman 5 mill. kroner i budsjettet for 2019 til å vidareutvikle og implementere desse verktøya, sjå nærare omtale under.

#### *Opplæringsprogrammet SNAKKE*

Mange yrkesutøvarar har behov for meir kunnskap om korleis dei bør snakke med barn om vald og seksuelle overgrep, særleg blant dei som har dagleg kontakt med barn og unge gjennom jobb eller fritidsaktivitetar. RVTS har utvikla kunnskaps- og øvingsportalen *SNAKKE* (jf. snakke-medbarn.no). Ulike faggrupper i kommunane kan auke kompetansen og lære enkle prinsipp for samtale med barn. Ein del av portalen er eit online simuleringsspel som gjer det mogleg å øve på å snakke med barn og unge om vald og overgrep. Portalen blei lansert i april 2018. *SNAKKE* skal prøvast ut i barnehagar i alle regionar i 2018. Arbeidet med å få fleire yrkesgrupper til å bruke verktøyet held fram i 2019.

#### *Nettressursen Jeg vet*

Digitalt informasjonsmateriell til arbeid mot vald og seksuelle overgrep i barnehage og skule er utarbeidd. Nettressursen, som har fått namnet *Jeg vet*, skal tilby tilsette i barnehagar og skular undervisningsopplegg om mobbing, vald og digitale krenkingar. Å bryte tabua kring vald kan medverke til at fleire utsette tør å snakke om opplevingane sine og dermed få hjelp tidlegare. Å gjere nettressursen kjend i alle fylke og kommunar er ei viktig oppgåve i 2019. Arbeidet med å gi informasjon om vald og overgrep både til innbyggjarane generelt og til særskilde grupper skal prioriterast.

#### *Retningslinjer om vald og overgrep mot barn og unge med nedsett funksjonsevne*

Bufdir har utarbeidd nye retningslinjer om vald og overgrep mot barn og unge med nedsett funksjonsevne. Retningslinjene skal hjelpe dei som jobbar med barn og unge med nedsett funksjonsevne, til å oppdage og handtere omsorgssvikt, vald og overgrep. Retningslinjene inkluderer òg informasjon knytt til andre utsette barn, til dømes barn med minoritetsbakgrunn. Arbeidet med å implementere retningslinjene held fram i 2019.

#### *Utprøving av TryggEst*

TryggEst er ein modell for risikoutsette vaksne over 18 år som har behov for vern mot vald og overgrep. TryggEst skal bidra med kompetanse til fagpersonar som mistenkjer at ein person er utsett for overgrep. Risikoutsette personar kan vere personar som på grunn av eigen livssituasjon får, eller burde ha fått, tilbod om offentlege eller private tenester, og som i liten eller ingen grad er i stand til å ta vare på seg sjølv. Til dømes kan dette gjelde personar med fysisk, psykisk eller kognitiv funksjonsnedsetjing, høg alder, demens eller rusproblem. Bufdir prøver ut modellen *TryggEst* i samarbeid med 11 kommunar, jf. omtale i Prop. 85 S (2017–2018). Prosjektet skal gå over tre år. TryggEst skal gjere kommunane betre i stand til å ta hand om lovpålagde oppgåver på ein systematisk måte og gi betre vern til risikoutsette vaksne.

#### *Arbeidet i familievernet med familiar som lever med vald*

Familieverntenesta kjem i kontakt med familiar der éin eller fleire medlemmer utøvar vald. Arbeidet familievernet gjer mot vald, er styrkt dei siste åra. Fagutvikling skal sikre at familiar der det er vald, blir møtte av kompetente terapeutar ved familievernkontora, og at dei får eit godt tilpassa tilbod, uavhengig av kvar dei bur i landet.

Vald var hovudtemaet i 3,7 prosent av dei kliniske sakene i familievernet i 2017. Dette er stabilt samanlikna med tidlegare år. Nye rutinar for registrering viser at partnervald var eitt av fleire tema i 9,1 prosent av dei kliniske sakene, medan vald mellom foreldre og barn var eit tema i 5 prosent av sakene. Familievernet jobbar systematisk med å gjere leiarar og terapeutar medvitne både om temaet vald og om rett registrering i slike saker.

Sjølv om familievernet samla sett har lang erfaring i arbeid med familiar der det er vald, er kompetansen ujamn i tenesta i dag. Dette kan føre til eit ulikt tilbod til innbyggjarane. Bufdir har derfor i 2017, i samarbeid med spisskompetansemiljø på vald i nære relasjonar, arbeidd med å utvikle arenaer og verktøy for oppbygging og vedlikehald av naudsynt kompetanse i tenesta over tid og over heile landet.

I 2019 skal det arbeidast vidare med å utvikle eit tilbod i familievernet til valdsutsette barn og familiar og til valdsutøvarar. Alternativ til Vold (ATV) er ein viktig samarbeidspartnar for familievernet. Det går føre seg eit utstrekt samarbeid mellom lokale ATV-kontor og familievernkontor om fagutvikling, rettleiing og einskildsaker. Dette samarbeidet blir ført vidare. På nasjonalt plan samarbeider ATV med spisskompetansemiljøet for vald ved Enerhaugen familievernkontor. Metoden «Enkel og effektiv aggresjonskontroll», som er utvikla av ATV, skal implementerast i familievernstenesta.

I 2019 vil Bufdir halde fram samarbeidet med ATV om fagutvikling og metode for å styrkje tilbodet til valdsutsette familiar.

#### Stiftinga Alternativ til Vold

Stiftinga Alternativ til Vold (ATV) har i 2018 fått tilskot til drift av ATV-kontor. Målet med tilskotet er å få til eit behandlingstilbod til utøvarar av vald i nære relasjonar og til familien til valdsutøvararen (utvida mandat).

Behandlingstilbodet skal vere eit lågterskel behandlingstilbod utan krav til tilvising. Ved inngangen til 2018 var det til saman tretten ATV-tilbod. Nokre av kontora har tilbod til familien og barna til valdsutøvararen, og nokre kontor har tilbod til unge valdsutøvarar. Til saman 1 266 personar fekk behandling gjennom ATV-tilboda i 2017. Det statlege tilskotet til ATV blei styrkt med 10 mill. kroner i 2017. Denne auken blei nytta til å tilsetje personar med barneterapeutisk kompetanse og styrkje behandlingsskapiteten ved ATV-kontor i dei større byane. I tillegg blei det etablert to nye ATV-tilbod i Follo og Bodø.

I revidert nasjonalbudsjett 2017 blei det løyva 1 mill. kroner til styrking av ATV. Midlane gjekk til å vidareføre og styrkje arbeidet med informasjonssamtalar med barn som har opplevd vald i eigen familie, fyrst og fremst ved ATV-tilbodet i Akershus. Dette var i tråd med føringar frå Stortinget.

Driftstilskotet til ATV blei styrkt med ytterlegare 10 mill. kroner i 2018. Midlane skal gå til

utvida mandat ved fleire kontor, slik at ATV òg kan gi tilbod til både vaksne valdsutsette og valdsutsette barn. Det auka tilskotet skal òg bidra til styrking av eksisterande ATV-verksemdar og til etablering av nye. ATV er godt i gang med arbeidet og vil i 2018 òg sjå på moglegheitene og føresetnadene for å etablere eit ATV-tilbod til befolkninga i Finnmark. Regjeringa vil i 2019 vidareføre støtta til ATV.

#### Rettsvern for barn mot vald og overgrep

Det er eit viktig mål for regjeringa å styrkje rettane til barn. Stortinget vedtok 15. mars 2018 endringar i barnelova og straffelova for å gi barn betre rettsvern mot vald og overgrep, jf. Prop. 167 L (2016–2017) *Endringer i barnelova og straffeloven mv. (bedre rettsvern for barn mot vald og overgrep)*. Endringane gjeld mellom anna ei ny plikt for dommarane til å vurdere om den dømde i ei valdsak skal bli pålagt kontaktforbod. Endringane er sette i kraft, med unntak av ei endring som gjeld unntaket frå plikta til mekling når ein forelder er dømd for alvorleg vald eller overgrep mot eigne barn. Denne endringa vil setjast i kraft samstundes med forskrift gitt av departementet om nærare føresegner om unntaket.

#### Samvær under tilsyn av offentleg oppnemnt tilsynsperson

Bufdir har evaluert ordninga med samvær under tilsyn av ein offentleg oppnemnd tilsynsperson. I tilfelle der tilsyn blir sett som vilkår for samvær, kan domstolen i særlege høve og der omsynet til barnet sine behov talar for det, påleggje den kommunale barnevernstenesta eller departementet å oppnemne ein person som skal føre tilsyn under samværet. Retten kan gi pålegg om beskytta tilsyn eller støtta tilsyn. Evalueringa tyder på at det er behov for tiltak for å auke kompetansen på området. Bufdir vil følgje opp dette i samarbeid med Domstoladministrasjonen. Det er mellom anna viktig å sjå til at barnet får seie si meining om saka, og at barnet si meining går fram av dei pålegga som domstolen gir.

#### Utval som har gjennomgått alvorlege saker der barn og ungdom har vore utsette for vald og seksuelle overgrep

Regjeringa tok imot NOU 2017: 12 *Svikt og svik* frå eit utval som gjekk gjennom saker der barn og ungdom har vore utsette for grov vald, seksuelle overgrep eller alvorleg omsorgssvikt. Oppgåva til

utvalet var å avdekkje *om* og *korleis* det offentlege har svikta i slike tilfelle. Tilrådingane frå utvalet er mellom anna å gjennomføre eit kompetanseløft i tenestene som dreier seg om å snakke med barn, og å innføre ei fast undersøkingsordning i saker der barn har vore utsette for vald og overgrep. Utgreiinga har vore på offentleg høyring. I høyringa var det generelt stor tilslutning til utvalets forslag. BLD arbeider no med å følgje opp utgreiinga frå utvalet i samarbeid med andre departement.

#### Tilskot til tiltak mot vald og overgrep

Bufdir forvaltar tilskotsordninga *Drifts- og prosjekttilskot til tiltak mot vald og overgrep*. Målet med tilskotsordninga er å førebyggje vald og overgrep i nære relasjonar og å styrkje meistringsevna og livskvaliteten til barn og unge som er, eller har vore, utsette for vald eller seksuelle overgrep.

Nokre tiltak mot tvangsekteskap får òg støtte. Det har vore stor søkning til tilskotsordninga. Det er gitt tilskot på i overkant av 17,7 mill. kroner til ordninga i 2018. I 2018 fekk Landsdekkjande telefon for incest- og seksuelt misbrukte, Fellesskap mot seksuelle overgrep (FMSO), Krisesentersekretariatet, Røde Kors' informasjonstelefon om tvangsekteskap og kjønnslemlesting og Selvhjelp for innvandrere og flyktninger (SEIF) driftstilskot gjennom ordninga. Fleire organisasjonar fekk aktivitetstilskot.

Alle rapporteringar for tilskot til tiltak mot vald og overgrep syner at eitt eller fleire av måla for ordninga er nådde. Mellom anna har tilskotsordninga bidrege til at meir enn 500 barn har fått eit betre tilbod på krisesenter.

Stine Sofie Senteret i Grimstad er eit nasjonalt senter for valdsutsette barn, dei trygge omsorgspersonane deira og søskena deira. Senteret opna i mai 2016 og skal tilby eit seksdagers kursopphald for heile familien. I 2018 er det øyremerkte tilskotet til Stine Sofie Senteret på om lag 30 mill. kroner.

Det kom ikkje inn nok søknadar til å fyllje kapasiteten til senteret i 2017, som tilbyr eit veksopphald for 500 barn i året. I 2017 nytta 181 familiar seg av tilbodet. I desse familieane var det 282 utsette barn. I tillegg har 67 søsken og 230 omsorgspersonar vore på senteret. 39 familiar var fosterfamiljar. Det er ei stor overvekt av familiar frå Agder-fylka som nyttar tilbodet.

Interne evalueringar frå kursdeltakarane viser at dei vurderer å ha god nytte av kurset. Senteret arbeider aktivt for å gjere tilbodet betre kjent. BLD meiner det er for tidleg å seie noko om

dimensjoneringa enno, men vil følgje utviklinga vidare.

Som eit ledd i oppfølginga av arbeidet regjeriinga gjer mot vald og seksuelle overgrep, blir det i 2019 vidareført midlar til tilskot til ideelle organisasjonar og stiftingar med fleire som arbeider på valdsfeltet. Det gjeld tilskot til tiltak mot vald og overgrep som har som føremål å førebyggje vald og overgrep i nære relasjonar og styrkje livskvaliteten og meistringsevna hos barn og unge som er utsette for vald og overgrep. Vidare gjeld det øyremerkte driftstilskotet til Stine Sofie Senteret.

#### Krisesentera

Alle kommunar har ei lovfesta plikt til å ha eit krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Krisesentera er eit hjelpetilbod med særleg kompetanse på vern og tryggleik, og råd og rettleiing til utsette for vald i nære relasjonar. I 2017 var det 47 krisesentertilbod. Inkludert i dette talet er eit eige krisesenter for menn.

Det budde 1 806 vaksne på krisesentera i 2017, og av dei var 132 menn. 66 prosent av bebuarane hadde innvandrarakgrunn. Det var 1 483 barn ved krisesentera i 2017.

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane følgjer opp plikta til å sørgje for eit krisesentertilbod. I 2017 var det fem embete som rapporterte om avvik. Avvika omfatta mellom anna manglande tilbod til barn i følgje med far, manglande internkontroll og manglande tilbod til valdsutsette med utfordringar knytt til rus og/eller psykiatri, funksjonsnedsetjing og til valdsutsette menn.

Utviklingsprosjekt for å styrkje krisesentertilbodet til særleg valdsutsette grupper i seks kommunar heldt fram i 2017. Målsetjinga er å sikre eit likeverdig tilbod til utsette grupper med tilleggsproblematikk knytt til rus, psykiatri og funksjonsnedsetjingar. Fleire av kommunane har inngått samarbeidsavtalar med relevante hjelpeinstansar og samarbeidskommunar som skal garantere at målgruppa får eit krisesentertilbod eller eit tilsvarende tilbod. Fleire av krisesentera har lagt til rette i eige bygg for å kunne ta imot brukarar med tilleggsproblematikk. Ei gjennomgåande utfordring er korleis ein kan nå fram til utsette for vald med tilleggsproblematikk.

I 2017 blei fleire utfordringar knytte til krisesentertilbodet i dei nordlegaste fylka tydelege. Forsking viser til dømes ein høgare førekomst av vald i nære relasjonar i samiske miljø og at samiske innbyggjarar i mindre grad enn majoriteten nyttar seg av hjelpetilbodet. I tillegg er fleire

av krisesentera i denne delen av landet små med lite ressursar. Ei spesiell bekymring gjeld utsette grupper og tilbodet til menn i kommunar med dei minste sentera. Bufdir har arbeidd med desse utfordringane i 2018 saman med Fylkesmannen og aktuelle kommunar i Finnmark.

Tildelte midlar gjennom tilskotsordninga *Drifts- og prosjekttilskot til tiltak mot vald og overgrep* har i 2017 medverka til at barn på krisesenter har fått gode rom inne og ute, tilrettelagde aktivitetar og auka merksemd frå personalet.

Bufdir har utvikla ein rettleiar for krisesentertilbodet til kommunane. Rettleiaren blei lansert i juni 2018 og skal hjelpe kommunane til å vidareutvikle og auke kvaliteten i tilbodet. Mellom anna er bruk og bestilling av tolk eit tema i rettleiaren.

Regjeringa vil i 2019 setje i gang eit heilskapleg arbeid for å sjå på krisesentertilbodet og vurdere tiltak som sikrar eit godt krisesentertilbod. Mellom anna vil behov for endringar i lova bli vurdert.

Den faglege rettleiinga om innhaldet og kvaliteten i krisesentertilbodet skal gjerast kjend i kommunane. Vidare vil utviklingsprosjektet for å styrkje tilbodet til utsette grupper i krisesentertilbodet bli vidareført og omfatte fleire kommunar. ICDP-programmet har blitt tilpassa foreldre på krisesenter, med godt resultat. Arbeidet med å auke bruken ved fleire senter vil halde fram.

RVTS får årleg i oppdrag å arrangere kompetanseheving for tilsette i krisesentertilboda og i sentera mot incest og seksuelle overgrep, nasjonalt og regionalt. Kompetansetiltaka for krisesenter blir frå og med 2018 sett i større samheng med tiltak for å auke kompetansen hos kommunane om deira ansvar etter krisesenterlova. Den faglege rettleiaren for kvaliteten og innhaldet i kommunane sitt krisesentertilbod vil vere sentral i dette arbeidet.

Fylkesmannen skal føre tilsyn med at kommunane følgjer opp plikta til å sørgje for eit krisesentertilbod etter reglane i lova. Behovet for tettare samarbeid mellom fylkesmannsembeta og Bufdir om krisesentertilbodet vil bli vurdert nærare.

#### Støttesentera mot incest og seksuelle overgrep

Sentera mot incest og seksuelle overgrep er eit lågterskeltilbod utan krav til tilvising, der personar som er blitt utsette for seksuelle overgrep, og pårørande, kan få råd, støtte og rettleiing. Sentera blir finansierte gjennom ei tilskotsordning som Bufdir forvaltar, jf. *Regelverk for statlig tilskudd til sentre mot incest og seksuelle overgrep og ressurs-sentre mot voldtekt*. Alle fylka i landet har eit slikt

tilbod i dag. Det var til saman 24 senter som tok imot tilskot i 2017. For 8 av desse fanst det sterke grunnar til å dele ut tilskot over den ordinære ramma på 3,9 prosent, slik rundskrivet opnar for. Direktoratet vurderer at dette har medverka til å styrkje kvaliteten ved sentera og gjere dei meir tilgjengelege.

Det er ein klar auke i talet på brukarar av sentera. Totalt 3 504 personar besøkte sentera i 2017, 902 fleire enn i 2016. 80 prosent av dei var utsette for seksuelle overgrep. Berre 8 prosent av dei utsette som oppsøkte sentera, hadde innvandrarakgrunn.

Velferdsforskingstinstituttet NOVA evaluerte arbeidet til sentera og rammevilkåra deira i 2017. Ein hovudkonklusjon i evalueringa er at sentera bør bestå som eigne tiltak og som eit supplement til dei ordinære hjelpetiltaka. Den hjelpen dei utsette får i sentera, kan dei ikkje få andre stader, og brukarane verdset at det finst ein stad for dei som er utsette for seksuelle overgrep. Evalueringa vil utgjere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget i det vidare arbeidet med tilboda.

BLD vil vurdere nærare korleis resultatata frå evalueringa kan følgjast opp.

#### Deltaking blant barn og unge i organisasjons- og samfunnsliv

Omtalen nedanfor gjeld resultat i 2017 og fyrste halvdel 2018 og planlagde tiltak i 2019 for arbeidet BLD gjer for at alle barn og unge skal ha like moglegheiter til å delta i samfunnet.

#### Ungdomspolitik

Kvardagen for ungdom er i endring, og dei har utfordringar som fortener merksemd. Gjennom ei eiga ungdomssatsing vil regjeringa få ungdom i tale om utfordringane dei ser for ungdom som veks opp i dag. Regjeringa har sett i gang arbeidet med å opprette eit ungdomspanel som skal gi innspel i saker som er viktige for ungdom, til dømes integrering, psykisk helse og fråfall i vidaregåande skule. Panelet skal vere breitt samansett, slik at det kan tale for unge i ulike livssituasjonar, med ulike interesser og føresetnader. Ei utfordring for fleire unge er ulike former for press dei opplever gjennom bruk av sosiale medium. Barne- og likestillingsministeren og kulturministeren har derfor bede Medietilsynet og Forbrukartilsynet om å føreslå etiske retningslinjer for blogging i samråd med bransjen.

Regjeringa vil styrkje den heilskaplege innsatsen for å skape gode levekår og oppvekstmiljø for



barn og unge. Bufdir skal vidareutviklast som fagdirektorat og vere ein ressurs og retningsgivar på det ungdomspolitiske feltet for kommunane og frivillig sektor. Dette følgjer av Innst. 154 S (2016–2017) om eit nasjonalt kompetansesenter for ungdomspolitik, ungdomsmedverknad og ungdomsinformasjon. Demokratiopplæring gjennom aktiv deltaking i ungdomsråd og anna organisasjonsliv er eit anna viktig område.

#### Medverknad og informasjon

Barn og ungdom har rett til medverknad. Regjeringa vil føre ein politikk som legg til rette for at unge utviklar engasjement og medansvar nasjonalt og internasjonalt, og at dei har like moglegheiter til å bruke denne retten.

Dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane er viktige aktørar for å sikre deltaking for barn og unge, og dei er ein arena for medverknad og demokratisk praksis. I underkant av 139 mill. kroner blei utbetalte som tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonane i 2017. Dette går til nasjonal og internasjonal grunnstøtte og nasjonal og internasjonal driftsstøtte til LNU, Ungdom og Fritid og Unge funksjonshemmede. Grunnstøtta skal mellom anna leggje til rette for at barn og ungdom deltek i barne- og ungdomsorganisasjonane, og sikre organisasjonane som arena for aktivitet, fellesskap, medverknad og erfaringar med demokratiske spelereglar.

Noreg deltek i EU-programmet *Erasmus+* (2014–2020). Erasmus+ gir tilskot til prosjekt innanfor utdanningssektoren, ungdomsfeltet og idretten. Målet er å fremje interkulturell læring, aktiv deltaking og inkludering for alle typar ungdom. Det har vore ein auke i deltakinga i programmet. I 2017 deltek òg Noreg i fyrste fase av European Solidarity Corps. Dette prosjektet er ein del av ei større satsing på ungdom i EU.

Stortinget vedtok 29. mai 2017 endringar i kommunelova om råd for eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom, jf. Prop. 65 L (2016–2017) og Innst. 318 L (2016–2017). Ved handsaminga av ny kommunelov i Stortinget blei det vedteke at også medverknadsorgan for ungdom blir pålagde kommunane etter kommunelova.

Regjeringa vil leggje vekt på at fleire kommunar arbeider for brei medverknad frå barn og unge. For å nå målet er det viktig at barn og ungdom får gi og ta imot informasjon på eigne premisar.

*Ung.no* er det offentlege sin informasjonskanal til ungdom og er svært godt besøkt. Det er i dag

den største nettstaden for denne målgruppa i Noreg. I 2017 var det meir enn 28 millionar sidevisningar, opp 27 prosent frå 2016. Spørsmåls- og svartenesta auka med 119 prosent frå 2016, til om lag 57 000 svar på spørsmål frå brukarane. Målet er å ha ein kanal inn for informasjon til unge om tema dei lurer på. Her finn dei unge kvalitetssikra informasjon om kropp, helse, seksualitet, problem i heimen, mobbing, hatprat og diskriminering, lovbrøt, einsemd, forelsking, utdanning og jobb. *Ung.no* vil bli utvikla vidare i 2019 for at nettressursen skal bli enda meir brukartilpassa, som ein kanal for kommunikasjon mellom staten og ungdom.

Frå 2019 vil prisen til *Årets barne- og ungdomskommune* bli gjort om til prisen *Årets ungdomskommune*.

#### Eit inkluderande oppvekstmiljø

Regjeringa har vidareført arbeidet for å skape gode og trygge oppvekstvilkår for alle barn og unge.

Tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* bidreg til å skape opne og inkluderande fritidstilbod til barn og ungdom i kommunane. Ordninga omfattar 23 bykommunar og 8 prioriterte bydelar i Oslo. I 2018 var løyvinga på om lag 35,6 mill. kroner. I overkant av 60 tiltak fekk støtte i 2018. Barn og ungdom med innvandrarbakgrunn står overfor spesielle utfordringar. Arbeid som fremjar integrering, har derfor vore prioritert i 2018.

Resultat frå Ungdata-undersøkinga 2016, resultatrapportering frå tilskotsmottakarane og tidlegare evalueringar (Faforapport 2012:24 og Faforapport 2010:19) tyder på at tilskotsordninga bidreg til å førebyggje negative ungdomsmiljø i utsette område. Tiltaka bidreg òg til å inkludere og skape trygge stadar der barn og ungdom i utsette område i dei største byane kan møtast. I tillegg får kommunane eit sterkare fokus på målgruppa.

Gode og trygge møteplassar for barn og ungdom i byane legg til rette for samkvem på tvers av sosiale og kulturelle skiljelinjer. Forsking viser at opne møteplassar er mest brukte av ungdom som tradisjonelt ikkje deltek i organiserte fritidsaktivitetar, og at dei derfor utgjer ein viktig del av det heilskaplege tilbodet. Departementet foreslår at ordninga blir vidareført i 2019.

Det overordna målet med tilskotsordninga *Støtte til oppfølgings- og losfunksjonar for ungdom* er å styrkje tilknytninga til skule og gi trivsel og meistring. Ordninga skal medverke til at skulepre-

stasjonar blir betre, og auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Tidlegare evalueringar av Los-ordninga (NOVA rapport nr. 13/14) viser at ordninga på kort sikt førte til at 70 prosent av ungdommane fekk forbetra situasjonen sin medan dei tok del i prosjektet. Dette vart målt med kor mange som gjekk på skulen ved prosjektslutt, og kor mange som var i arbeid eller arbeidsmarknadstiltak. Bufdir, som er tilskotsforvaltar, vurderer at kommunane som får tilskot, har høgare fokus på frafallsproblematikk. Løyvinga var på om lag 32,6 mill. kroner i 2018. 78 kommunar fekk støtte gjennom ordninga i 2018.

Regjeringa føreslår å auke tilskotsordninga i 2019 med 20 mill. kroner. Av desse midlane føreslår regjeringa at 1 mill. kroner kvart år skal gå til evaluering og følgjeforskning av tilskotsordninga i perioden 2019–2021. Styrkinga av tilskotsordninga vil føre til at fleire ungdommar kan få oppfølging av ein såkalla ungdomslos, og vil bidra til å redusere fråfallet i vidaregåande skule. Satsinga er ein viktig del av arbeidet regjeringa gjer mot fattigdom, sjå nærare omtale under overskrifta *Arbeidet mot barnefattigdom*.

Tilskotsordninga *Mangfald og inkludering* skal støtte opp om lokale ungdomsprosjekt som legg vekt på mangfald, haldningar og nye former for deltaking. Ordninga støttar også tiltak som forebyggjer radikaliserings og valdeleg ekstremisme. I 2017 fekk dei 111 søknader og gav stønad til 44 av desse. Midlane går til ulike prosjekt i ungdomsorganisasjonar, fritidsklubbar og andre ungdomsmiljø og -grupper. Mange små organisasjonar og ungdomsmiljø får tilskot, og ein stor del av dei er minoritetsorganisasjonar. Ordninga er derfor eit viktig kontaktpunkt mellom LNU og desse organisasjonane.

BLD har støtta forskingsprogrammet *Sivilsamfunn og frivillig sektor 2013–2017*. Prosjektet la fram dei siste rapportane for perioden i løpet av året, mellom anna rapportane «Samfunnsengasjert ungdom – deltakelse i politikk og organisasjonliv blant unge i Oslo» og «Levende drabantbyer – ungdoms deltakelse i organiserte fritidsaktiviteter i flerkulturelle lokalsamfunn». Programmet går vidare, og BLD støttar det med midlar som eitt av fleire departement. BLD har gitt forskarane i oppdrag å kartlegge ungdomsråda i landets kommunar.

### **Arbeidet mot barnefattigdom**

Dei fleste barn i Noreg veks opp i ein trygg familie med gode økonomiske vilkår. Samstundes er det familiar som opplever å ha så låg inntekt eller

levestandard at det avgrensar høva deira til å delta i samfunnet på lik linje med andre.

Regjeringa vil redusere fattigdom gjennom å hindre at levekårsutfordringar går i arv og ved å skape like moglegheiter for alle. Talet på og delen av barn som lever i familiar med vedvarande låg inntekt, aukar. Tal frå SSB, som er baserte på EU-definisjonen av låg inntekt, viser at det i 2016 var 101 300 barn under 18 år som levde i familiar med vedvarande låg inntekt. Dette utgjer 10,3 prosent av alle barn i denne aldersgruppa. Auken har særleg skjedd blant familiar med ikkje-vestleg landbakgrunn. Dette gjeld spesielt nykomne familiar. Det har òg vore ein auke blant hushald med etnisk norsk bakgrunn. Barn av einslege forsørgjarar er spesielt utsette.

Omtalen nedanfor gjeld resultat i 2017 og fyrste halvdel 2018 på ansvarsområdet til Barne- og likestillingsdepartementet og planlagde tiltak i 2019 når det gjeld barnefattigdom. Vidare følgjer ein samla omtale av arbeidet til regjeringa. For ein samla omtale av arbeidet regjeringa gjer mot fattigdom, sjå Prop. 1 S for Arbeids- og sosialdepartementet.

### **Deltaking i sosiale aktivitetar**

Regjeringa arbeider for at alle barn skal kunne delta i ferie- og fritidsaktivitetar, jf. Fritidserklæringa. Barn i låginntektsfamiliar deltek sjeldnare på fritidsaktivitetar enn andre barn, dei oppgir oftare å vere einsame og har færre fortrulege venner. BLD har derfor følgjande mål for arbeidet sitt på fattigdomsområdet:

- *Auke deltakinga i sosiale aktivitetar blant barn som veks opp i familiar med låg inntekt.*

### *Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom*

*Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom* gir offentlege instansar, bydelar, frivillige organisasjonar, stiftingar, barne- og ungdomsorganisasjonar og private aktørar høve til å søkje om midlar. Målet er å motverke og/eller dempe konsekvensane av låg inntekt blant barn og ungdom. Tilskotsordninga skal vere eit verkemiddel for å gjere det mogleg for fleire barn og ungdom å delta på viktige sosiale arenaer, som ferie- og fritidsaktivitetar, uavhengig av inntekta og den sosiale situasjonen til foreldra.

Løyvinga til tilskotsordninga for 2018 var på nærare 270 mill. kroner, og 747 søknader blei heilt eller delvis innvilga. Ordninga prioriterte i 2018 søknader frå kommunar og bydelar med store problem med dårlege levekår, tiltak som

skjer i samarbeid mellom frivillig sektor og førebyggjande tenester, tiltak som fremjar integrering av barn og unge med innvandrarbakgrunn, og dessutan tiltak som retter seg mot barn som har foreldre med rusproblem og/eller psykiske vanskar. Over halvparten av dei tildelte midlane gjekk til frivillige organisasjonar. Stadig fleire kommunar får midlar frå ordninga. Talet på kommunar med minst éin søknad var 239 i 2018, mot 196 i 2017. Totalt fekk 225 kommunar tilskot i 2018, mot 170 i 2017.

Fafo (Rapport 2018:04) evaluerte tilskotsordninga i 2018. Dei meiner at det skjer mykje godt arbeid i kommunane for å sikre inkludering av barn og unge i fritids- og ferieaktivitetar og på alternative mestringsarenaer. Det er tilbod om eit stort spekter av tiltak, og kommunane meiner at dei i stor grad lukkast med å tilby tiltak som er opne for alle, ikkje-stigmatiserande og med god kvalitet. Kommunane som fekk tilskotsmidlar, har ein noko større innsats, og lukkast noko betre, enn kommunar utan tilskotsmidlar. Kommunane er òg meir oppmerksame på utfordringane knytte til barnefattigdom enn tidlegare. Dei er meir planmessige i tilnærminga, dei samarbeider oftare med frivillige organisasjonar, og barnefattigdom står oftare på den politiske dagsordenen.

Buudir utarbeider ei rettleiing for arbeid på tvers av sektorane mot barnefattigdom. Regjeringa ønskjer at kommunane og frivillig sektor tek i bruk denne rettleiinga så snart ho er ferdig. Barnefattigdomsindikatorane vil òg bli oppdaterte med nye tal i 2019. Det vil bli vurdert nye funksjonar for å gjere Buudir sine nettsider om barnefattigdom endå betre tilrettelagde og tilgjengelege, og dessutan med ny statistikk som kommunane kan ha nytte av.

Gjennom arbeidet med oppfølginga av Fritidserklæringa har frivilligheita komme med eit tydeleg ønske om ei ubyråkratisk løysing slik at barn og unge i familiar med ein økonomisk situasjon som er til hinder for deltaking i organiserte fritidsaktivitetar, likevel skal kunne delta. Mange har ikkje moglegheit til å betale for utstyr, deltaking på stemne, turar og anna. Departementet føreslår 10 mill. kroner i 2019 til eit pilotprosjekt for å dekkje individuelle utgifter gjennom Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom.

Departementet føreslår òg 3 mill. kroner til tiltaket *Ferie for alle* i regi av *Røde Kors* og 2 mill. kroner til ferietiltak i regi av *Den Norske Turistforening (DNT)*

Tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* må òg sjåast i samheng med målet om auka deltaking for barn i hushald med

låg inntekt, sjå omtale under overskrifta *Eit inkluderande oppvekstmiljø*.

#### *Fritidserklæringa*

Regjeringa ønskjer at kommunane skal styrkje samarbeidet mellom sine tenester og dei frivillige organisasjonane for å auka barn og unge si deltaking i aktivitetar. Dette kan til dømes skje gjennom å lage lokale fritidserklæringar. Fritidserklæringa er ein intensjonsavtale mellom regjeringa, KS og frivillig sektor. Gjennom oppfølginga av erklæringa skal stat, kommune og frivillige jobbe saman for at alle barn, uavhengig av den sosiale og økonomiske situasjonen til foreldra, skal få moglegheit til å delta jamt i ein organisert fritidsaktivitet. Fritidserklæringa bidreg til at fleire kommunar har auka interessa for kva frivillig sektorar har å seie for å kjempe mot barnefattigdom. Fleire kommunar vil delta i nettverk om barnefattigdomsarbeidet og nytte erfaringar frå kommunar som har arbeid etter modell frå Fritidserklæringa. Fleire landsomfattande organisasjonar ønskjer å slutte seg til Fritidserklæringa og ser nytte av samarbeidet mellom stat, kommunar og organisasjonar. Næringslivet har òg meldt si interesse for å bidra.

Det er òg naturleg å sjå dei pedagogiske verkøya Buudir utviklar for kommunane sitt arbeid mot fattigdom i barnefamiljar, i samband med Fritidserklæringa.

Arbeidet mot låginntektsbakgrunn blant barn og unge på ansvarsområda til ulike departement

For å leggje til rette for at alle barn og unge får ein trygg og god oppvekst, er det sosiale tryggingssystemet og den førebyggjande innsatsen rundt utsette familiar styrkt under ansvarsområda til ulike fagdepartement. Regjeringa føreslår å løyve ytterlegare 181 mill. kroner til arbeidet retta mot barn i låginntektsfamiljar i budsjettet for 2019.

#### *Regjeringas strategi mot barnefattigdom*

Strategien *Barn som lever i fattigdom (2015–2017)*, med 64 tiltak, gjekk ut ved årsskiftet 2017–2018. Innsatsområdet for strategien ligg fast, og ei rekkje av tiltaka frå strategien blir følgde opp vidare av dei ansvarlege departementa. Samarbeid med fylkesmenn, kommunar og det sivile samfunnet er viktig i arbeidet.

Statusrapporten «Barn som lever i fattigdom – rapport om arbeidet med regjeringens strategi 2015–2017», blei utarbeidd i 2017. Buudir har hatt

ansvaret for rapporten, i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet, Helsedirektoratet, Husbanken, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Kulturdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Rapporten presenterer kunnskap, erfaringar og utfordringar frå strategiperioden og dessutan vurderingar av utvalde tiltak. Tilsvarande statusrapportar om fattigdom i barnefamiljar skal utarbeidast annakvart år. Andre rapport kjem i 2019.

Rapporten frå 2017 syner at det no blir lagt større vekt på barneperspektivet på fattigdomsfeltet, og at strategien har medverka til større merksemd om fattigdom som eit levkårsproblem og konsekvensane dette har for barn. Barnefattigdom.no blei utvikla som ein del av strategien. Nettstaden inneheld indikatorar for fattigdom i barnefamiljar på kommune- og bydelsnivå. Nettstaden har vore svært godt besøkt sidan lanseringa i 2016 – med i gjennomsnitt 1 322 økter per månad. Kommunane kan no talfeste kor mange som har levkårsproblem relatert til fattigdom, slik at fleire kommunar kan setje i gang tiltak som treff barn og familjar som treng det.

Eit godt arbeid mot barnefamiljar med vedvarende låginntekt krev tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid. Rapporten viser at arbeidet som er gjort i perioden, er komplekst og omfattande. Strategien har bidrege til at arbeidet har fått tilført meir midlar, ny kunnskap og nye arbeidsmetodar på feltet. Rapporten er omfattande og innhaldsrik og vil bli nyttig for arbeidet vidare.

### *Bustad*

Regjeringa vil at ingen skal vere utan bustad. Alle skal ha ein trygg og god stad å bu, og vere ein del av eit trygt bumiljø og lokalsamfunn.

Regjeringa vil leggje til rette for at så mange som mogleg som ønskjer det, skal kunne eige bustaden sin. Startlån fremjar eigarlinja ved å medverke til at òg vanskelegstilte skal kunne eige bustad. Husbanken skal prioritere arbeidet med å hjelpe vanskelegstilte frå leige til eige.

Det å leggje til rette for eigna bustad for vanskelegstilte barnefamiljar, er eitt av to prioriterte tiltak i den nasjonale strategien for bustadsosialt arbeid, *Bolig for velferd* (2014–2020). Tiltaket inneber mellom anna å medverke til at vanskelegstilte barnefamiljar kan kjøpe bustad, og etablere oppfølgingsrutinar og foreldrestøttande tiltak i kommunen. Seks departement er ansvarlege for strategien *Bolig for velferd*, mellom anna Barne- og likestillingsdepartementet.

Bustøtte skal hjelpe husstandar med låge inntekter og høge buutgifter til å kunne bu trygt og

godt. Bustøtta for barnefamiljar og andre store husstandar blei styrkt i 2016 ved at grensa for godkjende buutgifter blei heva. I statsbudsjettet for 2019 føreslår regjeringa, som eit ledd i kampen mot barnefattigdom, å styrkje bustøtta for barnefamiljar og andre store husstandar med ytterlegare 60 mill. kroner. Sjå Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet for nærare omtale.

### *Områdesatsing*

Områdesatsingane er eit viktig tiltak mot barnefattigdom og for å medverke til inkludering og likeverdige levkår i utsette byområde. Barn og unge er ei særleg viktig målgruppe for områdesatsingane. Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil i samarbeid med relevante departement i 2018 leggje fram ei utgreiing om korleis staten best mogleg kan leggje til rette for effektiv innsats i byområde med særleg store utfordringar. I statsbudsjettet 2019 føreslås det å styrkje *Områdesatsing* i utvalde byer med om lag 40 mill. kroner. For nærmare omtale av saka, sjå budsjettproposisjonen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Satsinga omfattar òg rekrutteringstiltak til barnehage i utsette byområde.

### *Betre tverrfagleg samarbeid gjennom 0–24-samarbeidet*

Kunnskapsdepartementet leier det femårige 0–24-samarbeidet, der også Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet deltek. Satsinga gjeld perioden 2015–20. Målet er å styrkje oppfølginga av utsette barn og unge i alderen 0–24 år for å hindre fråfall i vidaregåande opplæring og leggje til grunn for varig deltaking i arbeidslivet. Gjennom betre samordna tenester skal utsette barn og unge og familiane deira få tilpassa og tidleg hjelp, slik at dei kan lukkast i skulen.

### *Barnehage, skule og skulefritidsordning*

Eit godt utdanningstilbod bidreg til sosial mobilitet ved å gi unge moglegheiter til å komme ut av ein negativ fattigdomsspiral, slik at fattigdom ikkje blir gjenteke gjennom generasjonar. Barnehage legg eit godt grunnlag for vidare utvikling, mellom anna ved å stimulere språkutviklinga til barna før skulestart. Samtidig gir bruk av barnehage begge foreldra moglegheit til å delta i arbeidslivet. For å redusere økonomiske hinder for deltaking i

barnehage har regjeringa innført nasjonale ordningar for familiar med låg inntekt, som redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehage for tre-, fire- og femåringar. Regjeringa føreslår at ordninga med gratis kjernetid i barnehage blir utvida til å gjelde toåringar frå 1. august 2019. Det er sett av 46 mill. kroner til dette tiltaket.

Forsøk med gratis plass i skulefritidsordninga og områdesatsing i bydelar med ein høg del innvandrarar skal bidra til at fleire barn trivst og lukkast i grunnskulen. Regjeringa har lagt om ordninga for grunnstipend i vidaregåande opplæring for å treffe betre dei elevane og lærlingane som kjem frå familiar med låg inntekt. For meir omtale, sjå omtale i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.

### *Integreringsstrategi*

Innan utgangen av 2018 vil regjeringa leggje fram ein integreringsstrategi med mål om auka deltaking for innvandrarbefolkninga i arbeids- og samfunnslivet. Dei fire innsatsområda er kvalifisering og utdanning, arbeid, kvardagsintegrering og retten til å leve eitt fritt liv. Integreringspolitikken er sektorovergripande, og arbeidet vedkjem fleire departement. Sjå omtale i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.

### *Eit meir inkluderande arbeidsliv*

Arbeids- og velferdspolitikken er sentral i innsatsen mot fattigdom. I 2017 blei det sett i verk ein landsdekkande ungdomsinnsats, og det er innført aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år. Det er sett ned eit sysselsetjingsutval som mellom anna skal leggje fram tiltak som kan løfte deltakinga i arbeidslivet for utsette grupper.

Deltaking i lønna arbeid betrar levekåra til familien og oppvekstvilkåra til barna på kort og lang sikt. Innsatsen for å få fleire inn i arbeid er derfor viktig for å motverke at låg inntekt og levekårsutfordringar går i arv. Einskilde grupper kan ha særlege utfordringar med å komme seg i arbeid. Regjeringa har teke initiativ til ein inkluderingsdugnad for å få fleire inn i arbeidslivet.

Arbeids- og velferdsforvaltinga (NAV) skal bidra til at utsette barn og unge og familieane deira får eit samordna tenestetilbod. Det gjennomførast ei systematisk utprøving av ein heilskapleg modell for oppfølging av barnefamiliar med låg inntekt i NAV-kontor. Eigne familiekoordinatorar følgjer opp familieane når det gjeld arbeid, økonomi, bustad og situasjonen for barna. Forsøket med NAV-tilsette i vidaregåande skule er særleg retta inn mot elevar som står i fare for å slutte som følge av levekårsutfordringar og sosiale problem. Målet er å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring og fremje overgangen til arbeid. Sjå meir omtale i Prop. 1 S for Arbeids- og sosialdepartementet.

### Samla satsing mot fattigdom blant barn og unge i 2019

Regjeringa føreslår å styrkje innsatsen mot fattigdom blant barn og unge ytterlegare i 2019:

- 20 mill. kroner til *Støtte til oppfølgings- og løsfunksjonar for ungdom* (Los-ordninga), sjå omtale under overskrifta *Eit inkluderande oppvekstmiljø*.
- 15 mill. kroner til *Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom*. 10 mill. kroner skal gå til eit pilotprosjekt for å dekkje individuelle utgifter ved deltaking i organiserte fritidsaktivitetar, 3 mill. kroner skal gå til tiltaket Ferie for alle i regi av Røde Kors og 2 mill. kroner til ferietiltak i regi av Den Norske Turistforening (DNT). Sjå omtale under kapittel 846, post 61.
- 46 mill. kroner til gratis kjernetid i barnehage for toåringar, sjå Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.
- 60 mill. kroner til å styrkje bustøtteordninga for barnefamiliar og andre store husstandar, sjå Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Om lag 40 mill. kroner til å styrkje *Områdesatsing* i utvalde byar, sjå Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Satsinga omfattar òg rekrutteringstiltak til barnehage i utsette byområde.

### Nærare om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
840	Tiltak mot vald og overgrep	203 999	222 329	233 876	5,2
841	Samliv og konfliktløsning	31 410	33 474	35 410	5,8
842	Familievern	531 951	573 789	582 551	1,5
843	Adopsjonsstønad	12 015	12 172	12 525	2,9
844	Kontantstøtte	1 648 760	1 752 180	1 800 890	2,8
845	Barnetrygd	15 032 020	15 070 000	14 830 000	-1,6
846	Familie- og oppveksttiltak	524 828	590 684	660 032	11,7
847	EUs ungdomsprogram	8 950	8 236	8 431	2,4
848	Barneombudet	20 922	21 461	21 968	2,4
	Sum kategori 11.10	18 014 855	18 284 325	18 185 683	-0,5

Inntekter under programkategori 11.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
3842	Familievern	255	715	736	2,9
3847	EUs ungdomsprogram	3 551	2 364	2 364	0,0
	Sum kategori 11.10	3 806	3 079	3 100	0,7

Utgifter under programkategori 11.10 fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
01-23	Drift	428 993	457 606	467 932	2,3
50-59	Overføringer til andre statsrekneskap	3 244	3 143	3 218	2,4
60-69	Overføringer til kommunar	354 070	492 394	560 381	13,8
70-98	Overføringer til private	17 228 548	17 331 182	17 154 152	-1,0
	Sum kategori 11.10	18 014 855	18 284 325	18 185 683	-0,5

**Kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70 og kap. 846, post 62</i>	20 215	20 109	25 888
61	Tilskot til incest- og valdtektssenter, <i>overslagsløyving</i>	89 111	95 921	98 607
70	Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv., <i>kan nyttast under post 21 og kap. 858 post 01</i>	65 673	76 085	78 291
73	Tilskot til senter for valdsutsette barn, <i>kan overførast</i>	29 000	30 214	31 090
	Sum kap. 0840	203 999	222 329	233 876

**Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 70 og kap. 846, post 62**

Midlane på denne posten blir nytta til finansiering av prosjekt og tiltak i arbeidet mot vald, overgrep og valdeleg ekstremisme. Løyvinga blir mellom anna nytta til å finansiere tiltak i opptrappingsplanen mot vald og overgrep.

BLD føreslår å auka løyvinga med:

- 5 mill. kroner til vidareutvikling og implementering av opplæringsprogrammet *SNAKKE* og førebyggjande informasjonstiltak
- 0,3 mill. kroner til utgreiing av ei sertifiseringsordning for tilsette i offentleg sektor, jf. vedtak nr. 607 av 25. april 2017 frå Stortinget

I statsbudsjettet for 2016 blei det løyvd 3 mill. kroner på posten til eit utviklingsprosjekt for å prøve modellar som kunne styrkje krisesentertilbodet til utsette grupper. For å sikre ei god gjennomføring av utviklingsprosjektet blir ein del av midlane direkte utbetalte til kommunane som tilskot for å finansiere lokale utviklingsprosjekt. BLD føreslår derfor at kap. 840, post 21 får stikkordet «kan nyttast under kap. 846, post 62», for å sikre korrekt postbruk.

Departementet føreslår ei løyving på 25,9 mill. kroner i 2019.

**Post 61 Tilskot til incest- og valdtektssenter, overslagsløyving**

Løyvinga dekkjer tilskot til 23 incestsenter og 1 valdtektssenter. Målet med tilskotsordninga er å gi personar som er utsette for incest, seksuelle

overgrep eller valdtekt, og pårørende til utsette barn og vaksne, eit tilbod om hjelp og støtte av god kvalitet og med godt tilgjenge. For ein meir utfyllande omtale av tilskotet, sjå Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet.

Budsjettforslaget byggjer på ei vidareføring av tilskotsordninga i 2019. Departementet føreslår ei løyving på 98,6 mill. kroner i 2019.

**Post 70 Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv., kan nyttast under post 21 og kap. 858, post 01**

Løyvinga har vore nytta til å gi tilskot til stiftinga Alternativ til Vold (ATV) til drift av eksisterande ATV-kontor og til etablering av nye kontor.

Løyvinga har dekt tilskot til Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) og til dei regionale sentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS-ane). RVTS-ane har nytta midlane til sitt arbeid for kompetanseheving og nettverksbygging med meir, innanfor det kommunale krisesentertilbodet og i incestsentera. Det er gjort nærare greie for desse aktivitetane under *Resultatrapport og strategiar*.

Departementet føreslår at det blir gitt tilskot til Landsdekkjande telefon for incest- og seksuelt misbrukte, Røde Kors-telefonen om tvangsektenskap og kjønnslemlesting, SEIF sitt informasjons- og krisetilbod til ungdom som er utsette for tvangsektenskap og kjønnslemlesting, ATV, NKVTS og RVTS-ane i 2019. Tilskot må likevel vurderast på bakgrunn av søknader frå dei aktuelle tilskotsmottakarane.

Løyvinga blir òg nytta til tilskotsordninga *Drifts- og prosjekttilskot til tiltak mot vald og overgrep*. Målet med tilskotsordninga er å bidra til å førebyggje vald og overgrep i nære relasjonar og å styrkje meistringsevna og livskvaliteten til barn og unge som er eller har vore utsette for vald eller seksuelle overgrep. Tilskotsordninga skal mellom anna bidra til arbeidet med å nå måla i handlingsplanane regjeringa har lagt fram mot vald i nære relasjonar og vald og overgrep mot barn og unge. For ein meir utfyllande omtale av tilskotet på posten, sjå Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet.

Departementet føreslår ei løyving på 78,3 mill. kroner.

### Post 73 Tilskot til senter for valdsutsette barn, kan overførast

Posten dekkjer driftstilskot til senter for valdsutsette barn. I 2018 er løyvinga nytta til å gi tilskot til Stine Sofies Stiftelse til drift av Stine Sofie Senteret, jf. Innst. 14 S (2017–2018).

Departementet legg til grunn at heile løyvinga for 2019 skal gå til dette føremålet. Tilskot må likevel vurderast på bakgrunn av søknader frå Stine Sofies Stiftelse.

Departementet føreslår ei løyving på 31,1 mill. kroner i 2019.

## Kap. 841 Samliv og konfliktløysing

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
21	Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i>	10 170	10 946	11 263
22	Opplæring, forskning, utvikling mv.	6 213	6 670	7 829
23	Refusjon av utgifter til DNA-analysar, <i>overslagsløyving</i>	5 393	5 649	5 813
70	Tilskot til samlivstiltak, <i>kan nyttast under kap. 842 post 01 og 858 post 01</i>	9 634	10 209	10 505
Sum kap. 0841		31 410	33 474	35 410

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsløyving

Posten omfattar godtgjersle til meklarar utanom familievernet, dekning av reiseutgifter til foreldre i særlege tilfelle og utgifter til tolk når slike utgifter fell inn under refusjonsordninga for tolketenesta. Godtgjersle til meklarar utanom familievernet blir gitt etter same satsar som for fri retts hjelp. Stortinget bestemmer satsen etter forslag frå Justis- og beredskapsdepartementet.

Departementet føreslår ei løyving på 11,3 mill. kroner i 2019.

### Post 22 Opplæring, forskning, utvikling mv.

Posten omfattar midlar til opplæring av nye meklarar og til kompetanseheving av meklarkorpset.

Midlane skal vidare nyttast til å følgje opp meklingsordninga, medrekna å gjennomføre og

styrkje kompetansehevande tiltak for meklarar i høgkonfliktsaker og kompetansen deira i å samtale med barn.

Midlane under posten skal òg nyttast til økonomisk støtte til Domstoladministrasjonen til kompetanseheving ved domstolane i foreldretvisitar etter barnelova, medrekna å sikre god praksis og samhandling i sakene og styrkje kompetansen knytt til samtalar med barn i særleg krevjande saker. Løyvinga kan òg nyttast til andre tiltak knytte til samliv og konfliktløysing.

Barne- og likestillingsdepartementet føreslår å auke posten med 1 mill. kroner. Midlane skal dekke delar av utgiftene til eit offentleg utval som vil gjennomgå og modernisere barnelova, inkludert å vurdere utforminga av bidragssystemet for likestilt foreldreskap, og å gjennomgå barnerettane, spesielt i eit internasjonalt perspektiv.

Departementet føreslår ei løyving på 7,8 mill. kroner i 2019.



**Post 23 Refusjon av utgifter til DNA-analysar, overslagsløyving**

Posten omfattar refusjon av utgifter til DNA-analysar som er rekvirerte av domstolane og Arbeids- og velferdsdirektoratet ved fastsetjing av farskap. Departementet refunderer utgiftene dette fører med seg. Utgiftene til DNA-analysar følgjer direkte av reglane i barnelova om fastsetjing og endring av farskap. Analysane vert gjennomførte ved Oslo Universitetssykehus.

Departementet føreslår ei løyving på 5,8 mill. kroner i 2019.

**Post 70 Tilskot til samlivstiltak, kan nyttast under kap. 842, post 01 og kap. 858, post 01**

Posten omfattar tilskot til lokale samlivskurs og utviklingstiltak. Det overordna målet med tilskotsordninga er å støtte opp om samlivet i parforhold. Midlane skal brukast til å styrkje samlivsforhold med sikte på å skape gode relasjonar og førebygginge oppløysing av familiar og samliv. For ein utfyllande omtale av tilskotet, sjå Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet.

Departementet føreslår ei løyving på 10,5 mill. kroner i 2019.

**Kap. 842 Familievern**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	306 846	336 952	343 022
21	Spesielle driftsutgifter	33 424	34 251	31 068
70	Tilskot til kyrkja si familievernsteneste mv., <i>kan nyttast under post 01</i>	191 681	202 586	208 461
	Sum kap. 0842	531 951	573 789	582 551

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) har forvaltingsansvaret for familievernstenesta. Bufdir leier dei fem regionane i Bufetat. Bufdir har ansvar for den faglege og administrative leiinga og for drifta av familievernet. Familievernstenesta har familierelaterte problem som fagfelt. Kjerneoppgåvene er behandling og rådgiving ved vanskar, konflikhtar eller kriser i familien og mekling etter ekteskapslova § 26 og barnelova § 51. Familievernkontora driv førebyggjande arbeid og utoverretta verksemd om familieretta tema, medrekna rettleiing, informasjon og undervising retta mot hjelpeapparatet og publikum.

**Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70**

Posten dekkjer lønn til tilsette og utgifter til varer og tenester knytte til dei offentleg eigde familievernkontora. Løyvinga omfattar oppgåvene dei offentlege familievernkontora utfører i samband med samlivstiltaket *Hva med oss?*, og dekkjer administrasjonsutgifter knytte til familievernet ved regionkontora i Bufetat. Løyvinga dekkjer òg nasjonale utviklingsoppgåver knytte til familievernet.

Som ledd i opptrappingsplanen mot vald og overgrep har familievernet blitt vesentleg styrkt. Det er naudsynt å vidareutvikle tilbodet familievernet gir til familiar som lever med vald. Det vil vere behov for stillingar i Bufdir til dette arbeidet i heile perioden for opptrappingsplanen. For å sikre gode og stabile rammevilkår for utviklingsarbeidet i familievernet ser departementet det som føremålstenleg at denne oppgåva blir dekt innanfor ramma av det ordinære budsjettet til Bufdir. På denne bakgrunnen føreslår departementet å flytte 2,2 mill. kroner frå posten til kap. 858, post 01.

Departementet føreslår ei løyving på 343 mill. kroner i 2019.

**Post 21 Spesielle driftsutgifter**

Posten dekkjer utgifter til forskning, evaluering, utviklingsarbeid og kompetanseheving i familievernet. Posten kan òg nyttast til andre tiltak for å utvikle tilbodet til familievernstenesta. På denne posten har det vore finansiert prosjektstillingar i Bufdir for å utvikle tilbodet til familiar som lever med vald. For å sikre gode og stabile rammevilkår for utviklingsarbeidet i familievernet ser departe-

mentet det som føremålstenleg at denne oppgåva blir dekt innanfor ramma av det ordinære budsjettet til Bufdir. BLD føreslår at desse stillingane blir flytta til kap. 858, post 01. På denne bakgrunnen føreslår departementet å flytte 4 mill. kroner frå posten til kap. 858, post 01.

Departementet føreslår ei løyving på 31,1 mill. kroner i 2019.

### **Post 70 Tilskot til kyrkja si familievernteneste mv., kan nyttast under post 01**

Midlane blir nytta til å finansiere drifta av dei kyrkjeleg eigde familievernkontora. Løyvinga omfattar òg tilskot til oppgåvene dei kyrkjeleg eigde familievernkontora utfører i samband med samlivstiltak. Posten blir òg nytta til å gi tilskot til Stiftelsen Kirkens Familievern.

Departementet føreslår ei løyving på 208,5 mill. kroner i 2019.

## **Kap. 3842 Familievern**

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Diverse inntekter	255	715	736
	Sum kap. 3842	255	715	736

### **Post 01 Diverse inntekter**

Departementet føreslår ei løyving på 0,7 mill. kroner i 2019. Inntektene er diverse kursinntekter med meir.

## **Kap. 843 Adopsjonsstønad**

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i>	12 015	12 172	12 525
	Sum kap. 0843	12 015	12 172	12 525

### **Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving**

Stønad til adopsjon av barn frå utlandet blir gitt til adoptivforeldre som på førehand har fått samtykke av norske adopsjonsstyresmakter til å adoptere barn frå utlandet. Adopsjonen må vere registrert i det sentrale adopsjonsregisteret i Bufdir.

Eit vilkår for stønad er at adoptivforeldra faktisk var busette i Noreg då dei fekk omsorga for barnet, og då adopsjonen blei gjennomført eller registrert i Noreg. I spesielle tilfelle vil det på bakgrunn av tilhøve i opphavlandet ta lang tid å få adopsjonen registrert i Noreg. Foreldra kan like-

vel få eingongsstønad dersom barnet har komme til Noreg med sikte på adopsjon og adoptivforeldra faktisk var busette her i landet då dei fekk omsorga for barnet.

I budsjettet for 2014, jf. Innst. 14 S (2014–2015), blei adopsjonsstønaden for 2015 fastsett til det dåverande grunnbeløpet, tilsvarende 1 G. Dette nivået på adopsjonsstønaden er seinare vidareført i dei årlege budsjetta.

Bufdir, som forvaltar stønadsordninga, godkjende 131 søknader om adopsjonsstønad i 2017, mot 116 søknader i 2016. 127 utanlandsadopsjonar blei formidla i 2017. Departementet føreslår at adopsjonsstønaden blir sett til 96 883 kroner i

2019, tilsvarende grunnbeløpet i folketrygda som gjeld frå 1. mai 2018. Den nye satsen for stønaden skal gjelde for adoptivbarn som kjem til Noreg frå og med 1. januar 2019.

Departementet foreslår ei løyving på 12,5 mill. kroner i 2019.

### Kap. 844 Kontantstøtte

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	1 648 760	1 752 180	1 800 890
	Sum kap. 0844	1 648 760	1 752 180	1 800 890

#### Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Kontantstøtteordninga er heimla i *lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte for småbarnsforeldre*.

Målet med ordninga er å bidra til at familiane får meir tid til sjølve å ta omsorga for egne barn, at familiane får valfridom når det gjeld omsorgsform for barn, og at det blir meir likskap i overføringane den einskilde familien tek imot frå staten, uavhengig av korleis tilsynet er ordna.

Kontantstøtte blir som hovudregel ytt for barn mellom 1 og 2 år som er busette i Noreg, og som ikkje eller berre delvis gjer bruk av barnehageplass det blir ytt offentleg driftstilskot for. Tildelingskriteria er nærare omtalte i lova.

Kontantstøtteordninga blir forvalta av Arbeids- og velferdsdirektoratet, som administrativt ligg under Arbeids- og sosialdepartementet. Det er etablert rutinar for samhandling mellom Arbeids- og sosialdepartementet og BLD om mellom anna årlege tildelingsbrev og etatsstyring generelt. Som ledd i styringsdialogen blir det halde etatsstyringsmøte og faglege kontaktmøte mellom dei nemnde departementa og Arbeids- og velferdsdirektoratet. Sjå nærare omtale av forvaltinga til

Arbeids- og velferdsetaten på ansvarsområdet til BLD under *Resultatrapport og strategiar*. Her er det òg gjort greie for endringar i kontantstøtteordninga gjeldande frå 1. august 2018.

Budsjettforslaget byggjer på stønadsatsar og reglar gjeldande frå 1. august 2018 og prognosar for det venta talet på barn i kontantstøttealder (13–23 månader) basert på mellom anna den siste befolkningsframskrivinga til SSB og venta utvikling i bruken av kontantstøtteordninga basert på statistikken til Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Frå 1. august 2018 er full kontantstøttesats 7 500 kroner per måned. Det blir gitt 80 prosent kontantstøtte når avtalt opphaldstid i barnehage er til og med 8 timar, 60 prosent kontantstøtte når avtalt opphaldstid i barnehage er frå 9 til og med 16 timar, 40 prosent kontantstøtte når avtalt opphaldstid i barnehage er frå 17 til og med 24 timar, og 20 prosent kontantstøtte når avtalt opphaldstid i barnehage er frå 25 til og med 32 timar. Departementet foreslår å vidareføre satsane for kontantstøtte med uendra nominelt nivå.

Forslag til satsar for 2018 står i tabell 4.1.

Departementet foreslår ei løyving på 1 800,9 mill. kroner i 2019.

### Kap. 845 Barnetrygd

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	15 032 020	15 070 000	14 830 000
	Sum kap. 0845	15 032 020	15 070 000	14 830 000

### Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Barnetrygda skal bidra til å dekkje utgifter til å forsørge barn og er heimla i *lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd*.

Måløppnåing for ordninga blir mellom anna vurdert ut frå om ordninga blir forvalta i samsvar med lova og sakshandsamingstida i forvaltninga.

Barnetrygd blir som hovudregel ytt for barn under 18 som er busette i Noreg. Tildelingskriteria er nærare omtalte i lova. Barnetrygda blir forvalta av Arbeids- og velferdsdirektoratet, jf. tilsvarende punkt under kap. 844 Kontantstøtte.

Budsjettforslaget byggjer på uendra stønads-satsar og nye prognosar for talet på barn med rett til barnetrygd, talet på stønadsmottakarar med rett til utvida stønad (barnetrygd for eitt barn meir enn det faktiske barnetalet) og talet på småbarnstillegg for einslege forsørgjarar med barn på 0–3 år. Prognosane byggjer mellom anna på den siste befolkningsframskrivinga til SSB.

Departementet føreslår å vidareføre satsane for barnetrygd med uendra nominelt nivå. Forslag til satsar for 2018 står i tabell 4.4.

Departementet føreslår ei løyving på 14 830 mill. kroner i 2019.

Tabell 4.4 Forslag til satsar for barnetrygd for 2019 (kroner)

	Satsar per måned	Satsar per år
Ordinær barnetrygd	970	11 640
Småbarnstillegg til einslege forsørgjarar med barn 0–3 år	660	7 920

Tabell 4.5 Talet på stønadsmottakarar i 2017. Prognosar for 2018 og 2019.

	Gjennomsnitt 2017	Gjennomsnitt 2018 <sup>1</sup>	Gjennomsnitt 2019
Barn med barnetrygd	1 136 750	1 141 384	1 129 071

<sup>1</sup> Saldert budsjett

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Tabell 4.6 Talet på stønadsmottakarar i 2017. Prognosar for 2018 og 2019.

	Gjennomsnitt 2017	Gjennomsnitt 2018 <sup>1</sup>	Gjennomsnitt 2019
<b>Stønadsmottakarar med barnetrygd for</b>			
– eitt barn	311 116	313 629	308 519
– to barn	266 639	266 226	264 413
– tre barn	82 546	83 177	81 857
– fire barn	12 746	12 788	12 640
– fem eller fleire barn	3 318	3 263	3 291
– sum stønadsmottakarar	676 366	679 082	670 719
Stønadsmottakarar med utvida stønad	123 264	121 441	119 443
Stønadsmottakarar med småbarnstillegg til einslege forsørgjarar med barn 0-3 år	2 368	2 370	1 872

<sup>1</sup> Saldert budsjett

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet. Talet på stønadsmottakarar etter kor mange barn dei får utbetalt barnetrygd for, er eksklusiv stønadsmottakarar som får ekstra barnetrygd (utvida stønad). For nokre av barna blir det utbetalt delt barnetrygd – mor og far får ei halv barnetrygd kvar. Utrekning av utgifter til barnetrygd basert på talet på barn, satsar o.a. i tabellane ovanfor vil gi eit noko lågare utgiftsnivå enn budsjettforslaget for 2018 og 2019. Avviket kjem i hovudsak av etterbetalingar.

**Kap. 846 Familie- og oppveksttiltak**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 50 og post 71</i>	16 860	13 332	12 650
50	Noregs forskingsråd, <i>kan nyttast under post 21</i>	3 244	3 143	3 218
60	Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn, <i>kan overførast</i>	43 286	35 564	36 560
61	Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom, <i>kan nyttast under post 71</i>	138 973	269 441	291 985
62	Utvikling i kommunane	82 700	91 468	133 229
70	Barne- og ungdomsorganisasjonar	133 716	147 326	151 098
71	Utviklings- og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 21</i>	94 685	19 300	19 860
79	Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid mv., <i>kan overførast</i>	11 364	11 110	11 432
	Sum kap. 0846	524 828	590 684	660 032

**Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 50 og post 71**

Posten dekkjer utgifter til førebyggjande tiltak og forskings- og utviklingstiltak på familie- og oppvekstområdet. Posten blir òg nytta til evaluering og oppfølging av tilskotsordningane på familie- og oppvekstområdet. I 2018 er eit forskingsprosjektet om ungdomsdeltaking i kommunale medverknadsorgan (ungdomsråd), under forskingsprogrammet *Sivilsamfunn og frivillig sektor*, finansiert over posten. Ein legg opp til å vidareføre finansieringa av dette prosjektet i 2019. Løyvinga kan òg nyttast til andre tiltak på familie- og oppvekstområdet.

BLD føreslår å redusere posten med 0,7 mill. kroner fordi nokre prosjekt blir ferdigstilte.

Departementet føreslår ei løyving på 12,7 mill. kroner i 2019.

**Post 50 Noregs forskingsråd, kan nyttast under post 21**

Løyvinga skal nyttast til ein strategiprosess i regi av Forskringsrådet om vidare forskingsinnsats på området «Utsette barn og unge». Midlane skal òg nyttast til å finansiere delar av eit nytt langsiktig forskingsprogram i Noregs forskingsråd. Pro-

grammet skal heite *Velferd, arbeid og migrasjon II* og skal svare på samfunnsutfordringane på desse områda.

Departementet føreslår ei løyving på 3,2 mill. kroner i 2019.

**Post 60 Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn, kan overførast**

Løyvinga under posten blir nytta til tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*. Føremålet er å medverke til å betre oppvekst- og levekåra i 23 bykommunar: Oslo (8 prioriterte bydelar), Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand, Tromsø, Drammen, Skien, Fredrikstad, Sandnes, Sarpsborg, Bodø, Sandefjord, Larvik, Ålesund, Arendal, Porsgrunn, Haugesund, Tønsberg, Halden, Moss, Hamar og Gjøvik. Ordninga skal bidra til å skape opne møteplassar for barn og ungdom i alderen 10–20 år med særskilde behov og utsette ungdomsgrupper og -miljø.

Barn og ungdom med innvandrarbakgrunn står overfor særskilde utfordringar, og arbeid og innsats som fremjar integrering, er høgt prioritert. For ein meir utfyllande omtale av tilskotsordninga, sjå Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet.

Det blei i statsbudsjettet for 2009 sett av inntil 15 mill. kroner til etablering av Grorud fleirbrukshall. Det blei planlagt å utvikle ein kultur- og idrettspark med ein fleirbrukshall der barnehage, idrettshall og kulturhus skulle inngå. Arbeidet med fleirbrukshallen er forseinka. 2,8 mill. kroner vart utbetalt til Oslo kommune i 2009, medan det resterande beløpet blei overført for kvart år fram til 2017. Etter at byrådet i Oslo informerte om at byggeprosessen skulle starte hausten 2017, og at dei forventa utgifter på rundt 20 mill. kroner, vart det resterande tilskotet på 12,2 mill. kroner utbetalt. I rapportering frå Oslo kommune i juni 2018 kjem det fram at prosjektet framleis er forseinka, og at deler av tilskotet ikkje er brukt. Det er venta at midlane blir brukte i 2018 og 2019.

Departementet føreslår ei løyving på 36,6 mill. kroner i 2019.

### Post 61 Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom, kan nyttast under post 71

Løyvinga under denne posten blir nytta til *Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom*. Målet for tilskotsordninga er å gi barn og unge i familiar med låg inntekt høve til å delta i ferie- og fritidsaktivitetar. Målgruppa for ordninga er barn og ungdom som er ramma av fattigdomsproblem. Tiltaka skal vere opne, verke inkluderande og ha låge eller ingen kostnader for dei som er med. Ordninga er retta mot alle kommunane i landet, frivillige organisasjonar og private aktørar. For ein meir utfyllande omtale av tilskotet, sjå Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet.

I tillegg har løyvinga på posten vore nytta til tilskot til Blå Kors-tiltaket *Barnas Stasjon*, *Røde Kors' tiltak Ferie for alle* og pilotprosjektet *FRI*, som Kirkens Bymisjon driv. Det er òg gitt driftstilskot til organisasjonen MOT. Departementet føreslår å vidareføre ordninga med å gi direkte tilskot til tiltaka *Barnas Stasjon*, pilotprosjektet *FRI*, *Ferie for alle* og organisasjonen MOT i 2019. Tilskot må likevel vurderast på bakgrunn av søknader frå tilskotsmottakarane.

I arbeidet med Fritidserklæringa har det vore etterspurnad etter ein enkel metode for frivillige organisasjonar og idretten å få dekt kostnader til individuelle utgifter for barn som ikkje har høve til å betale. Departementet føreslår derfor å løyve 10 mill. kroner til å etablere ei pilotordning som skal vare i 2 år, for å få meir erfaring med korleis ei ordning for å dekkje slike utgifter kan administrerast lokalt. Det er mellom anna behov for å få meir erfaring med kor stor etterspurnaden etter ei slik ordning vil vere, korleis ho bør organiserast,

og behovet for lokal tilpassing. BLD føreslår at Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) får i oppdrag å rekruttere om lag 10 kommunar (eller bydelar i Oslo) til pilotprosjektet. Ved rekruttering av deltakarar vil Bufdir leggje vekt på følgjande: Kommunane/bydelane skal ha ulik storleik basert på innbyggjartal, liggje i ulike landsdelar og variere med tanke på kor stor del det er av barn som lever i familiar med vedvarande låg inntekt. Det er altså eit mål at ein gjennom pilotprosjektet skal få erfaring frå ulike typar kommunar (og bydelar).

Kommunane må stadfeste deltakinga i pilotprosjektet og akseptere nokre vilkår. Viktige vilkår er at midlane ikkje kan nyttast til anna enn å dekkje individuelle kostnader til fritidsaktivitetar (slik som ulike avgifter), utstyr som er nødvendige for å delta, og avgifter knytte til reiser (stemne/samlingar/tevlingar). Døme på kostnader som ikkje vert dekte, er tiltak som kan få tilskot i *Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom* (fellesprosjekt for laget/gruppa/organisasjonen) og ordinær kontingent for medlemskap i laget/gruppa/organisasjonen. Kommunane skal sjølve dekkje eventuelle kostnader til administrasjon av pilotprosjektet. Bufdir vil utforme meir detaljerte vilkår for korleis kommunane nyttar tilskot.

Kommunane skal rapportere til Bufdir om mellom anna organiseringa av ordninga i kommunen, administrative følgjer (mellom anna kostnader) og samarbeid med frivillige organisasjonar og idretten. Frivillige lag og idretten skal òg uttale seg i rapporteringa.

BLD føreslår i tillegg å auka posten med 3 mill. kroner øymerka tiltaket *Ferie for alle* i regi av Røde Kors og 2 mill. kroner til ferietiltak i regi av Den Norske Turistforening (DNT). Tilskot må likevel vurderast på bakgrunn av søknader frå tilskotsmottakarane.

Samla føreslår BLD å auke posten med 15 mill. kroner.

Departementet føreslår ei løyving på 292 mill. kroner i 2019.

### Post 62 Utvikling i kommunane

Løyvinga på posten skal dekkje tilskot til prosjekt og program på familie- og oppvekstområdet i kommunal sektor.

Delar av løyvinga går til kommunar som driv utviklingsarbeid, førebyggjande arbeid og arbeid som skal hindre problemutvikling, ekskludering og marginalisering av barn og unge. BLD føreslår å auke posten med 0,2 mill. kroner til prisen *Årets ungdomskommune*.

Løyvinga dekkjer tre tilskotsordningar: *Støtte til oppfølgings- og losfunksjonar for ungdom, Foreldrestøttande tiltak i kommunane* og *Tilskot til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn* (som byggjer på det tidlegare modellkommuneforsøket).

Tilskotsordninga *Støtte til oppfølgings- og losfunksjonar for ungdom* skal leggje til rette for meir samordna tilbod og tettare oppfølging av ungdom som er i ein vanskeleg livssituasjon. Målet er å styrkje tilknytninga til skulen, trivsel og meistring og gjennom dette bidra til betre skuleprestasjonar og til å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. BLD føreslår å styrkje tilskotsordninga *Støtte til oppfølgings- og losfunksjonar for ungdom* med 19 mill. kroner i 2019.

Tilskotsordninga *Foreldrestøttande tiltak i kommunane* har som mål å gi barn tidleg hjelp gjennom å stimulere kommunane til å setje i verk foreldrestøttande tiltak. Tiltaka skal hjelpe foreldre med å skape trygge rammer for oppveksten til barna og utviklinga i familien ved å bli medvitne om kva behov barna har, og få hjelp til å møte desse behova på ein god måte. BLD føreslår å styrkje tilskotsordninga til *Foreldrestøttande tiltak i kommunane* med 20 mill. kroner i 2019.

Tilskotsordninga *Tilskot til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn* har som føremål å utvikle og implementere kommunale modelar for systematisk og kunnskapsbasert identifikasjon og oppfølging av utsette barn. I 2018 har forvaltninga av tilskotsordninga blitt samordna med tilskotsordninga for tverrfagleg innsats på rusfeltet, som blir forvalta av Helsedirektoratet. Tilskotsordningane rettar seg mot dei same målgruppene og har overlappende føremål. Ved å kunnjere ordningane med eit felles regelverk vil ein gjere søknadsprosessen enklare for kommunane, og tilskotsforvaltninga vil bli meir effektiv. Bufdir får ansvaret for tilskotsforvaltninga i samråd med Helsedirektoratet. BLD føreslår i samråd med HOD å vidareføre denne ordninga i 2019.

Alle dei tre ordningane er retta mot alle kommunane i landet. For ein meir utfyllande omtale av tilskotsordningane, sjå Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet.

Departementet føreslår ei løyving på 133,2 mill. kroner i 2019.

### **Post 70 Barne- og ungdomsorganisasjonar**

Løyvinga under posten blir nytta til tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar. Føremålet er å

leggje til rette for at barn og ungdom skal kunne delta i barne- og ungdomsorganisasjonane. Dei frivillige organisasjonane er viktige aktørar i barne- og ungdomspolitikken. Dei er sosiale møteplassar for barn og unge, og dei medverkar til å skape trygge og inkluderande oppvekstmiljø. Tilskotet skal stimulere organisasjonane til engasjement og medansvar og sørge for at dei held fram med å vere ein arena for medverknad og demokrati. Tilskot til nasjonal grunnstønad for barne- og ungdomsorganisasjonar er regulerte i ei eiga forskrift som er fastsett av BLD. For ein meir utfyllande omtale av tilskotsordninga, sjå Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet.

Midlar til tilskotsordninga *Mangfald og inkludering* inngår i posten. Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) er mottakar av ordninga. LNU får tilskotet under føresetnad av at dei fordeler det vidare til ulike prosjekt som fokuserer på mangfald, haldningar og deltaking.

LNU, Ungdom og Fritid og Unge funksjonshemmede kan søkje om tilskot til drift til nasjonalt arbeid.

Departementet føreslår ei løyving på 151,1 mill. kroner i 2019.

### **Post 71 Utvikling og opplysningsarbeid, kan nyttast under post 21**

Posten blir nytta til å støtte utviklings- og opplysningsarbeid som kan auke kunnskapen om og medverke til å styrkje oppvekstmiljøet for barn og ungdom. Posten dekkjer òg utgifter til programmet *Familie for første gang* (Nurse Family Partnership). Regionsenter for barn og unges psykiske helse (RBUP) Aust og Sør får midlar til å dekkje lønnskostnadane til sjukepleiarar som deltek i forsøket.

Det er i 2018 gitt øymerka tilskot til organisasjonane Ungdom mot Vold, Oslo Røde Kors og Barnevakta. Det er òg gitt tilskot til adopsjonsorganisasjonane InorAdopt, Verdens Barn og Adopsjonsforum. I tillegg er det gitt driftsstøtte til den internasjonale ressursorganisasjonen for adopsjon, International Social Service (ISS).

Departementet føreslår at det òg blir gitt øymerka tilskot til desse organisasjonane i 2019. Tilskot må likevel vurderast på bakgrunn av søknader frå dei aktuelle tilskotsmottakarane.

Departementet føreslår ei løyving på 19,9 mill. kroner i 2019.

**Post 79 Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid mv., kan overførast**

Posten skal dekkje tiltak som stimulerer til internasjonalt samarbeid på barne- og ungdomsområdet. Målgruppene er frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, einskildpersonar og grupper av barn og ungdom, institusjonar som arbeider med barn og ungdom, og offentlege styresmakter lokalt, regionalt og nasjonalt, jf. omtale av tilskotsordningane på posten i Prop. 1 S (2017–2018).

Posten dekkjer Noregs bidrag til Det europeiske ungdomsfondet i Europarådet (EYF). Posten dekkjer òg kostnadene Noreg har i samband med tiltak i regi av partnerskapet mellom Europarådet og Europakommisjonen. I tillegg dekkjer posten tilskot til drift av det europeiske ungdomsnettverket mot valdeleg ekstremisme – Youth Can – gjennom tilskot til Institute for Strategic Dialogue.

Ein tek òg sikte på å gi tilskot til *Technical Assistance Program* i regi av Haag-konferansen for internasjonal privatrett (ICATAP), som bidrag til internasjonalt arbeid på adopsjonsfeltet.

Posten skal dessutan dekkje kostnader i samband med samarbeidet om barne- og ungdomspolitik i nærrområda, særleg samarbeidet innanfor rammene av Noregs deltaking i Barentsrådet, mellom anna tilskot til fleirnasjonalt samarbeid i Barentsregionen, som blir forvalta av Barentssekretariatet. Barentssekretariatet i Kirkenes får tilskot for å fremje ungdomssamarbeid i Barentsregionen.

Posten kan òg nyttast til at departementet deltek i mellomstatleg samarbeid om barne- og ungdomspolitikken.

Vidare får dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane grunnstønad til internasjonalt arbeid. Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU), Ungdom og Fritid og Unge funksjonshemmede kan søkje om tilskot til internasjonalt arbeid. Målet for ordninga er å støtte og fremje internasjonalt ungdomsarbeid og internasjonalt samarbeid på ungdomsfeltet.

Departementet føreslår ei løyving på 11,4 mill. kroner i 2019.

**Kap. 847 EUs ungdomsprogram**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	8 950	8 236	8 431
	Sum kap. 0847	8 950	8 236	8 431

**Post 01 Driftsutgifter, kan overførast**

Posten dekkjer lønn og andre driftsutgifter ved det nasjonale kontoret som forvaltar ungdomsdelen av EU-programmet for ungdom, utdanning og opplæring, *Erasmus+*. Løyvinga må sjåast i samanheng med kap. 3847, som omhandlar bidra-

get frå Europakommisjonen til drift av det nasjonale kontoret og Eurodesk. Det nasjonale kontoret har ansvaret for handsaminga av dei desentraliserte delane av dei ungdomspolitiske tiltaka i *Erasmus+*.

Departementet føreslår ei løyving på 8,4 mill. kroner i 2019.

**Kap. 3847 EUs ungdomsprogram**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Tilskot frå Europakommisjonen	3 551	2 364	2 364
	Sum kap. 3847	3 551	2 364	2 364



**Post 01 Tilskot frå Europakommisjonen**

Posten gjeld tilskot frå Europakommisjonen til drift av det nasjonale kontoret for gjennomføring

av tiltak innan ungdomspolitisk samarbeid i programmet *Erasmus+*.

Departementet føreslår ei løyving på 2,4 mill. kroner i 2019.

**Kap. 848 Barneombodet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	20 922	21 461	21 968
	Sum kap. 0848	20 922	21 461	21 968

Status og hovudoppgåver for verksemda

Barneombodet blei oppretta gjennom *lov 6. mars 1981 nr. 5 om barneombud*. Hovudoppgåva til Barneombodet er å fremje interessene til barn overfor det offentlege og det private og å følgje med på utviklinga av oppvekstvilkåra for barn. Instruksen til Barneombodet gir retningslinjer for arbeidet.

Barneombodet skal

- ta vare på interessene til barn i samband med planlegging og utvikling på alle felt
- følgje med på om lovgivinga om vern av interessene til barn blir følgde, og om norsk rett og forvaltingspraksis er i samsvar med dei forpliktingane Noreg har etter FN-konvensjonen om barnerettar
- føreslå tiltak som kan styrkje rettstryggleiken for barn
- fremje forslag til tiltak som kan løyse eller førebyggje konfliktar mellom barn og samfunnet
- følgje med på om det blir gitt nok informasjon til det offentlege og det private om kva rettarn barn har, og om det blir sett i verk naudsynte tiltak

Hovudbrukargruppene til Barneombodet er barn og unge og dei som tek avgjerder som gjeld barn.

Resultatrapport for 2017/2018

Prosjektet *Barn med nedsett funksjonsevne* resulterte i rapporten *Uten mål og mening? Elever med spesialundervisning i grunnskolen*, som tek føre seg retten barn har til spesialundervisning, og om denne retten blir oppfylt. Rapporten blei lansert i mars 2017. Barneombodet konkluderte med at elevar som får spesialundervisning, ikkje

får forsvarleg utbytte av opplæringa, at dei har dårlegare psykososialt skulemiljø, og at dei verken blir høyrde eller får medverke i opplæringa si.

*Barneombussen* besøkte fylka Hedmark, Vestfold, Oppland, Akershus og Buskerud i 2017. Med dette har Barneombodet i perioden 2012–2018 besøkt alle fylka i landet.

Det kom 381 skriftlege førespurnader til Barneombodet om skule og barnehage i brev eller på e-post i 2017, 144 av desse var om mobbing. Barneombodet fekk også 106 spørsmål registrert under kategorien skule/mobbing frå barn og unge via spørjetenesta *Spør Barneombodet*. I tillegg til dette kjem telefonsamtalar til kontoret og direkte møte med barn og unge på skular som Barneombodet har besøkt med *Barneombussen*.

I 2017 har Barneombodet arbeidd med oppfølging av fagrapporten *Grenseløs omsorg – om bruk av tvang i barnevern og psykisk helsevern* frå 2015. I 2017 har Barneombodet gitt innspel til utvalet som skal sjå særskilt på reglane for bruk av tvang i psykisk helsevern.

Barneombodet har i 2017 arbeidd med prosjektet *Valdsfri barndom – betre helse*. Prosjektet til Barneombodet er delt inn i to delar. Den eine delen handlar om barn og unge sin medverknad i arbeidet mot vald og overgrep. Den andre delen av prosjektet er retta direkte mot avgjerdstakarar som kan bidra til å førebyggje vald og overgrep mot barn og unge.

Barneombodet laga i 2017 ein *supplerande rapport til FN-komiteen for barnerettane*, og har samarbeidd med Forum for barnekonvensjonen om å leggje til rette for at barn og unge kan produsere sin eigen rapport til komiteen.

### Strategiar og tiltak for 2019

Barneombodet har i 2018 gått inn i seks nye år med nytt barneombod. Det skal setjast i gang ein prosess med å utarbeide nye mål og arbeidsmetodar for denne perioden. Nokre mål frå førre periode må vidareførast. I 2019 vil Barneombodet vidareføre desse måla:

*Barn med funksjonsnedsetjingar får eit verdig liv og eit tilrettelagt tilbod uansett kvar dei bur.*

Barneombodet held fram arbeidet med å få gjenomslag for tilrådingane frå rapporten *Uten mål og mening? Barn med spesialundervisning i grunnskolen.*

*Barn kjenner til barnekonvensjonen og Barneombodet*

Barneombodet finn nye metodar for å nå barn og unge.

*Barn har reell innverknad på utforming av politikk og planar på alle nivå i samfunnet*

Barneombodet vil i 2019 arbeide for betre medverknad frå barn og unge i samfunnet og i eigne saker.

*Alle barn i Noreg får oppfylt retten til utdanning i ein trygg og inkluderande skule*

Barneombodet vil halde fram med arbeidet med det psykososiale skulemiljøet, både gjennom rett-

leing og hjelp til foreldre og barn, gjennom foredrag og opplæring og gjennom arbeid overfor fylkesmennene.

### *Barns levekår*

Barneombodet vil intensivere arbeidet for å sikre gode levekår og motverke manglande sosial tilknytning blant barn og unge.

*Rapporteringar frå Barneombodet til relevante internasjonale organ er viktige for barn i Noreg*

Barneombodet følgjer opp den supplerande rapporten til FN-komiteen for barnrettar.

### *Gode arbeidsverktøy*

Barneombodet vil i 2019 avslutte fase 2 av prosjektet for eit betre arkivsystem.

### *Ny nettside*

Barneombodet vil i 2019 setje i gang arbeidet med ny nettside.

### **Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga skal dekkje lønn og andre driftsutgifter Barneombodet har. Departementet føreslår ei løyving på 22 mill. kroner i 2019.

## Programkategori 11.20 Barnevernet

### Hovudinnhald og prioriteringar

Barnevernet skal gi naudsynt hjelp og omsorg til barn som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira. Barnevernet skal vere eit tryggingnett for barn og unge når foreldra av ulike årsaker ikkje greier å gi barna sine den omsorga dei treng.

Regjeringa ønskjer å styrkje rettstryggleiken til barn og familiar i barnevernet. Regjeringa la derfor fram Prop. 169 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven mv. (bedre rettssikkerhet for barn og foreldre)* med forslag som særleg styrkjer rettstryggleiken for barn og foreldre. Endringane tok til å gjelde 1. juli 2018. Regjeringa planlegg å sende eit forslag til ny barnevernslov på høyring i 2019. Eit mål med den nye lova er å styrkje rettane til barna ytterlegare og at barn får medverke meir i si eiga barnevernsak. Det er òg eit mål at den nye lova skal vere meir forståeleg og tidsriktig.

Departementet arbeider vidare med å førebu iverksetjinga av barnevernsreforma som skal gi større kommunalt ansvar for barnevernet. Reforma blei lagd fram i Prop. 73 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven (barnevernsreform)*. Barnevernsreforma skal medverke til sterkare prioritering av førebyggjande hjelp. Tenester som er betre tilpassa den einskilde, er også ei viktig prioritering i reforma.

Kompetanseheving er viktig for å auke kvaliteten i dei kommunale tenestene og for å førebu kommunane på større ansvar for barnevernet. Regjeringa har dei seinare åra hatt ei stor satsing på kompetanse. I 2017 la regjeringa fram ein kompetansestrategi for det kommunale barnevernet. Strategien skal vare til 2024. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har ansvar for tiltaka i strategien. Det er også eit element i kompetansestrategien at direktoratet skal vurdere kompetansekrav, autorisasjon og utdanningsløp innan barnevernet.

Ein viktig del av førebuingane til barnevernsreforma er å utvikle tiltaka i barnevernet vidare. Bufdir skal, saman med kommunar og relevante fagmiljø, utvikle innhaldet i ein ny grunnmodell for hjelpetiltaksarbeidet i det kommunale barnevernet. Tanken er at ein grunnmodell vil gjere det

tydelegare kva for oppfølging og hjelp barnevernet bør tilby.

Det er viktig med god kvalitet i sakshandsaminga i den kommunale barnevernstenesta. Betre kvalitet i sakshandsaminga krev riktige verktøy. Regjeringa startar i 2019 arbeidet med eit digitalt løft for det kommunale barnevernet. Gjennom det kommunal-statlege samarbeidsprosjektet DigiBarnevern skal det utviklast nye digitale løysingar som skal betre effektiviteten og kvaliteten i sakshandsaminga til barnevernet. DigiBarnevern skal òg leggje til rette for betre styringsinformasjon for leiarar i barnevernet og den øvste leiinga i kommunen.

Regjeringa vil leggje til rette for eit mangfald av aktørar i barnevernet. Det er viktig for å få fram tilbod av høg kvalitet som er tilpassa behovet til det einskilde barnet. Private aktørar står allereie for ein monaleg del av tiltaka i barnevernet. Samstundes er det viktig at tilbod frå private blir brukte på riktig måte. Departementet har starta ein gjennomgang av rammevilkåra for private aktørar i barnevernet, mellom anna for å vurdere behovet for tiltak som gir det offentlege betre moglegheit til å kontrollere og følgje opp innhald og kostnader ved bruk av barnevernstiltak som er leverte av private. Gjennomgangen omfattar bruken av både ideelle og kommersielle aktørar.

Regjeringa ønskjer å styrkje barnevernet sitt arbeid med å få unge ut av kriminelle miljø og forhindre at unge blir rekrutterte til gjengkriminalitet. I 2019 vil regjeringa ha ei særleg satsing på barnevernet i Oslo kommune. Satsinga skal bidra til å styrkje samarbeidet mellom barnevernet og det lokale politiet og styrkje barnevernet si bruk av tiltak som reduserer alvorlege åtferdsvanskar hos barn og unge. Barnevernet skal, i samarbeid med andre instanser og tenester, gi oppfølging som bidreg til åtferdsendringar, styrkje unge sine relasjonar til positive nettverk og auke deltaking i skule og i fritidsaktivitetar.

Det er ei vedvarande utfordring å skaffe tilstrekkeleg med fosterheimar tilpassa det einskilde barnet, og å sørge for ein stabil omsorgssituasjon for barn og unge i fosterheimane. Arbeidet med rekruttering av fosterheimar og oppfølginga av tiltak frå Meld. St. 17 (2015–2016)

*Trygghet og omsorg. Fosterhjem til barns beste* og oppmødningstiltak frå Stortinget held fram i 2019. I tillegg har regjeringa oppretta eit offentleg utval som skal sjå på rammevilkåra for ordinære fosterheimar. Utvalet skal etter planen levere rapporten sin ved utgangen av 2018. Departementet vil etter det ta stilling til korleis tilrådingane frå utvalet skal følgjast opp.

## Mål

BLD har for 2019 følgjande mål innan barnevernsområdet:

---

### Mål

- Barnevernstenesta skal gi hjelpetiltak som møter behova til barn og foreldre.
  - Barn som treng tiltak utanfor heimen, skal få eit stabilt tilbod som er tilpassa behovet til det ein skilde barnet.
  - Auka kvalitet i sakshandsaminga i den kommunale barnevernstenesta.
  - Betre vareta retten barna har til medverknad i det kommunale og det statlege barnevernet.
- 

Desse måla er nærare omtalte under overskriftene *Tiltak i barnevernet*, *Kompetanseutvikling i barnevernet*, *Rettstryggleik for barn, unge og familiarne deira* og *Organisering og samordning* nedanfor.

## Resultatrapport og strategiar

### Tiltak i barnevernet

Tidleg innsats og hjelpetiltak i barnevernet

Barnevernet hjelper fleire barn enn tidlegare. Tal frå SSB viser at 55 700 barn og unge (0–22 år) fekk tiltak frå barnevernet i løpet av 2017, ein auke på 2 prosent frå 2016. Årsaka til auken er at fleire fekk hjelpetiltak. Om lag fire av fem barn fekk hjelpetiltak, som inneber at barn og unge får hjelp medan foreldra har omsorga for barnet. Resten fekk omsorgstiltak, som inneber at barnevernet tek over omsorga for barnet.

Å styrkje tidleg innsats, førebyggjande tiltak og støtte som legg til rette for at flest mogleg barn kan vekse opp i nærmiljøet sitt, er eit av måla i Jeløya-plattformen. Dette er òg eit viktig mål med barnevernsreforma, jf. Prop. 73 L (2016 – 2017) *Endringer i barnevernloven (barnevernsreform)*. I åra framover ønskjer regjeringa å forbetre hjelpe-

tiltaksarbeidet retta mot barn, unge og familiar som er i kontakt med barnevernstenesta i kommunane. Det er viktig at tenestene kan komme tidleg inn med gode hjelpetiltak, slik at problema ikkje blir større og barn må flytte frå foreldra sine.

Det er i dag framleis store variasjonar i fagleg praksis og bruk av ulike hjelpetiltak mellom kommunane. Riksrevisjonen og andre har vist til at mange kommunar manglar dei hjelpetiltaka som barn og familiar i barnevernet har behov for. Dette gir risiko for at barn får ulik hjelp med ulik kvalitet, alt etter kvar dei bur. For å kunne gi familiar og barn god støtte og hjelp, og for å styrkje barna sine omsorgsvilkår, er det viktig at hjelpa og tiltaka som barnevernet tilbyr, er kvalitetssikra. Det er òg avgjerande at samhandlinga mellom ulike tenester er til beste for barna, slik at barn og familiar får koordinert støtte og hjelp.

Departementet har derfor følgjande mål for arbeidet med tiltak i barnevernet:

- *Barnevernstenesta skal gi hjelpetiltak som møter behova til barn og foreldre.*

Omtalen nedanfor gjer greie for resultat som er oppnådde i 2017 og fyrste halvdel av 2018, og planlagde tiltak i 2019.

Regjeringa heldt i 2017 fram arbeidet med å styrkje det førebyggjande arbeidet i kommunane retta mot utsette barn, unge og familiarne deira, slik at tenestene kan komme tidleg inn med gode tiltak og førebyggje at problema blir større.

Buudir har gitt tilrådingar til ein nasjonal plan for hjelpetiltak i barnevernet. Direktoratet tilrår mellom anna å ta i bruk ein grunnmodell for hjelpetiltaksarbeidet i det kommunale barnevernet, slik at det blir tydelegare kva for oppfølging og hjelp barnevernet bør tilby. Målet er at variasjon mellom kommunane som ikkje er tilsikta, blir redusert, og at kvaliteten på hjelpetiltaka blir betre. Direktoratet skal saman med kommunar og relevante fagmiljø arbeide vidare med å utvikle det faglege innhaldet i grunnmodellen. Arbeidet skal også omfatte ettervern for ungdom i alderen 18–23 år.

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) tilbyr nokre spesialiserte tiltak til barn og familiar i barnevernet. Departementet skal få på plass tydelegare retningslinjer for innhaldet i, og målgrupper for, dei spesialiserte tilboda i Bufetat. Dette omfattar mellom anna spesialiserte hjelpetiltak og tilbod til familiar med sped- og småbarn som treng hjelp frå barnevernet.

Tilsyn viser at det er naudsynt å betre kvaliteten i undersøkingane og kartleggingane barnevernstenestene gjer av omsorgssituasjonen til


barn. Arbeidet med fagleg rettleiing og kompetanseutvikling i denne delen av arbeidet til barnevernet blei intensivert i 2017.

#### Tiltak utanfor heimen

Tal frå SSB viser at det til saman var om lag 15 600 barn som ved utgangen av 2017 var plasserte utanfor heimen. Dette er noko lågare enn ved utgangen av 2016. Av dei 15 600 var det litt over 70 prosent som flytta til fosterheim, om lag det same som tidlegare år. Delen av barn og unge som bur i

bustad med oppfølging, var om lag 16 prosent, noko lågare enn på slutten av 2016. Vidare var det om lag 8 prosent som budde i barnevernsinstitusjon, og 4 prosent som budde i beredskapsheim, om lag det same som i 2016. Figur 4.1 viser korleis dei 15 600 plasseringstiltaka fordeler seg på hjelpetiltak og omsorgstiltak.

Bufoir rapporterer at det så langt i 2018 har vore ein auke i talet på barn med institusjonstilbod, og at auken i særleg grad gjeld barn med samansette utfordringar og omfattande behandlingsbehov.



Figur 4.1 Barn med plasseringstiltak i barnevernet

Kjelde: SSB

Det er ei utfordring å finne gode og målretta tiltak utanfor heimen som gir eit tilpassa og stabilt tilbod av høg kvalitet. Mange av barna har komplekse behov etter ein vanskeleg oppvekst, og mange har behov for hjelp frå fleire tenester samtidig. Det er ei vedvarande utfordring å rekruttere mange nok fosterheimar som passar behova til barna. Det er også vanskeleg å gi eit godt institusjonstilbod til barn med store og samansette utfordringar i grenselandet mellom barnevern, psykiatri og kriminalomsorg.

Kommunane har ansvar for å følgje opp barna og foreldra medan barna bur utanfor heimen. Forsking og tilsyn viser at ein del kommunar ikkje gjer eit godt nok arbeid mellom anna i å kartlegge kva behov barnet har, leggje til rette for samvær og gi råd og rettleiing til fosterforeldre. Det statlege barnevernet skal hjelpe kommunane med å finne tiltak som er til det beste for barnet. Det er

utfordrande å gjere dette på ein god nok måte. Slike utfordringar fører med seg auka risiko for ein ustabil omsorgssituasjon og belastningar for barnet.

Departementet har derfor følgjande mål for arbeidet med tiltak i barnevernet:

- *Barn som treng tiltak utanfor heimen, skal få eit stabilt tilbod som er tilpassa behovet til det einiskilde barnet.*

Omtalen nedanfor gjer greie for resultat som er oppnådd i 2017 og fyrste halvdel av 2018, og planlagde tiltak i 2019.

Fosterheim er det mest nytta omsorgstiltaket når barn ikkje kan bu heime. Rekruttering av fosterheimar er ei prioritert oppgåve, og det har vore stor innsats for å skaffe tilstrekkeleg mange fosterheimar. Bufetat rekrutterte likevel nokre færre fosterheimar i 2017 enn i 2016. I 2017 blei

det rekruttert 1 284 fosterheimar, ein reduksjon på om lag 3 prosent frå 2016. Grunnen til reduksjonen er auka merksemd om å rekruttere dei rette fosterheimane. Det er framleis mange barn som ventar på fosterheim for lenge.

Oppfølging av tiltak i Meld. St. 17 (2015–2016) *Trygghet og omsorg. Fosterhjem til barns beste* og oppmodingsvedtak frå Stortinget om fosterheimar skal medverke til vidareutvikling og kvalitetsheving av fosterheimsomsorga. Bufdir har i 2017 utarbeidd ein fireårig plan for å gjennomføre tiltak og oppmodingsvedtaka knytta til meldinga. Dei er i gang med fleire av tiltaka. Bufdir har mellom anna utarbeidd ei tilråding for kva omsyn barnevernet bør ta når dei skal ta stilling til om søsken bør bu saman. For at det skal vere mest mogleg føreseieleg for barnet og fosterfamilien, er det òg blitt utvikla eit samhandlingsforløp for flytting til fosterheim etter modell for forløp i helsesektoren. Det er òg sett i gang eit forskingsprosjekt med mål om å få kunnskap om korleis biologiske barn opplever å være fostersøsken. I tillegg er det sett i gang følgjeforskning på utprøving av ein modell for rettleiing av biologiske barn i fosterheimen.

Arbeidet med å følgje opp tiltak i Meld. St. 17 (2015–2016) held fram i 2019. For å nå målet om stabile fosterheimar tilpassa behovet til det ein-skilde barnet, er det mellom anna sett i gang arbeid med å utvikle eit digitalt verktøy for å finne rett fosterheim til det ein-skilde barnet. Det er òg starta arbeid med å utvikle eit digitalt og modulbasert opplærings- og rettleiingsprogram for fosterforeldre.

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal sjå på rammevilkåra for ordinære fosterheimar. Utvalet skal etter planen levere utgreiinga si i desember 2018. Departementet vil etter det ta stilling til korleis tilrådingane frå utvalet skal følgjast opp.

Spesialiserte fosterheimar er eit tilbod til barn og unge som har eit stort hjelpebehov, og som treng mykje og langvarig oppfølging. Departementet skal få på plass tydelegare retningslinjer for innhaldet i, og målgrupper for, det spesialiserte fosterheimstilbodet i Bufetat.

Overgangen til fosterheim kan bli lettare når barnet allereie kjenner fosterforeldra. Gjennom at barn får tilbod om fosterheim i slekt eller nettverk, kan det òg vere enklare å vareta kontinuitet i språk, kultur og religion. Det har derfor vore satsa på å finne fosterheimar i slekta eller nettverket til barnet. Det har òg blitt lagt vekt på involvering av slekta og nettverket til barnet, mellom anna gjennom bruk av metoden familieråd. Rekrutteringa i slekt og nettverk har auka dei sei-

nare åra. I 2013 var det 2 444 fosterheimar i slekt og nettverk, medan det i 2017 var 3 027 slike fosterheimar. Stortinget handsama Prop. 169 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven mv. (bedre rettssikkerhet for barn og foreldre)* den 6. mars 2018. Då vart det lovfesta ei plikt til alltid å vurdere om nokon i familien eller det nære nettverket til barnet kan veljast som fosterheim. Vidare blei det lovfesta at barnevernstenesta ved slike vurderingar skal leggje til rette for nettverksinvolvering når det er føremålstenleg. Endringane tok til å gjelde 1. juli 2018.

Av dei 15 600 barna som hadde eit plasseringstiltak ved utgangen av 2017, budde om lag 1 250 på institusjon. Dei fleste budde på ein omsorgsinstitusjon. Barn som bur på institusjon, er ei brei og samansett gruppe med ulike behov. Mange har store utfordringar med psykiske vanskar. Bufetat har i 2017 utvikla eit standardisert forløp for omsorgsinstitusjonar. Forløpet omfattar alle fasar frå inntak i institusjon til overføring til ny bustad og skal bidra til lik og kvalitetssikra praksis basert på oppdatert kunnskap. Betre kartlegging skal gi eit meir målretta tilbod. Ein skal sikre medverknad frå barna gjennom systematisk å innhente erfaringar frå dei. I 2018 vil Bufetat setje i verk eit standardisert forløp for barnevernsinstitusjonar i målgruppa «omsorg for ungdom» i alle statlege omsorgsinstitusjonar.

For barn som bur på åtferdsinstitusjonar, har ein innført effektmålingar for å følgje med på om opphaldet gir den hjelpa ein ønskjer. Målingane skal gjerast ved inntak, undervegs og ved avslutninga av opphaldet og skal vise om barnet har hatt ei positiv utvikling når det gjeld dei måla som er sette. Bufdir har starta arbeidet med å setje i verk tilsvarende effektmålingar i omsorgsinstitusjonane. Eit anna tiltak, som blir prøvd ut i nokre barnevernsinstitusjonar, er å hente inn erfaringar frå barn i statlege og private institusjonar kvar månad. Resultata skal nyttast i regionane si styring og utvikling av einingane og direktoratet si styring av regionane.

Arbeidet Bufdir gjer med å standardisere arbeidsprosessar og forløp i barnevernet, vil halde fram i 2019. Dette vil medverke til god kvalitet i tenesta og til at tenesta er føreseieleg, og sørgje for tryggleik for barna og familiane deira. Ein viktig komponent i det standardiserte forløpet er betre brukarmedverknad, jf. målet om betre brukarmedverknad i kommunalt og statleg barnevern.

Det er naudsynt med meir kunnskap om barnevernsinstitusjonar er godt nok tilpassa behova til ulike målgrupper. Bufdir planlegg derfor eit større nasjonalt forskingsoppdrag der

samanhengen mellom behova til barn og unge og dagens institusjonstilbod og spesialiserte fosterheim skal belyst nærare.

#### Akuttberedskapen i barnevernet

Ei undersøking utført av Bufdir i april 2018 viser at om lag 70 prosent av kommunane har ein formalisert akuttberedskap i barnevernet. Departementet vil arbeide for at alle kommunar etablerer sin eigen akuttberedskap eller sluttar seg til eit interkommunalt samarbeid om akuttberedskap. Departementet vil i samband med arbeidet med forslag til ny barnevernslov vurdere forslaget frå barnevernslovutvalet om å lovfeste kommunen sitt ansvar for akuttberedskap.

Bufdir har fått i oppdrag å utarbeide ei rettleiing om korleis barnevernet bør gjere akuttarbeid i kommunane. Det blir lagt opp til at rettleiinga skal vere klar i 2020. Ei slik rettleiing vil bli eit verkemiddel for at dei tilsette skal kjenne seg trygge på kva dei skal gjere i dei ulike fasane i akuttarbeidet. Det er viktig at praksisen er god, og at han hovudsakleg er lik i dei ulike kommunane, at familiane blir tekne vare på, og at barn blir høyrde av barnevernet og får medverke. Eit FoU-oppdrag som skal setjast i verk hausten 2018, og som skal dreie seg om korleis kommunane jobbar med akuttarbeidet i dag, blir ein del av det faglege grunnlaget for den kommande rettleiinga.

#### Einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar

I 2017 var det 44 einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år som kom til Noreg, ein stor reduksjon frå 2016 og 2015. I 2016 var talet 102 barn. Det er òg venta at talet på einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år i 2018 vil vere lågt. Reduksjonen frå 2015/2016 til 2018 har resultert i overkapasitet i omsorgssentera. Derfor skal grunnkapasiteten no reduserast, og dei mellom- og store omsorgssentera er blitt lagde ned.

Ved busetjing av dei som har fått opphaldsløyve, har Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) ansvaret for å tildele ein kommune til alle einslege flyktningar under 18 år, også dei yngste. Bufetat har ansvaret for den konkrete busetjinga av dei som er under 15 år. Det overordna målet for etaten er å busetje barna i rett kommune, med rett tiltak etter vedtak om opphald. I 2017 budde det i gjennomsnitt 184 einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år i omsorgssenter, og det blei busett 286 barn i løpet av året.

Ved busetjing i kommunane får einslege mindreårige flyktningar som oftast tilbod om å bu i

bufellesskap med oppfølging eller fosterheimar. Dette er ei utsett gruppe med omsyn til fysisk og psykisk helse. Regjeringa har derfor gitt løyvingar slik at Folkehelseinstituttet, Utlendingsdirektoratet (UDI), IMDi og Bufdir kan prøve ut eit manualbasert lågterskeltilbod basert på traumefokusert kognitiv åtferdsterapi som kan medverke til å redusere psykiske plager hos denne gruppa. Etter planen skal prosjektrapporten vere ferdig i 2018.

#### Kompensasjon for historiske pensjonskostnader

Historisk har ein vore samd om at lønns- og pensjonsordningane for tilsette i dei ideelle verksemdene som leverer helse- og sosialtenester til det offentlege, skulle vere tilnærma like dei som gjeld for tilsette i offentleg teneste. Regjeringa foreslo i Prop. 1 S (2017–2018) å etablere ei tilskotsordning for å dekkje historiske pensjonskostnader hos ideelle leverandørar, jf. oppfølginga av NOU 2016: 12 *Ideell opprydding*. Eit fleirtal i finanskomiteen meinte at regjeringa måtte arbeide vidare med innrettinga på kompensasjonen før Stortinget kunne ta avgjerd om ei slik tilskotsordning, jf. Innst. 2 S (2017–2018). Regjeringa skal fremje eit lovforslag hausten 2018. Ordninga skal gjelde private verksemdar med offentleg tenestepensjonsordning som har levert spesialisthelsetenester og barnevernstenester som staten no er ansvarleg for. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2018–2019) for Helse- og omsorgsdepartementet.

#### Kompetanseutvikling i barnevernet

Kvalitet i sakshandsaminga i den kommunale barnevernstenesta

Dei siste åra har det vore ein kraftig auke i talet på stillingar i det kommunale barnevernet, men mangel på ressursar og kapasitet blir framleis løfta fram som eit problem i fleire tenester. Det er høg gjennomtrekk i bemanninga, og Helsetilsynet har ved fleire høve vist til svak styring og leiing av barnevernet i ein del kommunar. Bufdir har også, i si kartlegging av kompetansebehov i det kommunale barnevernet, peikt på at dei tilsette treng meir juridisk kompetanse og betre kompetanse i å vurdere omsorgstilhøva til barn.

Helsetilsynet har avdekt svikt i korleis nokre barnevernstenester vurderer meldingar og gjennomfører undersøkingar. Svikten kjem mellom anna til uttrykk gjennom manglande dokumentasjon av faglege vurderingar og barna sin medverknad, hjelpetilbod som er for lite tilpassa behova til barn og familiar, og brot på dei krava som barnevernlova stiller til sakshandsaminga. Dette er

også ei utfordring for rettstryggleiken til dei som treng hjelp frå barnevernet.

Dei digitale systema som blir nytta i sakshandsaminga i den kommunale barnevernstenesta, er utdaterte og gir ikkje dei tilsette den støtta dei treng i det daglege arbeidet. Systema bidreg i liten grad til systematikk, dokumentasjon og kvalitet i sakshandsaminga, og arbeidsprosessane er lite effektive. Barnevernstenesta manglar eit felles fagleg rammeverk som kan gi likare og meir kunnskapsbasert praksis. Dette gir variasjon som ikkje er ønskjeleg i utøvinga av barnevernsfagleg praksis, både mellom tenester og internt i den ein-skilde tenesta.

Departementet har derfor følgjande mål for arbeidet med kompetanseutvikling i barnevernet:

- *Auka kvalitet i sakshandsaminga i den kommunale barnevernstenesta.*

Omtalen nedanfor gjer greie for resultat som er oppnådde i 2017 og fyrste halvdel av 2018, og planlagde tiltak i 2019.

#### *Styrking av det kommunale barnevernet*

Satsinga på stillingar i det kommunale barnevernet har ført til betre kapasitet i tenestene. Tal frå SSB viser òg at kommunane sjølve brukar meir ressursar på barnevernet. I perioden 2013–2017 har talet på stillingar i det kommunale barnevernet auka med om lag 24 prosent, noko som utgjer ein auke på 1 149 stillingar frå 2013. Rapporteringar frå kommunane viser også ein klar nedgang i talet på fristbrot for undersøkingar, trass i at talet på saker har auka. Rapporteringar frå kommunane tyder vidare på at tenestene har blitt betre på å få på plass tiltaks- og omsorgsplanar for barn i tiltak. Samtidig er det framleis store forskjellar mellom kommunar når det gjeld korleis dei oppfyller krava i barnevernslova.

Betre kapasitet i tenestene er viktig for å auke kvaliteten i sakshandsaminga. Dei øyremerkte midlane til stillingar i barnevernet blir førte vidare i 2019. Regjeringa vil også styrkje den kommunale styringa av barnevernet. Dette vil gi den politiske og administrative leiinga i kommunane betre moglegheit til å følgje opp kvaliteten og kapasiteten i sine barnevernstenester. Fylkesmennene held fram med dialogmøte med kommunane, for å setje situasjonen i barnevernet på dagsordenen. Erfaringane så langt viser at møta har bidrege til betre forankring av barnevernet i kommunane. Regjeringa vil i samband med høyring av forslag til ny barnevernslov føreslå krav om årleg rapportering frå barnevernet til kommunestyret om tilstanden i barnevernet.

Buudir lanserte hausten 2017 ein nettbasert kommunemonitor på barnevernsfeltet. Kommunemonitoren gir informasjon om situasjonen i alle barnevernstenester i landet, men det er framleis behov for betre indikatorar og statistikkutvikling på feltet. Vidare har Buudir etablert rettleiings-team som skal følgje opp kommunar med høg risiko for svikt i tenestetilbodet til barn og familiar i barnevernet. 13 kommunar fekk tilbodet i 2018 og blir følgde opp vidare i 2019.

#### *Kompetansetiltak i barnevernet*

Departementet la i 2017 fram ein kompetansestrategi for det kommunale barnevernet. Strategien skal vare til 2024 og inneheld mellom anna satsing på etter- og vidareutdanningar. Viktige fagområde i utdanningane er kunnskap om barn med traume, medverknad og samarbeid med barn og familiar i utgreiings- og tiltaksarbeid. Satsinga held fram i 2019. Buudir har ansvaret for å administrere tiltaka i kompetansestrategien. Buudir skal òg vurdere kompetansekrav, autorisasjon og utdanningsløp for arbeid i barnevernet.

*Tenestestøtteprogrammet*, som er eit tilbod om etterutdanning og opplæring i undersøkjings- og hjelpetiltaksarbeid, starta opp hausten 2017 for om lag 40 kommunar. Grunnleggjande forståing av traume hos barn er blant temaa. Auka kompetanse på dette er mellom anna viktig i oppfølginga av barn som er utsette for vald og overgrep. Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning har evaluert programmet. Evalueringa viser at tilbodet har blitt godt motteke av deltakarane, samstundes som det har vore behov for forbetringar. På bakgrunn av evalueringa blei det gjort endringar i opplæringstilbodet før programmet blei utvida til fleire kommunar i 2018. I 2018 deltek over 60 kommunar og om lag 400 tilsette. Den vidare evalueringa av *Tenestestøtteprogrammet* skal sjå nærare på om deltaking fører til endring av fagleg praksis i kommunane.

Buudir har også fått i oppgåve å få på plass eit eige opplæringstilbod retta mot barnevernstenestene om arbeid med barn og familiar med minoritetsbakgrunn. Arbeidet i 2019 vil fyrst og fremst dreie seg om å utvikle og prøve ut det nye opplæringstilbodet.

Tilbodet om vidareutdanningar for tilsette i barnevernet skal utgjere om lag 280 studieplassar i 2019. Tre nye vidareutdanningar på til saman 160 studieplasser starta opp i 2018. Desse skal mellom anna gi tilsette auka kompetanse i sakshandsaming, medverknad, samarbeid og barnevernsfaglege vurderingar. Temaa for utdanningane er



baserte på behov i tenestene. Utdanningane er òg viktige tiltak for å nå målet til regjeringa om auka kvalitet i sakshandsaminga og betre medverknad, jf. omtale av mål under *Rettstryggleik for barn, unge og familiane deira*. Vidareutdanninga *Juss i barnevernsfaglig arbeid* blir tilbydd ved Universitetet i Stavanger og OsloMet – Storbyuniversitetet, medan *Vurdering av barnets beste* er eit tilbod ved Høgskulen på Vestlandet og OsloMet – Storbyuniversitetet. *Relasjonskompetanse i samarbeid med barn og familiar* er eit tilbod ved VID vitenskapelige høgskole. Talet på søknader har vist at det er stor interesse for dei nye vidareutdanningane blant dei tilsette i barnevernstenestene.

Buudir skal vidare etablere eit nytt vidareutdanningstilbod i kultursensitiv kompetanse i barnevernet på 30 studiepoeng retta mot dei tilsette i barnevernet. Denne skal erstatte den eksisterande vidareutdanninga *Barnevern i eit minoritetsperspektiv*. Grunnen til omlegginga er eit behov for å få på plass ei utdanning på minoritetsområdet som er meir praksisretta og gir større rom for fagleg fordjuping. Det nye studiet skal starte opp hausten 2019. Dei to eksisterande vidareutdanningane i leing i barnevernet og barnevernsfagleg rettleiing held fram i 2019. Desse utdanningane har høge søknadstal og har fått gode tilbakemeldingar frå tidlegare studentar.

### DigiBarnevern

Regjeringa føreslår ei satsing på om lag 30 mill. kroner til digitalisering i barnevernet gjennom det kommunal-statlege prosjektet DigiBarnevern. I tillegg har prosjektet fått 4 mill. kroner gjennom medfinansieringsordninga til Difi. Målet for DigiBarnevern er å utvikle nye digitale løysingar som aukar effektiviteten og kvaliteten i sakshandsaminga i barnevernet. Satsinga til regjeringa inneber mellom anna utvikling av eit barnevernsfagleg kvalitetssystem med digital understøtting som skal rettleie sakshandsamarar gjennom dei ulike fasane av ei barnevernssak, frå meldings- og undersøkingsarbeid til oppfølging og evaluering av tiltak. Arbeidet med å utvikle det faglege rammeverket for eit digitalt kvalitetssystem starta i 2017.

Ein vil òg starte utviklinga av nasjonale fellesløysingar som legg til rette for betre digital samhandling mellom ulike aktørar i barnevernet, betre styringsinformasjon gjennom meir effektiv rapportering til eiga kommuneleiing og statlege verksemder og ein portal for å sende og ta imot bekymringsmeldingar digitalt. Dei nasjonale fellesløysingane skal integrerast i eit nytt sakshand-

samingssystem som blir utvikla av den kommunale delen av prosjektet i samarbeid med Buudir.

Satsinga inngår i eit omfattande og heilskapleg digitalt løft for kommunalt barnevern. Dette er i tråd med måla i den politiske plattformen til regjeringa og Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge* om auka effektivisering og digitalisering av offentleg sektor og forsterka samarbeid mellom staten og kommunesektoren om digitalisering som fremjar brukarorientering, innovasjon og effektivitet.

Konseptfasen for DigiBarnevern blei fullført i 2017 og det blei levert ein rapport med tilråding om kva slags realiseringsstrategi som bør nyttast for sjølve utviklinga og realiseringa av nye digitale løysingar for det kommunale barnevernet. Planleggingsfasen for prosjektet vert avslutta i oktober 2018. Det blir no lagt til rette for å setje i verk gjennomføringsfasen av prosjektet frå 2019.

Barnevernet sitt arbeid med innvandrarak og nasjonale minoritetar

Barnevernet skal gi likeverdige tenester til barn, unge og familiane deira uavhengig av status, opphaldsgrunnlag og bakgrunn. I tråd med dette har Buudir utarbeidd *Handlingsplan for å bedre tillit mellom etniske minoritetsmiljøer og barnevernet 2016–2021*. Fleire av tiltaka i handlingsplanen er knytte til å auke medverknaden frå barn og foreldre, styrkje kompetansen om minoritetsbarn og familiar i deira møte med barnevernet, utvikle kvaliteten på arbeidet til barnevernet og gjere barnevernet meir ope overfor minoritetar.

Analysefirmaet Ipsos har gjennomført ei undersøking om tilliten til barnevernet blant personar med innvandrarakgrunn. Undersøkinga viser mellom anna samanhengar mellom landbakgrunn og kjennskap til, kunnskap om og kontakt med barnevernet og oppleving av tillit. Rapporten viser mellom anna at personar som kjenner barnevernet godt, har høgare tillit til barnevernet enn dei som kjenner barnevernet dårleg. Buudir vil følgje opp resultata i samband med arbeidet med å auke kompetansen i barnevernet.

Departementet vil i fyrste rekkje arbeide for å styrkje tilliten til barnevernet i minoritetsbefolkninga gjennom tenester som gir høgare legitimitet og auka kompetanse hos tilsette i barnevernet. Handlingsplanen for betre tillit skal gi retning til ei rekkje tiltak som kan medverke til å nå denne målsetjinga. Kunnskap frå nye forskingsprosjekt og andre utgreiingar vil liggje til grunn for arbeidet i 2019.

## Forskning og utvikling

Forskning er eit viktig grunnlag for å utvikle tenestene i barnevernet, slik at barn og familiane deira får hjelp som verkar. Det handlar mellom anna om å ha god kunnskap om korleis tenestene best bør vere organiserte, om god samhandling mellom tenester og kva slags hjelp ulike målgrupper i barnevernet treng. BLD gir derfor tilskot til nokre kunnskaps- og kompetansesenter og tildeler midlar som blir administrerte av Noregs forskingsråd.

Kunnskaps- og kompetansesentera som BLD gir midlar til, har eit særskilt ansvar for å vere forskingsfagleg oppdaterte og gi tenestestøtte til mellom anna barnevernet. Føremålet er å auke kvaliteten på tenestene. BLD gir midlar til dei tre regionale kunnskapssentera for barn og unge og til regionsenter for barn og unge si psykiske helse. Føremålet med tildelinga er å gi tenestestøtte til barnevernet. Desse sentera får den største delen av midlane sine frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Departementet tildeler midlar til Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge (NUBU) og er den klart største finansøren av dette senteret. Senteret arbeider for at barn og unge med alvorlege åtferdsvanskar, familiane deira og skular skal få hjelp som er forskingsbasert, relevant og individuelt tilpassa. I 2017 har senteret vidareført arbeidet med å dokumentere erfaringar og resultat for metodane senteret arbeider med, og ei rekkje artiklar er publiserte. Forskinga viser mellom anna at mange barn med åtferdsproblem har utbytte av at foreldra får kortvarig foreldrerådgiving, men at meir intensiv foreldretrening er spesielt effektivt for barn frå familiar med få ressursar. I 2017 har senteret òg bidrege i ei rekkje publikasjonar og delteke både i undervising og på fagkonferansar, med mange deltakarar frå relevante tenester.

Gjennom midlar til programverksemda i Forskingsrådet blir det utvikla kunnskap som er relevant for barnevernet. Gjennom programmet *VAM* har ein mellom anna fått kunnskap om korleis avgjerdene frå barnevernet i fire ulike land varierer, og at kvaliteten på avgjerdene er avhengig av mellom anna tidspress og saksmengde og om barn blir høyrde. I 2019 blir programmet erstatta av eit nytt program, *VAM II*, som departementet vil gi midlar til. Barnevernet er også ein del av programmet *HELSEVEL*, som er inne i det tredje året. I år har mellom anna eit prosjekt, *Children at Risk Evaluation*, som er eit tverrfagleg og -sektorielt prosjekt for betre å kartleggje helse og utvikling hos barn som har flytta frå heimen, fått midlar. I tillegg inngår barnevernet som ein viktig del

av oppdraget *Utsette barn og unge*, som Forskingsrådet skal fasilitere, sjå nærare omtale i del III, *Forskning og utvikling*. I 2019 vil departementet vidareføre innsatsen gjennom å gi midlar som Forskingsrådet skal administrere, til programma *HELSEVEL* og *VAM II* og til oppdraget som er nemnt over.

## Rettstryggleik for barn, unge og familiane deira

### Arbeid med ny barnevernslov

Barnevernslovutvalet overleverte NOU 2016: 16 *Ny barnevernslov – sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse* 29. september 2016. Nokre av forslaga frå utvalet er vedtekne av Stortinget gjennom Prop. 169 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven mv. (bedre rettssikkerhet for barn og foreldre)* og tok til å gjelde 1. juli 2018. Departementet arbeider med eit høyringsnotat om forslag til ny barnevernslov. Målet er betre rettstryggleik og eit meir forståeleg og tidsriktig lovverk. Departementet planlegg å sende forslaget på høyring i 2019.

### Brukarmedverknad i barnevernet

Barn og unge i barnevernet har rett til å bli høyrde og til å medverke. Medverknad er viktig i alle fasar av ei barnevernssak. Resultat frå brukarundersøkingar og tilsyn viser at mange barn og unge melder om liten grad av medverknad i kontakten med barnevernet. Tilsyn har mellom anna avdekt at barn medverkar i for liten grad når det skal treffast vedtak om hjelpetiltak. Det er også manglar ved korleis retten til medverknad blir tryggja for barn og unge i tiltak utanfor heimen. Å tryggje denne retten betre vil heve kvaliteten på dei avgjerdene barnevernet tek, og bidra til at barn får rett hjelp.

Departementet har derfor følgjande mål for arbeidet med rettstryggleik for barn, unge og familiane deira:

- *Betre vareta retten barna har til medverknad i det kommunale og det statlege barnevernet.*

Omtalen nedanfor gjer greie for resultat som er oppnådde i 2017 og fyrste halvdel av 2018, og planlagde tiltak i 2019.

Stortinget har vedteke endringar i barnevernlova som aukar rettstryggleiken og brukarmedverknaden i barnevernet, jf. Prop. 169 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven mv. (bedre rettssikkerhet for barn og foreldre)*. Barnevernlova stadfestar no at barnet har ein lovfesta rett til å medverke i si eiga barnevernssak og rett til naudsyn

barnevernstiltak når vilkåra for tiltak er oppfylte. Retten til medverknad inneber mellom anna at barnet skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon, og at det skal leggjast vekt på synspunkta til barnet i samsvar med kor gammalt, og kor modent barnet er.

Det har også blitt vedteke nye krav til dokumentasjon i barnevernet. Det skal gå fram av vedtaka i barnevernssaker kva som er synspunktet til barnet, kor mykje vekt ein har lagt på meininga til barnet, og korleis ein har vurdert barnet sitt beste. Dette gjeld òg i Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker (fylkesnemndene). Det er også lovfesta at barnevernstenesta skal samarbeide med foreldre og barn så langt det er mogleg. Endringane tok til å gjelde 1. juli 2018. I arbeidet med ny barnevernsløv vil departementet vurdere ytterlegare lovendringar for å styrkje rettane til barnet og deira medverknad i barnevernssaker.

I tillegg til å tydeleggjere at barn og unge har rett til å medverke, vil regjeringa arbeide for å styrkje deltakinga blant barn og unge. Dette er eit viktig element i kvalitetsutviklinga i barnevernet. Medverknad er mellom anna ein sentral komponent i kompetansestrategien i barnevernet og i arbeidet med å betre kvaliteten i sakshandsaminga i barnevernet, jf. omtale under hovudområdet *Kompetanseutvikling i barnevernet*. Direktoratet gav i 2017 tilskot til Forandringsfabrikken sitt prosjekt Mitt liv, der unge med erfaring frå barnevernet og Forandringsfabrikken deler sin kunnskap om kva som er godt barnevern, med barnevernstenester, fagarbeidarar og KS, for å utvikle god praksis innanfor kjerneområda til barnevernet.

Perspektivet til brukarane er òg ein viktig del av politikktutforminga. I desember 2017 oppretta Bufdir eit brukarråd. Brukarrådet skal mellom anna gi råd om korleis barn og unge bør medverke og fremje brukarperspektiv i viktige saker.

#### Gjennomgang av barnevernssaker

I 2016 fekk Statens helsetilsyn i oppdrag å gjennomgå eit utval akuttsaker og saker om omsorgsovertaking i barnevernet. Dette er ofte komplekse og vanskelege saker, og vi manglar eit godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere barnevernet sitt arbeid på dette feltet. Både sakshandsaminga i barnevernet, bruken av sakkunnige og sakshandsaminga i fylkesnemnda er omfatta av gjennomgangen. Formålet er mellom anna å få ei brei skildring av situasjonen ved å sjå på prosess og innhald i eit utval saker. Gjennomgangen skal gi

meir kunnskap om kompleksiteten i og kvaliteten på arbeidet i barnevernet. Statens helsetilsyn skal levere ein rapport innan utgangen av 2018. Departementet vil deretter ta stilling til korleis rapporten skal følgjast opp.

#### Adopsjon etter barnevernlova

Ved handsaminga av Prop. 88 L (2016–2017) *Lov om adopsjon (adopsjonsloven)* slutta Stortinget seg til forslaget om ny adopsjonslov. Det blei samtidig vedteke endringar i barnevernlova, slik at fylkesnemndene skal handsame alle saker om adopsjon når barnevernstenesta har teke over omsorga for barnet. Endringa inneber at fylkesnemndene også skal handsame adopsjonssaker etter omsorgsovertaking når foreldre samtykkjer til adopsjon. Lovendringa tok til å gjelde 1. juli 2018. Sjå også omtalen av ny adopsjonslov under programkategori 11.10 Familie og oppvekst.

#### Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Fylkesnemndene legg ut anonymiserte vedtak på Lovdata. Mengda vedtak som har blitt lagde ut, har auka dei siste åra, noko som gir innblikk i arbeidet til nemndene og vedtaka som blir gjorde.

Fem fylkesnemnder har sidan 2016 delteke i eit forsøk med samtaleprosess. Samtaleprosess er ei sakshandsamingsform der føremålet er å redusere konfliktnivået og gjennom meir forståing mellom partane skape løysingar som er til beste for barnet. I 2017 avgjorde nemndene i forsøket 315 saker med samtaleprosess. Det blei i desember 2017 starta opp ei evaluering av forsøket. Resultatet av evalueringa kjem i starten av 2019. Departementet vil, på bakgrunn av resultatata frå evalueringa, vurdere om samtaleprosess bør takast i bruk i alle fylkesnemnder.

Frå 2016 har barnevernet kunna fremje sak for fylkesnemnda om pålegg av hjelpetiltak. Føremålet med lovendringa var å betre situasjonen til barnet og førebyggje meir inngripande tiltak som omsorgsovertaking. I 2016 fekk fylkesnemndene 57 saker om pålegg om hjelpetiltak, og i 2017 fekk dei 64 saker.

I NOU 2017: 8 *Særdomstoler på nye områder?* føreslo utvalet at foreldretvistar etter barnelova og tvangssaker etter barnevernlova skal handsamast i nokre tingrettar i fyrste instans. Utgreiinga til særdomstolsutvalet var på høyring i 2017. Departementet samarbeider med Justis- og beredskapsdepartementet om å følgje opp utgreiinga og innspel frå høyringa.

### Barnevernstenesta på Svalbard

Departementet viser til komitémerknaden om kapasitet og samarbeidsmoglegheiter for barnevernstenesta på Svalbard i Innst. 14 S (2016–2017) under kapittel 854 *Tiltak i barne- og ungdoms-vernet*. Ein delegasjon frå Barne- og likestillingsdepartementet besøkte Longyearbyen lokalstyre i desember 2017. Longyearbyen lokalstyre viste til at lokalstyret no har to fast tilsette som jobbar med barnevern, og at kapasitet derfor ikkje er ei utfordring. Delegasjonen besøkte også Sysselmannen på Svalbard. Departementet meiner det er positivt at embetet har formalisert arbeidet retta mot barn, unge og uteliv ved at dette no inngår som ein del av dei faste oppgåvene til politiavdelinga. Sysselmannen og lokalstyret viste til at dei samarbeider godt om det generelle barne- og ungdomsarbeidet i Longyearbyen.

### Barnevern over landegrensene

Haagkonvensjonen 1996 om samarbeid når det gjeld foreldremyndigheit og tiltak for vern av barn, har vore gjeldande i Noreg sidan juli 2016. Departementet har det overordna ansvaret for konvensjonen, lovgivinga og etatsstyringa av sentralmyndigheita. Som sentralmyndigheit for konvensjonen gir Bufdir bistand i ei rekkje barnevernssaker på tvers av landegrensene. Direktoratet har i 2017 og 2018 lagt ned eit monaleg informasjonsarbeid for å medverke til at aktuelle styresmakter og barnevernstenestene rundt om i landet blir kjende med dei moglegheitene som ligg i konvensjonen, og korleis internasjonalt samarbeid i slike saker skal gjennomførast.

Bufdir reviderer i 2018 rundskriv om sakshandsaming av internasjonale barnevernssaker, for å styrkje kompetansen til barnevernstenesta på dette feltet og komme behova for rettleiing ytterlegare i møte i slike saker.

### Organisering og samordning

#### Ny ansvarsdeling i barnevernet (barnevernsreforma)

Stortinget slutta seg ved handsaminga av Prop. 73 L (2016–2017) til forslaget om barnevernsreform, jf. Innst. 354 L (2016–2017). Reforma inneheld endringar i ansvarsdelinga mellom kommunane og staten. Kommunane skal få eit større fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Målet er at reforma skal medverke til at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt. Endringane i ansvarsdelinga kan tidlegast setjast i verk i 2020. Kompetansestrategien for det

kommunale barnevernet er viktig for å førebu kommunane på reforma.

Alta, Røyken og Færder er med i eit forsøk med å prøve ut endra oppgave- og ansvarsdeling mellom kommune og stat i barnevernet. Bufdir er prosjektleiar og følgjer opp forsøket. Forsøket skal gi erfaringar og kunnskap som kan medverke til gode endringsprosessar i den nasjonale reforma. Forsøket blir følgjevaluert med delrapportar i 2017, 2018 og 2019 og ein sluttrapport i 2020. Rapporteringa så langt har vist at kommunane er godt i gang med å løyse dei nye oppgåvene sine. Andre delrapport viste at det fyrste forsøksåret var prega av etablering av nye tiltak, samstundes som det førebyggjande arbeidet og innsatsen på fosterheimsområdet har vore prioritert. Det blir rapportert om at fosterheimsrekruttering er ei utfordring for kommunane. Løyvingane til Bufetat har blitt justerte ut frå forventa utslag av forsøksordninga. Den vidare evalueringa vil gi meir informasjon om korleis kommunane løyser dei nye oppgåvene dei har fått gjennom forsøket.

#### Gjennomgang av rammevilkår for private aktørar

Private aktørar står for ein monaleg del av tiltaka i barnevernet. I Prop. 73 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven (barnevernsreform)* varsla departementet ein gjennomgang av rammevilkåra for private aktørar i barnevernet. Bakgrunnen er mellom anna at kommunane må ha god moglegheit for styring og kontroll av innhaldet i og kostnadene ved fosterheimar leverte av private aktørar når kommunane får større finansieringsansvar. Gjennomgangen vil òg omfatte andre område i barnevernet der private aktørar leverer tenester. Arbeidet starta i 2018, og noko som vil vere sentralt i gjennomgangen, er kva slags verkemiddel det offentlege treng for betre å kunne følge opp kvaliteten og ressursbruken i tilboda som barn og familiar i barnevernet får frå private aktørar. Gjennomgangen vil omfatte bruken av både ideelle og kommersielle aktørar.

#### Betre samordning av helsetenester for barn og unge i barnevernet

I 2017 og 2018 har iverksetjinga av den særlege satsinga på betre helsetenester til barn i barnevernet halde fram. Målet er å styrkje samarbeidet mellom helsetenestene og barnevernet, slik at barn i barnevernet får naudsynte og forsvarlege helsetenester. Bufdir og Helsedirektoratet held fram med å utvikle kunnskapsgrunnlaget og styrkje samarbeidsstruktur, og dei sørgjer for naud-

synt tenesteutvikling på området. Tiltak som skal medverke til betre psykisk helsehjelp, er prioriterte. Arbeidet skjer i nært samarbeid med brukarorganisasjonar og tenestene, og direktorata erfarer at dette medverkar til å styrkje samarbeidet mellom tenestene.

Vinteren 2018/2019 er det planlagt å opne to omsorgs- og behandlingstilsetningar i to regionar. Institusjonane skal gi eit tilbod til barn med behov for langvarig omsorg utanfor heimen og samstundes stort behov for psykisk helsehjelp. Både barnevernstenesta og helsetenesta har ansvar for innhaldet i institusjonane. Tiltaka skal medverke til å løyse utfordringa med at spesialisert kompetanse frå helsepersonell i dag er for lite tilgjengeleg for barn i barnevernsinstitusjon med stort behov for psykisk helsehjelp. Utviklinga og etableringa av dei nye institusjonane skal evaluerast.

For å betre tilgangen til behandling er det naudsynt at psykisk helsevern i større grad kan oppsøkje barnet eller ungdommen der han eller ho bur. God psykisk helsehjelp krev òg at tilsette ved barnevernsinstitusjonane får naudsynt rettleiing. Regionale helseføretak fekk derfor i 2018 i oppdrag å utvide det ambulante arbeidet overfor barn i barnevernet, enten dei bur heime, i fosterheim eller i barnevernsinstitusjon.

Nasjonale føringar for innhald i samarbeidsavtalar mellom barnevernstenesta og helsetenesta både på statleg og på kommunalt nivå blir ferdigstilt i 2018, slik at avtalane skal bli betre og meir like.

I 2019 vil arbeidet med å utvikle eit samhandlingsforløp for utgreiing og kartlegging av den psykiske helsa til barn halde fram. Føremålet er å sørge for at barn blir utgreidd og kartlagde for psykiske plager og lidingar så tidleg som mogleg, slik at dei får tilbod om rett teneste til rett tid både frå barnevernstenesta og frå helsetenestene. På denne måten kan behovet for tiltak utanfor heimen reduserast. Planen er at samhandlingsforløpet skal implementerast i 2019.

I 2019 vil også arbeidet med å leggje til rette for bruk av digitale verktøy (videokonsultasjon) for barn i barnevernsinstitusjon som har behov for psykisk helsehjelp, halde fram.

Hausten 2018 blir det òg utvikla ein felles rettleiar om barn med nedsett funksjonsevne som får tenester frå barnevernet og helsesektoren.

#### Skulegangen til barn i barnevernet

Det å meistre skulen og fullføre opplæringa er ei sterk trygging mot utanforskap i vaksen alder. Barn i barnevernet får i snitt langt lågare karakterar i grunnskulen enn andre og fullfører i mindre

grad vidaregåande opplæring. For at barn og unge i barnevernet skal få god oppfølging, få eit godt utbytte av skulegangen og fullføre vidaregåande opplæring, har Bufdir dei siste åra arbeidd for å skape haldnings- og handlingsendring hos tilsette i heile barnevernssektoren og skulesektoren. For å sjå om arbeidet har ført til endring, blir haldningsundersøkinga til direktoratet i 2014 følgd opp med ei ny undersøking i 2018.

Det er innført ein skuleansvarleg ved alle barnevernsinstitusjonane og omsorgssentera for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Bufdir har òg utvikla digitale kurs for tilsette i skule og barnevern som skal gi kunnskap om korleis dei kan leggje til rette for og følgje opp skulegangen til barn med tiltak i barnevernet. I tillegg har Bufdir sett i gang utvikla av hjelpetiltaket Skolelos, som skal auke delen barn og ungdom med tiltak i barnevernet som gjennomfører skulegangen. Tiltaka blir førte vidare i 2019.

#### Arbeid med unge kriminelle

Ungdomskriminaliteten i Oslo har auka etter fleire år med nedgang, og det er eit problem at fleire unge blir rekrutterte til kriminelle miljø.

Barnevernet har eit ansvar for barn og unge som har alvorlege åtferdsvanskar. Regjeringa ønskjer å styrkje barnevernet i Oslo sitt arbeid med å få unge ut av kriminelle miljø og hindre at unge blir rekrutterte til gjengkriminalitet. I 2019 vil det vere ei særleg satsing på barnevernet med ei løyving på 10 mill. kroner. Hovudmålgruppa er dei yngste ungdomane. Satsinga skal medverke til betre og målretta tiltak og oppfølging av ungdom i målgruppa. Det skal leggjast til rette for eit tettare samarbeid mellom barnevernet og politiet, til dømes gjennom lokale prosjekt som tek for seg samanhengen mellom ungdomskriminalitet og dårlege oppvekstvilkår med vald og overgrep i familien. Satsinga skal òg medverke til å gjere dei nye retningslinjene om ansvaret barnevernet har for barn som gjer kriminelle handlingar godt kjent og tatt i bruk i tenestene.

Målet er at barnevernet, i samarbeid med andre instansar og tenester, skal gi oppfølging som reduserer problemåtferd, styrkjer dei unge sine relasjonar til positive nettverk og aukar deltaking i skule og i fritidsaktivitetar. Aktuelle tiltak er metodar for å mobilisere ressursar rundt barn og familiar og metodar som er spesielt tilpassa målgrupper med alvorlege utfordringar. Tiltaka må òg ha som mål å styrkje omsorgen og samspelet i familien. Foreldrestøtte og tilbod om rettleiing vil vere viktig for å betre foreldra si oppfølging og

grensesetting av barn og unge som gjer kriminelle handlingar.

Sjå også omtale av regjeringa si satsing mot ungdomskriminalitet og kriminelle gjengmiljø i Prop. 1 S for Justis- og beredskapsdepartementet.

#### Menneskehandel

Regjeringa la i 2016 fram *Handlingsplan mot menneskehandel*. Planen har fleire tiltak for

mindreårige, til dømes auka kompetanse i barnevernet, internasjonalt arbeid og oppretting av ei ny koordineringseining. Eit rundskriv om korleis barnevernet skal handtere saker der mindreårige kan vere offer for menneskehandel, blei oppdatert i 2016 og er eit viktig hjelpemiddel for kommunane.

Arbeidet må sjåast i samanheng med oppmødingsvedtak nr. 932 av 14. juni 2017 frå Stortinget.

#### Nærare om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	219 832	225 888	230 440	2,0
854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet	1 729 983	1 025 124	1 089 598	6,3
855	Statleg forvaltning av barnevernet	6 586 553	6 752 462	6 910 253	2,3
856	Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	459 547	213 801	141 429	-33,9
858	Barne-, ungdoms- og familie-direktoratet	275 267	271 888	295 632	8,7
Sum kategori 11.20		9 271 182	8 489 163	8 667 352	2,1

Inntekter under programkategori 11.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
3853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	369			
3855	Statleg forvaltning av barnevernet	1 396 243	1 491 567	1 457 236	-2,3
3856	Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	118 728	138 536	110 127	-20,5
3858	Barne-, ungdoms- og familie-direktoratet	1 747	470	484	3,0
Sum kategori 11.20		1 517 087	1 630 573	1 567 847	-3,8

## Utgifter under programkategori 11.20 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
01-23	Drift	7 231 844	7 125 185	7 228 518	1,5
30-49	Nybygg og anlegg	6 763		25 500	
50-59	Overføringer til andre statsrekneskap	18 648	18 197	17 631	-3,1
60-69	Overføringer til kommunar	1 910 687	1 211 361	1 253 280	3,5
70-98	Overføringer til private	103 240	134 420	142 423	6,0
Sum kategori 11.20		9 271 182	8 489 163	8 667 352	2,1

**Kap. 853 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker**

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	213 069	225 888	230 440
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	6 763		
Sum kap. 0853		219 832	225 888	230 440

## Ansvarsområdet til verksemda

Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker er eit uavhengig, domstolsliknande forvaltningsorgan som er heimla i barnevernlova. Fylkesnemndene gjer vedtak i tvangssaker etter barnevernlova, inkludert pålegg om hjelpetiltak, omsorgsovertaking av barn og tvangsplassering av ungdommar. Etter helse- og omsorgstenestelova gjer fylkesnemndene tvangsvedtak for vaksne rusavhengige, tvangstiltak for gravide rusavhengige og tvang for personar med psykisk utviklingshemming. Vidare avgjer nemnda spørsmål om tvangsundersøking og tvangsisolering av personar med smittsame sjukdommar etter smittevernlova. Godt over 90 prosent av sakene i fylkesnemndene er saker etter barnevernlova.

**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga dekkjer lønn og andre driftsutgifter i dei tolv fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker. Løyvinga dekkjer òg utgifter til lønn og andre driftsutgifter i Sentraleininga for fylkesnemndene.

Departementet føreslår ei løyving på 230,4 mill. kroner i 2019.

**Post 45 Større anskaffingar og vedlikehald, kan overførast**

Midlane på posten har tidlegare blitt brukt til å utvikle og implementere sakshandsamingssystemet ProSak i fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker. Departementet føreslår inga løyving på posten i 2019. Eventuelle ubrukne midlar frå 2018 vil bli overførte for å fullføre utviklings- og innføringsarbeidet.

### Kap. 3853 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Diverse inntekter	369		
	Sum kap. 3853	369		

### Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	59 539	68 319	69 371
22	Barnesakkunnig kommisjon	7 623	8 003	8 194
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>			25 500
50	Forskning og utvikling	18 648	18 197	17 631
60	Kommunalt barnevern	703 271	756 377	777 556
61	Utvikling i kommunane	10 339	20 108	28 671
62	Tilskot til barnevernsfagleg vidareutdanning, <i>kan nyttast under post 72</i>		19 700	20 252
65	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i>	827 323		
71	Utvikling og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 21</i>	30 440	27 850	28 658
72	Tilskot til forskning og kompetanseutvikling i barne- vernet, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	72 800	106 570	113 765
	Sum kap. 0854	1 729 983	1 025 124	1 089 598

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71

Posten dekkjer utgifter til utviklingstiltak i barnevernet. Løyvinga på posten blir òg nytta til refusjon av barnevernsutgifter på Svalbard, drift av Barnevernets tvisteløysingsnemnd og sekretariat for utval og tidsavgrensa prosjekt i departementet.

Posten dekkjer også tiltak i kompetansestrategien for det kommunale barnevernet. Dette gjeld dialogmøte med kommunane, utvikling av fagleg rammeverk for eit kvalitetssystem og tilbod om

retteleing til barnevernstenester der risikoen for svikt i tenestetilbodet er høg. I tillegg skal løyvinga finansiere fylkesmannen sine oppgåver med å koordinere kompetansetiltak opp mot kommunane, leggje til rette for samarbeid i kommunale læringsnettverk og forvalte midlar til utviklingsprosjekt i nettverka, jf. omtale under kap. 854, post 61.

Som ein del av den styrkte innsatsen i barnevernet mot unge kriminelle og rekruttering til kriminelle miljø føreslår regjeringa å auke posten med 2 mill. kroner. Midlane skal nyttast til tiltak retta mot unge kriminelle i Oslo. Sjå også kap.



854, post 61 for ytterlegare omtale av denne innsatsen.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 5,2 mill. kroner frå tiltak som er avslutta for å finansiere andre prioriterte tiltak på barnevernsområdet.

Departementet foreslår ei løyving på 69,4 mill. kroner i 2019.

### Post 22 Barnesakkunnig kommisjon

Løyvinga på posten skal dekkje drifta av Barne-sakkunnig kommisjon. Kommisjonen skal kvalitetssikre rapportar som er gitt av sakkunnige i barnevernssaker, anten dei er bestilte av barnevernstenesta, fylkesnemnda, domstolane eller dei private partane.

Departementet foreslår ei løyving på 8,2 mill. kroner i 2019.

### Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast (NY)

I 2019 skal Bufdir arbeide med digitaliseringstiltak med sikte på å styrkje kvaliteten og effektiviteten i sakshandsaminga i det kommunale barnevernet. Arbeidet vil skje gjennom det kommunal-statlege samarbeidsprosjektet DigiBarnevern og mellom anna inkludere utviklinga av eit nytt sakhandsamingssystem med integrert kvalitetsystem og utviklinga av ein digital portal for sending og mottak av meldingar til barnevernstenesta. Det blir derfor foreslått 25,5 mill. kroner til DigiBarnevern i Bufdir. Midlane skal mellom anna nyttast til kjøp av tenester frå eksterne konsulentar til systemutvikling og innføringsstøtte til kommunane. Gevinstane i kommunane av satsinga skal dokumenterast, slik at dei kan overførast til andre område innanfor eller utanfor barnevernet.

Departementet foreslår ei løyving på 25,5 mill. kroner i 2019.

### Post 50 Forsking og utvikling

Løyvinga på posten blir nytta til verksemda til Noregs forskingsråd. Løyvinga skal dekkje ei løyving til arbeid med praksisretta forskning for helse- og velferdstenestene, som inngår i programmet *Effektive helse-, omsorgs- og velferdstenester (HELSEVEL)* i 2019. Tenestene som inngår i programmet, er helse- og omsorgstenester, arbeids- og velferdstenester, barnevern og familievern. *HELSEVEL* skal gjennom forskning og innovasjon medverke til god kvalitet, kompetanse og effektivitet i desse tenestene. Vidare

skal delar av løyvinga nyttast til ein strategiprosess i regi av Forskringsrådet om vidare forskingsinnsats på området «Utsette barn og unge». Midlane skal òg nyttast til å finansiere delar av eit nytt langsiktig forskingsprogram i Noregs forskingsråd. Programmet skal heite *Velferd, arbeid og migrasjon II (VAM II)*. Føremålet med programmet er å forske på samfunnsutfordringar på desse områda og å finne moglege løysingar på utfordringane.

Ei løyving på 1 mill. kroner som dekkjer ei overføring til Sametingets arbeid med barnevern, er flytta frå posten, til kap. 560, post 50, jf. omtale i Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Departementet foreslår ei løyving på 17,6 mill. kroner i 2019.

### Post 60 Kommunalt barnevern

Løyvinga skal dekkje særskilde tilskot til om lag 1 020 stillingar i kommunane for å styrkje det kommunale barnevernet. Løyvinga går til stillingar som blei oppretta i perioden 2011–2018.

Departementet foreslår ei løyving på 777,6 mill. kroner i 2019.

### Post 61 Utvikling i kommunane

Posten dekkjer tilskot til utviklingsprosjekt og andre tiltak i regi av kommunar og fylkesmannsembete. Midlane skal mellom anna nyttast til prosjekt og tiltak for å betre samarbeidet mellom dei ulike aktørane og utvikle tenestene i barne- og ungdomsvernet.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga til tilskotsordninga til utviklingsprosjekt i kommunale læringsnettverk, som er ein del av kompetansestrategien for det kommunale barnevernet. Målet med ordninga er å styrkje tilbodet i kommunane om tenester og tiltak til utsette barn og familiar som treng særskild oppfølging, jf. omtale i Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet.

Løyvinga på posten dekkjer òg *Alarmtelefonen for barn og unge*, som Kristiansand kommune er driftsansvarleg for.

Vidare dekkjer posten den statlege delen av prosjektet *Tverretattlig akuttjeneste for barn og unge* i Kristiansand kommune. 1,2 mill. kroner er sette av til dette føremålet.

Som vanleg vil ei av barnevernsvaktene vere arrangør av den årlege landskonferansen for barnevernsvakter og politi i 2019. Denne barnevernsvakta vil få midlar over denne posten.

Som ein del av den styrkte innsatsen i barnevernet mot unge kriminelle og rekruttering til kriminelle miljø foreslår regjeringa å auke posten med 8 mill. kroner. Midlane skal gå til Oslo kommune for å styrkje barnevernet sitt arbeid med å hjelpe unge kriminelle og familiane deira. Sjå også kap. 854, post 21 for omtale av denne satsinga.

Departementet foreslår ei løyving på 28,7 mill. kroner i 2019.

### **Post 62 Tilskot til barnevernsfagleg vidareutdanning, kan nyttast under post 72**

Tilskotsordninga skal medverke til auka bruk av vidareutdanningstilbod for tilsette i barnevernet, jf. omtale i Prop. 1 S (2017–2018). Målet med vidareutdanningane er å styrkje kunnskapsnivået i tenestene og gi tilsette moglegheit til fordjuping innanfor prioriterte fagområde i barnevernet. Kommunale arbeidsgivarar kan søkje om tilskot til å dekkje vikarutgifter, reisekostnader, litteraturkjøp og liknande. Kommunar vil bli prioriterte, men arbeidsgivarar for tilsette i statlege og private barnevernsinstitusjonar kan òg søkje tilskot. I 2019 gjeld dei prioriterte vidareutdanningane følgjande tema: barnevernsfagleg rettleiing, kultursensitiv kompetanse i barnevernet, juss i barnevernsfagleg arbeid, vurdering av barnet sitt beste og relasjonsarbeid i samarbeid med barn og familiar. Tildelinga blir på inntil 100 000 kroner per student for vidareutdanningar med 30 studiepoeng.

Departementet foreslår ei løyving på 20,3 mill. kroner i 2019.

### **Post 71 Utvikling og opplysningsarbeid med meir, kan nyttast under post 21**

Posten dekkjer i hovudsak tilskotsordningane *Tilskot til drift av organisasjonar i barnevernet* og *Tilskot til utviklings- og samhandlingsprosjekt i barne- og ungdomsvernet*, jf. omtale i Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet. Ordningane skal bidra til brukarmedverknad og til at alle partar på barnevernsfeltet skal bli høyrde. Departementet vurderer at ordningane har positiv effekt. Rapportar frå tilskotsmottakarar kan vise til auka meistringskjensle hos målgruppene, ved at dei i større grad opplever å bli sett og høyrde. Nærare prioriteringar og storleiken på løyvinga vil komme fram i dei årlege kunngjerinngane av tilskotsordningane. Innanfor ordningane er 4,5 mill. kroner sette av til Forandringsfabrikken. I tråd med *Bestemmelser for økonomistyring i*

*staten* skal effekten av tilskotsordningar evaluate- rast. Departementet planlegg derfor å setje i gang ei evaluering av tilskotsordninga i løpet av 2019. Ordninga med at ein bestemt mottakar får øyremerkte midlar frå tilskotsordninga, vil inngå i evalueringa.

Posten dekkjer også den norske støtta til barneeinginga i Austersjørådet (EGCC).

Departementet foreslår ei løyving på 28,7 mill. kroner i 2019.

### **Post 72 Tilskot til forskning og kompetanseutvikling i barnevernet, kan overførast, kan nyttast under post 21**

Løyvinga på posten går til langsiktig utviklingsarbeid for å auke kompetansen og kunnskapsnivået i barnevernet i Noreg. Dette inkluderer tilskot til kompetansemiljø og midlar til vidareutdanningar som medverkar til å auke dette kunnskapsnivået.

Om lag 51 mill. kroner av løyvinga dekkjer ei vidareføring av tilskotet til Nasjonalt utviklings- senter for barn og unge (NUBU). Senteret skal medverke til at barn og unge med alvorlege åtferdsvanskar, familiane deira og skular får hjelp som er forskingsbasert, relevant og individuelt tilpassa. NUBU har eit nasjonalt ansvar for tenestestøtte, for å gjere kunnskapen tilgjengeleg for praksisfeltet og for forskings- og utviklingsarbeid. Både barnevernet og andre relevante tenester er i målgruppa til senteret. NUBU skal utvikle, halde ved like og spreie kompetanse om førebygging og metodar for behandling. Tilskotet blir forvalta av Bufdir.

Løyvinga dekkjer òg tilskot til dei tre regionale kunnskapssentera for barn og unge (RKBU Nord, RKBU Vest og RKBU Midt) og driftstilskot til RBUP Aust og Sør. Kunnskapssentera skal utvikle, kvalitetssikre, forvalte og gjere tilgjengeleg vitskapleg, praksisnær og tverrfagleg kunnskap og kompetanse innan arbeidet med barnevern og psykisk helse hos barn og unge. Dei fire fagmiljøa blir også finansierte av Helse- og omsorgsdepartementet. Bufdir og Helsedirektoratet forvaltar midlane til dei fire fagmiljøa på vegner av dei to departementa.

Løyvinga til opplæringstilbod retta mot barnevernstenestene, i samband med kompetansestrategien for det kommunale barnevernet, blir vidareført. Delar av denne løyvinga blir gitt som tilskot til RKBU Nord, RKBU Vest, RKBU Midt, RBUP Aust og Sør og RVTS Sør, som har ansvaret for å gjennomføre *Tjenestestøtteprogrammet* om undersøkings- og hjelpetiltaksarbeid. Dette kjem i

tillegg til dei generelle tilskota til kompetansemiljøa, som er omtalte ovanfor.

Departementet fører vidare finansieringa til fem vidareutdanningstilbod innan barnevern i 2019:

- *Nasjonal vidareutdanning for leiarar i barnevernet*, som RKBU Midt har hovudansvaret for.
- *Nasjonal vidareutdanning i barnevernsfagleg rettleiing*, som RKBU Nord har koordineringsansvar for.
- *Juss i barnevernsfagleg arbeid* ved Universitetet i Stavanger og OsloMet – storbyuniversitetet.
- *Vurdering av barnet sitt beste* ved Høgskulen på Vestlandet og OsloMet – storbyuniversitetet.
- *Relasjonsarbeid i samarbeid med barn og familiar* ved VID vitenskapelige høgskole.

Unytta midlar til vidareutdanningstilbod kan nyttast på andre tiltak i kompetansestrategien. Vidare skal løyvinga i 2019 dekkje etableringa av ei ny praksisretta vidareutdanning på 30 studiepoeng om arbeid med barn og familiar med minoritetsbakgrunn. Studiet startar opp hausten 2018 og skal erstatte den eksisterande vidareutdanninga *Barnevern i eit minoritetsperspektiv*.

Posten omfattar også løyvinga til Norsk Psykologforening til sakkunnig opplæring. Løyvinga dekkjer i tillegg mentorordninga *Positive rollemodellar*.

Departementet føreslår ei løyving på 113,8 mill. kroner i 2019.

## Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i>	3 749 663	3 751 754	3 836 242
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	22 803	23 559	24 121
22	Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 01</i>	2 444 333	2 561 973	2 623 089
60	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak, <i>kan nyttast under post 01</i>	369 754	415 176	426 801
Sum kap. 0855		6 586 553	6 752 462	6 910 253

### Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 22 og post 60

Løyvinga på posten omfattar lønn og sosiale kostnader til tilsette i det statlege barnevernet, medrekna tilsette ved regionkontor, institusjonar og fosterheimstenester med meir. Andre vesentlege utgifter er utgifter til leige og drift av barnevernsinstitusjonar, utgifter til opplæring og utgifter til varer og tenester. I tillegg dekkjer løyvinga i nokon grad lønnsutgifter til tilsette i Bufetat senter for administrasjon og utvikling og tilsette i Bufdir.

Barnevernsvedtak blir gjorde av kommunen eller Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker. Vedtaka styrer inntaket i statleg barnevern. Bufetat er etter barnevernlova pålagt å gi desse barna eit tilbod. Auken i talet på barn og unge som har behov for spesialiserte barnevernstenester, har over tid vore stor. Veksten flata ut i løpet av 2016 og 2017. Løyvinga i Saldert budsjett 2018

og i budsjettframlegget for 2019 er basert på at veksten framleis vil vere låg. Ein auke i talet på barn og unge som har behov for spesialiserte barneverntenester hittil i 2018, gjer denne føresetnaden usikker. Talet på barn som kjem inn i det statlege barnevernet og behov for ulike typer tiltak varierer over tid. Saman med at Bufetat ikkje kan styre inntaket av barn og unge, gjer dette overslaga over utgiftene til det statlege barnevernet i 2019, usikre.

Vinteren 2018/2019 er det planlagt å opne to omsorgs- og behandlingsinstitusjonar for barn som har behov for psykisk helsehjelp samstundes som dei får langvarig og/eller spesialisert omsorg utanfor heimen. Institusjonane blir etablerte i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet. Når dei to institusjonane er i heilårsdrift frå 2019, vil det gi ei ny fordeling av utgiftene mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet. Departementet føre-

slår derfor å redusere løyvinga på posten med 9 mill. kroner mot tilsvarende auke på kap. 732, post 70, jf. omtale i Prop. 1 S for Helse- og omsorgsdepartementet.

Departementet føreslår ei løyving på 3 836,2 mill. kroner i 2019.

### **Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast**

Posten dekkjer i hovudsak utgifter til forskning, men òg utviklingstiltak for å styrkje kvaliteten i arbeidet til barnevernet, slik at brukarane får eit betre tilbod.

Departementet føreslår ei løyving på 24,1 mill. kroner i 2019.

### **Post 22 Kjøp av private barnevernstenester, kan nyttast under post 01**

Posten dekkjer kjøp av private barnevernstiltak. Det er i forslag til løyving i 2019 lagt til grunn

samme føresetnadar som i Saldert budsjett 2018. Overslaga for dei totale utgiftene i det statlege barnevernet, inkludert kjøp av private barnevernstenester, i 2019, er usikre. Sjå nærare omtale under post 01.

Departementet føreslår ei løyving på 2 623,1 mill. kroner i 2019.

### **Post 60 Refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak, kan nyttast under post 01**

Posten dekkjer overføringar til kommunane for refusjon av utgifter til forsterking av fosterheimar og nærmiljøbaserte tiltak som overstig satsen for kommunale eigendelar. Refusjonane er regulerte i rundskriv om oppgave- og ansvarsfordeling mellom kommunar og statlege barnevernsstyresmakter.

Departementet føreslår ei løyving på 426,8 mill. kroner i 2019.

## **Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Diverse inntekter	21 540	15 569	16 021
02	Barnetrygd	2 429	3 959	3 959
60	Kommunale eigendelar	1 372 274	1 472 039	1 437 256
	Sum kap. 3855	1 396 243	1 491 567	1 457 236

### **Post 01 Diverse inntekter**

Størstedelen av inntektene på posten er eit resultat av at kommunen skal dekkje ekstrautgifter som gjeld den einskilde bebuaren ved plassering i statlege tiltak, når utgiftene ikkje er knytte til tiltak som er ein del av institusjonstilbodet. Dette er nærare spesifisert i rundskriv Q-06/2007. I tillegg blir tilfeldige inntekter rekneskapsførte på posten.

Departementet føreslår ei løyving på 16 mill. kroner i 2019.

### **Post 02 Barnetrygd**

På posten er det budsjettert med barnetrygd for barn under omsorg av barnevernet. Utgifter som motsvarer refusjonane, blir rekneskapsførte på kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet.

Departementet føreslår ei løyving på 4 mill. kroner i 2019.

### **Post 60 Kommunale eigendelar**

På posten er det budsjettert med kommunale eigendelar i samband med opphald i barnevernsinstitusjon eller fosterheim eller ved tiltak i heimen. Departementet legg opp til å prisjustere eigendelane til kommunane frå inntil 70 320 kroner til inntil 72 290 kroner per barn per måned for opphald i institusjon og senter for foreldre og barn. For andre tiltak blir eigendelen prisjustert frå inntil 33 110 kroner til inntil 34 040 kroner per barn per måned. Kommunane som er med i forsøket med auka kommunalt ansvar for barnevernet vil betale særskilt fastsette prisar for statlege tiltak.

Aktivitetsutviklinga dei siste åra og ei vridning frå bruk av institusjon til meir bruk av fosterheim har ført til lågare inntekter frå kommunale eigendeler. I revidert nasjonalbudsjett for 2018 blei derfor inntektene reduserte med 74 mill. kroner. Departementet legg til grunn at den vridninga i tiltakssamansetning som vi har sett dei siste åra, vil vare ved, og føreslår å vidareføre

inntektsreduksjonen frå revidert nasjonalbudsjett for 2018. Justert for prisjustering føreslår departementet derfor at kap. 3855, post 60 blir redusert med 76 mill. kroner.

Departementet føreslår ei løyving på 1 437,3 mill. kroner i 2019. Overslaga for inntekter knytte til kommunale eigendelar i 2019 er usikre.

## Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	459 547	213 801	141 429
	Sum kap. 0856	459 547	213 801	141 429

### Post 01 Driftsutgifter

Bufetat har eit lovfesta ansvar for å gi barn under 15 år som har komme til landet og søkt vern utan foreldre eller andre med foreldreansvar, tilbod om opphald på eit omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøklarar under 15 år. Posten dekkjer utgifter til drift av statlege omsorgssenter, arbeid med godkjenning av private senter, opplæring og oppfølging, arbeid med anskaffingar, administrasjon og arbeidet med busetjing av einslege mindreårige frå omsorgssentera. Løyvinga dekkjer òg eventuelle kjøp av plassar i private omsorgssenter.

Det var ein sterk nedgang i talet på barn som kom i 2016 og 2017, samtidig som dei som hadde

komme tidlegare, etter kvart blei busette i ein kommune. Det er òg venta at talet på einslege mindreårige asylsøklarar under 15 år i 2018 og i 2019 vil vere lågt. Departementet føreslår å redusere løyvinga med 75 mill. kroner som følgje av venta reduksjon i talet på barn i 2019. Dette gir ein kapasitet på 50 plassar i dei statlege omsorgssentera. Dette er ein reduksjon på 40 plassar frå saldert budsjett 2018. Det er usikkerheit knytt til talet på barn som til ei kvar tid bur i omsorgssentera. Det kan derfor vere store svingingar rundt dette gjennomsnittet i løpet av året. Kapasiteten som er igjen i statlege omsorgssenter, gir noko rom for slike svingingar.

Departementet føreslår ei løyving på 141,4 mill. kroner i 2019.

## Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Diverse inntekter	280		
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	118 448	138 536	110 127
	Sum kap. 3856	118 728	138 536	110 127

### Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter som er knytte til mottak av asylsøklarar og flyktningar, kan ifølgje OECD/DACs (Development Assistance Centre) statistikkdirektiv godkjennast som offisiell

utviklingshjelp. Ifølgje retningslinjene frå OECD/DAC er det berre utgifter det fyrste året som kan ODA-godkjennast. Det er venta at alle barn i omsorgssenter har butid under eitt år i 2019.

Utrekninga av inntekter på posten tek i dag utgangspunkt i at ein prosentdel av driftsutgiftene

ved omsorgssentera kan ODA-godkjennast. Vidare blir ikkje utgifter til ledige omsorgssenterplassar ODA-godkjende i dag. Medlemslanda i OECD har operert med ulik praksis for kva slags flyktningutgifter i eige land som blir rapporterte som ODA. OECD/DAC har saman med medlemslanda klargjort kva slags flyktningutgifter som kan godkjennast som ODA. Som følge av dette gjekk regjeringa våren 2018 gjennom norsk praksis.

Det blir føreslått at heile utgifta ved omsorgssentera, unnateke administrative utgifter ved busetting, skal bli godkjend som ODA-utgift frå 2019. Dette inneber at utgiftene til ledige plassar i

omsorgssentera òg no skal ODA-godkjennast. Departementet viser til nærare omtale av endringane i godkjenninga av ODA-utgifter i Prop. 1 S for Utanriksdepartementet. Regjeringa føreslår at 110,1 mill. kroner av utgiftene på kap. 856, post 01 blir rapporterte inn som utviklingshjelp, jf. kap. 167 *Flyktningtiltak i Norge, godkjent som utviklingshjelp (ODA)*, post 21 *Spesielle driftsutgifter* på budsjettet til Utanriksdepartementet. Det tilsvarende beløpet blir ført som inntekt på denne posten.

Departementet føreslår ei løyving på 110,1 mill. kroner i 2019.

## Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 855 post 01</i>	261 891	257 671	280 076
21	Spesielle driftsutgifter	13 376	14 217	15 556
	Sum kap. 0858	275 267	271 888	295 632

Ansvarsområdet til verksemda

Bufdir skal fremje utvikling for barn, ungdom, vaksne og familiar og har ansvar for å gjennomføre politikken regjeringa har på området. Bufdir skal også vere ein god kunnskapsforvaltar og fagleg premissleverandør for desse fagområda:

- barnevernet
- familievernet
- adopsjon
- likestilling og ikkje-diskriminering
- arbeidet mot vald og seksuelle overgrep

Bufdir er etatsstyrar for Bufetat. Hovudoppgåva til etaten er å gi hjelp, støtte og tiltak til barn, unge og familiar som treng det. Kvaliteten på tenestene Bufetat tilbyr, skal vere riktig og høg i heile landet.

Ansvarsområda for direktoratet omfattar òg tiltak under desse budsjettkapitla:

- kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep
- kap. 841 Samliv og konfliktløsning
- kap. 842 Familievern
- kap. 843 Adopsjonsstønad
- kap. 846 Familie og oppvekst
- kap. 847 EUs ungdomsprogram
- kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet
- kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet

- kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einlege mindreårige asylsøkjjarar
- kap. 871 Likestilling og ikkje-diskriminering
- kap. 872 Nedsett funksjonsevne

### Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 855 post 01

Løyvinga dekkjer lønn og andre driftsutgifter i Bufdir. Dette inkluderer opplæring, leige og drift av lokale og kjøp av varer og tenester.

Bufdir skal òg nytte midlane på posten til å finansiere og bestille forskning og kunnskapsamandrag. Direktoratet skal formidle kunnskap frå forskning og statistikk og utarbeide faglege dokument og tilrådingar til støtte for utøving av praksis i ulike delar av arbeidet til barnevernet.

Samarbeidsprosjektet DigiBarnevern medfører nye oppgåver i direktoratet i samband med utvikling, innføring og forvaltning av digitale fellesløysingar for kommunalt barnevern. Posten blir derfor føreslått auka med 4,75 mill. kroner.

Som ledd i *Opptrappingsplanen mot vold og overgrep (2017–2021)* har familievernet blitt styrkt vesentleg. Det er naudsynt å vidareutvikle tilbodet frå familievernet til familiar som lever med vald. Det vil vere behov for stillingar i Bufdir

til dette arbeidet i heile planperioden for opptrappingsplanen. For å sikre gode og stabile rammevilkår for utviklingsarbeidet i familievern ser departementet det som formålstenleg at denne oppgåva blir teken i vare innanfor ramma av det ordinære budsjettet for Bufdir. Derfor føreslår departementet å auke løyvinga med 6,2 mill. kroner. Midlane blir flytta frå kap. 842.

Bufdir har i dag oppdraget med å utvikle ei mentorordning for unge som er utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og tvangsekteskap. Departementet føreslår at midlar som går til drift av mentorordninga og fagleg nettverk kopla opp mot bu- og støttetilbodet i Bufdir, blir flytta frå budsjettet for Kunnskapsdepartementets til budsjettet for Barne- og likestillingsdepartementet. Det er derfor føreslått å auke posten med 0,3 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på kap. 291, post 21, jf. omtale i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.

Departementet føreslår å auke posten med 5,1 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01, jf. omtale i Prop. 1 S for Justis- og

beredskapsdepartementet. Midlane skal nyttast til den planlagde funksjonen som skal arbeide med oppfølging og rettleiing av barnevern og andre relevante etatar i saker som handlar om mindreårige offer for menneskehandel. Bufdir får ansvar for å etablere ein slik funksjon.

Departementet føreslår ei løyving på 280,1 mill. kroner i 2019.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga dekkjer utgifter til forskning og utviklingstiltak, inkludert vidare utvikling av IKT og digitalisering i Bufdir. Løyvinga dekkjer også utbeta-lingar av godtgjersle til medlemmene i fordelingsutvalet.

Posten blir føreslått auka med 1 mill. kroner kvart år til evaluering og følgjeforskning av tilskotsordninga *Støtte til oppfølgings- og losfunksjonar for ungdom* i perioden 2019–2021.

Departementet føreslår ei løyving på 15,6 mill. kroner i 2019.

## Kap. 3858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Diverse inntekter	1 747	470	484
	Sum kap. 3858	1 747	470	484

### Post 01 Diverse inntekter

Inntektene skriv seg frå ulike prosjekt og tiltak og er knytte til eigendelar i samband med deltaking i

kurset for foreldre *Hva med oss?* og inntekter i samband med andre samlivstiltak.

Departementet føreslår ei løyving på 484 000 kroner i 2019.

## Programkategori 11.30 Forbrukarpolitikk

### Hovudinnhald og prioriteringar

Forbrukarpolitikken skal gi forbrukarane ei sterk stilling. Forbrukarane skal ha gode rettar, og ved brot på rettane skal dei ha eit best mogleg vern. I kjøpssituasjonar skal forbrukarane vere i stand til å ta informerte val, kjenne rettane sine og framgangsmåten dersom dei er misnøgde. Oppstår det tvistar mellom forbrukarar og næringsdrivande, skal partane ha tilgang til eit effektivt system for å løyse desse på ein rimeleg og god måte.

For å få eit sterkt og effektivt forbrukarapparat blei regionkontora til Forbrukarrådet frå 1. mai 2017 grupperte om til tre større einingar i Tromsø, Stavanger og Skien. I tillegg endra Forbrukarombodet namn til Forbrukartilsynet frå 1. januar 2018. Ved endringar i marknadsføringslova og angrerettlova blei Forbrukartilsynet samtidig gitt vedtakskompetanse i alle saker. Marknadsrådet, som tidlegare gjorde vedtak, blei klageinstans. Endringane frå 1. januar gjer det mogleg for tilsynet å gripe raskare og meir effektivt inn mot næringsdrivande som bryt lovverket.

Lova om gjeldsinformasjon tredde i kraft 1. november 2017. Med grunnlag i denne har BLD i 2018 gitt konsesjon til to gjeldsinformasjonsføretak. Gjeldsinformasjonsføretaka skal sørge for at bankar og andre som låner ut pengar, kan dele informasjon seg imellom om gjelda til kundane. Dette gir grunnlag for betre kredittvurderingar og for at færre skal få alvorlege gjeldsproblem.

Den teknologiske utviklinga fører til stadig nye endringar innanfor dei fleste samfunnsområde og i forbrukaråtferda. Nesten grenselaus tilgang til informasjon, kommunikasjon og handel gjennom digitale medium gir forbrukarane nye moglegheiter, men òg utfordringar. På den eine sida kan forbrukarane raskt skaffe seg oversikt i marknadene. Dei kan òg enklare by fram eigne varer og tenester for sal eller utleige gjennom digitale plattformer. På den andre sida må forbrukarane handtere stadig aukande mengder informasjon, som ofte kan vere motstridande. Rolla som forbrukar blir med det samansett og krevjande. Forbrukarane må òg i aukande grad kunne handtere digitale verktøy og digital kommunikasjon for å delta på mange etablerte marknader.

Marknaden for kreditt er eit døme. Med berre nokre få tastetrykk er det blitt mogleg å få innvilga lån. Rolla som forbrukar er særleg krevjande i marknader der vilkåra for kjøp og bruk av tenestene er kompliserte og uklare. Forbrukarrettane blir utfordra på ein annan måte enn før når personopplysingar blir nytta som ei handelsvare mellom næringsdrivande utan at forbrukaren er klar over eller ønskjer det.

Barn og unge er særleg sårbare brukarar av digital teknologi. Dei er aktive på sosiale medium, som har blitt ein stadig vanlegare kanal for påverknad og marknadsføring. Samstundes er barn og unge i mindre grad enn vaksne i stand til å identifisere og forstå reklame. Bruk av sosiale medium ser òg ut til å vere ein viktig grunn til at barn og unge opplever kroppspress og utviklar kroppsideal.

Regjeringa vil møte desse og andre utviklingstrekk med ein aktiv forbrukarpolitikk. Våren 2019 vil regjeringa leggje fram ei melding for Stortinget der målet er å gjere prioriteringane tydelegare, identifisere utfordringar og fremje tiltak som kan styrkje stillinga til forbrukarane. Det vil bli lagt særleg vekt på den digitale kvardagen til forbrukarane. Stillinga deira i bustadmarknaden og finansmarknaden er òg blant emna som vil bli omtalte.

For særleg å styrkje arbeidet med tilsyn og rettleiing på digitalområdet, er løyvinga til Forbrukartilsynet føreslått auka med 6 mill. kroner frå 2019.

Det som skjer i EU, har mykje å seie for utforminga av regelverk som regulerer forholda for forbrukarane i Noreg. For å medverke til eit høgt og fullgodt forbrukarvern vil BLD halde fram med å engasjere seg i arbeidet til EU med utforming av forbrukarpolitikk og -regelverk. For å styrkje denne medverknaden og medverke til ein aktiv europapolitikk på forbrukarområdet mv. er det oppretta ei rådsstilling ved den norske EU-delegasjonen i Brussel frå november 2018. Råden skal dekkje forbrukarrelaterte oppgåver, men også einskilde andre oppgåver som er knytte til ansvarsområdet til BLD.

I april 2018 blei ein pakke med to direktivforslag, «A New Deal for Consumers», lagd fram av



EU-kommisjonen. Hovudføremålet er å modernisere regelverket, styrkje handhevinga og medverke til at forbrukarane får det dei har krav på. For å få innspel til ein eventuell norsk posisjon på direktiva blei forslaga sende på nasjonal høyring av BLD i juni 2018.

Forordninga om samarbeid mellom nasjonale organ med ansvar for handheving av forbrukarvernlovgivinga (nr. 2017/2394) blei vedteken i desember 2017. Forordninga, som skal medverke til god og effektiv handheving av felleseuropeiske forbrukarvernreglar, trer i kraft 17. januar 2020. Forslag til gjennomføring av forordninga i norsk rett blei send på høyring juni 2018, og BLD arbeider no med å følgje opp denne høyringa.

Ny lov om pakkereiser og reisegaranti mv. (pakkereiselova) som gjennomfører EU-direktiv om pakkereiser (2015/2302/EU), tredde i kraft 1. juli 2018. Den nye lova gir mellom anna tydelegare reglar om informasjon og plikter for partane i ein pakkereiseavtale. Ved at forbrukarar over heile Europa får like rettar ved kjøp av pakkereiser og samansette reisearrangement blir grunnlaget for handel over landegrensene styrkt.

Finansielle tenester er tenester alle forbrukarar er avhengige av, men som det kan vere krevjande å setje seg inn i og forstå. Det kan både vere vanskeleg å få oversikt over tilboda i marknaden og avtalevilkåra. Ei ny finansavtalelov er under arbeid. Eit føremål med den nye lova er å sikre forbrukarar betre informasjon før dei inngår avtalar om mellom anna kreditt.

Å kjøpe bustad er ei av dei største investeringane forbrukarar gjer. Regjeringa arbeider for at det skal bli tryggare å kjøpe og selje bustad. Betre opplyste bustadhandlar kan medverke til færre tvistar. Justis- og beredskapsdepartementet vil leggje fram ein lovproposisjon om endringar i avhendingslova som mellom anna vil auke kvaliteten på og bruken av tilstandsrapportar. Som omtalt vil stillinga til forbrukarane i bustadmarknaden òg vere eit viktig emne i stortingsmeldinga om forbrukarpolitikken.

BLD sette i juni 2018 ned eit ekspertutval som skal greie ut om det er føremålstenleg å påleggje næringsdrivande ei informasjonsplikt knytt til arbeid med samfunnsansvar og oppfølging av leverandørkjeder. Utvalet skal levere utgreiinga si i løpet av 2019. Sjå òg omtale ovanfor av oppmodingsvedtak nr. 890 av 13. juni 2016 og oppmodingsvedtak nr. 200 av 12. desember 2017.

## Mål

BLD har for 2019 følgjande mål innanfor forbrukarområdet:

---

### Mål

- Eit effektivt tilsyn på prioriterte område.
  - Eit godt system for klagehandsaming som er godt kjent for forbrukarane.
  - Betre informasjonsløysingar som er godt kjende for forbrukarane.
- 

Måla og bakgrunnen for dei er nærare omtalte under overskriftene *Klagehandsaming og tilsyn og Informasjon og kunnskap* nedanfor.

## Resultatrapport og strategiar

### Reglar og rammevilkår

Nedanfor blir relevant lovarbeid i BLD og andre tiltak som skal ta vare på og styrkje rettane og vilkåra til forbrukarane, omtalte. Det blir gjort greie for oppnådde resultat i 2017 og i første halvdel av 2018, og for planlagde tiltak i 2019.

Prioritert i 2019 er medverknad og oppfølging av aktuelle prosessar om nytt EU-regelverk som legg føringar for det norske regelverket om forbrukarvern.

### Regelverksarbeid

Det som skjer i EU, har mykje å seie for utforminga av det norske regelverket på forbrukarområdet. Deltaking i arbeidet til EU med å utforme forbrukarpolitikk og -regelverk er derfor avgjerande for å sikre eit fullgodt forbrukarvern.

Etter ein gjennomgang av store delar av forbrukarregelverket konkluderte EU-kommisjonen i mai 2017 med at dette i det store og heile fungerer bra, men at det er behov for visse målretta endringar. Ein pakke med to direktivforslag, «A New Deal for Consumers», blei derfor lagd fram av EU-kommisjonen i april 2018. Forslaga skal både modernisere regelverket, styrkje handhevinga av det og medverke til at forbrukarane i større grad får det dei har krav på.

Forslaga vil gi forbrukarorganisasjonar og andre som kan representere dei kollektive interessene til forbrukarane, rett til å reise sak for ei administrativ styresmakt eller ein domstol for til dømes å få vedtak om kompensasjon for økonomiske tap. Dei vil òg sikre meir proporsjonale,

effektive og avskrekkande sanksjonar ved brot på forbrukarvernreglane. Forbrukarane vil få konkrete rettar ved brot på regelverket om urimeleg handelspraksis. Andre delar av forslaga skal sikre viktige forbrukarrettar ved avtalar om digitale tenester som blir betalte med personopplysingar og data. Det blir òg krav om betre informasjon på nettbaserte plattformer og justering av informasjonskrav og reglane om angrevert.

Direktivforslaga blei sende på nasjonal høyring av BLD i juni 2018. BLD vurderer ein eventuell norsk posisjon på forslaga.

Eit anna viktig EU-initiativ er forordning nr. 2017/2394 om forbrukarvernssamarbeid, som blei vedteken 12. desember 2017. Forordninga erstattar gjeldande forordning nr. 2006/2004 og inneheld meir detaljerte og forpliktande reglar om samarbeidet mellom handhevingsorgana i EU/EØS-området ved grenseoverskridande forbrukarsaker. Vidare gir forordninga handhevingsorgana utvida undersøkings- og handhevingsmyndigheit. Handhevingsorgana vil mellom anna enklare kunne undersøkje og stanse brot på forbrukarvernreglar i den digitale sfæren. Dei vil til dømes kunne fjerne innhald på nettsider, appar eller eventuelt stenge tilgangen til dei. Forordninga trer i kraft 17. januar 2020, som òg er fristen for gjennomføringa i EU. Det er venta at forordninga vil bli innlemma i EØS-avtalen i løpet av 2018, noko som vil gi same gjennomføringsfrist for Noreg. Forordninga krev endringar i regelverk som regulerer Forbrukartilsynet, Helse- og legemiddelverket, Luftfartstilsynet, Lotteritilsynet, Medietilsynet, Statens vegvesen, Statens jernbanetilsyn og Sjøfartsdirektoratet. Sommaren 2018 sende BLD på høyring forslag om gjennomføring av forordninga i norsk rett for nokre av handhevingsorgana, mellom anna Forbrukartilsynet. Forslag til endringar i regelverk for dei andre handhevingsorgana vil bli sendt på høyring av andre ansvarlege fagdepartement.

Ny lov om pakkereiser og reisegaranti mv. (pakkereiselova) treddi i kraft 1. juli 2018. Lova erstattar den tidlegare pakkereiselova. Den nye lova gjennomfører EU-direktivet om pakkereiser (2015/2302/EU). Direktivet inneheld mellom anna reglar om informasjon, om plikter til partane i ein pakkereiseavtale, om samansette reisearrangement og om ei garantiordning for å verne forbrukaren dersom reisearrangøren går konkurs. Direktivet byggjer på prinsippet om totalharmonisering, det vil seie at alle medlemsstatane skal ha like reglar på områda som direktivet regulerer. Lova gir tydelegare reglar enn den tidlegare pakkereiselova. Den største fordelene med den nye

lova er at forbrukarar i heile Europa får like rettar ved kjøp av pakkereiser og samansette reisearrangement. Dermed blir handelen over landegrensene styrkt. Krava til informasjon til forbrukarar før avtale blir inngått blir òg skjerpte. Det er lagt opp til at Forbrukartilsynet skal føre tilsyn med lova.

Lova om gjeldsinformasjon treddi i kraft 1. november 2017. Med grunnlag i denne har BLD i 2018 gitt konsesjon til to gjeldsinformasjonsforetak. Gjeldsinformasjonsforetaka skal sørge for at bankar og andre som låner ut pengar, kan dele informasjon seg imellom om kundane si gjeld. Dette gir grunnlag for betre kredittvurderingar og for at færre skal få alvorlege gjeldsproblem.

Delingsøkonomiutvalet leverte utgreiinga si 6. februar 2017 (NOU 2017: 4 *Delingsøkonomien – muligheter og utfordringer*). I innstillinga konkluderer utvalet med at delingsøkonomien representerer positive moglegheiter for norsk økonomi.

Det er i liten grad meldt om forbrukarproblem i samband med delingsøkonomien i Noreg. Det er likevel viktig å førebyggje slike problem ved nødvendig og tilstrekkeleg informasjon til forbrukarane. Forbrukarstyresmaktene følgjer utviklinga tett. Forbruksforskningsinstituttet SIFO utarbeidde i 2017 ein rapport om temaet. Forbrukartilsynet rettleier næringsdrivande i delingsøkonomien om korleis dei kan vise omsyn til forbrukarane og informere tydeleg om vilkåra for handelen på dei digitale plattformene. Dette er òg eit av temaa som EU-kommisjonen ser på i det pågåande arbeidet med å forenkle og forbetre dei europeiske forbrukarvernreglane.

#### Forbrukardeltaking i standardiseringsarbeid

Stadig fleire produkt og tenester blir regulerte med standardar. Standardane blir utvikla i samarbeid mellom ulike marknadsaktørar, både nasjonalt, og internasjonalt, på europeisk nivå eller gjennom Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen (ISO). For å sikre gode og balanserte standardar er det viktig at representantar for forbrukarinteresser deltek i utviklinga. Talet på forbrukarrepresentantar i relevante standardiseringsprosjekt var i 2017 stabilt samanlikna med tidlegare år.

Forbrukarpåverknad i nasjonalt og internasjonalt standardiseringsarbeid er eit langsiktig arbeid som krev kontinuitet. Samarbeidet mellom BLD, Forbrukarrådet og Standard Norge om eit fagråd og eit forbrukarsekretariat i Standard Norge blei derfor ført vidare i 2017. Målet var å få fleire til å ta del i utvikling av standardar, gjennom

informasjon og nettverksarbeid. BLD gav i 2017 tilskot til reisestønad til forbrukarrepresentantar i ulike standardiseringsprosjekt. Føremålet med reisestønaden er å stimulere til auka forbrukarpåverknad i standardiseringa.

BLD vil i 2019 føre vidare samarbeidet med Forbrukarrådet og Standard Norge om eit fagråd og eit forbrukarsekretariat i Standard Norge. Sekretariatet skal koordinere og formidle kunnskap om forbrukarinteresser som er viktige i standardisering, og rettleie deltakarar i standardiseringsarbeid. Forbrukarrepresentantar kan òg i 2019 søkje om reisestønad for å delta i prioriterte prosjekt.

#### Forsknings- og utgreiingsarbeid

Skal reglane og rammevilkåra til forbrukarane bli gode, er det nødvendig å få fram fakta og kunnskap om situasjonen til forbrukarane.

Forbruksforskningsinstituttet SIFO, som er ein del av OsloMet – storbyuniversitetet, har i mange år vore ein sentral leverandør av kunnskap på forbrukarområdet. Instituttet hadde i 2017 som oppdrag å føre vidare forskning som departementet har særleg nytte av.

SIFO-surveyen, som mellom anna kartlegg kva haldningar og kunnskapar forbrukarane har om ulike tema, og korleis forbrukarmarknadene fungerer, blei ført vidare i 2017. Denne undersøkinga følgjer utviklinga på ulike forbruksområde over tid. Nokre tema blir følgde opp kvart år, medan andre kjem med ujamne mellomrom. SIFO har presentert dei viktigaste funna i 2017 i to trendrapportar. Funna handlar mellom anna om tema som bruk av usikra kreditt, kvalitet på klede og reklamasjon, kva kunnskap forbrukarane har om rettane sine, handling av matvarer på nett, og mobilapplikasjonar i daglegvaremarknaden. Referansebudsjettet for hushaldsutgifter, som blir nytta av både offentlege og private instansar, blei oppdatert og vidareutvikla med eit forbrukarbasert levekårs mål. SIFO kartla òg korleis forbrukslån blir marknadsført, og kva grupper av forbrukarar som tek opp usikra kreditt.

Departementet ser det som viktig at forbruksforskninga kan gi styresmaktene betre forståing for korleis digitalisering og ny teknologi påverkar tilhøva for forbrukarane. På oppdrag frå BLD kartla SIFO i 2017 både bruken av stordata innanfor områda finans, daglegvarer og media, og barns tilgang på nettilkopla leiker og teknologiar. Det kom mellom anna fram at personopplysingar har blitt ei viktig handelsvare som kan analyserast og nytast for kommersielle føremål.

Som ein del av grunnlaget for den komande stortingsmeldinga om forbrukarpolitikken, leverte SIFO våren 2018 kunnskapsoppsummingar om bustadmarknaden, daglegvaremarknaden, det grøne skiftet og digitaliseringa av dagleglivet til forbrukarane.

BLD vil òg i 2019 gi SIFO viktige forskingsoppdrag som er knytte til fakta/dokumentasjon om forbruk, forbrukarhaldningar og tilhøva for forbrukarane. Som ein del av dette vil arbeidet med referansebudsjettet og forskinga om forbrukarøkonomi bli ført vidare. Departementet ser det òg som viktig at SIFO held fram med å kartleggje konsekvensar, moglegheiter og utfordringar som digitaliseringa medfører for forbrukarane.

EU-kommisjonen gjennomfører jamleg undersøkingar om tilhøva for forbrukarane innanfor heile den indre marknaden. Noreg er innlemma i desse undersøkingane gjennom rammeprogrammet for forbrukarpolitikk. SIFO har fått ansvar for å følgje opp desse undersøkingane, utnytte og tolke data frå dei og gjere resultatata tilgjengelege nasjonalt, mellom anna som innspel til forbrukarpolitikken til regjeringa. Det er ikkje lagt opp til endringar i dette i 2019.

#### Klagehandsaming og tilsyn

Nedanfor blir først arbeidet til Forbrukarrådet, Forbrukarklageutvalet og Forbrukar Europa med forbrukarklager omtalt. Deretter blir arbeidet til Forbrukartilsynet (tidlegare Forbrukarombodet) og Marknadsrådet omtalt. Det blir gjort greie for utviklingstrekk og resultat i 2017 og inn i 2018, og for planlagde tiltak i 2019.

Prioritert i 2019 er mellom anna styrking av Forbrukartilsynet sitt arbeid med tilsyn og rettleiing på digitalområdet.

#### Klagehandsaminga til Forbrukarrådet og Forbrukarklageutvalet

Forbrukarane skal ha tilgang til god og effektiv løysing av klagesaker utanfor domstolane. Tvistar mellom forbrukarar og næringsdrivande handlar ofte om små beløp, og domstolhandsaming vil derfor ofte vere for ressurskrevjande.

På bakgrunn av dette er det over fleire år utvikla eit system for utanrettsleg handsaming av slike saker, som Forbrukarrådet og Forbrukarklageutvalet er sentrale delar av.

Talet på klagesaker til Forbrukarrådet og Forbrukarklageutvalet gjekk ned i 2017. Den langsiktige trenden er likevel at talet på klagesaker har auka. Sidan det ikkje er mogleg å føreseie talet på

klagesaker, er det utfordrande å unngå at saks-  
handsamingstida blir lang. I tillegg er det truleg at  
mange forbrukarar ikkje har god nok kjennskap  
til systemet for klagehandsaming, og derfor ikkje  
nyttar det når dei treng det. Systemet for klage-  
handsaming skal ikkje berre fungere godt i seg  
sjølv; skal det tene føremålet og bli brukt, må det  
øg vere kjent for forbrukarar som opplever pro-  
blem.

Departementet har derfor dette målet for  
arbeidet med klagehandsaming:

- *Eit godt system for klagehandsaming som er godt  
kjent for forbrukarane.*

Talet på saker som er handsama, delen løyste  
saker, handsamingstider og brukarundersøkingar  
er indikatorar for kor godt systemet er. I tillegg  
kan talet på innkomne saker og brukarunder-  
søkingar seie noko om kor godt kjent systemet er.

Forbrukarrådet meklar no i nær alle typar tvis-  
tar mellom forbrukarar og næringsdrivande som  
ikkje er omfatta av eit anna klageorgan. I 2017  
fekk Forbrukarrådet inn 8 317 klagesaker frå for-  
brukarar som opplevde problem. 92 prosent av  
desse sakene handla om kjøp av varer, handver-  
kartenester og angrerett. Resten (8 prosent) var  
saker som gjaldt tenester som ikkje fell inn under  
forbrukarlovane eller ei klagenemnd, og som For-  
brukarrådet starta å mekle frå 1. juli 2015. I tillegg  
fekk Forbrukarrådet inn nærare 900 saker som  
fell utanfor rådets ansvarsområde, og som blei  
viste vidare til rett klageorgan.

Forbrukarrådet klarte i 2017 å løyse 70 pro-  
sent av klagesakene. Det var ingen forskjell i  
delen løyste saker mellom sakene som gjaldt  
varer, handverkarkjøp og angrerett, og sakene  
som gjaldt tenester. Fordi Forbrukarrådet no legg  
ein snevrare definisjon til grunn for kva saker som  
skal reknast som løyste, kan ikkje delen saker  
som blei løyste i 2017 samanliknast med delen  
løyste saker frå tidlegare år.

Etter *lov om godkjenning av klageorganer for  
forbrukersaker* skal handsamingstida for klage-  
sakene til Forbrukarrådet som hovudregel ikkje  
vere på meir enn 90 dagar. Handsamingstida var i  
2017 på 89 dagar i snitt, og lovkravet blei dermed  
ikkje oppfylt for alle sakene.

Med mindre noko uføresett skjer, reknar For-  
brukarrådet med å oppfylle 90-dagarskravet i  
2019. Mange nye sakshandsamarar som blei til-  
sette i samband med at Forbrukarrådet blei omor-  
ganisert i 2017, vil då ha fått meir opplæring og  
erfaring. Arbeidsprosessane for klagehand-  
saminga er òg gjennomgått for å sikre høgare  
effektivitet og riktig kvalitet.

Brucarundersøkingar som Forbrukarrådet  
gjennomførte i 2017, viste at mange – både av kla-  
garane og dei klagene retta seg mot – var tilfredse  
med klagehandsaminga. På ein skala frå 0 til 5,  
der 0 var dårlegast, fekk Forbrukarrådet i snitt ein  
skår på 3,7. Dette er same resultat som i 2016.

Dei fleste sakene om varer, handverkartenes-  
ter og angrerett som Forbrukarrådet ikkje klarer  
å løyse, blir sende vidare til Forbrukarklageut-  
valet. I 2017 fekk Forbrukarklageutvalet inn 1 540  
saker, mot 2 350 i 2016. Handsamingstida, som i  
byrjinga av året var på rundt sju månader, kom  
mot slutten av året ned mot lovkravet om hand-  
saming innan 90 dagar. Restansane blei reduserte  
med over 600 saker. Reduksjonen i handsamings-  
tida og restansane har både samanheng med ned-  
gangen i talet på saker og gjennomførte tiltak for å  
auke handsamingskapasiteten. I samband med  
revidert nasjonalbudsjett for 2017 blei Forbrukar-  
klageutvalet tilført ekstra ressursar, som mellom  
anna blei nytta til å arrangere fleire utvalsmøte.

Så sant saksinngangen ikkje aukar sterkt,  
reknar BLD med at Forbrukarklageutvalet fram-  
over vil oppfylle 90-dagarskravet for handsamings-  
tida. Sommaren 2018 blei derfor Forbrukarklage-  
utvalet meldt inn som kvalifisert klageorgan til  
EU-kommisjonen.

#### Klagehandsaminga til Forbrukar Europa

For å gjere det enklare å klage på kjøp over lande-  
grensene i EU og EØS-området, har EU-kommi-  
sjonen i samarbeid med nasjonale forbrukarorga-  
nisasjonar etablert eit nettverk av forbrukarkon-  
tor i dei fleste europeiske landa (European Con-  
sumer Centre Network). Kontoret i Noreg (Forbru-  
kar Europa) registrerte 3 129 førespurnader i  
2017, som er noko færre enn i 2016. Av desse  
var 941 førespurnader frå forbrukarar som søkte  
informasjon. 1 929 var frå forbrukarar som trong  
hjelp i samband med klage på næringsdrivande i  
ein annan EU/EØS-stat. 259 var klagesaker delt  
med eit søsterkontor. Dei fleste førespurnadene  
kom frå nordmenn. BLD er nøgd med at mange  
nyttar Forbrukar Europa. Ein reknar med at talet  
på førespurnader til Forbrukar Europa vil halde  
seg på eit høgt nivå. I tillegg er Forbrukar Europa  
utnemnd som norsk kontaktpunkt for den euro-  
peiske klageportalen.

Arbeidet til Forbrukartilsynet og sakene til  
Marknadsrådet

Forbrukarane blir dagleg utsette for store meng-  
der marknadsføring, ikkje berre gjennom trykte

medium, radio og TV, men òg gjennom Internett og sosiale medium. Meir av marknadsføringa går føre seg i kanalar og med metodar som for få år sidan var ukjende. Meir eller mindre tydeleg marknadsføring på sosiale medium og bloggsider er døme på det siste. Ein del marknadsføring, til dømes av kreditt, opplever mange som meir aggressiv enn før.

Både av omsyn til forbrukarar og andre næringsdrivande set marknadsføringslova rammer for marknadsføringa og avtalevilkåra til næringsdrivande. Sidan lova åleine ikkje er tilstrekkeleg for å sikre gode tilhøve, har Forbrukartilsynet fått i oppgåve å føre tilsyn med at varer og tenester blir marknadsførte i samsvar med lova, og med at vilkåra næringsdrivande nyttar i avtalar med forbrukarar, ikkje er urimelege.

Dei nemnde utviklingstrekkja gjer at ansvaret til Forbrukartilsynet er blitt meir omfattande og utfordrande, og departementet har derfor dette målet:

– *Eit effektivt tilsyn på prioriterte område.*

I 2019 vil Forbrukartilsynet bli bedt om mellom anna å prioritere tilsyn på digitalområdet, bustadområdet og med marknadsføring av kreditt.

Forbrukartilsynet skal gjennom forhandlingar og enkeltvedtak få næringsdrivande til å følgje reglane i marknadsføringslova og andre lover som vernar forbrukarane.

Ei prioritering for Forbrukartilsynet i 2017 og 2018 har vore å følgje opp dei skjerpte reglane for marknadsføring av kreditt som tok til å gjelde frå 1. juli 2017. Forbrukartilsynet har informert aktørane, mellom anna gjennom eit seminar for marknadsføringsnettverka til kredittilbydarane, og gjennomført to tilsynsaksjonar som avdekte mange lovbrøt. Ei rekkje selskap som etter tilsynsaksjonane fekk brev med krav om å endre marknadsføringa, har innretta seg etter krava. Uavhengig av aksjonane har Forbrukartilsynet òg teke opp fleire einskildsaker, mellom anna marknadsføring av forbrukslån som eigenkapital til bustadkjøp.

Forbrukartilsynet har gått gjennom avtalevilkåra og marknadsføringa til alle nye betalingstenester dei siste åra for å sikre at selskapa ikkje bryt marknadsføringslova og finansavtalelova. Tilsynet med betalingstenester har ført til viktige endringar i avtalevilkåra og til at tenestene no i større grad samsvarer med krava om forbrukarvern i lovverket.

I 2019 vil Forbrukartilsynet halde fram med å arbeide for at marknadsføring av finansielle tenester skjer i samsvar med lovverket, og at kontrak-

tane som blir brukte, er rimelege og balanserte. Særleg vekt vil bli lagt på forbrukslån og forbrukarkreditt.

Bustadmarknaden er eit anna område Forbrukartilsynet har arbeidd med. I 2017 har tilsynet brukt mykje tid på å sørgje for at store og mellomstore utbyggjarar har klare, rimelege og balanserte kontraktar ved sal av prosjekterte bustader. Tilsynet har òg arbeidd for at det skal liggje riktig og balansert informasjon til grunn ved kjøp av bruktbustader. I 2019 vil Forbrukartilsynet halde fram arbeidet med å medverke til at marknadsføring og annan informasjon til forbrukarane i bustadhandelen er riktig og tilstrekkeleg, og at kontraktane som blir nytta, er rimelege og balanserte. Bustadannonseringa er i endring. Forbrukartilsynet vil sjå til at nye former for marknadsføring av bustader skjer i tråd med lova.

Forbrukartilsynet har dei siste åra satsa særskilt på forbrukarvern i den digitale økonomien. Arbeidet er ei satsing som går på tvers av bransjar og sektorar. I 2017 har tilsynet særleg arbeidd med avtalevilkår og forbrukardata. Eit resultat frå arbeidet er ei rettleiing om avtalevilkår som føretak i den digitale økonomien kan nytte for å vere sikre på at vilkåra deira er i samsvar med lovverket. For at forbrukarvernet i den digitale økonomien skal bli betre, har Forbrukartilsynet samarbeidd tett med Datatilsynet i 2017 og 2018, for å klargjere korleis tilsyna best kan bruke person- og forbrukarvernregelverket saman. Dette arbeidet vil halde fram i 2019.

Forbrukartilsynet vil i 2019 arbeide særleg med problemstillingar som den digitale utviklinga reiser. Det overordna målet er å få aktørane til å respektere at reglane som vernar forbrukarar, òg gjeld i den digitale økonomien. Forbrukartilsynet vil avklare korleis regelverket skal nyttast på nye problemstillingar, gjennom rettleiing, dialog og handsaming av einskildsaker i Noreg og internasjonalt. For å styrkje arbeidet med tilsyn og rettleiing på digitalområdet er løyvinga til Forbrukartilsynet føreslått auka med 6 mill. kroner frå 2019.

Krav til merking av reklame i sosiale medium har vore høgt prioritert i Forbrukartilsynet. Det gjeld særleg der barn er i målgruppa. Våren 2017 lanserte Forbrukartilsynet i samarbeid med Medietilsynet ei oppdatert rettleiing om merking av reklame i sosiale medium som bloggar, Instagram, Snapchat og YouTube. Forbrukartilsynet vil i 2019 auke innsatsen på dette området og slå ned på ulovleg marknadsføring overfor barn og unge i digitale medium.

Forbrukartilsynet vil i 2019 følgje med på at det ikkje blir brukt ulovlege påstandar om effekt i

marknadsføring av alternativ behandling, og at anna marknadsføring av helsetenester ikkje skjer i strid med marknadsføringslova.

Forbrukartilsynet fekk frå 1. januar 2018 utvida myndigheit til å gripe inn med vedtak og sanksjonar mot næringsdrivande som bryt marknadsføringslova og andre forbrukarvernlover. Marknadsrådet, som hovudsakleg handsamar saker om marknadsføring, blei frå same dato eit reint klageorgan for vedtaka frå tilsynet. Det står att å sjå kva verknad endringane får for sakene til Marknadsrådet. Endringane har gjort det mogleg å gjere vedtak mot næringsdrivande som bryt lovverket, på ein raskare og meir effektiv måte.

Marknadsrådet fekk i 2017 inn seks saker frå Forbrukarombodet (no Forbrukartilsynet) til full handsaming, mot berre tre i 2016. Sakene hadde i snitt ei handsamingstid på 118 dagar, som er i overkant av kravet (under tre og ein halv månad). At kravet til sakshandsamingstida ikkje fullt blei oppfylt, hadde i stor grad samanheng med forhold hos partane. I tillegg til sakene Marknadsrådet fekk til full handsaming, fekk rådet i 2017 inn 22 klager på at Forbrukarombodet ikkje hadde teke saker til handsaming. Sakene til Marknadsrådet er ulike i innhald og omfang, og handsamingstida varierer derfor frå år til år. Talet på saker varierer òg, utan at det alltid verkar inn på handsamingstida.

### Informasjon og kunnskap

Informasjon og kunnskapsoppbygging er nokre av dei viktigaste verkemidla i forbrukarpolitikken. Skal marknaden fungere, må forbrukarane ha kunnskapar om vare- og tenestetilbodet og om rettane og pliktene sine. Dei bør vite nok til å kunne velje bort varer og tenester som ikkje samsvarer med behov og preferansar, og vite korleis dei skal gå fram dersom dei er misnøgde med kjøp. Over tid kan det at mange forbrukarar vel bort eller klagar på dårlege varer og tenester, stimulere tilbudsida til å levere betre produkt og vilkår.

I store og kompliserte marknader kan det vere krevjande for forbrukarane å samanlikne prisar og kvalitetar og gjere gode val. Det kan òg vere utfordrande å vite kva konsekvensar produksjonen og bruken av varer og tenester har for til dømes helse, miljø/klima og arbeidstilhøve. Mange forbrukarar kan ikkje nok om egne rettar og plikter eller om korleis dei skal gå fram dersom dei er misnøgde med kjøp. Regjeringa arbeider derfor for eit betre informasjonstilbod retta mot forbrukarane, og for å gjere dette tilgjengeleg og kjent.

Dette målet er fastsett for den delen av forbrukarpolitikken som handlar om informasjon og kunnskap:

– *Betre informasjonsløysingar som er godt kjende for forbrukarane.*

Både informasjonsløysingane Forbrukarrådet har ansvar for, og miljømerka Svana og EU Ecolabel er omfatta av dette målet.

Nedanfor blir det gjort greie for informasjons- og kunnskapstiltak som skal medverke til at forbrukarane kan ta meir informerte val og betre kjenne rettane og pliktene sine. Først blir status og utviklinga for informasjonsverksemda til Forbrukarrådet omtalt, deretter ulike tiltak som skal styrkje undervisinga i forbrukaremne og stimulere til eit meir miljøtilpassa forbruk. Det blir gjort greie for utviklingstrekk og resultat i 2017 og første halvdel av 2018, og for planlagde tiltak i 2019.

#### Informasjonsverksemda til Forbrukarrådet

Forbrukarrådet har ei viktig rolle i arbeidet med å gi forbrukarane relevant informasjon som dei kan nytte både før og etter kjøp. Forbrukarrådet fekk i 2017 inn rundt 71 800 førespurnader via telefon, e-post og brev, ein auke frå rundt 69 600 i 2016. Auken kom sjølv om Forbrukarrådet har vidareutvikla nettstaden *forbrukerradet.no*, slik at det har blitt enklare for forbrukarane å finne fram til informasjon på eiga hand. Nettstaden hadde i 2017 i snitt 53 300 unike brukarar kvar veke, mot 56 550 i 2016. Forbrukarrådet ser nedgangen i samanheng med at det i 2017 blei publisert færre testar. Over tid er det at mange nyttar eller kjenner nettstaden, ein viktig føresetnad for at Forbrukarrådet skal fylle rolla si.

For å hjelpe forbrukarane til å gjere informerte og gode val, har Forbrukarrådet dei seinare åra utvikla fleire digitale informasjonsløysingar. Løysingane skal medverke til at forbrukarane får tilgang til god og oppdatert informasjon om kva som er tilgjengeleg i ulike marknader. Pris- og marknadsoversikter skal medverke til å styrkje konkurransen til fordel for forbrukarane og medverke til å skape betre balanse mellom profesjonelle aktørar og einskilde forbrukarar.

Det finst ingen objektiv målestokk for kor gode eller kjende informasjonsløysingane er. Truleg kan utviklinga i talet på brukarar og kjennsksundersøkingar over tid seie noko om dette.

Finansportalen (*finansportalen.no*) genererer marknadsoversikter for tenester innanfor bank, forsikring, investeringar og pengeoverføringar til utlandet. Han leverer òg data til eksterne digitale

verktøy og samanlikningssider for finansielle tenester (distributørar). Medrekna inngang via distributørar, hadde Finansportalen kvar veke i snitt 32 950 unike brukarar i 2017, ein auke på rundt 27 prosent frå 2016. Forbrukarrådet ser auken i samband med at det under portalen i 2017 blei lansert ein ny modul som viser pensjonsprodukt med eigenskapar og prisar (pensjonsmodulen). Den nye modulen har gjort det enklare å gjere samanlikningar og ta informerte val i marknaden for slike produkt. Det er i 2018 starta eit arbeid med å modernisere forsikringsmodulen i portalen.

Tannhelseportalen (*hvakostertannlegen.no*) gir informasjon om kva tannlegar tek betalt for ulike typar tenester. I snitt hadde portalen kvar veke 13 750 unike brukarar i 2017, mot 5 150 i 2016. Auken har samband med at tala, i motsetning til tidlegare, inkluderer brukarar via distributørar. At mange nyttar Tannhelseportalen, legg grunnlag for ein meir velfungerande marknad for tannhelse-tenester.

Straumprisportalen (*strompris.no*), som blei lansert i 2015, skal gjere det enklare å samanlikne prisane frå ulike straumleverandørar. I snitt hadde denne portalen kvar veke 7 500 unike brukarar i 2017, mot 5 500 i 2016. Forbrukarrådet ser auken i samband med at portalen har fått nytt design, og med bruk av ein ny datamodell.

Forbrukarrådet arbeider for tida med å realisere ei felles merkevareplattform for dei digitale informasjonsløysingane. Dei eksisterande trafikkstraumane på tenestene skal utnyttast betre, og «merkevara» Forbrukarrådet skal i større grad nyttast til å skape større trafikk. Ved å samle informasjonsløysingane på ein stad, håpar Forbrukarrådet å gjere det enklare for forbrukarane å finne fram til dei, og gjennom det auke bruken.

Årleg brukar Forbrukarrådet store ressursar på drift og utvikling av marknadsportalane sine. Blant anna på bakgrunn av dette er det viktig å få klargjort om portalane har den nytteverdien for forbrukarane og effekten på konkurransen i marknaden som er tiltenkt. Tidleg i 2018 gav BLD analyseselskapet Menon Economics i oppdrag å evaluere Finansportalen og samstundes drøfte nytteverdien av marknadsportalar meir generelt. Rapporten frå evalueringa blei lagd fram i september. Denne konkluderer med at Finansportalen medverkar til auka kunnskap hos forbrukarane og lågare søkjekostnader når forbrukarar skal orientere seg i marknaden. Rapporten viser at stadig fleire forbrukarar nyttar Finansportalen når dei skal byte eller reforhandle finansielle tenester, men at portalen ikkje har medverka til auka byte-

og forhandlingsaktivitet blant forbrukarane totalt sett. Statistiske analysar gir indikasjonar på at Finansportalen har hatt ein liten positiv effekt på konkurransen, hovudsakleg i marknaden for bustadlån.

På bakgrunn av ein konkurransefagleg gjennomgang, gir Menon Economics anbefalingar om når offentlege marknadsportalar kan vere eigna verkemiddel. BLD vil følgje opp konklusjonane og anbefalingane i rapporten i dialog med Forbrukarrådet og i det arbeidet departementet gjer med stortingsmeldinga om forbrukarpolitikken.

Forbrukarrådet fekk i 2016 i oppdrag å utvikle ein portal for handverkartenester. Portalen skulle mellom anna gi forbrukarane kvalitetssikra informasjon om seriositeten til handverkarar. På grunn av fleire utfordringar knytt til tilgangen på data blei det i 2018 bestemt at arbeidet med portalen skulle innstillast inntil vidare. Hovudutfordringa var tilgangen til gode data om enkeltmannsforetak. Utan gode data om dette ville handverkarportalen gi for få opplysingar om ein stor del av marknaden. Større foretak kunne bli favoriserte framfor mindre. Stortinget blei informert om at arbeidet med portalen er innstilt i Prop. 85 S (2017–2018).

Forbrukerrådet vil likevel gi forbrukarane god og relevant informasjon om handverkartenester. Det viktigaste sett frå forbrukarstyresmaktens side er å leggje til rette for at forbrukarane i større grad inngår skriftlege avtalar. Heimesida til Forbrukarrådet tilbyr no gratis tilgang til standardkontraktar for handverkartenester. Kontraktane er utarbeidde av Standard Norge i samarbeid med aktørar frå bransjen og styresmaktene. Heimesida inneheld òg informasjon, tips og råd om korleis ein skal gå fram ved kjøp av handverkartenester.

#### Særskilt om Daglegvareportalen

Forbrukarrådet har på oppdrag frå BLD arbeidd med å etablere ein gratis tilgjengeleg informasjonsportal for daglegvarer (Daglegvareportalen). Tiltaket hadde bakgrunn i oppmodingsvedtak nr. 436 (2014–2015) av 3. mars 2015. Portalen skulle rettleie forbrukarane om vareutvalet i butikkane og eigenskapar ved varene, som næringsinnhald, innhaldsstoff og pris.

For å unngå stilleiande prissamarbeid og vareta konkurranseomsyn utforma departementet oppdraget slik at portalen ikkje skulle vise prisen på kvar einskild vare. I staden skulle Forbrukarrådet setje saman ei varekorg og måle prisen på henne i kvar butikk, slik at forbrukarane fekk presentert ein prisindeks.

Forbrukarrådet valde å løyse dette ved å utvikle to separate verktøy: eit nettbasert verktøy som skulle gi rettleiing om prisnivået i butikkane, og mobiltelefonappen *Peiling*, som viser annan informasjon om varene, bortsett frå pris, og kvar dei er å få kjøpt.

Arbeidet med prisverktøyet har vore krevjande, og lanseringa er utsett fleire gonger. Det har vore utfordringar med at datagrunnlaget frå bransjen ikkje er godt nok til å få til korrekte pris-sammanlikningar. Tekniske avgrensingar grunna konkurranseomsyn har òg vore utfordrande. På bakgrunn av ei tilråding frå Forbrukarrådet avgjorde regjeringa våren 2018 at arbeidet med prisverktøyet skulle avsluttast. Stortinget blei orientert om avgjerda i Prop. 85 S (2017–2018). Samstundes blei det uttrykt at det ville vere naudsynt å komme tilbake til spørsmålet om mobiltelefonappen *Peiling* skulle vidareførast, og dei budsjettmessige konsekvensane av saka, i Prop. 1 S (2018–2019).

Regjeringa har konkludert med at *Peiling* bør avviklast innan utgangen av 2018. Konklusjonen byggjer på usikkerheit knytt til den forventade nytteverdien av appen, sett opp mot kostnadene ved å føre arbeidet vidare. Kostnadane for ordinær drift er anslått til om lag 6 mill. kroner per år. Vidare er det knytt usikkerheit til kvaliteten på datagrunnlaget for appen. Som følge av avgjerda om å avvikle *Peiling* er løyvinga til marknadsportalar føreslått redusert med 6 mill. kroner frå 2019. Regjeringa går òg inn for å avvikle rapporteringsplikta for daglegvarekjedene, som er innført for å kunne tilby oppdatert informasjon i Daglegvareportalen, ved årsskiftet.

#### Undervisning i forbrukaremne

BLD vil at barn og unge skal få god opplæring i forbrukaremne og bli i stand til å opptre som kompetente og medvitne forbrukarar. Forbrukaremna er tverrfaglege, og opplæringa skal gi elevane digital kompetanse og kunnskapar om personleg økonomi, berekraftig forbruk, forbrukarrettar og mediebruk.

Opplæringslova seier at elevane skal utvikle kunnskapar, dugleikar og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. I Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse – en fornyelse av Kunnskapsløftet* blir berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring framheva som tverrfaglege emne som skal prioriterast i fornyinga av skulefag. Emnet folkehelse og livsmeistring skal medverke til at elevane utviklar kompetanse som frem-

jar helse og set dei i stand til å handtere ulike utfordringar i livet – til dømes mediebruk, forbruk og personleg økonomi. BLD vil i 2019 føre vidare arbeidet med å heve kunnskapen og forståinga om desse tverrfaglege emna.

BLD har i mange år hatt eit samarbeid med Høgskolen i Innlandet om ulike tiltak som gjeld undervisning i forbrukaremne. I 2017 arrangerte høgskulen mellom anna fagdagar ved universitet og høgskular, lærarseminar om personleg økonomi og temamøte/seminar om berekraftig utvikling. Høgskulen utvikla og distribuerte òg undervisningsmateriell og leidde ei gruppe som gir departementet råd i arbeidet med forbrukarundervisning. Departementet vidareførte samarbeidet med høgskulen inn i 2018 og vil halde fram med dette i 2019.

Barn og unge blir utsette for eit sterkt kommersielt press. Med auka bruk av digitale medium følgjer eksponering for nye marknadsføringsmetodar. BLD arbeider for at skulen skal ha gode læreverktyø om reklame. Departementet vil derfor halde fram med å distribuere undervisningsheftet om reklame. Målet er å utvikle reflekterte haldningar til reklame hos dei unge, slik at dei blir betre rusta til å stå imot mellom anna kjøpepress og reklame som spelar på kjønnsroller og urealistiske kroppsideal.

I tråd med føremålsparagrafen til skulen skal opplæring i berekraftig utvikling medverke til at elevane lærer å tenkje kritisk og handle etisk og miljømedvite. BLD har i fleire år hatt eit samarbeid med Ungt entreprenørskap (UE) om eit undervisningsopplegg som skal fremje forståing om berekraftig forbruk. Rundt 2 400 elevar i seks ulike fylke deltok i prosjektet i 2017. Departementet held fram med samarbeidet med UE i 2018 og 2019.

#### Forbruk og miljø

Regjeringa arbeider for at det skal vere enkelt for forbrukarar å gjere miljømedvitne val, og støttar opp om arbeidet til Stiftinga Miljømerking i Noreg (Miljømerking) for ei meir miljøtilpassa produktutvikling og eit mindre miljøbelastande forbruk. Verkemidla er dei offisielle miljømerka den nordiske Svana og EU-miljømerket (EU Ecolabel). Miljømerking søkjer å auke talet på miljømerkte produkt i Noreg og informerer om at desse produkt er blant dei minst miljøskadelege på marknaden.

I 2017 var det ein solid auke i talet på svanemerkte produkt: frå 15 339 ved utgangen av 2016 til 18 400 ved utgangen av 2017. Arbeidet til Miljø-



merking har medverka til at fleire produkt blir produserte etter strenge miljøkrav. Utvalet av svanemerkte produkt auka innan mange produktgrupper i 2017. Størst auke var det for golvbelegg, innandørs måling og lakk, møbel og innreiingar, tekstilar, tonerkassetar og kosmetiske produkt. BLD er nøgd med ei utvikling der forbrukarane får større tilbod av miljøtilpassa produkt å velje blant.

Ei kjennsksundersøking i 2017 viste at 91 prosent av befolkninga kjende til Svana (mot 87 prosent i 2016). Den same undersøkinga viste at 22 prosent kjende til EU Ecolabel (mot 23 prosent i 2016). Utbreidd kjennskap til miljømerka kan tyde på at forbrukarane generelt veit at merka gir god rettleiing om kva som er miljøvennlege val.

Talet på produkt med miljømerke og kjennskapen til desse merka kan òg seie noko om kvar ein står i forhold til målet som er omtalt innleiingsvis om gode og godt kjende informasjonsløysingar.

Svana og EU Ecolabel formidlar standardisert og kvalitetssikra informasjon om varer og tenester som er blant dei minst miljøskadelege på marknaden. Miljømerking vil halde fram med å informere forbrukarar og profesjonelle innkjøparar om at miljømerkte produkt og tenester er enkle og trygge miljøval. Miljømerking skal arbeide for at talet på miljømerkte produkt på den norske marknaden framleis aukar.

Matsvinn er eit miljømessig, kostnadmessig og etisk problem både i Noreg og internasjonalt. Sidan godt over halvparten av svinnet kjem frå private hushald, er det viktig for BLD å støtte matsvinnarbeid som er retta mot korleis forbrukarane sjølve kan redusere sitt svinn. Samstundes blir resultatene på forbrucarleddet betre dersom alle ledda i verdikjeda for mat samarbeider om å redusere svinnet.

Det blei i 2017 inngått ein avtale om å redusere matsvinn mellom Klima- og miljødepartementet,

Barne- og likestillingsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og dei største bransjeorganisasjonane i matbransjen. Bransjeavtalen, som gjeld fram til 2030, er ei oppfølging av ein intensjonsavtale frå mai 2015. Avtalen byggjer på ein felles definisjon av matsvinn og eigne grunnlagsrapportar om statistikk og tiltak. I 2017 blei det òg underskrive tilslutningsavtalar med enkeltbedrifter, til dømes alle daglegvarekjedene.

Med utgangspunkt i FN's berekraftsmål 12.3 om matsvinn, som Noreg har forplikta seg til, er det i bransjeavtalen sett eit overordna mål om å redusere matsvinnet i Noreg med 50 prosent innan 2030.

BLD har i 2017 og 2018 støtta organisasjonen Matvett AS, som har som føremål å redusere matsvinnet i samfunnet. Matvett er eigd og stifta av sentrale aktørar i matbransjen. Støtta frå BLD går til forbrucarretta tiltak for å redusere matsvinn. BLD har òg i både 2017 og 2018 gitt Forbruksforskningsinstituttet SIFO i oppdrag å skaffe fram meir kunnskap om matsvinn på forbrucarleddet.

Gjennom bransjeavtalen vil BLD i 2019 halde fram med å støtte tiltak som kan leggje til rette for at forbrukarane blir meir medvitne om å redusere matsvinnet.

BLD sette i juni 2018 ned eit ekspertutval med brei representasjon som skal greie ut om det er tenleg å påleggje næringsdrivande ei informasjonsplikt knytt til arbeid med samfunnsansvar og oppfølging av leverandørkjeder. Utvalet skal levere utgreiinga si til departementet i løpet av 2019. Stortinget vil på eigna måte bli orientert om framdrifta i saka. Sjå òg omtale ovanfor av oppmødingsvedtak nr. 890 av 13. juni 2016 og oppmødingsvedtak nr. 200 av 12. desember 2017.

### Nærare om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
860	Forbrukarrådet	157 778	160 271	155 094	-3,2
862	Stiftinga Miljømerking i Noreg	10 058	10 330	10 630	2,9
865	Forbrukarpolitiske tiltak	17 184	19 175	19 671	2,6
867	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet	12 475	13 520	14 122	4,5
868	Forbrukartilsynet	27 044	27 171	33 485	23,2
	Sum kategori 11.30	224 539	230 467	233 002	1,1

Inntekter under programkategori 11.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
3868	Forbrukartilsynet	16			
	Sum kategori 11.30	16			

Utgifter under programkategori 11.30 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
01-23	Drift	41 013	42 883	49 851	16,2
50-59	Overføringer til andre statsreknskaper	167 828	169 708	164 756	-2,9
70-98	Overføringer til private	15 698	17 876	18 395	2,9
	Sum kategori 11.30	224 539	230 467	233 002	1,1

### Kap. 860 Forbrukarrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
50	Basisløyving	131 758	133 734	134 924
51	Marknadsportaler	26 020	26 537	20 170
	Sum kap. 0860	157 778	160 271	155 094

**Ansvarsområdet til verksemda**

Forbrukarrådet er oppretta for å vareta interessene til forbrukarane. Som uavhengig interesseorgan skal Forbrukarrådet informere forbrukarane og påverke styresmakter, organisasjonar og næringsdrivande til å opptre forbrukarvennleg. I tillegg skal Forbrukarrådet hjelpe forbrukarar som har fått problem i samband med kjøp, og som til dømes treng hjelp til å fremme ein klage. Forbrukarrådet har òg fått ansvar for å drive ei nøytral meklingsinstans for forbrukarar og næringsdrivande i saker som ikkje er omfatta av andre klageorgan.

Forbrukarrådet er organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter til bruttoføring av inntekter og utgifter utanfor statsbudsjettet, med eigne vedtekter og eit styre.

**Post 50 Basisløyving**

Posten dekkjer lønnsutgifter, godtgjering til styremedlemmene, utgifter til kontordrift, husleige og interessepolitiske aktivitetar i Forbrukarrådet. Vidare dekkjer posten utgifter til utgreiing av aktuelle problemstillingar som er viktige for forbrukarane, kampanjar, informasjonstiltak, profilering av eigne tenester og kostnadene ved å bringe prinsipielle spørsmål om gjeldande forbrukarrett inn for domstolane. Forbrukarrådet gir tilskot over posten til drift av forbrukarsekretariatet i Standard Norge (omtalt ovanfor under «Reglar og rammevilkår»).

Forbrukarrådet har gjennomført ei større omorganisering dei siste åra og effektivisert klagehandsaminga. Med bakgrunn i dette føreslår BLD å redusere løyvinga på posten med

2 mill. kroner for at departementet skal kunne prioritere andre område i budsjettet.

Departementet føreslår ei samla løyving på 134,9 mill. kroner i 2019.

**Post 51 Marknadsportalar**

Posten dekkjer kostnadene til drift og utvikling av Finansportalen (*finansportalen.no*), Straumprisportalen (*strømpris.no*) og Tannhelseportalen (*hvakostertannlegen.no*).

Etter planen skulle Handverkarportalen lanserast i 2017. Portalen skulle mellom anna vidareformidle kvalitetssikra informasjon om seriositeten i føretak i byggjenæringa. På grunn av fleire utfordringar, særleg med tilgangen til relevante data og at etableringa av Seriositetsregisteret er innstilt, blei Stortinget informert om at arbeidet med portalen er innstilt i Prop. 85 S (2017–2018). Som følge av dette føreslår departementet å tilbakeføre midlane som er overførte frå Kommunal- og moderniseringdepartementet til årlege driftskostnader. BLD føreslår derfor å rammeoverføre 1 mill. kroner frå posten til kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet, post 22 Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling.

Prosjektet med å utvikle ein daglegvareportal, medrekna appen Peiling, blir lagt ned i sin heilskap i 2018, jf. omtale under avsnittet «Særskilt om Daglegvareportalen». Posten blir som følge av dette føreslått redusert med 6 mill. kroner i 2019. Midlane er nytta på andre prioriterte område i budsjettet.

Departementet føreslår ei samla løyving på 20,2 mill. kroner i 2019.

**Kap. 862 Stiftinga Miljømerking i Noreg**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
70	Driftstilskot	10 058	10 330	10 630
	Sum kap. 0862	10 058	10 330	10 630

**Status for verksemda**

Føremålet med miljømerking er å stimulere til meir miljøtilpassa produktutvikling og mindre miljøbelastande forbruk. Arbeidet går ut på å utvikle kriterium for miljømerking av varer og tenester, godkjenne produkt for lisensiering og rettleie forbrukarar og innkjøparar.

Stiftinga Miljømerking i Noreg (Miljømerking) er oppretta for å forvalte Svana, den fellesnordiske ordninga for frivillig positiv miljømerking av varer og tenester. Miljømerking er òg ansvarleg organ i Noreg for miljømerkeordninga til EU (EU Ecolabel).

Miljømerking blir leidd av eit styre der medlemmene er oppnemnde av BLD, Forbrukarrådet, miljøvernstyresmaktene, Næringslivets Hovedorganisasjon, Hovedorganisasjonen Virke, Landsorganisasjonen (LO), handelskjedene og miljøorganisasjonane.

Miljømerking fekk i 2017 vel 10 mill. kroner i driftstilskot frå BLD. Av dette beløpet blei om lag 1,5 mill. kroner nytta til å dekkje kostnader som følgjer av rolla som norsk ansvarleg organ for miljømerkeordninga til EU. I tillegg fekk Miljømerking nesten 1,2 mill. kroner i tilskot frå Miljødirektoratet. Dei samla driftsinntektene var på om

lag 32,9 mill. kroner. Hovuddelen av inntektene var knytte til lisensiering av Svana.

### Post 70 Driftstilskot

Posten dekkjer tilskot til Stiftinga Miljømerking i Noreg (Miljømerking) til administrasjon av den nordiske miljømerkeordninga og utgifter som følgjer av rolla som norsk ansvarleg organ for miljømerkeordninga til EU.

Departementet føreslår ei løyving på 10,6 mill. kroner i 2019.

## Kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	1 494	2 192	2 244
50	Forskning og undervisning, <i>kan nyttast under post 21</i>	10 050	9 437	9 662
70	Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>	1 328	1 412	1 453
79	Rammeprogrammet til EU om forbrukarpolitikk, <i>kan overførast</i>	4 312	6 134	6 312
Sum kap. 0865		17 184	19 175	19 671

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 50

Posten blir nytta til å finansiere prosjekt, utgreiingar og tiltak som har særleg relevans for forbrukarområdet.

Vidare blir posten nytta til å finansiere undersøkingar som skal gi kunnskap om behova for tiltak som kan gjere marknadene tryggare og enklare for forbrukarane. Departementet samarbeider med forbrukarverksemdene om dette.

Departementet føreslår ei samla løyving på 2,2 mill. kroner i 2019.

### Post 50 Forsking og undervisning, kan nyttast under post 21

Posten blir nytta til forskning, undervisning, prosjekt og utgreiingar som har særleg relevans for forbrukarområdet.

Midlane til forskingsoppdrag som Forbrukarsinstituttet SIFO ved OsloMet – storbyuniversitetet utfører, inntil 8 mill. kroner, blir òg

dekte over denne posten. Arbeidet består i konkrete forskingsoppgåver som SIFO utfører basert på kunnskapsbehovet til departementet. I 2019 vil det vere prioritert å skaffe fram fakta og dokumentasjon om

- utviklinga i forbruket, haldningane og problema til forbrukarane
- den økonomiske situasjonen til hushalda, med vekt på mellom anna gjelds- og betalingsproblem
- konsekvensar for forbrukarane av digitalisering
- effekten av forbrukarpolitiske verkemiddel og tiltak

Departementet føreslår ei samla løyving på 9,7 mill. kroner i 2019.

### Post 70 Tilskot, kan nyttast under post 21

Posten blir nytta til tiltak og enkeltprosjekt som fremjar måla for forbrukarpolitikken til regjeringa.

Det blir føreslått å føre vidare tilskota til tre særskilde tiltak i 2019:

- 0,5 mill. kroner til å delfinansiere drifta av Forbrukarsekretariatet i Standard Norge. Inntil 0,1 mill. kroner av tilskotet går til ei tilskotsordning for reisestøtte til forbrukarrepresentantar i standardiseringsarbeid. Tilskotet blir fordelt etter kriterium kunngjorde på nettstaden til Standard Norge (standard.no). Fagrådet for forbrukarsaker fører kontroll med tilskotet.
- Støtte til organisasjonen Ungt Entreprenørskap om undervisingsopplegg i ungdomsskulen om berekraftig forbruk.
- Støtte til arbeidet Matvett AS utfører for å redusere matsvinnet i hushald. Arbeidet må sjåast i samheng med samarbeidet mellom styresmaktene og bransjeorganisasjonar om ein bransjeavtale for å redusere matsvinn.

Departementet føreslår ei samla løyving på 1,5 mill. kroner i 2019.

### Post 79 Rammeprogrammet til EU om forbrukarpolitikk, kan overførast

Noreg deltek i EUs forbrukarprogram, *Consumer Programme 2014–2020*. Dette programmet er i hovudsak ei vidareføring av rammeprogrammet for perioden 2007–2013, *Consumer Programme*

2007–2013. Sjølv om det førre programmet blei avslutta i 2013, held einskilte aktivitetar fram, og deltakarlanda kan ha økonomiske forpliktingar i 3–5 år etter avslutningsåret.

Forbrukarprogrammet har som mål å medverke til å verne helsa, tryggleiken og dei økonomiske interessene til forbrukarane, så vel som retten til forbrukarinformasjon, utdanning og organisering av forbrukarinteressene. Programdeltakinga inneber mellom anna at Forbrukartilsynet og andre tilsyn deltek i samarbeidet om handheving over landegrensene, og at Forbrukar Europa kan formidle råd og hjelp til norske forbrukarar som handlar over landegrensene.

Posten skal òg dekkje departementet sin del av kontingentutgifta til EU-programmet om samvirkeløysingar for offentleg forvaltning i europeiske land, *Interoperability Solutions for European Public Administrations (ISA)*. Ved hand-saminga av Prop. 75 S (2015–2016) i mai 2016 gav Stortinget samtykke til å innlemme arvtakaren ISA<sup>2</sup> (2016–2020) i EØS-avtalen.

Storleiken på dei årlege bidraga varierer med ulike faktorar, som aktiviteten under programma, EØS-budsjettet og valutautviklinga. Det kan derfor vere vanskeleg å anslå utgiftene.

Departementet føreslår ei samla løyving på 6,3 mill. kroner i 2019.

## Kap. 867 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	12 475	13 520	14 122
	Sum kap. 0867	12 475	13 520	14 122

### Status for verksemda

Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet har som oppgåve å førebu saker som skal avgjerast i Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet. Sakene til Forbrukarklageutvalet legg beslag på størstedelen av ressursane.

Marknadsrådet handsamar hovudsakleg klager på vedtak av Forbrukartilsynet i saker om brot på marknadsføringslova. I tillegg er Marknadsrådet klageinstans for saker om brot på merkereglane i tobakksskadelova og reklameforbodet i denne lova og i alkohollova.

Forbrukarklageutvalet handsamar hovudsakleg tvistar om forbrukarkjøp, handverkartjenester og angrerett mellom næringsdrivande og forbrukarar og mellom private partar. Etter forbrukarklagelova som tok til å gjelde 1. mars 2017, kan Forbrukarklageutvalet òg handsame prinsipielle saker som er mekla av Forbrukarrådet, og som fell utanfor det vanlege saksfeltet til utvalet. Vedtaka er bindande for partane og får verknad som ein dom, med mindre saka blir bringa inn for tingretten. Alle saker til Forbrukarklageutvalet må først ha vore behandla av Forbrukarrådet.

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til lønn for tilsette og andre driftsutgifter ved sekretariatet, i tillegg til godtgjering mv. til medlemmane av Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet. Marknadsrådet skal som hovudregel dekkje sakskostnadane for næringsdrivande som får medhald i klager på

vedtak fatta av Forbrukartilsynet, sjå omtale under kap. 868 nedanfor. Som følge av dette føreslår departementet ein auke av posten med 0,3 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av kap. 868 post 01, jf. omtale under kap. 868 post 01.

Departementet føreslår ei samla løyving på 14,1 mill. kroner i 2019.

## Kap. 868 Forbrukartilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	27 044	27 171	33 485
	Sum kap. 0868	27 044	27 171	33 485

Forbrukartilsynet er ei offentleg styresmakt som arbeider for gjere marknadene enklare og tryggare for forbrukarane. Hovudmålet for Forbrukartilsynet er å førebyggje og stoppe ulovleg marknadsføring, urimelege vilkår i kontraktar og andre former for urimeleg handelspraksis retta mot forbrukarar. Dette blir gjort gjennom dialog og forhandlingar med dei næringsdrivande, ved bruk av tilgjengelege sanksjonar og gjennom rettleiing og informasjonsverksemd. Tilsynet skal gjennom verksemda si medverke til at rettane til forbrukarane blir varetekne, og at forbrukarane kan ta informerte val.

Marknadsføringslova regulerer verksemda til Forbrukartilsynet. Tilsynet fører tilsyn med reglane i marknadsføringslova om rimeleg handelspraksis og avtalevilkår som vernar forbrukarane.

Forbrukartilsynet skifta namn frå Forbrukarombodet til Forbrukartilsynet 1. januar 2018. Samstundes tredje endringar i marknadsføringslova sine handhevingsreglar i kraft. Endringane inneber mellom anna at Forbrukartilsynet kan treffe vedtak i alle saker, og at Marknadsrådet er blitt klageorgan. Dette gjer det mogleg for tilsynet å

gripe raskare og meir effektivt inn mot næringsdrivande som bryt lovverket.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje lønn og andre driftsutgifter hos Forbrukartilsynet.

Som følge av at Marknadsrådet frå 1. januar 2018 blei klageorgan, har rådet fått ansvar for å dekkje sakskostnader for næringsdrivande som får medhald i klager. I revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2018 blei derfor 0,3 mill. kroner flytta frå Forbrukartilsynet til Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet.

Departementet føreslår no å flytte desse midlane permanent. Posten blir derfor føreslått redusert med 0,3 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av kap. 867 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet, post 01 Driftsutgifter.

Regjeringa går inn for å styrkje arbeidet til tilsynet med digitale spørsmål. Løyvinga på posten er derfor føreslått styrkt med 6 mill. kroner.

Departementet føreslår ei løyving på 33,5 mill. kroner i 2019.

**Kap. 3868 Forbrukartilsynet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Diverse inntekter	16		
	Sum kap. 3868	16		

## Programkategori 11.40 Likestilling og ikkje-diskriminering

### Hovudinnhald og prioriteringar

Diskriminering er eit brot på menneskerettane som rammar både den einskilde og samfunnet. I dag blir omgrepet «likestilling» nytta i vidare forstand enn likestilling mellom menn og kvinner. Det handlar òg om likestilling når det gjeld funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder, etnisitet og religion.

Regjeringa har som mål for likestillingspolitikken at alle skal ha like moglegheiter og fridom til å ta egne val. BLD har det overordna ansvaret for koordinering av politikken på områda likestilling og ikkje-diskriminering. Sektordepartementa har ansvar for likestillingspolitikken på egne sektorområde. BLD samordnar innsatsen til regjeringa og følgjer utviklinga over tid.

Regjeringa har med Meld. St. 7 (2015–2016) *Likestilling i praksis – Like muligheter for kvinner og menn* gitt eit langsiktig perspektiv for likestillingsarbeidet. Meldinga løfter fram utfordringar som gjeld likestilling på sentrale samfunnsområde: oppvekst og utdanning, arbeidsliv, vald og overgrep, helse og næringsliv og entreprenørskap. I meldinga blir strategiar og verkemiddel som skal bidra til eit meir likestilt samfunn, presenterte. Regjeringa vil arbeide for å motverke kjønnsdelte utdanningsval. BLD føreslår i statsbudsjettet for 2019 å auke tilskotet til *Jenter og teknologi*. Det føreslås òg ein auke til tiltak for å auke andelen kvinnelege toppleiarer i næringslivet og å motverke kjønnsdelte utdanningsval.

Regjeringa har våren 2018 sett ned #UngIDag-utvalet, som skal greie ut kva for likestillingsutfordringar barn og unge har på sentrale arenaer, som i heim, barnehage, skule og utdanning. Utvalet skal også sjå på likestillingsutfordringar ungdom møter i fritida og når det gjeld sosiale medium og kroppspress. Det er òg ei sentral oppgåve for utvalet å fremje tiltak som kan bidra til meir likestilling for den einskilde og i samfunnet.

Ny felles likestillings- og diskrimineringslov gjeld frå 1. januar 2018. Formålet med lova er eit styrkt, oversiktleg og samanhengande vern mot diskriminering. Regjeringa etablerte òg eit nytt handhevingsapparat på likestillings- og ikkje-dis-

krimineringsoområdet med verknad frå 2018. Målet er meir effektiv saksbehandling og at det skal få konsekvensar å diskriminere. Den nye lova inneber òg at pådrivarrolla og handhevingsrolla er skilde frå kvarandre.

BLD samordnar gjennomføringa av *Regjeringens handlingsplan for universell utforming (2015–2019)*. Arbeidet omfattar ti departement og ei rekkje direktorat og statlege verksemdar, stiftingar og organisasjonar. Handlingsplanen følgjer opp visjonen frå regjeringa om eit samfunn der alle kan delta, gjennom å arbeide for eit universelt utforma samfunn.

Hausten 2016 la regjeringa fram ein strategi mot hatefulle ytringar. Målet med strategien er å medverke til god offentleg meiningsutveksling og å forebyggje og motverke hatefulle ytringar. Strategien gjeld fram til 2020.

Det er framleis behov for å styrkje dei grunnleggjande rettane til LHBTIQ-personar og motverke diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Regjeringa har derfor lagt fram *Trygghet, mangfold, åpenhet. Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunnlag av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (2017–2020)*. I 2019 vil departementa arbeide vidare med gjennomføring av tiltaka på egne område.

BLD vil i 2018 leggje fram ein strategi for betre samordning av politikken og betre gjennomføring av måla regjeringa har sett om likestilling av personar med nedsett funksjonsevne. Strategien vil bli følgt opp av ein handlingsplan med konkrete tiltak.

BLD har òg starta arbeidet med ein handlingsplan mot rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion.

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, som dekker dei diskrimineringsgrunnlag og samfunnsområder som den nye likestillings- og diskrimineringslova omfattar, er ei føresetnad for målretta og kostnadseffektiv innsats i åra framover, både frå aktuelle styresmakter, aktørane i arbeidslivet og i det sivile samfunn. BLD vil i 2019, i samarbeid med aktuelle sektordepartement, initiere eit arbeid for å kartlegge utfordringar, identifisere kunnskapshull og vurdere behovet for meir syste-



matisk utveksling/spredning av forskning/kunnskap mellom sektorane.

### Mål

BLD har for 2019 følgjande mål innen området likestilling og ikkje-diskriminering.

---

#### Mål

---

- Ein mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad.
  - Færre barrierar mot deltaking i utdanning og arbeidsliv.
  - Vareta rettane til LHBTIQ-personar, bidra til openheit og aktivt motarbeide diskriminering.
  - Fremje universell utforming på dei områda der utfordringane er størst.
  - Effektivt handhevingsapparat på likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet.
- 

Desse måla er nærare omtalte under overskriftene *Kjønn, utdanning og arbeidsmarknad*, *Deltaking i utdanning og arbeidsliv*, *Diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk*, *Universell utforming og auka tilgjenge* og *Handhevingsapparatet* nedanfor.

## Resultatrapport og strategiar

### Kjønnslikestilling

Kjønn, utdanning og arbeidsmarknad

Yrkesdeltakinga til kvinner har hatt mykje å seie for den økonomiske veksten i Noreg. Ein forskingsrapport frå Institutt for samfunnsforskning viser at dersom vi ikkje hadde hatt sysselsetjingsvekst blant kvinner sidan 1972, ville BNP i Fastlands-Noreg summert over 40 år vore 3300 milliardar kroner lågare. Gutar og jenter tek framleis i for stor grad kjønnsstradisjonelle utdannings- og yrkesval. Særleg i fag- og yrkesopplæringa i vidaregåande skule er fleire av utdanningsprogramma dominerte av eit kjønn.

Likestillingsmeldinga frå regjeringa slår fast at kjønnsstradisjonelle utdanningsval bidreg til å oppretthalde ein kjønnsdelt arbeidsmarknad, forskjellar i lønn, arbeidstid og arbeidsbelastning. På samfunnsnivå påverkar den kjønnsdelte arbeidsmarknaden rekrutteringa til yrke, næringar og sektorar. Fastlåste mønster i arbeidsmarknaden fører til liten fleksibilitet og resulterer i dårleg nytting av humankapitalen. Departementet har sett dette målet:

- *Ein mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad*

Omtalen nedanfor gjer greie for resultat på feltet som er oppnådde i 2017 og fyrste halvdel av 2018 og planlagde tiltak i 2019.

### Likestillingspolitisk orientering

Barne- og likestillingsministeren la fram ei orientering for Stortinget 22. mai 2018 om status i arbeidet med å fremje likestilling og mangfald i alle sektorar. Eit tema var likestilling mellom menneske, med undertema om diskriminering, negativ sosial kontroll, kroppspress, #metoo, vald i nære relasjonar og kvinnehelse. Likestilling i skule og arbeidsliv var eit anna tema, og dette inkluderte integreringsløftet, kjønnsdelt arbeidsmarknad og utdanningsval, næringsliv og leiarar. Det siste temaet var internasjonalt arbeid. Det var debatt om orienteringa 28. mai 2018.

### Prosjektet Jenter og teknologi

Regjeringa har støtta prosjektet Jenter og teknologi i regi av NHO med 2,5 mill. kroner i 2017 og 2,5 mill. kroner i 2018. Målet med prosjektet er å auke delen jenter i teknologifaga på alle nivå i utdanningssystemet ved at fleire jenter vel utradisjonelle utdanningar og karrierar. I 2017 deltok 4 000 jenter i 9. og 10. klasse på arrangement 12 ulike stader over heile landet. Til saman 1 000 jenter mellom 15 og 19 år har delteke på arrangement på høgare utdanningsinstitusjonar. På arrangementa får jentene møte unge kvinnelege rollemodellar som fortel om sine utdanningsval og sine studie- eller arbeidsdagar. Jenter og teknologi er i dialog med fleire utdanningsinstitusjonar om å halde arrangement i framtida. I 2018 blei NHO og NITO einige om å samarbeide om prosjektet.

Jenter og teknologi har nytta tradisjonelle og sosiale medium for å nå dei unge, og for å nå sentrale målgrupper som foreldre og karriererettleiarar. Til dømes har dei utvikla ein film retta mot foreldre, som har nådd over 100 000 personar på Facebook.

Tala på kvinner som søker seg til tekniske yrkesfag, fagskule og teknologi- og realfag på høgare utdanning, viser ei svak positiv utvikling.

Like moglegheiter til å velje utdanning og yrke trass i kjønn er sentralt for eit likestilt arbeidsliv. Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2019 å auke tilskotet til Jenter og teknologi til samla om lag 3,5 mill. kroner. I tillegg foreslås ein auke på 1 mill. kroner til tiltak for å motverke kjønnsdelte utdanningsval. Det er særleg relevant å vurdere tiltak som vil auke rekrutteringa av

menn til grunnskole- og barnehagelærerutdanninga. I tillegg er rekruttering av menn til utdanning innanfor helse- og omsorgssektoren relevant. Kunnskapsdepartementet føreslår òg 1 mill. kroner til dette. BLD og KD vil i samarbeid prioritere desse innsatsområda i arbeidet med jamnare kjønnsbalanse innanfor utdanningslaua.

BLD føreslår òg ein auke på 1 mill. kroner til tiltak som kan bidra til å auke delen kvinnelege toppleiarar i næringslivet. I tillegg kjem tilsvarende beløp på budsjettet til Nærings- og fiskeri-departementet.

#### #UngIDag-utvalet

#UngIDag-utvalet skal mellom anna ta for seg utfordringar som gjeld kjønnsstradisjonelle utdannings- og yrkesval. Målet er at utvalet skal føreslå gode tiltak for å få unge til å bryte med tradisjonelle kjønnsrollemønster når dei vel utdanning og yrke. Utgreiinga kan gi oss eit kunnskapsgrunnlag for å utvikle ein strategi for ein meir likestilt utdannings- og arbeidsmarknad.

#### Pilotprosjektet Likestilt arbeidsliv

I 2016 og 2017 har regjeringa støtta pilotprosjektet *Likestilt arbeidsliv* på Agder med 1 mill. kroner. Målet er at bedriftene som deltek, skal bli sertifiserte som likestilte bedrifter. I 2018 blei 15 offentlege og private bedrifter innstilte som dei første likestilte bedriftene i Noreg. Arbeidet er konkretisert gjennom sju innsatsområde med eigne kriterium. Sertifiseringa er prosessorientert, og bedriftene må kunne dokumentere systematisk arbeid og rutinar på dei ulike innsatsområda. Det er fem kriterium for sertifisering til kvart av dei sju områda: forankring, inkluderande arbeidsmiljø, rekruttering, tilrettelegging, heiltidskultur, livsfase og likelønn.

#### Arbeidsgruppe for likestilling i arbeidslivet

Hovudorganisasjonane i arbeidslivet og regjeringa ved Arbeids- og sosialdepartementet og BLD har eit samarbeid om å fremje likestilling mellom kvinner og menn i arbeidslivet. Dette trepartssamarbeidet er forankra i Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd, og likestilling blir jamleg teke opp som tema i rådet. Arbeidsgruppa under rådet sette i 2017 i gang ei kunnskapsoppsumming om likelønnsstandarden på Island. Rapporten blei lansert i juni 2018. Likelønnsstandarden skal sørgje for at kvinner og menn blir betalte likt for same type arbeid i same bedrift. Standarden har

førebels ikkje fungert lenge nok til at vi kan fastslå korleis dette verkar. Eit viktig poeng er at standarden gjeld internt i bedrifta, og ikkje generelt i samfunnet. Skilnader i lønn som skuldast at kvinner og menn jobbar i ulike bransjar og sektorar, vil ikkje endre seg.

Partane i arbeidslivet og myndigheitene samarbeider òg om informasjonsmaterieil som ledd i arbeidet med å motverke seksuell trakassering.

#### CORE – Senter for likestillingsforskning

CORE har i 2017 konsentrert si forskning om karriere og toppleing, lønsforskjeller mellom kjønna, kjønnsdelte utdanningsval og arbeidsmarknaden kjønnsdelte struktur, samt familie- og likestillingspolitikk. Rapporten *Kjønnssegregering og mobilitet i det norske arbeidsmarkedet* (2017), viser at den viktigaste grunnen til den kjønnsdelte arbeidsmarknaden er utdanningsvala til de unge. Men samtidig viser rapporten at det er ein tendens til at unge arbeidstakare i mindre grad vel kjønnsstradisjonelle yrker, kvinner veljar mindre tradisjonelt enn menn og det er ein aukande tendens til at menn med innvandrarbakgrunn går inn i kvinnedominerte yrker. Desse endringstendensane vil gjera sitt til ein mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad. CORE si forskning viser at det er stor variasjon mellom sektorar på arbeidsmarknaden når det gjeld kjønnsamansetning i toppstillingar. Medan næringsliv og academia vedvarande er svært mannsdominert på toppen, er kvinner og menn likare representert i toppstillingar i offentlig sektor og i organisasjonslivet.

CORE Topplederbarometer 2018 viser at mannsdominansen er stor i leiinga av norsk næringsliv. I dei 200 største selskapa er det berre 22 prosent kvinnelege toppleiarar, og berre 26 selskap har kjønnsbalanse i toppleiargruppa. Det er ei lita, men positiv utvikling sidan 2014 ved at delen kvinnelege toppleiarar i dei største selskapa har auka frå 18 prosent i 2014 til 22 prosent i 2018. Berre 10 prosent av dei øvste leiarane (CEO / administrerande direktør) er kvinner. Dette er ein auke frå 7,5 prosent i 2016. 39 selskap har ingen kvinner i toppleinga. CEO-ar blir skifta ut ofte. Over halvdel, 54 prosent, av alle CEO-ar har vore øvste leiar i under fem år. Men trass i store utskiftingar er det berre 13 prosent kvinner som er rekrutterte til CEO dei siste fire åra. Barometeret viser at om ein ønskjer betre kjønnsbalanse på toppen av næringslivet må ein rette merksemda mot å auke delen kvinner i linjeposisjonar. Erfaring frå slike stillingar blir ofte sett på som naudsynt for å rykke opp til øvste nivå, som er CEO.

Berre 16 prosent av kvinnelege toppleiarar har linjeposisjon med resultatansvar.

CORE har som mål å gjere forskinga tilgjengeleg gjennom enkle framstillingar av likestillingsforskning. I tillegg til CORE Toppleiderbarometer har dei utvikla CORE-indikatorane «Economic benefits of women in the workforce» og «Kjønn og lønn» og fleire CORE-statusar: «Kjønnsbalanse på toppen?», «Foreldrepermisjon og fedrekvote» og «Hvordan lukker Island lønnsgapet?».

CORE – Senter for likestillingsforskning skal i 2019 halde fram arbeidet og vere eit sentralt miljø for likestillingsforskning om arbeidslivet, med vekt på samspelet mellom familie og arbeidsliv. Senteret skal drive forskning, kunnskaps- og nettverksbygging og formidling av forskingsresultat.

#### Arbeidet med likestilling i Bufdir

Bufdir er eit fagorgan for gjennomføring av likestillingspolitikken og skal medverke til å styrkje kompetansen i kommunar og andre sektorstyresmakter på likestilling og ikkje-diskriminering.

Nettressursen *kjønnslikestilling.no*, som blei lansert i januar 2017, viser statistikk, indikatorar og kvalitativ forskning på nasjonalt nivå. I tråd med Statistisk sentralbyrå si vidareutvikling av lønnsstatistikken har Bufdir på *kjønnslikestilling.no* presentert meir detaljerte analysar av skilnadene i inntekta til menn og kvinner innanfor ulike sektor, næringar, yrkeskategoriar og i utbetaling av bonus og overtidsgodtgjersler.

I 2018 arrangerte BLD og Bufdir ein konferanse om likestilling mellom kvinner og menn. Dette var den fyrste nasjonale likestillingskonferansen frå styresmaktene si side. Konferansen hadde seksuell trakassering på dagsordenen, med tittelen «#Metoo – hva nå?».

Bufdir skal i 2019 halde fram arbeidet med å samle og systematisere dokumentasjon og statistikk som gjeld likestilling mellom kvinner og menn. Eksisterande indikatorar skal vurderast, og det skal utviklast nye. Nye indikatorar skal publiserast på *kjønnslikestilling.no*. Arbeidet skal sjåast i samanheng med indikatorarbeidet på andre diskrimineringsgrunnlag og knytast til rapporteringa om internasjonale konvensjonar og rapportering på FNs berekraftsmål. Rammeavtalen med SSB om koordinering av likestillingsrelatert statistikk vil bli forlengd for 2019.

Bufdir er i gang med eit prosjekt om kjønnsdelte utdannings- og yrkesval. Prosjektet skal i første omgang kartleggje ulike tiltak og hente inn kunnskap om temaet.

Tilskot til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingsområdet

I samsvar med målet om å sikre drift for frivillige organisasjonar som har arbeid med familie- og likestillingspolitikk i Noreg som kjerneverksemd, er om lag 60 prosent av tilskotsmidlane løyvde som driftstilskot. Likestilling i denne tilskotsordninga inneber likestilling mellom kjønn. Bufdir forvaltar ordninga og nyttar fleire kjelder for å følgje opp at måla blir nådde, til dømes rapportering frå tilskotsmottakarar, evalueringar og forskning.

Av dei 18 organisasjonane som fekk driftsstønad, var sju kvinnepolitiske, ni familiepolitiske, éin mannspolitisk og éin minoritetspolitisk.

Prioriterte prosjektområde var tiltak som gjeld kvinner med minoritetsbakgrunn, rollene til menn og kjønnsstradisjonelle utdanningsval. I 2017 fekk 15 organisasjonar tilskot til aktivitetar. Av dei 15 organisasjonane som fekk tilskot til prosjekt, var ti minoritetspolitiske, fire mannspolitiske og ein kvinnepolitisk.

Tilskotsmidlane har bidrege til at målet med aktivitetstilskota blir nådd ved å gi organisasjonane økonomi til å gjennomføre tiltak som er med på å setje dagsorden, supplere og korrigere det offentlege familie- og likestillingspolitiske arbeidet, utvikle demokratiet, skape deltaking og bidra til kunnskap, debatt og haldningsendringar. Tiltaka oppfyller eitt eller fleire av dei prioriterte områda i ordninga.

#### Likestillingssenter

Reform – ressurscenter for menn, Likestillingssenteret på Hamar, KUN – senter for kunnskap og likestilling i Steigen og Senter for likestilling ved Universitetet i Agder er kunnskapssenter for å fremje likestilling og mangfald. Likestillingssentra følgjer opp lokale og regionale verksemder gjennom opplæring, rettleiing og erfaringsutveksling i arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering. Likestillingssentera har fått meir å seie gjennom arbeid med likestilling regionalt i eigne oppdrag frå Bufdir og andre statlege og kommunale styresmakter.

#### Personar med nedsett funksjonsevne

Barne- og likestillingsdepartementet har ansvaret for samordning av politikken retta mot personar med nedsett funksjonsevne. Sektordepartementa har ansvaret for politikk og tiltak for universell utforming på eigne sektorområde.

### Deltaking i utdanning og arbeidsliv

Barn med nedsett funksjonsevne deltek mindre i skuleaktivitetar og ordinær undervisning enn andre barn. Manglande inkludering påverkar deltaking og sosialisering utanfor skuletid. Personar med funksjonsnedsetjingar med høgare utdanning har 4,5 gonger høgare sjanse for å vere i arbeid enn personar med funksjonsnedsetjingar som berre har grunnskule. Det er likevel ein monaleg lågare del i denne gruppa som tek høgare utdanning enn elles i befolkninga. I 2016 var 44 prosent av personar med nedsett funksjonsevne i arbeid, mot 73 prosent i befolkninga generelt. I 2016 var delen med nedsett funksjonsevne som står utanfor arbeidslivet, men som ønskjer jobb, på 24 prosent, eller tilsvarande 85 000 personar.

Departementet har dette målet for arbeidet for personar med nedsett funksjonsevne:

- *Færre barrierar mot deltaking i utdanning og arbeidsliv.*

Regjeringa vil utarbeide ein strategiplan for likestilling av personar med nedsett funksjonsevne. Målet med strategiplanen er å sikre ein meir koordinert og heilskapleg innsats for likestilling av personar med nedsett funksjonsevne på statleg nivå og ei meir effektiv gjennomføring av politikken til regjeringa. BLD koordinerer arbeidet med strategiplanen. Planen vil mellom anna vere retta inn mot auka deltaking i utdanning og arbeidsliv.

Strategiplanen skal ha ein strategidel og ein handlingsplandel. Strategidelen skal skildre politiske mål, rammer og prioriteringar, og korleis staten skal innrette verksemda si for å oppnå likestilling av personar med nedsett funksjonsevne. Handlingsplandelen vil presentere konkrete tiltak som skal bidra til auka likestilling.

### Rettane til menneske med nedsett funksjonsevne

Kommunane er forplikta til å følgje menneskerettskonvensjonar som Noreg har slutta seg til, inkludert FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD). Likestillingssenteret og KUN fekk i 2017 i oppdrag å hente inn kunnskap frå utvalde kommunar og fylkesmenn om CRPD. Kartlegginga tyder på at kommunane har lite kunnskap om korleis dei bør arbeide for å realisere CRPD. Rapporten blir følgd opp med ulike tiltak for å auke kunnskapen og medvitet om CRPD i kommunane.

Buudir arbeider hausten 2018 med å fullføre, i samarbeid med Helsedirektoratet, ei felles rettlei-

ing for barnevernet og helsesektoren om tenester til barn med nedsett funksjonsevne. Målet er å gjere det tydelegare kva som er barnevernet og helsesektoren sine roller og ansvarsoppgåver og å klargjere samarbeidsplikta knytt til barn med nedsett funksjonsevne som har behov for tenester frå begge sektorane.

Auka kunnskap hos kommunetilsette, pårørande og brukarar kan medverke til betre og meir likeverdige tenester for personar med utviklingshemming. Buudir har utvikla ein nettressurs om rettar for personar med utviklingshemming for å møte informasjonsbehovet hos kommunetilsette, utviklingshemma og dei pårørande. I tillegg samlar direktoratet kunnskap og statistikk på eigne internettsider om levekårsstatus for personar med nedsett funksjonsevne.

Eit viktig arbeid er å få på plass kommuneindikatorar som ein del av statistikken om levekårsstatus frå slutten av 2018. Kommunemonitoren vil styrkje moglegheitene til å samanlikne tenesteytinga i kommunane. Dette vil mellom anna gi eit betre kunnskapsgrunnlag for kommunane i arbeidet med å forbetre tenestetilbodet og levekåra til funksjonshemma.

Buudir tok i 2016 initiativ til eit arbeid med å greie ut moglegheitene for å utvikle ein offisiell levekårstatistikk for personar med funksjonsnedsetjing. Dette er eit samarbeid med Statistisk sentralbyrå og NAV og tek utgangspunkt i NAV sine hjelpemiddeldata og utføreregister. Prosjektet er planlagt å gå over i driftsfase frå 2020 og er viktig for å få meir kunnskap om levekåra til personar med funksjonsnedsetjing.

### Tilskot for å betre levekåra til menneske med nedsett funksjonsevne

Buudir forvaltar tilskot til tiltak for å betre levekåra til menneske med nedsett funksjonsevne. I 2017 prioriterte direktoratet prosjekt og tiltak som formidlar rettane til funksjonshemma, som medverkar til positive haldningsendringar i samfunnet, og som gjer tenestene for familiar med barn med nedsett funksjonsevne betre.

134 frivillige organisasjonar for funksjonshemma fekk driftsstøtte frå Buudir i 2017.

Tilskotsordninga til fritidstiltak for personar med nedsett funksjonsevne var ny i 2017, og eit resultat av samanslåing av tilskota til «Sommarleir for barn og unge med nedsett funksjonsevne med særskilt store hjelpebehov» og «Ferie- og velferds-tiltak for personar med nedsett funksjonsevne». Deltaking i fritidsaktivitetar er viktig for barn med nedsett funksjonsevne. Over 4 000 personar i mål-

gruppa deltok i sommarleir eller velferds- og ferie-tiltak. Av desse var over halvparten under 26 år.

Stiftelsen SOR arbeider med informasjons- og kompetanseformidling, fagutvikling og sosialpolitiske innspel, med særleg vekt på haldningsarbeid og bevisstgjerung om utfordringar og moglegheit for utvikling. SOR arbeider med å fremje rettane til utviklingshemma gjennom samvirke med ein-skilde personar, frivillige organisasjonar, offentlege etatar, fagmiljø og utdanningsinstitusjonar. SOR står òg bak modellen for inkludering, HELT MED, som handlar om å tilsette personar med utviklingshemming i det ordinære arbeidslivet. SOR har søkt om midlar og fått tilsegn om prosjektstøtte til HELT MED frå Bufdir.

### **Diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk**

BLD har ansvaret for å samordne LHBTIQ-politikken (lesbisk, homofil, bifil, transperson, interkjønn og skeiv/queer).

Bufdir gjennomførte ei innbyggjarundersøking om haldningar til LHBTIQ-personar i 2017. Utviklinga går i positiv retning, men det er framleis mange som har negative haldningar til LHBTIQ-personar. Funna viser at det framleis er barrierar mot samfunnsdeltaking for LHBTIQ-personar. BLD har derfor følgjande mål for arbeidet med diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk:

- *Vareta rettane til LHBTIQ-personar, bidra til openheit og aktivt motarbeide diskriminering.*

Omtalen nedanfor gjer greie for resultat på feltet som er oppnådde i 2017 og fyrste halvdel av 2018 og planlagde tiltak i 2019.

I 2018 har ein fullført indikatorar på LHBTIQ-feltet, som dekkjer både etablerte levekårsområde, arbeidsliv og helse i tillegg til LHBTIQ-spesifikke tema. Dei ligg på nettsidene til Bufdir og skal leggjje til rette for at ein kan følgje utviklinga i levekåra for LHBTIQ-befolkninga over tid. Nasjonale og lokale styresmakter kan gjere seg nytte av dette kunnskapsgrunnlaget for å utvikle politikk, tiltak og handlingsplanar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Indikatorsidene blir publiserte i 2018, og haldningsundersøkinga frå 2017 er ein del av datamaterialet. Bufdir vil føre vidare arbeidet med LHBTIQ-indikatorar ved å oppdatere og vidareutvikle nettsidene jamleg.

*Trygghet, mangfold, openheit. Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsut-*

*trykk (2017–2020)* blei lansert i juni 2016. Handlingsplanen har innsatsområda trygge nærmiljø og offentlege rom, likeverdige offentlege tenester og betre livskvalitet for særleg utsette grupper. Handlingsplanen vidarefører òg den internasjonale innsatsen frå Noreg si side og samarbeid mellom styresmaktene og organisasjonane på dette feltet. Planen inneheld ei rekkje tiltak. Mellom anna skal levekåra til ulike grupper av LHBTIQ-personar kartleggjast, som til dømes LHBTIQ-personar med funksjonsnedsetjingar og LHBTIQ-personar med innvandrarakgrunn. Det skal vidare setjast i verk tiltak mot mobbing og trakassering i skulen, og arbeidet mot hatkriminalitet på grunnlag av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk skal styrkjast. Bufdir tok del i utviklinga av planen, og direktoratet har frå 2017 fått ansvaret for å koordinere den faglege og operative gjennomføringa av planen. Bufdir skal i tillegg gjennomføre ei rekkje ein-skilde tiltak. I 2018 har det òg vore arrangert fleire regionale konferansar om LHBTIQ. Våren 2018 la Bufdir fram ein statusrapport for tiltaka som var gjennomførte i 2017.

ILGA Europe, den europeiske paraplyorganisasjonen for nasjonale LHBTIQ-organisasjonar, rangerer årleg alle dei europeiske landa etter ei vurdering av politikk og lovverk på LHBTIQ-området i kvar einskild stat. Noreg blei i 2018 rangert som nummer tre på denne rangeringa, og rykte dermed éin plass ned samanlikna med 2017. Malta og Belgia fekk betre skår enn Noreg. Noreg er framleis i toppsjiktet blant dei 49 landa som er med i ILGA sin kåring.

I 2019 vil involverte sektordepartement arbeide vidare med gjennomføring av tiltaka i *Trygghet, mangfold, openheit. Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunnlag av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (2017–2020)*. Den fyrste studien i Noreg om levekåra til personar med variasjon i kroppsleg kjønnsutvikling vil bli lagd fram. Arbeidet med gjennomføring av ei ny landsomfattande levekårsundersøking blant LHBTIQ-personar i eit livsløpsperspektiv skal først vidare.

Våren 2019 skal Noreg vere vertskap for IDA-HOT-forum i Oslo. Forumet er den viktigaste arenaen for LHBTIQ-saker i Europa, der representantar frå styresmakter og sivilsamfunn kjem saman for å drøfte LHBTIQ-politikk.

Bufdir skal arrangere ein regional LHBTIQ-konferanse i Kristiansand, som vil vere særleg retta mot folkehelsekoordinatorar. Konferansen skal ha eit interseksjonelt perspektiv.

Tilskot til aktivitetar og drift av frivillige organisasjonar og andre, som bidreg til betre levekår og livskvalitet blant lesbiske, homofile, bifile og transpersonar

I samsvar med overordna mål om å sikre drift for frivillige organisasjonar som har arbeid for å betre levekår og livskvalitet for LHBTIQ-personar i Noreg som si kjerneverksemd, er i 2018 om lag 60 prosent av tilskotsmidlane på 11,5 mill. kroner løyvd som driftstilskot til fem organisasjonar i målgruppa. I 2017 gjekk nærare 80 prosent av tilskotsmidlane til drift av organisasjonar, men Bufdir gav i 2018 organisasjonen Blikk aktivitetstilskot og dermed gjekk prosentdelen driftsmidlar ned.

Ordninga gir òg støtte til aktivitetar, slik at frivillige organisasjonar og andre som arbeider for å betre levekår og livskvalitet for LHBTIQ-personar i Noreg, får høve til å gi informasjon/kunnskap og skape merksemd, debatt og haldningsendringar når det gjeld LHBTIQ-spørsmål. I 2017 blei det løyvd tilskot til 14 ulike aktivitetar på til saman om lag 2 mill. kroner og i 2018 til 14 ulike aktivitetar på til saman om lag 4,4 mill. kroner.

Det er òg gitt tilskot til tiltak som tek sikte på å betre kvardagen til målgruppa direkte ved rettsleg hjelp til personar med minoritetsbakgrunn, sosiale samlingar og sommarleirar. Det er gitt tilskot til sju Pride-arrangement – i Bergen, Kristiansand, Oslo, Telemark, Trondheim, Tromsø og Ørsta/Volda – og dermed er store deler av landet dekt. I Noreg er det ikkje gjort målretta forskning på kva verknad slike arrangement kan ha på levekåra til målgruppa, men internasjonal litteratur tyder på at dei er sentrale for mellom anna at gruppa kan vere synleg, og at dei har bidrege til meir positive haldningar hjå majoritetsbefolkninga.

Frå 2017 inkluderer ordninga støtte til prosjekt som er sikta inn på å fremje levekår og livskvalitet blant interkjønnpersonar. I 2017 var det to slike organisasjonar som søkte om og fekk innvilga støtte.

### Universell utforming og auka tilgjenge

BLD har ansvaret for å samordne politikken på området universell utforming. Sektordepartementa har ansvaret for politikk og tiltak for universell utforming på eigne sektorområde.

Eit breitt, systematisk arbeid i ei rekkje sektorar har gitt positive resultat. Universell utforming er innarbeidd som ein naudsynt samfunnskvalitet innan blant anna transport, bygg og IKT. Lover,

forskrifter og auka kunnskap om universell utforming i offentleg og privat verksemd gir eit godt grunnlag for vidare utvikling på mange område. Regjeringa vil framover konsentrere merksemda om sektorar med store utfordringar. BLD har dette målet innanfor arbeidet med universell utforming:

– *Fremje universell utforming på dei områda der utfordringane er størst.*

Omtalen nedanfor gjeld i hovudsak arbeidet i BLD med samordning av *Regjeringens handlingsplan for universell utforming 2015–2019* og tek i tillegg føre seg nokre konkrete tiltak. Omtalen gjer greie for resultat på feltet som er oppnådde i 2017 og fyrste halvdel av 2018 og planlagde tiltak i 2019.

Det er løyvd midlar på kap. 872, post 71 til å stimulere utviklinga av universell utforming. Om lag halvparten av desse midlane er sette av til to tilskotsordningar. I 2017 var dette 15,6 mill. kroner, og det blei gitt tilskot til 85 prosjekt i 2017. Tilskotsmottakarane var brukarorganisasjonar, bransjeorganisasjonar, forskingsinstitusjonar, kommunar og fylke og private verksemdar. Tilskotsordningane gir konkrete resultat og har ein positiv effekt på dei områda som dei skal dekkje. Til dømes fekk i 2017 32 prosjekt tilskot i kommunane, mellom anna til kartlegging og prosjektering av universell utforming. Dei prosjekta som elles fekk tilskot, spenner vidt, frå forskning til informasjon. Transportøkonomisk institutt fekk til dømes middel til eit prosjekt om nyttekostnadsanalyse av tiltak for universell utforming, medan FFO fekk støtte til konferansen «Norge universelt utformet – hva nå?».

*Regjeringens handlingsplan for universell utforming 2015–2019* har hovudvekt på IKT og velferdsteknologi. I tillegg blir arbeidet på andre viktige samfunnsområde følgde opp. Bufdir utarbeider jamlege statusrapportar for tiltaka i planen på bufdir.no.

Det er 47 tiltak på områda til 11 departement. Arbeidet med dei ulike tiltaka går hovudsakleg etter planen og skal vere gjennomførte som planlagt ved avslutning av planperioden.

Indikatorar for universell utforming viser at tilgangen til deler av samfunnet for personar med funksjonsnedsetjingar er ei utfordring. Dette gjeld særskilt eksisterande bygningar, uteområde og infrastruktur. Her er det til dels store utfordringar. Det vidare arbeidet med universell utforming blir retta inn mot innsats på dei områda der utfordringane er størst, og det blir gjennomført ei evaluering av status for å avklare nærare.

## Hatefulle ytringar

Regjeringa la hausten 2016 fram ein strategi mot hatefulle ytringar. Strategien skal motverke hatefulle ytringar på alle diskrimineringsgrunnlag. Den nasjonale strategien fell godt saman med arbeidet mot kjønnsbaserte hatytringar som var initiert i regi av det norske formannskapet i Nordisk ministerråd i 2017.

I arbeidet mot hatytringar både på nasjonalt og nordisk nivå har Bufdir vore ein sentral aktør. Bufdir lyste i 2017 ut tre forskingsoppdrag:

- Kunnskapsoppsummering og kartlegging av tiltak mot hatefulle ytringar. Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter har fått oppdraget. Rapporten viser at mange ulike slags tiltak mot hatefulle ytringar blir gjennomførte både i Noreg og internasjonalt. Samstundes har tiltaka vore lite forska på, og ein veit derfor lite om effekten av tiltaka.
- Haldningsundersøking om likestilling, diskriminering og hatefulle ytringar. Fafo har fått oppdraget, og resultat er klare tidleg i 2019.
- Omfanget av hatefulle ytringar. Institutt for samfunnsforskning har fått oppdraget, og resultat er klare tidleg 2019.

Strategien mot hatefulle ytringar blei revidert fyrste gong i 2018 og er utvida med informasjon om ny kunnskap på området og status når det gjeld eksisterande og nye tiltak. Regjeringa har etablert ei eiga referansegruppe i samband med utarbeidinga og oppfølginga av strategien.

Bufdir har etablert nettsida hatytringer.no. Sida inneheld relevant informasjon om arbeidet mot hatefulle ytringar, kva ein kan gjere om ein blir utsett for dette og om arbeidet til styresmaktene.

I 2018 har Bufdir arbeidd med å skape auka merksemd om hatefulle ytringar nasjonalt, mellom anna gjennom regionale dialogmøte og konferansar i samarbeid med lokale aktørar. Bufdir har mellom anna vore medarrangør om temaet hatefulle ytringar under Arendalsuka og i Fagdagene til Nordland fylkeskommune og det fylkeskommunale rådet for nedsett funksjonsevne. Bufdir planlegg òg eit ungdomsseminar i Stavanger saman med Kirkelig dialogsenter.

Bufdir utviklar no ein informasjonskampanje retta mot arbeidslivet om hatefulle ytringar i sam-

arbeid med Geelmuyden og Kiese. Ei referansegruppe er oppretta for å bidra i arbeidet.

Kampanjen #ikkegreit blei lansert i sosiale medium i november 2017 som følge av satsinga på nordisk nivå. Kampanjen bidrog til merksemd om hatefulle ytringar retta mot unge jenter og vekte stor interesse i sosiale medium. Ein del av kampanjen retta seg mot ungdom, og ein annan del retta seg mot vaksne som er i kontakt med ungdom. Kampanjen vann i 2018 prisen Gulltaggen i kategorien «Sosiale medium» og gull i kategorien «Best persuasive content» i In2Sabre, i konkurranse med byrå og kampanjar frå heile Europa.

Stopp hatprat-kampanjen i regi av Norges Handikapforbund vil i 2018 mellom anna etablere eit Stopp hatprat-akademi og etablere eit praktikanettverk for ungdomsarbeidarar, lærarar og ungdomsleiarar som ønskjer å få støtte, opplæring og rettleiing i å halde workshopar for ungdommar om hatprat. Regjeringa fører i 2019 vidare støtta til Stopp hatprat-kampanjen. Stopp hatprat arbeider med å etablere seg nasjonalt og gir opplæring til sine eigne stopp hatprat-ambassadørar. Dette er ungdommar frå heile Noreg som representerer kampanjen og deltek i ulike aktivitetar for ungdom. Ei eiga evaluering viser at ordninga fremjar gode førebilete og skaper merksemd om hatytringar. Stopp hatprat har over 10 000 følgjarar på Facebook. Stopp hatprat har i samarbeid med Bufdir arrangert eit debattmøte i Tromsø om hets og hatprat mot samar. I debatten deltok lokale politikarar og sentrale samiske aktørar. Aktivitetane til Stopp hatprat er godt fagleg funderte og byggjer på resursmateriale som er utvikla av Europarådet.

Arbeidet mot hatefulle ytringar har vore sentralt også i det nordiske samarbeidet. Meir informasjon om dette er å finne i delen om internasjonalt arbeid.

Digitale medium er kanskje den største arenaen for ytringar av diskriminerande og hatefull karakter. I 2019 vil Bufdir lyse ut eit oppdrag som ved bruk av stordataanalyse skal kartlegge omfanget av faktiske ytringar av hatefull eller diskriminerande karakter.

BLD veit lite om avsendarar av hatefulle ytringar og kva for faktorar som ligg til grunn for at personar ytrar seg hatefullt. Bufdir vil difor i 2019 setje i gang eit forskingsprosjekt som har som mål å gi meir kunnskap om hatefulle ytringar.

### Etnisitet, religion og livssyn

Ulike rapportar, kartleggingar og statistikk viser at rasisme og diskriminering på grunnlag av etnisitet, religion og livssyn er eit problem i samfunnet. Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter har levert rapporten *Holdninger til jøder og muslimer i Norge 2017*. Denne viser mellom anna at negative haldningar til muslimar er svært utbreidd i befolkninga, og at både muslimar og jødar meiner at fordommane mot eiga gruppe har auka dei siste åra. 10 prosent av befolkninga meiner at vald og trakassering av muslimar kan forsvarast på grunn av nylege terrorangrep. 20 prosent av det muslimske utvalet og meir enn 11 prosent av befolkninga generelt meiner at trakassering og vald retta mot jødar kan forsvarast når ein tenkjer på korleis Israel behandlar palestinarar.

Buudir var initiativtakar til eit større nordisk forskingsprosjekt om levekår for samar med nedsett funksjonsevne. Funna viser at desse personane kan oppleve utfordringar i møtet med hjelpeapparatet. Mangel på kulturell forståing og informasjon på samisk blei peikt på som problemområde. Det blei òg løfta fram korleis FN-konvensjonen om rettar for personar med funksjonsnedsetjing bør følgjast opp med eit urfolksperspektiv. Gjennom dette prosjektet er det blitt etablert møteplass for kunnskapsutvikling og erfaringsutveksling for forskingsmiljø frå Noreg, Sverige og Finland.

I samheng med tidlegare oppdrag om å utvikle indikatorar på alle diskrimineringsgrunnlag, arbeider Buudir med å utvikle indikatorar på diskriminering og utviklinga i likestillingstilhøva for etniske minoritetar i Noreg. Det finst mest statistikk om innvandrarar og barna deira. Statistikken om samar er geografisk avgrensa, og det finst lite eller ingen statistikk om nasjonale minoritetar. Buudir tek sikte på ei lansering i løpet av 2019.

### Handhevingsapparatet

Regjeringa etablerte med verknad frå 2018 eit nytt handhevingsapparat på likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet. Målet er tydelegare roller, kortare sakshandsamingstid og at det skal få konsekvensar å diskriminere. BLD har følgjande mål innan arbeidet med handhevingsapparatet:

- *Effektivt handhevingsapparat på likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet.*

Omtalen nedanfor gjer greie for resultat på feltet som er oppnådde i 2017 og fyrste halvdel av 2018 og planlagde tiltak i 2019.

Lov om likestilling og forbod mot diskriminering tok til å gjelde 1. januar 2018. Lova har samla dei fire tidlegare likestillings- og ikkje-diskrimineringslovene, likestillingslova, lova om etnisk diskriminering, diskriminerings- og tilgjengelova og diskrimineringslova om seksuell orientering, i éi lov.

*Lov om Likestillings- og diskrimineringsombudet og Diskrimineringsnemnda* tredde i kraft 1. januar 2018. Lova regulerer verksemda til Likestillings- og diskrimineringsombudet og ei ny diskrimineringsnemnd. Likestillings- og diskrimineringsnemnda blei avvikla 31. desember 2017, og ei ny diskrimineringsnemnd er etablert i Bergen frå 1. januar 2018. Den nye lova inneber at pådrivarrolla og handhevingsrolla til Likestillings- og diskrimineringsombudet er skilde frå kvarandre. Lovhandhevingsoppgåvene er overførte til den nye nemnda, slik at sakene nå handsamast i éin instans (Diskrimineringsnemnda). Den nye diskrimineringsnemnda har mynde til å handheve klagesaker og til å påleggje oppreising i saker som gjeld arbeidslivet og erstatning i enkle saksforhold.

Det er henta inn ei utgreiing om det straffettslege diskrimineringsvernet. Utgreiinga føreslår mellom anna å inkludere kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk som diskrimineringsgrunnlag i straffelova, slik at transpersonar får eit betre vern mot diskriminering. Justis- og beredskapsdepartementet har sendt utgreiinga på offentleg høyring med frist i november 2018. BLD vil følgje opp høyringa i samarbeid med Justis- og beredskapsdepartementet.

BLD vil i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet vurdere behov for endringar i likestillings- og diskrimineringslova i samband med eit EU-direktiv om tilgjenge på nettsidene og mobilapplikasjonane til offentlege verksemder.

Departementet har hatt på høyring forslag til eit lågterskeltilbod for handsaming av saker om seksuell trakassering og forslag om ei styrking av aktivitets- og rapporteringspliktene. Departementet arbeider vidare med å følgje opp forslaget etter høyringa.

Det blei halde 10 møte og handsama til saman 58 saker i Likestillings- og diskrimineringsnemnda i 2017. I tillegg blei 12 saker trekte frå handsaming i nemnda. Totalt er derfor 70 saker avvikla i 2017. Nemnda fekk 50 nye saker til handsaming frå Likestillings- og diskrimineringsombodo-



det i 2017. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var i 2017 på 43 veker.

I 2019 skal den nye Diskrimineringsnemnda ha etablert gode rutinar for sakshandsaming og talet på saker som blir handsama i nemnda, skal på sikt auke.

### Internasjonalt arbeid

#### FN

BLD prioriterer deltaking i dei årlege møta i FN's kvinnekommisjon (CSW) og statspartsmøtet om FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne.

FN's kvinnekommisjon (CSW) er den viktigaste møteplassen for å diskutere situasjonen for kvinner globalt. I 2018 blei den norske delegasjonen til kvinnekommisjonen leidd av utanriksministeren og barne- og likestillingsministeren. Ved avslutninga av kvinnekommisjonen blei ein einige om eit sluttdokument om årets tema, kvinner og jenter på landsbygda. Noreg var òg representert i statspartsmøtet om FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD). Organisasjonar for funksjonshemma var med i den norske delegasjonen.

Arbeidet i BLD med oppfølging av FN-konvensjonane er omtalt under kapittel 10 i del III om arbeid med menneskerettar.

#### Europarådet

Europarådet arbeider med sentrale politikkområde for BLD, som barne- og ungdomspolitik, familierpolitikk, likestillings- og ikkje-diskrimineringspolitikk, valdsproblematikk, sosial tilhøyrslø og medborgarskap. For mandatperioden 2016–2017 møtte Bufdir på vegner av Noreg i styringskomiteane for likestilling (GEC) og ungdomspolitikken (CDEJ) og i ekspertkomiteane for rettार for personar med funksjonsnedsetjing (CAHDPH) (lagd ned i april 2018) og barnerettar (CAHENF). Sentralt står arbeidet med å følgje opp og vidareutvikle strategiane for Europarådet på dei respektive politikkområda. Europarådsstrategien for like rettार for kvinner og menn for 2018–2023 blei lansert i København 3. mai 2018. BLD har det overordna og koordinerande ansvaret for den norske deltakinga i komitéarbeid i Europarådet.

#### EU/EØS

Noreg medverkar til ny politikk- og regelutvikling innanfor ramma for EU/EØS-samarbeidet for grunnleggjande rettार, likestilling og ikkje-diskri-

minering på grunnlag av kjønn, etnisitet, funksjonsevne og seksuell orientering.

Fire direktivforslag på likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet frå Europakommisjonen er til behandling i råd og parlament: Ikkje-diskrimineringsdirektivet (2008), Direktiv for balansert kjønnskvoltering til bedriftsstyre (2012), tilgjengedirektivet «European Accessibility Act» (2015) og direktivet for betre balanse mellom yrkes- og familieliv (2017). For ein betre balanse mellom familie- og yrkesliv føreslo Europakommisjonen eit nytt direktiv for foreldrepermisjon – det såkalla Work-Life Balance Directive (2017). Dette skal erstatte tidlegare direktiv på politikkområdet. Work-Life-Balance direktivet inngår også som ein del av EU-søyla for sosiale rettार, som også inneheld fleire likestillingstiltak der målet er å få fleire kvinner i arbeid. Direktiva og initiativa har alle til felles at dei er EØS-relevante, og at dei vil kunne setje nokre rammor for politikktutviklinga i Noreg.

BLD vil følgje opp dei strategiske rammene frå EU for utvikling av like moglegheiter for kvinner og menn, personar med funksjonsnedsetjingar og seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (LHBTI) der Noreg har samanfallede interesser og der det er eit tydeleg samspel mellom nasjonale prioriteringar og deltaking i europeisk samarbeid.

#### Nordisk ministerråd

Noreg heldt formannskapet i Nordisk ministerråd i 2017. På likestillingssektoren var desse temaa hovudprioriteringar: likestilling i arbeidslivet, arbeidet mot vald, arbeidet mot hatefulle ytringar og menn og likestilling. Som følgje av satsinga på nordisk nivå blei det halde nordiske og internasjonale konferansar med tema som vald, hatefulle ytringar og likestilling i arbeidslivet. Det kom ut fagrapportar på arbeidet mot vald og hatytringar, og i tillegg blei det på det sistnemnde området gitt ut informasjonsmaterieil rettā mot ungdom 13–18 år i alle dei fem nordiske landa (sjå arbeidet på nasjonalt nivå). Når det gjeld arbeidet for å inkludere menn og gutar i likestillingsarbeidet, blei det arrangert to konferansar, ein på Island og ein i Danmark.

Det noverande samarbeidsprogrammet for perioden 2015–2018, «Tillsammans för jämställdhet – ett starkare Norden» går ut dette året. Arbeidet med eit nytt program er i gang, og det vil gjelde for perioden 2019–2022. Frå norsk side har det vore viktig å vidareføre arbeidet for å inkludere menn og gutar i det nye samarbeidsprogrammet på likestillingsfeltet.

Hovudprioriteringane på helse- og sosialsektoren i formannskapsåret var mellom anna universell utforming, velferdsteknologi og utsette barn og unge. BLD deler ansvaret for deltaking i embetskomiteen og ministerkomiteen på helse- og sosialområdet med Helse- og omsorgsdeparte-

mentet og Arbeids- og sosialdepartementet. I formannskapsåret var BLD ansvarleg for ein nordisk konferanse om Universell utforming og kvardagsteknologi i Oslo og eit nordisk sidearrangement på statspartsmøtet om CRPD ved FN i New York.

### Nærare om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
870	Sekretariatet for Diskrimineringsnemnda	6 168	18 598	19 006	2,2
871	Likestilling og ikkje-diskriminering	46 592	56 248	57 099	1,5
872	Nedsett funksjonsevne	243 768	268 015	275 712	2,9
873	Likestillings- og diskrimineringsombudet	55 107	42 821	43 843	2,4
Sum kategori 11.40		351 635	385 682	395 660	2,6

Utgifter under programkategori 11.40 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
01-23	Drift	26 412	44 899	47 934	6,8
50-59	Overføringar til andre statsrekningskaper	55 107	42 821	43 843	2,4
70-98	Overføringar til private	270 116	297 962	303 883	2,0
Sum kategori 11.40		351 635	385 682	395 660	2,6

### Kap. 870 Sekretariatet for Diskrimineringsnemnda

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	
01	Driftsutgifter	6 168	18 598	19 006	
Sum kap. 0870		6 168	18 598	19 006	

Stortinget vedtok 16. juni 2017 *lov om Likestillings- og diskrimineringsombudet og Diskrimineringsnemnda* (diskrimineringsombudslova), jf. Prop. 80 L (2016–2017). Lova erstattar *lov om Likestil-*

*lings- og diskrimineringsombudet og Likestillings- og diskrimineringsnemnda* av 10. juni 2005 og tredde i kraft 1. januar 2018.

Den nye diskrimineringsombudslova inneber at lovhandhevingsoppgåvene blei skilde ut frå Likestillings- og diskrimineringsombodet frå 1. januar 2018. Lovhandhevingsoppgåvene blei overførte til ei ny nemnd, slik at alle sakane blir handsama i éin instans (Diskrimineringsnemnda). Den nye nemnda handsamar *lov om likestilling og forbud mot diskriminering*. Nemnda er eit sjølvstendig forvaltningsorgan som administrativt ligg under BLD. Nemnda består av tre avdelingar som kvar består av éin leiar og to medlemmer. Det er i tillegg oppnemnt seks varamedlemmer. Departementet kan ikkje gi instruks om eller gjere om utøvinga av styresmakt i handsaminga av ein-skildsaker.

Nemnda har eit eige sekretariat som førebur møta, legg fram saker og utarbeider utkast til vedtak etter rådslåing i nemnda.

Nemnda kan gjere vedtak eller gi fråsegn om at det ligg føre brot på dei lovene nemnda er sett til å handheve, og gi påbod om at det diskriminerande tilhøvet skal stansast eller rettast.

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til lønn for tilsette og andre driftsutgifter ved sekretariatet for Diskrimineringsnemnda. I tillegg kjem godtgjersle med meir til nemndmedlemmer og til eventuelle vitne og sakkunnige som blir kalla inn.

Departementet foreslår ei samla løyving på 19 mill. kroner i 2019.

## Kap. 871 Likestilling og ikkje-diskriminering

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	10 924	11 592	13 868
70	Likestilling mellom kjønn, <i>kan nyttast under post 21</i>	18 877	20 982	17 977
72	Lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn	11 274	11 578	11 914
73	Likestillingssenter	8 232	8 454	13 340
79	Internasjonalt likestillings- og ikkje-diskrimineringsarbeid, <i>kan overførast</i>	-2 715	3 642	
	Sum kap. 0871	46 592	56 248	57 099

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Forsknings- og utviklingsmidlane på posten blir nytta til å finansiere prosjekt av særleg relevans på områda likestilling og ikkje-diskriminering. Det føreslås òg ein auke på 2 mill. kroner til tiltak som kan bidra til å auke delen kvinnelege toppleiarer i næringslivet og å motverke kjønnsdelte utdanningsval. Det er særskilt relevant å vurdere tiltak som vil auke rekrutteringa av menn til grunnskole- og barnehagelærerutdanninga. I tillegg er rekruttering av menn til utdanning innanfor helse- og omsorgssektoren relevant.

Departementet foreslår ei samla løyving på 13,9 mill. kroner i 2019.

### Post 70 Likestilling mellom kjønn, kan nyttast under post 21

Posten blir nytta til tilskotsordninga *Familie- og likestillingspolitiske organisasjonar*. Målet med ordninga er å sikre drift, bidra til mangfald og skape større aktivitet i frivillige organisasjonar som arbeider med familie- og likestillingspolitikk, jf. omtale i Prop. 1 S (2017–2018). Vidare blir posten nytta til tilskot til særskilde tilskotsmottakarar, som blir forvalta av Bufdir og departementet. Posten kan også nyttast til eventuelle etterbetalingar for deltaking i EU-programma *PROGRESS (2007–2013)* og *Daphne III (2007–2013)*.

Løyvinga har i 2018 vore nytta til driftstilskot til Reform – ressurscenter for menn og til Senter for likestilling ved Universitetet i Agder. Forum

for Kvinner og Utviklingsspørsmål (FOKUS) har fått midlar som har bidrege til ulike aktivitetar på ansvarsområdet til departementet. Det er òg gitt tilskot til prosjekt i regi av Kilden informasjonssenter for kjønnsforskning.

Løyvinga til driftstilskot (grunnfinansiering) til Reform – ressurscenter for menn og til Senter for likestilling ved Universitetet i Agder på 4,6 mill. kroner er frå og med 2019 flytta til kap. 871, post 73.

BLD føreslår å auke tilskotet til Jenter og teknologi i regi av NHO med 1 mill. kroner, til samla 3,5 mill. kroner i 2019.

Departementet føreslår å gi tilskot til desse særskilde tilskotsmottakarane i 2019:

- Kjernemiljø for likestillingsforskning – CORE
- *Jenter og teknologi*, i regi av NHO
- FOKUS – Forum for kvinner og utviklingsspørsmål
- Kilden informasjonssenter for kjønnsforskning
- Norske Kvinners Sanitetsforening
- Innsats mot hatefulle ytringar – *Stopp hatprat!*-kampanjen i regi av Norges Handikapforbund
- Kommunane som deltek i TryggEst, sjå omtale under Programkategori 11.10

Alle tilskot blir vurderte på bakgrunn av søknad.

Departementet føreslår ei samla løyving på 18 mill. kroner i 2019.

### **Post 72 Lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn**

Løyvinga skal nyttast til tilskotsordninga *Betre levkår og livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile, trans- og interkjønnpersonar (LHBTI)*, jf. omtale i Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet. Ordninga omfattar tilskot til tidsavgrensa aktivitetar drivne av frivillige organisasjonar og andre som arbeider for å betre levkåra og livskvaliteten for lesbiske, homofile, bifile, trans- og interkjønnpersonar. Ordninga omfattar også driftstilskot til dei landsdekkjande LHBTI-organisasjonane og magasinet *Blikk* i tillegg til regelmessige aktivitetar for å betre levkåra og livskvaliteten for LHBTI-personar.

Departementet føreslår ei samla løyving på 11,9 mill. kroner i 2019.

### **Post 73 Likestillingscenter**

Løyvinga delfinansierer Likestillingssenteret, KUN – senter for kunnskap og likestilling, Reform – ressurscenter for menn og Senter for likestilling ved Universitetet i Agder. Løyvinga til driftstilskot til Reform – ressurscenter for menn og til Senter for likestilling ved Universitetet i Agder på 4,6 mill. kroner er flytta til post 73 frå kap. 871, post 70 frå og med 2019.

Departementet føreslår ei samla løyving på 13,3 mill. kroner i 2019.

### **Post 79 Internasjonalt likestillings- og ikkje-diskrimineringsarbeid, kan overførast**

Løyvinga har dekt den norske deltakinga i EU-program innanfor Programkategori 11.40.

Noreg har delteke i det fleirårige EU-programmet *PROGRESS (2007–2013)*. Programmet inneheldt områda sysselsetjing, sosialt vern og inkludering, arbeidsvilkår, arbeid mot diskriminering og for mangfald. Noreg har vidare delteke i EU-handlingsprogrammet for å førebyggje og kjempe mot vald mot barn, ungdom og kvinner og for å verne valdsoffer og risikogrupper, *Daphne III 2007–2013*.

Sjølv om programma blei formelt avslutta i 2013, har nokre aktivitetar halde fram, og deltarlanda har hatt økonomiske forpliktingar i fleire år etter avslutningsåret. Frå og med 2019 reknar BLD forpliktingane sine som ferdige. Eventuelle etterbetalingar vil bli dekte over post 70.

Saldert budsjett for 2018 på posten er 3,6 mill. kroner. BLD føreslår at løyvinga blir omprioritert til andre tiltak på likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet og forbrukarområdet.

Departementet føreslår inga løyving på posten i 2019.

## Kap. 872 Nedsett funksjonsevne

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	9 320	14 709	15 060
70	Funksjonshemma sine organisasjonar	197 834	213 176	219 358
71	Universell utforming og auka tilgjenge, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	30 136	28 277	29 097
72	Funksjonshemma sine levekår og livskvalitet	6 478	11 853	12 197
	Sum kap. 0872	243 768	268 015	275 712

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71

Løyvinga skal nyttast til målretta informasjons-, forskings- og utviklingstiltak som bidreg til å betre situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne. Hovuddelen av løyvinga blir forvalta av Bufdir.

Departementet føreslår ei samla løyving på 15,1 mill. kroner i 2019.

### Post 70 Funksjonshemma sine organisasjonar

Løyvinga skal nyttast til tilskotsordningane *Funksjonshemma sine organisasjonar* og *Fritidstiltak for personar med nedsett funksjonsevne*. Føremålet med ordningane er å gi organisasjonane for funksjonshemma betre høve til å drive interesserepolitisk arbeid, yte service til medlemmene sine og å gi personar med nedsett funksjonsevne gode ferie- og velferdstiltak, jf. omtale i Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet.

Departementet føreslår ei samla løyving på 219,4 mill. kroner i 2019.

### Post 71 Universell utforming og auka tilgjenge, kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga skal nyttast til tiltak i *Regjeringens handlingsplan for universell utforming (2015–2019)*, og primært til tiltak som går på tvers av sektorar. Ansvar for eit universelt utforma samfunn kviler

på ei rekkje departement, og arbeidet følgjer prinsippet om sektoransvar. BLD har ansvar for å koordinere arbeidet med handlingsplanen. I handlingsplanen står IKT og velferdsteknologi sentralt. Samstundes skal det kontinuerlege arbeidet på viktige samfunnsområde følgjast opp. Det gjeld mellom anna universell utforming av bygg, anlegg, uteområde og transport.

Departementet vil i 2019 gi tilskot til Standard Norge til utvikling av standardar for universell utforming, Norsk design- og arkitektursenter til innovasjonstiltak og kompetanseheving av formgivarar og KS til nettverksprosjekt for universell utforming i kommunesektoren.

Løyvinga skal òg nyttast til tilskotsordninga *Universell utforming – kunnskapsutvikling, kompetanseheving og informasjon*, som støttar arbeidet med universell utforming i handlingsplanen, jf. omtale i Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet.

Departementet føreslår ei samla løyving på 29,1 mill. kroner i 2019.

### Post 72 Funksjonshemma sine levekår og livskvalitet

Løyvinga skal nyttast til tilskotsordninga *Tiltak for å betre levekåra og livskvaliteten til menneske med nedsett funksjonsevne*. Tiltak som er direkte retta inn mot å betre levekåra og livskvaliteten for personar med nedsett funksjonsevne, kan få støtte gjennom ordninga, jf. omtale i Prop. 1 S (2017–2018) for Barne- og likestillingsdepartementet.

Departementet føreslår ei samla løyving på 12,2 mill. kroner i 2019.

**Kap. 873 Likestillings- og diskrimineringsombudet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
50	Basisløyving	55 107	42 821	43 843
	Sum kap. 0873	55 107	42 821	43 843

**Status og hovudoppgåver for verksemda**

Likestillings- og diskrimineringsombudet (LDO) er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter som er knytt til BLD administrativt. Føremål og oppgåver går fram av diskrimineringsombudslova.

Hovudoppgåva til LDO er å fremje likestilling og kjempe mot diskriminering uavhengig av mellom anna kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder. Ombudet gir òg rettleiing og er ein pådrivar for likestilling og mangfald.

Stortinget vedtok 16. juni 2017 *lov om Likestillings- og diskrimineringsombudet og Diskrimineringsnemnda* (diskrimineringsombudslova), jf. Prop. 80 L (2016–2017). Lova erstattar *lov om Likestillings- og diskrimineringsombudet og Likestillings- og diskrimineringsnemnda* av 10. juni 2005 og blei sett i kraft 1. januar 2018.

Den nye diskrimineringsombudslova inneber at lovhandhevingsoppgåvene blei skilde ut frå Likestillings- og diskrimineringsombudet frå 1. januar 2018.

Ombudet har òg ansvar for å overvake at norsk rett samsvarer med FN's kvinnekonvensjon (CEDAW), rasediskrimineringskonvensjonen (CERD) og konvensjon for rettane til personar med nedsett funksjonsevne (CRPD).

**Resultatrapport for 2017/2018**

Ei vesentleg oppgåve for ombudet i 2017 var å tilpasse organisasjonen til den nye lova, og dei budsjettmessige konsekvensane av dette. Endringa i diskrimineringsombudslova innebar at handhevingsapparatet på likestillings- og diskrimineringsfeltet blei omorganisert, og at lovhandhevinga blei lagd til eit nytt forvaltningsorgan, Diskrimineringsnemnda, frå 1. januar 2018.

Nedbemanningsprosessen i LDO var avslutta per 31. desember 2017. Denne prosessen innebar at talet på tilsette i LDO blei redusert frå 49 til 38. I samband med endringa i oppgåvene til ombudet er organisasjonen omorganisert.

Aktiviteten i 2017 har vore basert på strategien til LDO for 2017–2022. Hovudsatsingsområda for ombudet er arbeidsliv, skule og utdanning, vald i nære relasjonar, overgrep og seksuell trakassering, helse, bruk av tvang, hatkriminalitet og hatefulle ytringar. Utfordringane til gutar og menn er tema innanfor fleire av desse områda.

**Relevant og god hjelp til mange**

I 2017 fekk ombudet 2 009 førespurnader om rettleiing og 106 klagar på diskriminering. Dette er ein auke samanlikna med tidlegare år. Dei fleste som tek kontakt for å få rettleiing, har opplevd å bli urettvist behandla på grunnlag av kjønn, nedsett funksjonsevne eller etnisitet.

Det har vore ein føresetnad for eit effektivt likestillings- og diskrimineringsapparat at ombudet tek avgjerder av høg fagleg kvalitet, men òg at sakene blir avgjorde innan rimeleg tid. Ein viktig prioritet i 2017 var å halde sakshandsamingstida for klagesakene nede. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for klagesaker var 183 dagar i 2017. Dette var i tråd med målet ombudet hadde sett for seg sjølv.

Før omlegginga av handhevingsapparatet blei ein del saker sende til Likestillings- og diskrimineringsnemnda fordi ein av partane var ueinige i utfallet hos ombudet. I 2017 var omgjeringssprosenten i nemnda 13 prosent, som er ein nedgang frå 34 prosent i 2016.

Ombudet sendte 44 saker som ikkje var ferdig handsama over til den nye Diskrimineringsnemnda ved årsskiftet 2017–2018.

**Førebyggje diskriminering og informasjon om rettar**

I tillegg til rettleiinga av einskilde personar er opplæring ein sentral del av arbeidet i ombudet. For å sikre eit reelt diskrimineringsvern er det viktig at folk kjenner rettane sine. Behovet for kunnskap er stort.

Det er også ein viktig del av arbeidet å gi arbeidsgivarar, styresmakter og andre ansvarlege

kunnskap om pliktene deira og om korleis dei skal arbeide aktivt for likestilling og førebygge diskriminering.

I 2017 heldt ombodet om lag 200 føredrag for mange ulike grupperingar, som frivillige organisasjonar, verksemder og arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonar. Ombodet tek jamleg imot besøk frå utanlandske delegasjonar som ønskjer kunnskap om ombodsordninga og arbeidet.

I november 2017 arrangerte ombodet ein årskonferanse der ein presenterte ei undersøking om omfanget og ulike former for hatefulle ytringar i offentlege debattar på nettet. Både redaktørar, forskarar og politikarar stilte opp i debatten.

Siste halvdel av 2017 og fyrste halvdel av 2018 har mykje av ombodets arbeid vore prega av #metoo, og arbeidet med å hindre og førebyggje seksuell trakassering av kvinner og menn. I kjølvatnet av #metoo har ombodet merka ein stor auke i talet på organisasjonar, arbeidsgivarar og arbeidstakarorganisasjonar som ønsker at ombodet kan kurse dei i spørsmål om seksuell trakassering.

#### *Tilsyn med FN-konvensjonar*

Det lovfesta tilsynsansvaret LDO har for kvinne-diskrimineringskonvensjonen (CEDAW) til FN, FNs rasediskrimineringskonvensjon (CERD) og FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) er eit vesentleg utgangspunkt som styrkjer legitimiteten for pådrivararbeidet til ombodet.

LDO leverte sin supplerande rapport til Noregs 9. rapport til FNs kvinne-diskrimineringskomité i februar 2017. I rapporten tok ombodet opp fem tema som dei meinte hadde behov for meir treffsikker politikk:

1. Vald i nære relasjonar
2. Seksuell trakassering og seksualisert vald
3. Hatytringar, digital trakassering og digital vald
4. Menneskehandel
5. Ulikestilling i arbeidslivet

Dette er område som ombodet har særleg merksemd på i arbeidet sitt. CEDAW-komiteen har tid-

legare etterlyst sterkare innsats frå staten på fleire av desse områda. I arbeidet med rapporten har ombodet konsultert det sivile samfunnet.

#### Strategiar og tiltak for 2019

Likestillings- og diskrimineringsombodet er som følge av ny diskrimineringsombodsløv frå 1. januar 2018 eit reindyrka pådrivarorgan. Ombodet er i gang med å utvikle ny strategi og arbeidsmetode for på ein god måte å fylle pådrivarmandatet sitt. Elles gjeld strategien for ombodet for perioden 2017–2022. Der er dei viktigaste områda arbeidsliv, skule og utdanning, helse, kjønnsbasert vald og hatkriminalitet.

LDO fekk ved den nye lova også ansvar for diskriminering på grunn av alder utanfor arbeidslivet.

LDO held fram med å arbeide for at alle som har plikter etter lovverket, skal kjenne til desse og ha kunnskap om korleis dei kan leggje til rette for likestilling og motarbeide diskriminering i praksis. Ombodet vil gi rettleiing til verksemder og vere ein pådrivar for likestilling og mangfald. Dette skjer mellom anna gjennom kurs og foredrag.

LDO vil halde fram med å gi einskildpersonar god rettleiing. Samstundes arbeider ombodet med å utvikle ein strategi for betre å løyse rettleiingsoppgåva si innanfor dei eksisterande ressursane, mellom anna gjennom utvikling av nye og betre nettsider og i målretting av tenesta mot særleg utsette grupper.

Opgåva til ombodet som tilsynsorgan for tre sentrale FN-konvensjonar er eit kontinuerleg arbeid. Dette blir utført i tett dialog med aktørar frå det sivile samfunnet og offentlege institusjonar.

#### **Post 50 Basisløyving**

Løyvinga skal dekkje lønn til dei tilsette og andre driftsutgifter. Departementet føreslår ei løyving på 43,8 mill. kroner i 2019.

## Programområde 28

### Programkategori 28.50 Stønad ved fødsel og adopsjon

#### Hovudinnhald og prioriteringar

Regjeringa vil ha ei foreldrepengeordning som gir foreldre valfridom og fleksibilitet til å velje den beste omsorgsløysinga for eigne barn. Foreldrepengeordninga er ein viktig del av familiepolitikken. For å auke fedre sitt uttak av permisjon, blei fedrekvoten utvida til 15 veker, og morskvoten blei sett til det same, med verknad frå 1. juli 2018. Innleiinga til programkategori 11.10 Familie og oppvekst gir ei samla framstilling av politikkområdet.

#### Mål

BLD har for 2019 dette målet innanfor denne programkategorien:

---

#### Mål

---

- Fedrar skal ta ein større del av foreldrepenge-dagane.
- 

Dette målet er nærare omtalt nedanfor.

#### Resultatrapport og strategiar


##### Foreldrepenge

Bruk av foreldrepengeordninga

Arbeids- og velferdsdirektoratet har utarbeidd statistikk med utgangspunkt i fødselstidspunkt for barnet, der dei har følgd uttak av foreldrepenge over tre år. I og med at verknadstidspunktet for endringane i fedrekvoten har vore sett til 1. juli (frå 10 til 12 veker 1. juli 2011, frå 12 til 14 veker 1. juli 2013 og frå 14 til 10 veker 1. juli 2014), har direktoratet sett på uttak for barn som er fødte innanfor det einskilde halvåret for dei nemnde åra. Fedrane tek i stor grad imot foreldrepenge for eit tidsrom som er i samsvar med lengda på fedrekvoten. Til dømes tok 65 prosent av fedrane som fekk barn fyrste halvår 2014 ut akkurat fedrekvoten, det vil seie 14 veker med foreldrepenge, medan litt over 63 prosent av fedrane som fekk barn andre halvår 2014, tok akkurat den nye fedrekvoten på 10 veker.

Det gjennomsnittlege talet på dagar mor og far tek ut, endrar seg i takt med regelverksendringar som omfattar fedrekvote og fellesperiode. I figur 4.2 kan vi sjå at det gjennomsnittlege talet på foreldrepenge dagar far tek ut, aukar når fedrekvoten aukar, og minkar når fedrekvoten blir redusert.





Figur 4.2 Gjennomsnittleg tal dagar med foreldrepengar for mor og far. Barn fødte i det aktuelle halvåret

Kjelde: NAV


Ser ein på alle foreldrepengedagane som blei tekne ut i kalenderåret 2017, finn ein at fedrar tok ut 19,9 prosent av alle foreldrepengedagane. Dette er 0,7 prosentpoeng høgare enn i 2016 og 1,5 prosentpoeng lågare enn i 2015. Delen fedrar som tek ut meir enn 10 veker, er nesten lik som i 2016, og delen som tek ut akkurat 10 veker (fedrekvoten etter regelendringa), er auka frå 39,2 prosent i 2016 til 40,3 prosent i 2017. Ein stor del av fedrar har over fleire år valt å ta ut akkurat dei vekene som svarar til fedrekvoten. Denne tendensen heldt fram i 2016 og 2017. Det er viktig å understreke at statistikken over uttak i eit enkelt kalenderår viser ein tendens og gir eit godt bilete av utviklinga, men viser ikkje det heile og fulle biletet av fedre og mødre sitt uttak av foreldrepengar.

Frå 1. juli 2018 blei kvotane utvida frå 10 til 15 veker. Målet med endringa er å auke fedre sitt uttak av foreldrepengar. Departementet har dette målet for foreldrepengeordninga:

- *Fedrar skal ta ein større del av foreldrepenge-dagane.*

I Jeløy-plattformen går regjeringa inn for å dele foreldrepermisjonen i tre like delar. 6. juni 2018 vedtok Stortinget å utvide kvotane ved uttak av foreldrepengar frå 10 til 15 veker, jf. Prop. 74 L (2017–2018) *Endringer i folketrygdloven og kontantstøtteleven (innføring av tredeling av foreldrepengar mv.)* og Innst. 340 L (2017–2018). Lovendringane blei sette i kraft frå og med 1. juli 2018. Dette gir tredeling ved 100 prosent uttak: 15 veker til begge foreldra og ein fellesperiode på 16 veker til fordeling.

Ein aukande del av foreldra vel 100 prosent foreldrepengar/dekningsgrad i staden for 80 prosent foreldrepengar og lengre stønadsperiode. I figur 4.2 kan vi sjå at delen kvinner med 100 prosent dekningsgrad har auka frå 30 prosent i 2008 til litt over 70 prosent i 2017. Auken heng sannsynlegvis saman med at 100 prosent dekningsgrad er meir økonomisk lønnsamt enn uttak med 80 prosent. Det kan òg tyde på at lengda på stønadsperioden ved 100 prosent dekningsgrad er tilstrekkeleg.



Figur 4.3 Delen kvinner med 100 prosent foreldrepengar/dekningsgrad, 2008–2017. Prosent

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Departementet har gitt Institutt for samfunnsforskning i oppdrag å greie ut foreldrepengeordninga for å avdekkje korleis dagens ordning fremjar likestilling og sikrar likestilt foreldreskap. Oppdraget blir avslutta i oktober 2018. Stortinget vil bli orientert om resultatane frå evalueringa på eigna måte.

23. mai 2018 sendte regjeringa på høyring eit forslag om å innføre eigne reglar for uttak av foreldrepengar med redusert sats (80 prosent lønnskompensasjon). Forslaget i høyringsnotatet er 19 veker til begge foreldra og 18 veker til ein fellesperiode. I tillegg føreslo regjeringa å endre

omgrepa i folketrygdlova, slik at omgrepa «mødrekvoten» og «fedrekvoten» blir bytte ut med «mors del» og «fars del». I høyringsbrevet bad regjeringa høyringsinstansane om å få innspel som reflekterer eit moderne mangfald av familiar og parkonstellasjonar.

I handsaminga av Prop. 74 L (2017–2018) vedtok Stortinget òg å utvide foreldrepengeperioden for fleirlingforeldre. Foreldre som får tvillingar, får 17 eller 21 veker ekstra, avhengig av om dei tar ut foreldrepengar med 100 eller 80 prosent lønnskompensasjon. Foreldre som får tre eller fleire barn, får 46 eller 56 veker ekstra.

Tabell 4.7 Fødsalar og bruk av foreldrepengerordninga 2014–2017

	2014	2015	2016	2017	Endring 2016–2017
Talet på levandefødde barn	59 084	59 058	58 890	56 633	–2 257
Uttak av foreldrepengerdagrar fordelt på kjønn (fødsel og adopsjon)					
Kvinner, prosent	77,0	78,5	80,8	80,3	–0,5
Menn, prosent	23,0	21,5	19,2	19,7	0,5
Talet på kvinner med minst éin dag med foreldrepengar ved fødsel	86 285	85 367	87 802	84 765	–3 037
Del av desse med 100 prosent lønnskompensasjon, prosent	65,3	68,6	69,1	70,1	1,0
Talet på menn med minst éin dag med foreldrepengar ved fødsel	59 524	58 382	56 607	55 346	–1 261
Gjennomsnittleg foreldrepengergrunnlag for kvinner ved fødsel (kr)	358 867	369 336	378 314	389 281	10 967
Gjennomsnittleg foreldrepengergrunnlag for menn ved fødsel (kr)	407 591	422 018	428 760	427 281	–1 479
Delen kvinner med gradert uttak av foreldrepengar ved fødsel, prosent	5,5	5,4	5,1	5,0	–0,1
Delen menn med gradert uttak av foreldrepengar ved fødsel, prosent	24,8	23,9	22,8	22,4	–0,4
Talet på menn med minst éin dag med foreldrepengar ved fødsel utan rett til fedrekvot (mor har hatt eingongsstønad)	1 178	1 357	920	602	–318
Talet på personar med eingongsstønad ved fødsel	10 583	10 605	10 432	10 957	525

Kjelde: SSB og Arbeids- og velferdsdirektoratet

## Eingongsstønad ved fødsel

Kvinner utan rett til foreldrepengar får eingongsstønad ved fødsel og adopsjon. Stønaden er auka fleire gonger sidan 2013, og frå 1. januar 2018 blei satsen auka frå 61 120 til 63 140 kroner. Tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet viser at omkring 11 000 personar fekk eingongsstønad i 2017. Dette er ein auke på omkring 5 prosent frå 2016.

Tabell 4.8 Sats for eingongsstønad ved fødsel i perioden 2013–2018

År	Sats
2013	35 263
2014	38 750
2015	44 190
2016	46 000
2017	61 120
2018	63 140

## Sak om foreldrepengar for EFTA-domstolen

ESA, overvakingsorganet til EFTA, meiner den norske foreldrepengeordninga er i strid med likestillingsdirektivet fordi det er ulike reglar for mødrer og fedrar. Dette gjeld mellom anna kravet om at mor må vera i arbeid eller under utdanning eller liknande, for at far skal ha rett til å ta ut foreldrepengar frå fellesperioden. Noreg mottok stevning i saka 18. juli. Saka vil bli handsama av EFTA-domstolen.

## Kjøpekraftjustering av barnetrygd og kontantstøtte

I Meld. St. 40 (2016–2017) Eksport av norske velferdsytelser foreslår regjeringa å innføre kjøpekraftjustering av barnetrygd og kontantstøtte. Regjeringa foreslår vidare å ta kontakt med ESA for å undersøke om kjøpekraftjustering er tillate etter EØS-avtalen. Forslaget inneber at om barnet til den som har rett til barnetrygd og kontantstøtte i Noreg bur i eit anna EØS-land med lågare kostnader, skal ytingane verte justert etter kostnadsnivået i landet der barnet bur.

Då meldinga vart handsama i Stortinget 1. mars, støtta Stortinget forslaget. For å følgje

opp Stortinget sitt vedtak, sendte BLD eit brev til ESA 21. mars 2018, og fekk svar 21. juni. ESA meiner at kjøpekraftjustering av kontantstøtte og barnetrygd ikkje vil vere i samsvar med EØS-avtalen.

## Ny sjølvbeteningsløyving på foreldrepengeområdet

Arbeids- og velferdsetaten gjennomfører no Prosjekt 2 i moderniseringa av IKT i etaten. Arbeids- og sosialdepartementet følger opp prosjektet som del av IKT-moderniseringsprogrammet i NAV, men vedtaksløysinga som blir utvikla i prosjektet, vil saman med plattformen for digitale sjølvbeteningsløysingar gi nye løysingar for foreldrepengar og eingongsstønad. Prosjektet har altså stor innverknad på forvaltninga av ytingar på ansvarsområdet til BLD.

Rapportering frå Arbeids- og velferdsdirektoratet viser at Prosjekt 2 er i rute.

Det er gjort nærare greie for IKT-moderniseringsprogrammet og anna utviklingsarbeid i Arbeids- og velferdsetaten i Prop. 1 S frå Arbeids- og sosialdepartementet.

## Nærare om budsjettforslaget

## Kap. 2530 Foreldrepengar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
70	Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i>	18 481 123	20 061 000	19 220 000
71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	630 555	625 000	610 000
72	Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i>	485 643	490 000	485 000
73	Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	63 177	58 000	63 000
	Sum kap. 2530	19 660 498	21 234 000	20 378 000

Stønadene under kap. 14 i folketrygdlova skal sikre inntekt i samband med svangerskap, fødsel og adopsjon og gi støtte til kvinner som ikkje har tent opp rett til foreldrepengar.

Måloppnåing for ordninga blir mellom anna vurdert ut frå om ordninga blir forvalta i samsvar med lova og sakshandsamingstida i forvaltninga.

Tildelingskriteria er omtalte under dei ein-skilde budsjettpostane nedanfor og går òg fram av folketrygdlova kap. 14.

Foreldrepengar blir forvalta av Arbeids- og velferdsetaten, jf. tilsvarende punkt under kap. 844 Kontantstøtte.

Satsen for eingongsstønad ved fødsel og adopsjon er foreslått nominelt vidareført og sett til 63 140 kroner.

Utgiftsoverslaga under kap. 2530 byggjer mellom anna på den siste befolkningsframskrivinga til Statistisk sentralbyrå. Ein reknar med at talet på barn i aldersgruppa for foreldrepengar vil bli

reduisert. Ein reknar òg med at oppteningsgrunnlaget for foreldra som får foreldrepengar, aukar litt meir enn lønnsveksten.

Departementet føreslår ei løyving på 20 378 mill. kroner under kap. 2530, postane 70–73.

### **Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløyving**

Foreldrepengar ved fødsel blir betalte ut etter reglane i folketrygdlova §§ 14-5 til 14-16. Det er eit vilkår for rett til foreldrepengar at stønadsmotakaren har vore yrkesaktiv med pensjonsgivande inntekt i minst seks av dei ti siste månadene før stønadsperioden tek til, jf. folketrygdlova § 14-6. Visse trygdeytningar, etterlønn, lønt utdanningspermisjon og avtening av militær- og sivilteneste blir likestilt med yrkesaktivitet etter denne regelen og gir oppteningsrett til foreldrepengar. Stønadsperioden ved fødsel er 49 veker med full sats (100 prosent lønnskompensasjon) eller 59 veker med redusert sats (80 prosent lønnskompensasjon), jf. folketrygdlova § 14-9. Val av kompensasjonsnivå gjeld for begge foreldra og for heile stønadsperioden.

Inntekt over seks gonger grunnbeløpet i folketrygda (6 G) gir ikkje grunnlag for foreldrepengar, jf. folketrygdlova § 14-7. Per 1. mai 2018 utgjer grunnbeløpet 96 883 kroner. Ettersom stønadsperioden med 100 prosent er avgrensa til 49 veker, kan det maksimalt betalast ut 581 298 kroner per stønadstilfelle.

Når begge foreldra har tent opp rett til foreldrepengar, har kvar av foreldra 15 veker øyremerkte til seg (mødrekvoten og fedrekvoten). Mor må starte permisjonen sin seinast tre veker før fødselen, og desse vekene kjem i tillegg til mødrekvoten. Bortsett frå dei vekene som er øyremerkte til kvar av foreldra, kan foreldra dele stønadsperioden mellom seg i samsvar med reglane i folketrygdlova § 14-13. Fellesdelen i stønadsperioden er på 16/26 veker avhengig av vald dekningsgrad.

Når berre far har rett til foreldrepengar, kan han ta ut inntil 40/50 veker dersom mor går ut i arbeid eller utdanning eller er for sjuk til å ta seg av barnet, jf. folketrygdlova § 14-14. Når mor har uføretrygd, kan far ta ut inntil 15 veker med foreldrepengar (tilsvarande fedrekvoten) utan at det

blir stilt krav til aktiviteten til mor, jf. folketrygdlova § 14-14.

Foreldrepengar kan takast ut gradert i samsvar med ein skriftleg avtale med arbeidsgivaren om delvis arbeid, jf. vilkåra i folketrygdlova § 14-16. Folketrygdlova § 14-11 gir òg rett til å utsetje stønadsperioden når den som tek imot foreldrepengar, er i arbeid på heiltid. Uttak av foreldrepengar må vere avslutta seinast innan barnet fyller tre år.

Under post 70 høyrer også svangerskapspengar som blir gitt i samsvar med vilkåra i folketrygdlova § 14-4.

### **Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving**

Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon blir ytt til kvinner som ikkje har tent opp rett til foreldrepengar, jf. folketrygdlova § 14-17. Stønaden er i 2018 på 63 140 kroner. Ved fleirbarnsfødselar og fleirbarnsadopsjonar blir det ytt éin eingongsstønad per barn. Departementet føreslår å vidareføre stønaden nominelt i 2019.

### **Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsløyving**

Feriepengar av foreldrepengar blir gitt i samsvar med vilkåra i folketrygdlova § 14-8. Folketrygda yter feriepengar til arbeidstakarar med 10,2 prosent av utbetalte foreldrepengar for dei fyrste 12 vekene av kvar stønadsperiode, alternativt for 15 veker dersom det er valt 80 prosent lønnskompensasjon.

### **Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving**

Foreldrepengar ved adopsjon blir gitt etter vilkåra i folketrygdlova §§ 14-5 til 14-16 ved adopsjon av barn under 15 år. Ved adopsjon er stønadsperioden 46 veker med 100 prosent lønnskompensasjon eller 56 veker med 80 prosent lønnskompensasjon, jf. folketrygdlova § 14-9. Når begge foreldra har tent opp rett til foreldrepengar, har kvar av foreldra 15 veker øyremerkte til seg (fedrekvoten og mødrekvoten).

Sjå elles omtalen under post 70.



*Del III*  
*Omtale av særlege tema*





## 5 Likestilling i budsjettet og oppfølging av aktivitets- og rapporteringspliktene

Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) har som hovudoppgåver på dette feltet å

- forvalte likestillings- og diskrimineringslova og sikre gjennomføring av internasjonale bindingar i form av menneskerettskonvensjonar og EU-direktiv i norsk rett,
- koordinere likestillings- og ikkje-diskrimineringspolitikken, og
- bidra til utvikling av ein kunnskapsbasert politikk for likestilling og gode system for dokumentasjon og analyse av likestillingsstatus.

Likestillings- og diskrimineringsombodet sitt mandat er å arbeide for å fremje reell likestilling og hindre diskriminering på alle samfunnsområde. Ombodet gir rettleiing om likestilling- og ikkje-diskrimineringslovgivinga. Diskrimineringsnemnda handsamar klagesaker om diskriminering.

BLD forvaltar òg krisesenterlova, ekteskapslova og regelverk knytt til foreldrepengar i folkestrygdlova. BLD er ansvarleg for å utarbeide og utvikle lovgiving på desse felta.

I tillegg forvaltar BLD ei rekkje tilskotsordningar som skal bidra til å fremje likestilling knytt til ulike grunnlag. Arbeidet mot vald i nære relasjonar er ein viktig del av innsatsen for å fremje likestilling.

BLD er òg ansvarleg for å følgje opp kvinneediskrimineringskonvensjonen, rasediskrimineringskonvensjonen, barnekonvensjonen og konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne. I tillegg skal BLD utarbeide nasjonale rapportar til dei internasjonale overvakingskomiteane. Likestillings- og diskrimineringsombodet har ein særskild og sjølvstendig tilsynsfunksjon for kvinneediskrimineringskonvensjonen, rasediskrimineringskonvensjonen og FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne. Barneombodet har same funksjon for barnekonvensjonen. Vidare er BLD ansvarleg for å følgje opp arbeidet med europarådskonvensjonar og EU-direktiv på dette feltet.

BLD skal systematisk samarbeide med andre departement for å samordne regjeringa sin inn-

sats for likestilling og for å bidra til å nå likestillingspolitiske mål.

Arbeidet med kunnskapsutvikling, dokumentasjon og analyse inneber eit ansvar for å medverke til å utvikle kunnskap om likestilling og ikkje-diskriminering ut frå ulike diskrimineringsgrunnlag. Det inneber også eit ansvar for å etablere gode system for å dokumentere og analysere likestillingsstatusen på ei rekkje samfunnsområde og følgje med på utviklinga over tid. Alle departementa har ansvar for å skaffe fram kunnskap om likestilling på ansvarsområda sine i tråd med sektoransvarsprinsippet. For BLD er det viktig å ha oversikt over kunnskapen som finst.

BLD har gitt Fylkesmannen ansvaret for å vere pådrivar for at kommunane arbeider aktivt for å fremje likestilling knytt til ulike diskrimineringsgrunnlag. Offentlege og private verksemdar har plikt til å ta omsyn til likestillings- og ikkje-diskrimineringsperspektiva både som tenesteytarar og som arbeidsgivarar på lokalt og regionalt nivå. Det er gjort nærare greie for gjennomførte aktiviteter, strategiar og tiltak på likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet under programkategori 11.40 i del II av budsjettproposisjonen.

Departementet ser det som viktig at likestillingspolitikken i størst mogleg grad blir gjennomført innanfor den einskilde sektoren, i ordinære system og i ordinære tiltak. Denne politikken følgjer også av internasjonale føringar som Noreg har slutta seg til.

### 5.1 Familie- og oppvekstområdet

Begge foreldra er viktige omsorgspersonar for barna. Dette gjeld uavhengig av om foreldra bur saman eller ikkje. Regjeringa vil derfor leggje til rette for at begge foreldra skal ha høve til å vere likeverdige omsorgspersonar, både under samlivet, når samlivet blir løyst opp, og i tilfelle der foreldra aldri har budd saman.

Regjeringa vil i tråd med regjeringsplattforma setje ned eit utval som skal gå gjennom og modernisere barnelova og komme med eit forslag til ei tidsriktig barnelov. Utvalet skal mellom anna vurdere kva utforminga av systemet for barnebidrag har å seie for likestilt foreldreskap, og med utgangspunkt i det som er best for barna vurdere korleis foreldre kan bli sikra like rettar som omsorgspersonar.

I Jeløya-plattformen går regjeringa inn for å dele foreldrepermisjonen i tre like delar. 6. juni 2018 vedtok Stortinget å utvide kvotane ved uttak av foreldrepengar frå 10 til 15 veker, jf. Prop. 74 L (2017–2018) *Endringer i folketrygdloven og kontantstøtteleven (innføring av tredeling av foreldrepengar mv.)* og Innst. 340 L (2017–2018). Lovendringene blei sette i kraft frå og med 1. juli 2018. Dette gir tredeling ved 100 prosent uttak: 15 veker til begge foreldra og ein fellesperiode på 16 veker til fordeling. Endringa blir gjort for å auke fedrar sitt uttak av foreldrepengar. 23. mai 2018 sendte regjeringa på høyring eit forslag om å innføre eigne reglar for uttak av foreldrepengar med redusert sats (80 prosent lønnskompensasjon). Forslaget i høyringsnotatet er 19 veker til begge foreldra og 18 veker til ein fellesperiode.

### 5.3 Status i departementet og dei underliggjande verksemdene for 2017

Tabell 5.1 Barne- og likestillingsdepartementet (kjønn, lønn, stilling) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N)

	Kjønnsbalanse %		Personar (N)	Årsverk (N)	Lønn <sup>1</sup>
	Menn	Kvinner			
Totalt i verksemda	33,5	66,5	161	149	92,2
Departementsråd	100	0	1	1	–
Toppleiing (ekspedisjonssjef, kom.sjef)	40	60	5	5	96,8
Avdelingsdirektør	40	60	15	15	96,0
Fagdirektør, utgreiingsleiar	33	67	15	13,1	98,3
Seniorrådgivar	37	63	81	73,8	101,7
Rådgivar	28	72	18	16	105,2
Førstekonsulent <sup>2</sup>	13	87	8	8	100,5
Adm. tilsette (Seniorkonsulent og førstekonsulent)	29	71	7	6,5	94,2
Lærling	0	100	1	1	-

<sup>1</sup> Lønna til kvinnene i prosent av lønna til mennene

<sup>2</sup> Utanom administrativt tilsette

### 5.2 Barnevernsområdet

Barn og unge i Noreg som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, skal få hjelp og støtte, uavhengig av kjønn, landbakgrunn og opphaldsstatus, funksjonsevne og seksuell orientering, og utan omsyn til kvar i landet dei bur. Tal frå barnevernsstatistikken til Statistisk sentralbyrå for 2017 viser at det var fleire gutar enn jenter som tok imot tiltak frå barnevernet. Gjennom heile 2017 var det rundt 55 prosent gutar og 45 prosent jenter som fekk barnevernstiltak. Kjønnsfordelinga har vore stabil dei siste åra.

Det var relativt små kjønnskilnader i 2017 både når det gjaldt talet på plasseringar i fosterheim og barnevernsinstitusjonar, og i bruken av fleire typar hjelpetiltak. Det var ein tendens til at gutar oftare enn jenter hadde hjelpetiltaka bustad med oppfølging, utdanning/arbeid og støttekontakt. Dei tok òg oftare imot behandlingstilbod som PMTO (foreldreopplæring). BLD og Bufdir vil i utviklinga av barnevernstiltaka framleis ta omsyn til tilrettelegging for begge kjønna der det er behov for det. For barnevernsinstitusjonane gjeld dette til dømes i arbeidet med internkontroll, kvalitetsarbeid og utviklinga av behandlingsmetodar.

Tabell 5.2 Barne- og likestillingsdepartementet (deltid, tilsetjingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent

	Deltid <sup>1</sup>		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon <sup>2</sup>		Legemeldt sjukefråvær <sup>3</sup>	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	3,7	9,3	11,1	11,2	0,5	3,7	1,1	5,1

<sup>1</sup> Prosentdelen kvinner og menn som arbeider mellombels deltid på grunn av graderte permisjonar (AAP, omsorg for barn, osv.).

<sup>2</sup> Prosentdelen av dagar dei har vore i permisjon av avtalte dagsverk i heile 2017.

<sup>3</sup> Prosentdelen av legemeldt sjukefråvær i heile 2017.

Tabell 5.3 Barne-, ungdoms- og familieetaten (kjønn, lønn, stilling) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N).

	Kjønnsbalanse				
	Menn	Kvinner	Personar (N)	Årsverk (N)	Lønn <sup>1</sup>
Totalt i verksemda	37,4	62,6	6 402	3 838,3	107,7
Direktørar og avdelingsdirektørar	52,5	47,5	40	38,2	98,0
Seksjonssjefar	29,4	70,6	51	46,8	97,8
Leiarar av institusjonar, familievernkontor	35,6	64,4	118	110,6	100,4
Avdelingsleiarar i institusjonar	28,6	71,4	224	204,5	99,6
Fagstillingar profesjonsutdanning/masternivå	23,8	76,2	911	695,6	96,8
Seniorrådgivarar og prosjektleiarar	33,3	66,7	555	474,6	97,4
Rådgivarar	18,0	82,0	577	469,3	101,7
Fagstillingar høgskule lågare grad	10,4	89,6	192	149,2	100,9
Fyrstekonsulentar og seniorkonsulentar	38,4	61,6	1 989	1 005,0	98,8
Miljøarbeidarar	59,4	40,6	1 588	550,9	100,4
Kontorstillingar og saks- handsamarar lågare nivå	8,7	91,3	126	80,5	135,6
Andre stillingar hushald, drift, reinhald	25,8	74,2	31	13,1	99,9

<sup>1</sup> Lønna til kvinnene i prosent av lønna til mennene

Tabell 5.4 Barne-, ungdoms- og familieetaten (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent.

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	18,9	18,1	43,1	31,5	0,21	0,3	5,89	7,82

Tabell 5.5 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker (kjønn, lønn, stilling) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N).

	Kjønnsbalanse				
	Menn	Kvinner	Personar (N)	Årsverk (N)	Lønn <sup>1</sup>
Totalt i verksemda	28	72	137	119,8	77,6
Direktør	-	100	1	1	-
Dagleg leiar / nemndleiar	25	75	12	12	98,8
Nemndleiar	48	52	67	60,5	100,0
Rådgivar	-	100	4	4	-
Seniorrådgivar	-	100	2	2	-
Seniorkonsulent	-	100	11	10,8	-
Fyrstekonsulent	4	86	22	19,1	91,5
Konsulent	-	100	15	7,6	-
Kontorsjef/stabssjef/ prosjektleiar	67	33	3	2,8	70,4

<sup>1</sup> Lønna til kvinnene i prosent av lønna til mennene.

Tabell 5.6 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent.

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	0	16	5	7	0	3	0,5	5



Tabell 5.11 Likestillings- og diskrimineringsombodet (kjønn, lønn, stilling) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N).

	Kjønnsbalanse				Lønn <sup>1</sup>
	Menn	Kvinner	Personar (N)	Årsverk (N)	
Totalt i verksemda	32	68	53	45	100,4
Toppleiing (ombod)	0	100	1	1,0	-
Avdelingsleiar	40	60	5	4,2	96,8
Fagdirektør	40	60	5	5,8	101,8
Seniorrådgivar	39	61	28	24,0	100,3
Rådgivar	17	83	12	9,1	102,7
Fyrstekonsulent	0	0	-	-	-
Konsulent	0	100	1	0,9	-
Konsulent (timebetalt)	0	100	1	0,0	-

<sup>1</sup> Lønna til kvinnene i prosent av lønna til mennene.

Tabell 5.12 Likestillings- og diskrimineringsombodet (deltid, tilsetjingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent.

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	1,9	1,9	1,9	3,8	-	5,7	4,7	0,7

Tabell 5.13 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet (kjønn, lønn) per 31. desember 2017. Prosent og tal (N).

	Kjønnsbalanse				Lønn	
	M	K	Totalt (N)	Årsverk (N)	M	K
Totalt i verksemda	9	91	11	10,2	108	100

Tabell 5.14 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet (deltid, tilsetjingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31. desember 2017. Prosent.

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	0	10	10	10	0	10	0	0,5

## 5.4 Barne- og likestillingsdepartementet

---

BLD har som mål å vere ein likestilt og inkluderande organisasjon. Lokale og arbeidsverktøy skal vere universelt utforma, og medarbeidarar i senioralder skal ha like gode høve til jobb utvikling og kompetanseutvikling som andre medarbeidarar.

Departementet har i fleire år hatt som mål å rekruttere fleire menn, særleg til avdelingar og stillingstypar der prosentdelen kvinner er høg. BLD har sett i verk tiltak for å få fleire menn til å søkje stillingar i departementet. I 2017 var 28,3 prosent av søkjarane menn. Per 31. desember 2017 er 66,5 prosent av dei tilsette kvinner og 33,5 prosent menn.

Når det gjeld rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne og personar med innvandrarbakgrunn, er regelen i BLD at minimum éin søkjar skal kallast inn til intervju om han eller ho er formelt kvalifisert. I stillingsannonsane blei alle kvalifiserte søkjarar uavhengig av bakgrunn oppmoda om å søkje. Departementet legg til grunn prinsippet om moderat kvotering av underrepresenterte grupper.

BLD har gjennom IA-avtalen lagt opp til utvida bruk av støtteordningar som tilretteleggingstilskot, lønnstilskot og praksisplassar gjennom Nav.

Tabellen med tilstandsrapportering for BLD viser at kvinner i gjennomsnitt tener 92,2 prosent av det menn tener.

Per 31. desember 2017 arbeidde 3,7 prosent av mennene og 9,3 prosent av kvinnene i BLD deltid. Tala refererer til prosentdelen av kvart kjønn som både har ein deltidsstilling og til dei som mellom-bels arbeider i ein mindre stillingsprosent på grunn av permisjon (til dømes delvis AAP/uføre eller omsorg for barn). Når det gjeld mellombelse tilsetjingar per 31. desember 2017, er prosentdelen menn med mellombels tilsetjing 11,1 prosent, medan det tilsvarende talet for kvinner er 11,2 prosent.

## 5.5 Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat)

---

Likestillingsperspektivet i Bufetat er integrert som ein viktig del i fleire prosessar internt i verksemda, mellom anna i personalpolitikken og rekrutteringspolitikken. Kvinnene utgjorde per 31. desember 2017 62,6 prosent og mennene utgjorde 37,4 prosent. Forholdet mellom kjønna er om lag uendra samanlikna med 2016.

Rekrutteringspolitikken har eit uttalt mål om balanse mellom kjønna i dei ulike stillingskategoriane på alle nivå i verksemda, men òg sett i samanheng med kjønnsfordelinga i den einskilde eininga/avdelinga/seksjonen. Bufetat følgjer dei sentrale føringane for å utforme stillingsannonsar, slik at ein oppmodar alle uavhengig av alder, seksuell orientering, kjønn og kjønnsidentitet, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn om å søkje ledige stillingar. I tillegg blir søkjarar oppmoda til å opplyse om dei har funksjonshemmingar eller ikkje-vestleg bakgrunn.

Bufetat er representert med deltakarar i Statens mangfaldsnettverk saman med mange andre statlege verksemdar. Statens mangfaldsnettverk har, med økonomisk støtte frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og hovudsamanlutningane, eit prosjekt som er sett i verk for å kartleggje rekrutteringspraksisen med omsyn til mangfald i verksemdene. I prosjektet skal ein utarbeide tiltak for å medverke til ein ikkje-diskriminerande rekrutteringspraksis i statlege verksemdar.

Tabell 5.3 viser at det er overvekt av kvinner i alle stillingskategoriane i Bufetat bortsett frå i kategorien miljøarbeidarar, der det er vel 59 prosent menn. Bufetat har flest kvinnelege leiarar på alle nivå i verksemda bortsett frå i kategorien direktørar og avdelingsdirektørar, som er ei lita gruppe blant leiarane. Bufetat har ei jamn lønnsfordeling mellom kvinner og menn innanfor dei ulike stillingskategoriane. I den grad ein kan peike på skilnader i lønn, går dei i favør av mennene i stillingsgruppa seksjonssjefar og fagstillingar på høgare nivå. I desse gruppene har kvinner 97,4 og 96,8 prosent av lønna menn har. Samla for verksemda tener kvinner 107,7 prosent av lønna til menn. Forklaringa må sjåast i samanheng med gruppa kontorstillingar og sakshandsamarar som er overrepresentert av kvinner som til dømes har stått lenge i stillinga og har betre lønn enn den relativt låge prosentdelen menn i denne gruppa. I Bufetat utgjør tilsette i vikariat og med mellombels tilsetjing 36 prosent av den totale arbeidsstokken. Dette er ein reduksjon på 1,3 prosentpoeng sidan 2016 og 3 prosentpoeng sidan 2015.

## 5.6 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

---

Per 31. desember 2017 var 28 prosent av dei tilsette i verksemda menn. Hovudårsaka til den ujamne kjønnsfordelinga er at det i all hovudsak er kvinner som er tilsette i merkantile stillingar.

Det er større grad av kjønnsbalanse i stillingsgruppa for nemndleiarar, der 48 prosent av dei tilsette var menn.

Alle nemndleiarar har same lønn, uavhengig av kjønn. Dei som er daglege leiarar i tillegg til stillinga som nemndleiar, har eit tillegg som blir regulert av kor mange tilsette det er i nemnda dei leier.

Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker følgjer dei sentrale føringane for å utforme stillingsannonser slik at dei oppmodar alle kvalifiserte, uansett etnisk bakgrunn, kjønn og funksjonsevne til å søkje ledige stillingar.

Det er eit mål at alle lokale skal vere universelt utforma og tilgjengelege for alle.

## 5.7 Forbrukartilsynet

I det store og heile var situasjonen i 2017 som i 2016. Det var 62 prosent kvinner, ein auke frå 61 prosent i 2016. I mellomleiinga var det tre kvinner og to menn. For Forbrukartilsynet totalt er lønna til kvinner 96 prosent av lønna til menn. Det er ein auke på 2 prosentpoeng frå 2016. I eit par stillingskategoriar ligg kvinner høgare enn menn.

Ved rekruttering er det stor merksemd rundt kjønnsbalanse. Kunngjering av ledige stillingar inneheld ei mangfaldserklæring der alle som er kvalifiserte, blir oppmoda til å søkje uansett alder, kjønn, seksuell orientering, etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Det har i 2017 vore 68,5 prosent kvinnelege søkjarar til utlyste stillingar. Dette er om lag same nivå som i 2016. Ingen av søkjarane opplyste om at dei hadde nedsett funksjonsevne. I 2017 hadde Forbrukartilsynet tre tilsette med ikkje-vestleg bakgrunn, noko som utgjer om lag 10,7 prosent av dei tilsette.

Sjukefråværet i 2017 var på 2,1 prosent, ein liten auke frå 2,0 prosent i 2016. Det er ikkje registrert legemeldt sjukefråvær på menn, slik at alt fråværet gjeld kvinner.

Krava til universell utforming er dekte på nettsidene.

## 5.8 Barneombodet

Situasjonen i 2017 var om lag som i 2016. Barneombodet har gjennom fleire år hatt eit fleirtal av kvinneleg tilsette, og per 31. desember 2017 var 75 prosent av dei tilsette kvinner. Trass i eit sterkt ønske om betre kjønnsbalanse blei ubalansen

større i løpet av året. Av dei fire medlemmene i leiargruppa er ein mann, resten er kvinner.

Personar med funksjonsnedsetjingar har ikkje vore å finne blant søkjarane til stillingane Barneombodet har lyst ut det siste året. 10 prosent av dei tilsette ved kontoret har ikkje-vestleg bakgrunn.

Barneombodet har ingen lønnsforskjellar som kan knytast til kjønn, verken i leiargruppa eller fagstaben. Kvinner tener 105,5 prosent av lønna til menn på kontoret. Årsaka til dette er at Barneombodet er kvinne, og av dei tre andre i leiinga er det to kvinner. I ei verksemd med berre 20 tilsette får dette stor effekt.

Det gjennomsnittlege kvartalsvise fråværet har hatt ein liten auke for menn frå 2016 til 2017 – frå 0,0 til 0,7 prosent. For kvinner ligg sjukefråværet på same nivå som i 2016, med 0,4 prosent.

## 5.9 Likestillings- og diskrimineringsombodet

LDO er framleis ei kvinnedominert verksemd, trass i høgt medvit om dette ved rekruttering til ledige stillingar. Frå 2016 til 2017 var det inga endring her. LDO har framleis 32 prosent menn. Av 53 tilsette per 31. desember 2017 var 28 seniorrådgivarar, og av dei var 39 prosent menn. Det er ein auke frå 36 prosent året før. Av dei 5 fagdirektørane er 40 prosent menn. I dei lågaste stillingskodane er det flest kvinner. Kjønnsbalansen i mellomleiinga er uendra sidan 2016.

Den overordna personalpolitikken til LDO omfattar desse delområda: rekruttering, lokal lønnspolitikk, kompetanseutvikling, livsfasepolitikk og arbeidsmiljø. Felles for alle punkta er målet om mangfald, eit inkluderande arbeidsliv og godt tilgjenge. LDO skal leggje til rette for at tilsette i alle livsfasar får ein god arbeidssituasjon og kan utvikle seg gjennom heile yrkeskarrieren.

Staben til LDO skal spegle mangfaldet blant innbyggjarane gjennom

- at kjønnsfordelinga i verksemda er jamn
- at det skal vere minst 40 prosent av kvart kjønn i leiarstillingane
- at minst 15 prosent av dei tilsette i verksemda skal ha innvandrarbakgrunn
- at minst 10 prosent skal ha nedsett funksjonsevne

LDO har både medarbeidarar med innvandrarbakgrunn og medarbeidarar med nedsett funksjonsevne. Måltala ovanfor er oppfylte.



Ombudet har ei mangfaldserklæring i stillingsannonser og nyttar målretta rekrutteringskanalar for å oppnå måla. Dersom det er kvalifiserte søkjarar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne, skal minimum éin i kvar kategori inviterast til intervju. LDO nyttar òg til ein viss grad målretta rekrutteringskanalar.

Likestilt rekruttering har to hovudmål:

1. å sørgje for at rekrutteringa er profesjonell, likestilt og ikkje-diskriminerande
2. å sørgje for at LDO kan gi betre rettleing om likestilt rekruttering eksternt

Som ein del av arbeidet har LDO utvikla eit rammeverk for likestilt rekruttering. Alle styrande dokument for rekruttering og eigen rekrutteringspraksis er gjennomgått for å identifisere diskrimineringsrisiko.

LDO har eit mål om likelønn mellom kjønna i verksemda. Alle stillingar i LDO skal la seg kombinere med familieliv og omsorgsoppgåver.

### **5.10 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet**

---

Per 31. desember 2017 hadde sekretariatet elleve tilsette – ti kvinner (91 prosent) og ein mann (9 prosent).

Sekretariatet har fastsett mål om å rekruttere fleire menn ved nytilsetjingar.

Sekretariatet har ikkje lønnsforskjellar som kan knytast til kjønn.

Når sekretariatet lyser ut ledige stillingar, blir kvalifiserte kandidatar oppmoda om å søkje uavhengig av alder, kjønn, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Per 31. desember 2017 hadde sekretariatet tre tilsette med minoritetsbakgrunn. Ingen tilsette hadde nedsett funksjonsevne.

Sekretariatet kan enkelt leggje tilhøva til rette for tilsette med nedsett funksjonsevne.

For å nå betre ut til grupper med framand språkbakgrunn, er informasjonen på nettsidene til Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet omsett til engelsk. Nettsidene er òg utforma slik at dei skal vere lette å lese for svaksynte.

### **5.11 Sekretariatet for Likestillings- og diskrimineringsnemnda**

---

Sekretariatet hadde per 31. desember 2017 fem tilsette kvinner og ingen menn. Tre av dei tilsette hadde mellombels stilling.

Når sekretariatet lyser ut ledige stillingar, blir personar med innvandrarbakgrunn og/eller nedsett funksjonsevne oppmoda om å søkje.

Lokala til sekretariatet er lagde til rette for personar med nedsett funksjonsevne. Sekretariatet har ein handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge.

### **5.12 Andre kommentarar til omtalen**

---

Forbrukarrådet rapporterer i eigen årsrapport.

## 6 Fornye, forenkle og forbetre

Regjeringa vil fornye, forenkle og forbetre offentleg sektor. Regjeringa vil byggje politikken sin på målet om mest mogleg effektiv bruk av ressursane til fellesskapet. Nedanfor er dei mest sentrale tiltaka for å fremje fornying, forenkling og forbetring på politikkområda til BLD.

Ny adopsjonslov blei sett i kraft 1. juli 2018. Det var behov for ei ny og meir moderne adopsjonslov, og den nye lova avløyste adopsjonslova av 28. februar 1986 nr. 8. Den nye adopsjonslova har blitt meir oversiktleg og brukarvennleg. I den nye lova er òg praksisen til adopsjonsstyresmaktene og retningslinjer lovfesta. Den nye lova blir eit enklare verktøy for adopsjonsstyresmaktene i saksarbeidet deira, og kan gi betra rettstryggleik.

Regjeringa vil setje ned eit offentleg utval som vil gjennomgå og modernisere barnelova, inkludert å vurdere utforminga av bidragssystemet for likestilt foreldreskap, og å gjennomgå barneretane, spesielt i eit internasjonalt perspektiv.

Barnevernslovutvalet hadde som mål å gjennomføre ein språkleg, teknisk og strukturell gjennomgang av barnevernlova og vurdere korleis lova kunne gjerast enklare. Utvalet leverte forslag til ny lov i NOU 2016: 16 *Ny barnevernslov – sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse*. Nokre av forslaga frå utvalet blei vedtekte av Stortinget ved behandlinga av Prop. 169 L (2016–2017) *Endringer i barnevernloven mv. (bedre rettssikkerhet for barn og foreldre.)* og tok til å gjelde 1. juli 2018. Departementet arbeider med eit høyringsnotat om forslag til ny barnevernslov. Målet er betre rettstryggleik og eit meir forståeleg, tidsriktig og brukarvennleg lovverk.

Barnevernsreforma blei vedteken av Stortinget i juni 2017. Endringane som følgjer av reforma, vil tidlegast gjelde frå 2020. Målet med reforma er å gi kommunane sterkare insentiv til å arbeide førebyggjande og komme tidleg inn med naudsynte tiltak i familiane. I tillegg skal finansieringssystemet bidra til at kommunane og Bufetat vel tiltak og tenester som i innhald, omfang og lengd er betre tilpassa behova til barna. Reforma vil mellom anna føre til endringar i kommunane sitt finansieringsansvar for barnevernstiltak og avviking av refusjonsordninga for utgifter til for-

sterking av fosterheimar og nærmiljøbaserte tiltak. Kommunane vil bli kompenserte for utrekna meirutgifter over rammetilskotet. Kompetansestrategien for det kommunale barnevernet er eit viktig tiltak for å førebu kommunane på barnevernsreforma.

Det blir arbeid aktivt med forenkling og modernisering i det statlege barnevernet. Bufdir har i fleire år arbeid med å betre kvaliteten i tenestene, samstundes som det er gjennomført effektiviseringar og omstillingar i Bufetat. I perioden 2010 til 2016 er talet på årsverk redusert med over 800. Det har vore nedgang i talet på årsverk i institusjonane og særleg i omsorgssentera for einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år. I tillegg har bemanninga gått ned i inntaksfunksjonane, fosterheimstenesta og innanfor hjelpetiltak. Frå 2016 til 2017 har det vore ein markant nedgang i talet på statlege omsorgssenter og framleis effektivisering i administrative funksjonar. Det har vore ein auke i bemanninga i dei statlege barnevernsinstitusjonane og sentera for foreldre og barn, som følgje av ei ønska vridning mot betre kvalitet og kompetanse i eige tiltaksapparat. Samla sett har dette gitt ein svak reduksjon i talet på utførte årsverk i Bufetat frå 2016 til 2017.

I Bufdir har digitale løysingar og IKT vore prioritert for å gi gode, forenkla løysingar for brukarane. Prosjektet DigiBarnevern er eit samarbeidsprosjekt med kommunesektoren som vil bidra til eit digitalt løft for det kommunale barnevernet og tenestemottakarane. Prosjektet vil utvikle eit digitalt kvalitetssystem som skal gi dei tilsette betre tilgang på arbeidsstøtte og rettleiing. Kvalitetssystemet skal bidra til ein likare og meir kvalitetssikra arbeidspraksis, betre dokumentasjon og meir planmessig medverknad frå barn og familiar. Mykje av dagens manuelle rapportering vil bli automatisert, og dette vil frigjere ressursar i tenestene og gi betre og meir oppdatert styringsinformasjon for leiarar både i dei kommunale tenestene og på statleg nivå.

Høve for digital kommunikasjon mellom dei kommunale barnevernstenestene, samarbeidande aktørar og med brukarane av tenestene vil gi redusert tidsbruk, lågare kostnader og sikrere

kommunikasjon enn det som er tilfellet i dag. Tenestemottakarane vil òg få enklare og betre tilgang til dokumentasjon i si eiga sak. Det skal òg utviklast ei løysing for digital innsending av bekymringsmeldingar. I dag skjer dette primært per post, noko som er både tid- og ressurskrevjande. Ei digital løysing vil òg auka informasjonstryggleiken og redusere risikoen for at sensitiv informasjon blir kjend for uvedkomande.

Fylkesnemndene har utvikla eit nytt sakshandsamingssystem, ProSak, som blei teke i bruk i 2016 og 2017. Sakshandsamingssystemet har lagt til rette for likare administrativ sakshandsaming i nemndene og meir digital kommunikasjon. Det blir arbeidd for å utvide sakshandsamingssystemet vidare. Målet er eit heilelektronisk sakshandsamingssystem der all kommunikasjon skal vere digital.

Barnesakkunnig kommisjon (BSK) har frå 1. desember 2016 lagt til rette for at sakkunnige kan sende inn rapportar via Altinn. I 2017 blei over halvparten av rapportane sende inn elektronisk. BSK vil halde fram arbeidet for overgang til elektronisk kommunikasjon med sakkunnige og oppdragsgivarane og tek sikte på å fullføre arbeidet med å leggje til rette for elektronisk utsending av svarbrev.

BLD la i april 2017 fram for Stortinget forslag om å endre reglane for korleis Forbrukarombodet og Marknadsrådet skal handheve marknadsføringslova, jf. Prop. 93 L (2016–2017) *Endringer i markedsføringsloven og angrerettloven (håndhevingsreglene)*. Det blei mellom anna føreslått at

Forbrukarombodet skal kunne fatte vedtak i alle saker, at Marknadsrådet skal få ei ny rolle som klageinstans med færre medlemmer, og at Forbrukarombodet skal endre namn til Forbrukar-tilsynet. Stortinget vedtok lovforslaget 16. juni 2017. Endringane, som tok til å gjelde 1. januar 2018, klargjer rolla til Forbrukarombodet, gjer Forbrukarombodet og Marknadsrådet meir effektive og styrkjer forbrukarvernet.

Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet tok i 2017 i bruk ein digital møteportal for overføring av saksdokument. Møteportalen er eit mindre tiltak som verkar forenklande og ressursparande gjennom å gjere saksdokument tilgjengelege elektronisk for medlemmane av Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet. Gjennom at medlemmane kan lese saksdokument elektronisk, er behovet for å sende ut store mengder saksdokument på papir redusert.

Arbeids- og velferdsetaten gjennomfører no Prosjekt 2 i moderniseringa av IKT i etaten. Vedtaksløysinga som blir utvikla i prosjektet, vil saman med plattformen for digitale sjølvbeteningsløysingar gi nye løysingar for foreldrepenge og eingongsstønad. Prosjektet har derfor stor innverknad på forvaltninga av ytingar på ansvarsområdet til BLD. Rapportering frå Arbeids- og velferdsetaten viser at Prosjekt 2 er i rute. Det er gjort nærare greie for IKT-moderniseringsprogrammet og anna utviklingsarbeid i Arbeids- og velferdsetaten i Prop. 1 S (2018–2019) frå Arbeids- og sosialdepartementet.

## 7 Oppfølging av FNs berekraftsmål

Noreg har slutta seg til arbeidet med FNs berekraftsmål. Dette rammeverket omfattar 17 mål og 169 delmål. FNs berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, førebyggje ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Barne- og likestillingsdepartementet har ansvar for oppfølging av tiltak innanfor fleire av delmåla og for det nasjonale koordineringsansvaret for hovudmål 5 «Oppnå likestilling og styrkje stillinga til jenter og kvinner».

FNs berekraftsmål nr. 1: Utrydde alle former for fattigdom

Arbeidet i BLD mot barnefattigdom er knytt opp til FNs delmål 1.2. Landa skal «innan 2030 og i samsvar med nasjonale definisjonar minst halvere prosentdelen menn, kvinner og barn i alle aldrar som lever i fattigdom».

Årsakene til fattigdom er mange. Regjeringa og NOU 2017: 16 *Offentlig støtte til barnefamiliene* har peikt på auka yrkesdeltaking som fremste tiltak for å redusere barnefattigdom. Innsatsen omfattar både universelle ordningar og målretta tiltak for særskilde grupper. Strategien mot barnefattigdom – *Barn som lever i fattigdom* – var den fyrste i sitt slag og blei lansert våren 2015. Målet med strategien var å førebyggje at fattigdom går i arv, og dempe negative konsekvensar av å vekse opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Dei 64 tiltaka i strategien skulle bidra til at alle barn får like moglegheiter til å delta og utvikle seg. Som ei oppfølging av strategien har kommunane, frivillige organisasjonar og staten gått saman om ein felles innsats, *Fritidserklæringa*. Målet er at alle barn, uavhengig av den økonomiske og sosiale situasjonen til foreldra, skal kunne delta regelmessig i ein organisert fritidsaktivitet. Sjølv om strategiperioden for *Barn som lever i fattigdom* var ferdig i 2017, vil dei ansvarlege departementa følgje opp ei rekke av tiltaka frå strategien framover. Det blei i 2017 utarbeidd ein statusrapport for arbeidet mot barnefattigdom. Den vidare innsatsen vil mellom anna byggje på tilrådingar frå NOU

2017: 16 *Offentlig støtte til barnefamiliene*, statusrapporten frå arbeidet mot barnefattigdom og evalueringa av Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom. Sjå omtale under programkategori 11.10.

FNs berekraftsmål nr. 5: Oppnå likestilling og styrkje stillinga til jenter og kvinner

Noreg har investert i universelle velferdsordningar som gjer det mogleg for foreldre å kombinere arbeid med omsorg for barn, som foreldrepermisjon og barnehagar. Auken av kvinner i arbeid dei siste tiåra har vore viktig for den økonomiske veksten i landet. Likevel har Noreg framleis likestillingsutfordringar, til dømes vald i nære relasjonar, ein kjønnsdelt arbeidsmarknad, få kvinner i leinga i selskap i privat sektor og låg yrkesdeltaking blant ein del grupper kvinner med innvandrarbakgrunn.

Kvar sektor har eit eige ansvar for å fremje likestilling. Det sivile samfunnet har òg ei viktig rolle. Regjeringa vil arbeide saman med sivilsamfunnet, næringslivet, partane i arbeidslivet og andre aktørar for å styrkje likestillinga.

Delmål 5.1 handlar om å gjere slutt på alle former for diskriminering av jenter og kvinner i heile verda. Regjeringa vil styrkje likestillinga og skape eit betre diskrimineringsvern. 1. januar 2018 tok likestillings- og diskrimineringslova til å gjelde. Målet med ei felles lov er eit meir brukarvennleg, oversiktleg og samanhengande vern mot diskriminering. For meir informasjon sjå programkategori 11.40.

Delmål 5.2 handlar om å avskaffe alle former for vald mot jenter og barn. Regjeringa prioriterer arbeidet med å førebyggje og avdekkje vald og seksuelle overgrep, mellom anna gjennom oppfølging av ei rekkje handlingsplanar på feltet. *Et liv uten vold – handlingsplan mot vold i nære relasjoner* (2014–2017) og ein tiltaksplan for å førebyggje og motverke vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom: *En god barndom varer livet ut* (2014–2017) blei avslutta i 2017. Ein del av tiltaka er førte vidare i *Opptrappingsplan mot vold og overgrep 2017–2021*, jf. Prop. 12 S (2016–2021). Opptrappingsplanen blei handsama av Stortinget 25. april



Med utgangspunkt i FNs berekraftsmål om matsvinn er det i avtalen fastsett eit mål om at matsvinnet nasjonalt skal reduserast med 50 prosent innan 2030.

BLD har i 2017 og 2018 støtta organisasjonen Matvett AS, som har som føremål å redusere matsvinnet i samfunnet. BLD har òg i både 2017 og 2018 gitt Forbruksforskningsinstituttet SIFO i oppdrag å skaffe fram meir kunnskap om matsvinn på forbrukarledet.

Gjennom bransjeavtalen vil BLD halde fram med å støtte tiltak som kan leggje til rette for at forbrukarane blir medvitne om å redusere matsvinnet. Klima- og miljødepartementet koordinerer arbeidet med bransjeavtalen.

FNs berekraftsmål nr. 16: Fremje fredelege og inkluderande samfunn med sikte på berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvesen for alle og byggje godt fungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå

Delmål 16.1 handlar om å «oppnå ein monaleg reduksjon i alle former for vald og valdsrelaterte dødsfall», og delmål 16.2 handlar om å «stans overgrep, utnytting og menneskehandel og alle former for vald mot og tortur av barn». Delmål 8.7 handlar om å få slutt på menneskehandel. Arbeidet mot vald og overgrep er organisert gjennom fleire tverrdepartementale handlingsplanar for å dekkje alle former, som tvangsekteskap, kjønnslemlesting, overgrep mot barn og vald og overgrep i nære relasjonar. Ein ny handlingsplan for å førebyggje valdtekt er under arbeid. BLD koordinerer arbeidet med å følgje opp opptrappingsplanen mot vald og seksuelle overgrep som blei vedteken av Stortinget i april 2017. Planen har særleg vekt på barn. Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer arbeidet med å følgje opp handlingsplanen mot menneskehandel, som blei lagd fram hausten 2016. Noreg har i internasjonal målestokk svært få valdsrelaterte dødsfall. Sjå også budsjettproposisjonen til Justis- og beredskapsdepartementet, som har hovudansvaret for delmåla som er omtalte ovanfor.

Barnevernet i Noreg har som hovudoppgåve å sikre at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Ein-slege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år får eit bo- og omsorgstilbod under statleg barnevern

medan dei ventar på avgjerd om opphald. Tenester og tiltak etter lova skal vere forsvarlege. Den norske barnevernlova inkorporerer FNs barnekonvensjon, og lova er gitt forrang gjennom den norske lova om menneskerettar.

Omsynet til det som er best for barnet, er eit grunnleggjande prinsipp og er nedfelt både i barnevernlova og i Grunnlova. Barn har best av å vekse opp med sine primære omsorgspersonar, og barnevernet er fyrst og fremst ei hjelpeteneste. Men dersom barnet til dømes er utsett for omsorgssvikt, vald eller seksuelle overgrep, kan det vere naudsynt å plassere det utanfor heimen. Ei slik avgjerd blir gjort av ei fylkesnemnd for barnevern og sosiale saker, eit uavhengig domstolsliknande organ som er leia av ein dommar. Avgjerda kan klagast inn for tingretten.

Barn er sårbare og har derfor eit særskilt behov for vern, bistand og tilrettelagd oppfølging. Utnytting av barn til menneskehandel krenkjer menneskerettane på det grovaste og er ei alvorleg form for kriminalitet. Barnevernet har eit viktig ansvar for barn som kan vere utsette for menneskehandel i Noreg. Barnevernlova blei endra i 2012 for å gi betre vern og omsorg til barn som ein mistenkjer er utsette for menneskehandel. Barn som ein mistenkjer er utsette for menneskehandel, kan plasserast på barnevernsinstitusjon utan samtykke frå foreldra. Føremålet er å verne barnet mot utnyttaren.

Barnevernet, politiet, utlendingsstyresmaktene og andre hjelpetenester har ansvar for å sikre at mindreårige som er utsette for menneskehandel, blir tekne hand om på ein forsvarleg måte. Det er utarbeidd eit eige rundskriv om vern av barn som er utsette for menneskehandel. Det ligg også føre ein handlingsplan mot menneskehandel, og tiltak i denne blir følgde opp frå sektorstyresmaktene. Kompetanseheving i barnevernet er ein del av denne.

#### *Personar med nedsett funksjonsevne, nemnde under fleire delmål*

Personar med nedsett funksjonsevne i Noreg skal på lik linje med alle andre ha høve til personleg utvikling, deltaking og livsutfolding. Norsk politikk følgjer prinsippa i FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. Personar med nedsett funksjonsevne er ei prioritert gruppe i norsk utviklingssamarbeid.

## 8 Omtale av klima- og miljørelevante saker

### 8.1 Omtale av klima- og miljørelevante saker på forbrukarområdet

---

Alt forbruk har klima- og miljøkonsekvensar, direkte eller indirekte. Dei siste tiåra har det vore ein stor auke i det samla forbruket til norske hushald.

Det er eit mål at forbrukarane skal kunne gjere medvitne val i dei marknadene dei handlar i. Informasjon om miljømessige og sosiale aspekt ved varer og tenester kan gjere det enklare for forbrukarane å velje produkt som gir mindre belastning på miljøet og ressursane. Gjennom etterspørsel av slike produkt kan forbrukarar påverke næringsdrivande til i større grad å ta omsyn til berekraft ved avgjerder om investeringar og produksjon.

BLD arbeider for å leggje til rette, forenkle og standardisere informasjon om miljømessige og etiske aspekt ved forbruket. Verkemidla er dei offisielle miljømerka den nordiske Svana og EU-miljømerket (EU Ecolabel), som blir forvalta av Stiftinga Miljømerking i Noreg (Miljømerking).

I 2017 var det ein solid auke i svanemerkte produkt på den norske marknaden; frå 15 339 ved utgangen av 2016 til 18 400 ved utgangen av 2017. Arbeidet til Miljømerking har medverka til at fleire produkt blir produserte etter strenge miljøkrav.

Utvalet av svanemerkte produkt auka innanfor mange produktgrupper i 2017. Størst auke var det for golvbelegg, innandørs måling og lakk, møbel og innreiingar, tekstilar, tonerkassetar og kosmetiske produkt. BLD er nøgd med utviklinga der forbrukarane får større tilbod av miljøtilpassa produkt å velje blant.

Skulen er ein viktig arena for å skape forståing for ressurs- og klimaproblem og reflekterte hald-

ningar til forbruk. BLD arbeider med å fremje undervising i forbrukaremne som òg tek opp spørsmål som er knytte til dette.

Det er tverrpolitisk semje om å arbeide for å redusere matsvinnet i Noreg. Den største delen av matsvinnet (om lag 60 prosent) kjem frå private hushald. I 2017 blei det inngått ein bransjeavtale om matsvinn mellom styresmaktene og dei største bransjeorganisasjonane i matbransjen. Avtalen byggjer på ein felles definisjon av matsvinn og eigne grunnlagsrapportar om statistikk og tiltak. I 2017 blei det òg underskrive tilslutningsavtalar med enkeltbedrifter, til dømes alle daglegvarekjedene. BLD deltek i arbeidet og støttar opp om forbrukarretta tiltak.

### 8.2 Mål for det vidare arbeidet på forbrukarområdet

---

BLD vil i 2019 halde fram med arbeidet for å gjere det enkelt for forbrukarane å gjere miljømedvitne val. Miljømerka Svana og EU Ecolabel er dei fremste verkemidla for å formidle standardisert og kvalitetssikra informasjon om varer og tenester som er blant dei minst miljøskadelege på marknaden. Miljømerking, som forvaltar desse ordningane i Noreg, skal arbeide for at talet på miljømerkte produkt på den norske marknaden framleis aukar. BLD vil i 2019 arbeide vidare med å redusere matsvinnet i samfunnet gjennom bransjeavtalen mellom styresmaktene og bransjeorganisasjonane i matbransjen.

BLD vil i 2019 òg føre vidare tiltak som er retta mot skulen, der miljø og berekraft er sentrale tema.

## 9 Forsking og utvikling

I BLDs forskingsstrategi (2016–2020) trekkjer departementet fram behovet for god dialog med Forskingsrådet og med Bufdir om korleis dei forvaltar forskingsmidlar på vegner av departementet. Departementet ser at det framleis er behov for forskning som grunnlag for politikktutvikling, forvaltning og utvikling av tenestene på områda departementet har ansvar for.

Måla for forskinga til BLD er

- langsiktig og målretta oppbygging av kunnskap
- høg kvalitet
- eit godt grunnlag for politikktutvikling og forvaltning

I tillegg har regjeringa fastsett fem mål for Forskingsrådet. Måla er

- auka vitskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgiving

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har utarbeidd eit styringssystem for korleis departementa skal styre Forskingsrådet, i samråd med dei andre departementa og Forskingsrådet. BLD styrer midlane til Forskingsrådet i tråd med dette. Det samla resultatet av verksemda til Noregs forskingsråd i 2017 er omtalt i budsjettproposisjonen til Kunnskapsdepartementet for 2019. Frå 2018 er alle løyvingar til drift av Forskingsrådet samla på éin post på budsjettet til Kunnskapsdepartementet – sjå nærare omtale under kap. 285, post 55.

I den reviderte langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2019–2024, jf. Meld. St. 7 (2014–2015), varslar regjeringa at dei vil halde fram med å føre ein ambisiøs politikk for forskning og høgare utdanning. I meldinga er det lagt auka vekt på kunnskapsutvikling rundt viktige samfunnsutfordringar.

Samtidig med forslag til statsbudsjettet for 2019, legg regjeringa fram Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*, som er ein revisjon av den førre

langtidsplanen, som er omtalt ovanfor. Den reviderte langtidsplanen har tiårige mål og prioriteringar og gir uttrykk for kva regjeringa ønskjer å prioritere den kommande fireårsperioden. For perioden 2019–2022 lanserer regjeringa tre nye opptrappingsplanar:

- 800 mill. kroner til eit teknologiløft
- 450 mill. kroner til FoU for fornying og omstilling i næringslivet
- 250 mill. kroner til kvalitet i høgare utdanning

For nærare omtale, sjå Del III, kap. 5, i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.

Langtidsplanen gir, saman med forskingsstrategien frå BLD, eit viktig grunnlag for forskingsinnsatsen til departementet. Departementet vil oppfylle sitt sektoransvar for forskning best mogleg innanfor dei tilgjengelege ressursane.

Å byggje forskingskunnskap krev ofte langsiktige investeringar i større prosjekt. Det vil samtidig vere eit kontinuerleg behov for å utvikle kunnskapsgrunnlaget på området til departementet. Mange av ansvarsområda må sjåast i samheng med ansvaret som ligg i andre departement. Departementet har mellom anna gitt midlar til to program i regi av Forskingsrådet: *HELSEVEL* og *VAM*. Dette har bidrege til tverrsektoriell forskning som er viktig for å utvikle kunnskapsgrunnlaget om barn, familiar og familieliv og forskning om velferdstenestene. Departementet gir òg midlar til ei rekkje kunnskaps- og kompetansmiljø som bidreg til kunnskapsutviklinga på departementsområda. Sjå nærare omtale under dei ulike fagkapitla i budsjettframlegget.

I forskingsstrategien frå departementet går det fram at utvikling av statistikk og indikatorar skal halde fram. Bufdir har halde fram arbeidet med å utvikle indikatorar. Eit nytt indikatorsett om diskriminering og levekår blant LHBTIQ-personar blei lansert i 2018. Indikatorane gir kommunar, forskingsmiljø og andre interesserte eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, til dømes for politiske avgjerder og utvikling av tenester.

BLD har sett behov for ein gjennomgang og analyse av tilstand og behov på forskingsområda innanfor temaet «Utsette barn og unge». BLD set i



2019 i gang eit arbeid i samarbeid med dei aktuelle departementa. Arbeidet skal leggje grunnlaget for ein målretta, helskapleg og koordinert nasjonal innsats for forskning, utvikling og innovasjon for barn og unge som er i fare for marginalisering og utanforskap, og som over tid kan ha behov for bistand frå ulike hjelpetenester. Føremålet er å fremje ein kunnskapsbasert politikk på området, som skal vere kjenneteikna av høg kvalitet, brukarmedverknad og effektivitet.

I tillegg vil midlar til Forskingsrådet i 2019 bli nytta til programmet *VAM II*, som erstattar *VAM*, og til programmet *HELSEVEL*.

Departementet har òg starta eit arbeid i samarbeid med Bufdir for å få kartlagt kunnskapshøl, viktige utfordringar og relevante forskingsmiljø på områda til departementet. Dette skal gi grunnlag for ei meir systematisk og langsiktig forvaltning av FoU-arbeidet. Bufdir er òg i gang med å utvikle ein kunnskapsstrategi som vil liggje til grunn for korleis direktoratet forvaltar forskingsmidlane dei kommande åra.

## 10 Arbeid med menneskerettar

FNs verdserklæring om menneskerettar frå 1948 slår fast at «alle menneske er fødte frie og med same menneskeverd og menneskerettar». Det handlar om likestilling, ikkje-diskriminering og fridom for alle, vaksne og barn, uavhengig av eigenskapar som kjønn, etnisk bakgrunn, funksjonsevne og seksuell orientering. Menneskerettane er universelle, udelelege og gjensidig forsterkande.

I samarbeidet i Europarådet har Noreg dels rettslege forpliktingar som følgje av konvensjonane til Europarådet, deriblant landrapporteringar, og dels politiske forpliktingar gjennom deltaking i Europarådets arbeid generelt og resolusjons- og konvensjonsarbeidet spesielt. Mellom anna koordinerer BLD den norske kontakten med kommisjonen mot rasisme og intoleranse (ECRI). ECRI la fram sin femte rapport om Noreg i 2015.

Noreg ratifisererte i juli 2017 Europarådets konvensjon om førebygging og kamp mot vald mot kvinner og vald i nære relasjonar (Istanbulkonvensjonen). Konvensjonen tok til å gjelde 1. november 2017. Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer arbeidet med å følgje opp konvensjonen.

Noreg ratifiserte 13. juni 2018 Europarådets konvensjon om vern av barn mot seksuell utnytting og seksuelt misbruk (Lanzarotekonvensjonen). Konvensjonen tok til å gjelde 1. oktober 2018.

### FN-konvensjonar

BLD har ansvaret for å koordinere arbeidet med oppfølging av FN-konvensjonen om barnerettar, FN-konvensjonen om alle former for diskriminering av kvinner, FN-konvensjonen om alle former for rasediskriminering og FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne.

### FN-konvensjonen om barnerettar

Fylkesmannen i Troms fekk òg i 2016–2018 tildelt midlar frå BLD for å arbeide med *Sjumilssteget*. *Sjumilssteget* handlar om å setje i verk barnekon-

vensjonen i kommunane og hjelpe kommunane med å konkretisere artikkelane i barnekonvensjonen, slik at dei kan brukast til å kvalitetssikre tenestene til barn og unge. Fylkesmannen i Troms har formidla metodikken til alle fylka. Over halvparten av kommunane/bydelane i landet har delteke i satsingar som er initierte av fylkesmannsembetet, og innført ein variant av metoden.

Noreg leverte sin femte og sjette rapport om nasjonal oppfølging av barnekonvensjonen til FN i 2016. Forum for barnekonvensjonen har utarbeidd ein rapport frå sivilsamfunnet til FNs barnekomité om barnerettar i Noreg med midlar frå BLD.

Norske styresmakter møtte FNs barnekomité i mai 2018 og fekk anbefalingar frå komiteen. BLD er i gang med å planleggje arbeidet med oppfølging av anbefalingane.

### FN-konvensjonen om alle former for diskriminering av kvinner

Noreg leverte sin 9. rapport om oppfølging av kvinnediskrimineringskonvensjonen i februar 2016. Det er utarbeidd ein «skuggerapport» frå det sivile samfunnet med økonomisk støtte frå BLD. Skuggerapporten sikrar at det sivile samfunnet får lagt fram synspunkta sine. Noreg møtte FNs kvinnediskrimineringskomité i november 2017 for å gå gjennom den siste rapporten frå Noreg, og fekk anbefalingar frå komiteen. BLD har gitt FOKUS (Forum for kvinner og utviklingsspørsmål) tilskot for å arrangere regionale møte om anbefalingane frå komiteen.

### FN-konvensjonen om alle former for rasediskriminering

Noreg leverte i september 2017 den 23. og 24. rapporten til FNs rasediskrimineringskomité. Styresmaktene skal ha dialogmøte med komiteen hausten 2018. Sivilsamfunnet har fått økonomisk støtte frå departementet til å utarbeide ein skuggerapport.

FN-konvensjonen for rettane til personar med nedsett funksjonsevne

Noreg ratifiserte konvensjonen i 2013 og leverte sin fyrste rapport til komiteen i juli 2015. Noreg skal våren 2019 høyrast av komiteen som overvakar konvensjonen. Det er utarbeidd ein skuggerapport frå det sivile samfunnet med økonomisk støtte frå departementet.

Seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk

Noreg er ein pådrivar for å få på plass eit meir konkret og kraftfullt internasjonalt regelverk som kan sikre rettane til LHBTIQ-personar, mellom anna innanfor FN og Europarådet. Statar er forplikta til å sikre dei grunnleggjande menneskerettane til

LHBTIQ-personar, jf. dei ulike konvensjonane om universelle, grunnleggjande rettar. Kva det vil seie i praksis, med utgangspunkt i dei særskilde utfordringane LHBTIQ-personar møter, er utdjupa og konkretisert mellom anna i dei såkalla Yogyakarta-prinsippa og i LHBT-rekommandasjonen til Europarådet (CoE CM Rec 2010/5). Noreg rapporterer i 2018 for andre gong på Europarådets LHBTI-rekommandasjon, (CM/Rec 2010/5).

Noreg kom i 2018 på 3. plass i ILGA Europe si rangering av dei europeiske statane når det gjeld utvikling av politikk og lovgiving på LHBTI-området (sjå utfyllande omtale under kategori 11.40). Våren 2019 arrangerer Noreg IDAHOT-forum i Oslo. Forumet er Europas viktigaste arena for LHBTI-saker, der aktørar frå styresmakter og sivilsamfunn kjem saman for å drøfte saker på den internasjonale LHBTI-agendaen.

## 11 Oversikt over opptrappingsplanen mot vald og overgrep

Tabellen under gir ei oversikt over tiltaka i opptrappingsplanen mot vald og overgrep, ansvarleg departement og status, jamfør omtale av opptrappingsplanen under Programkategori 11.10 Familie og oppvekst. Det blir rapportert om dei ulike tiltaka i dei årlege budsjettproposisjonane til depar-

tementa som er ansvarleg for tiltak i planen frå Prop. 1 S for 2019. Sjå Prop. 1 S for Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet for rapportering om dei tiltaka dei er ansvarlege for.

Tabell 11.1 Status for tiltak i Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021) per 1. juli 2018

Ansvarleg departement	Tiltak	Status
Alle	1. Gjennomgå etablerte strukturar og system for å vurdere korleis dei betre kan vareta arbeidet mot vald og overgrep	Byrja
Alle	2. Sørgje for at vald og overgrep blir teke inn i samfunnsoppdraget til dei relevante underliggjande etatane	Byrja
BLD	3. I samband med struktur- og kvalitetsreforma i barnevernet fremje ein lovproposisjon som klargjer forventingane til det førebyggjande arbeidet i kommunane	Ferdig
KD	4. Gjere rammeplanen for innhald og oppgåver i barnehagen tydelegare når det gjeld arbeidet mot omsorgssvikt, vald og overgrep	Ferdig
BLD	5. Greie ut endringar i krisesenterlova med sikte på å klargjere kva ansvar kommunane har når det gjeld å førebyggje vald og overgrep	Ikkje byrja
HOD	6. Gjere det tydelegare i spesialisthelsetenestelova, helse- og omsorgstenestelova og tannhelsetenestelova kva ansvar dei regionale helseføretaka, kommunane og fylkeskommunane, inkludert leiinga, har for å bidra til at vald og seksuelle overgrep blir førebygd, avdekt og avverja ved yting av helse- og omsorgstenester	Ferdig
JD/alle	7. Bidra til at kommunar utarbeider kommunale eller interkommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar	Kontinuerleg
JD	8. Vurdere behovet for å utvide avgjerda om avverjeplikta	Ikkje byrja
HOD	9. Sørgje for at RVTS-a i større grad bidreg til lokalt og regionalt samarbeid og samordning av valdsarbeidet	Byrja
Alle	10. Bidra til systematisk samarbeid mellom relevante tenester, til dømes konsultasjonsteam	Byrja
BLD	11. Prøve ut ein modell for handtering av vald og overgrep mot sårbare vaksne, TryggEst	Byrja
BLD/JD	12. Styrkje samarbeidet mellom politi og barnevern	Byrja
BLD	13. Styrkje samarbeidet mellom familieverntenesta og helsestasjonane	Byrja
BLD	14. Klargjere og forenkle avgjerda om opplysningsplikt til barnevernet	Ferdig

Tabell 11.1 Status for tiltak i Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021) per 1. juli 2018

Ansvarleg departement	Tiltak	Status
KD	15. Vurdere korleis tema som er knytte til vald, kan inkludrast i 0–24-samarbeidet	Kontinuerleg
JD	16. Føre vidare årleg tiltakspakke for å førebyggje vald i nære relasjonar	Kontinuerleg
HOD	17. Utarbeide indikatorar for vald og overgrep slik at kommunane kan følgje med på utviklinga og setje i verk førebyggjande tiltak	Byrja
HOD	18. Avklare korleis Folkehelseinstituttet kan vareta temaet vald og overgrep	Byrja
HOD	19. Gjere det tydelegare kva ansvar RVTS-a har for å hjelpe kommunal sektor i å førebyggje vald og overgrep	Byrja
HOD	20. Sikre at jordmødrer ved alle fødeavdelingar informerer foreldre om risikoen ved å riste spedbarn	Ikkje byrja
HOD	21. Revidere forskrift om helsestasjons- og skulehelsetenesta med tydeliggjering av ansvar for å førebyggje, avdekkje og avverje vald og overgrep	Byrja
HOD	22. Styrkje satsinga på helsestasjons- og skulehelsetenestene	Kontinuerleg
BLD	23. Utvikle ein nasjonal strategi for foreldrestøttande tiltak	Ferdig
BLD	24. Styrkje tilskot til kommunar til foreldrestøttande tiltak	Ferdig
BLD/HOD	25. Utvide programmet Nurse Family Partnership dersom evalueringa viser gode resultat	Kontinuerleg
BLD	26. Greie ut ei lovfesting av det førebyggjande arbeidet til familievern-tenesta	Byrja
BLD	27. Revidere <i>Veileder for utarbeidelse av plan for krisehåndtering. Mistanke om ansattes seksuelle overgrep mot barn</i>	Ikkje byrja
BLD	28. Utvikle digitalt informasjonsmateriell om vald og overgrep til bruk i barnehage og skule	Kontinuerleg
KD	29. Styrkje innsatsen mot mobbing og digitale krenkingar	Kontinuerleg
JD	30. Gjennomføre dialoggrupper mot vald i asylmottak	Byrja
JD	31. Gjennomføre opplæring for bebuarar i mottak om temaa vald i nære relasjonar, vald og overgrep mot barn og unge, og seksuell helse	Byrja
JD	32. Styrkje den barnefaglege kompetansen i mottak	Byrja
Alle	33. Sørge for informasjon om nettrelaterte overgrep og opprette ein nettressurs med eigne nettkurs for foreldre, barn og profesjonelle aktørar	Byrja
KD	34. Gjere barnehagane og skulane betre i stand til å informere barn og foreldre om nettvett og korleis ein kan avverje internettrelaterte overgrep	Byrja
BLD	35. Styrkje tematikken om internettrelaterte overgrep i foreldrestøttande tiltak	Byrja
BLD	36. Greie ut korleis krav til politiattest kan omfatte yrkesgrupper som er i kontakt med barn, men som ikkje fell inn under særlovgivinga	Byrja

Tabell 11.1 Status for tiltak i Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021) per 1. juli 2018

Ansvarleg departement	Tiltak	Status
BLD/Alle	37. Utvikle ein felles nasjonal kompetansestrategi om vald og overgrep	Byrja
KD	38. Fremje forslag om ein felles rammeplan for dei helse- og sosialfaglege profesjonsutdanningane der kunnskap om vald og overgrep er blant dei temaa som skal inngå	Ferdig
BLD	39. Styrkje kompetansen om vald og overgrep i familievernet	Kontinuerleg
BLD	40. Styrkje kompetansen om vald og overgrep i barnevernet	Byrja
JD	41. Styrkje kompetansen om vald og overgrep i politiet og domstolane	Byrja
KD	42. Styrkje kompetansen om vald og overgrep blant tilsette i barnehagar og i skular	Kontinuerleg
KD/JD	43. Styrkje kompetansen om vald og overgrep blant tilsette i asylmottak og tilsette i kommunane som arbeider med integrering og kvalifisering av flyktningar og innvandrara	Byrja
HOD	44. Styrkje kompetansen om vald og overgrep i helse- og omsorgstenesta	Byrja
BLD/HOD	45. Utvikle eit nasjonalt opplæringsprogram for kommunane i å samtale med barn og unge om vald og overgrep	Ferdig
Alle	46. Gi betre informasjon om vald og overgrep til befolkninga generelt og til særskilde grupper	Byrja
Alle	47. Greie ut vidare forskingsbehov og utarbeide ein plan for meir forskning på vald i nære relasjonar generelt og vald og overgrep mot barn, eldre og sårbare grupper spesielt	Ikkje byrja
JD	48. Føre vidare forskingsprogrammet om vald i nære relasjonar utover den noverande femårsperioden (2014–2019)	Byrja
HOD	49. Styrkje forskning på vald og overgrep gjennom HELSEVEL-programmet til Forskingsrådet	Byrja
Alle	50. Bidra til meir kunnskap om vald og overgrep i samiske område	Byrja
Alle	51. Bidra til meir kunnskap om vald og overgrep i befolkninga med innvandrarakgrunn	Byrja
JD	52. Gjennomføre ei ny omfangsundersøking om vald i nære relasjonar som ein del av forskingsprogrammet om vald i nære relasjonar	Kontinuerleg
HOD	53. Vurdere regulering av det høvet barn har til å delta i forskning om sensitive tema	Ferdig
JD	54. Auke kunnskapen om internettbruken blant norske barn ved å delta i internasjonal datainnsamling om risiko og tryggleik for barn på internett (EU-Kids Online-undersøkinga 2017), og sørge for forskning og analysar av tematikken ved hjelp av relevante FoU-miljø	Byrja
Alle	55. Leggje til rette for at ny forskingsbasert kunnskap om internettbruken blant barn blir nytta i relevant politikkkutvikling	Kontinuerleg
Alle	56. Vidareføre arbeidet med å betre statistikkgrunnlaget på valds- og overgrepsfeltet	Kontinuerleg

Tabell 11.1 Status for tiltak i Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021) per 1. juli 2018

Ansvarleg departement	Tiltak	Status
BLD	57. Utarbeide faglege tilrådingar om kvaliteten og innhaldet i krisesenter-tilbodet, inkludert tilbodet til barn	Byrja
BLD	58. Vidareutvikle krisesentertilbodet for utsette grupper	Kontinuerleg
HOD	59. Vurdere korleis samarbeidet mellom helse- og omsorgstenesta og krisesentera fungerer og kan betrast	Ikkje byrja
BLD	60. Evaluere sentera mot incest og seksuelle overgrep	Ferdig
BLD	61. Fortsette å støtte Stine Sofie Senteret	Ferdig
HOD	62. Utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for behandling og greie ut forløp for valdsutsette og for valdsutøvarar	Byrja
HOD	63. Innføre kompetansekrav i <i>lov om kommunale helse- og omsorgstjenester</i> , mellom anna ved krav til at kommunen må ha knytt til seg psykolog, lege, jordmor, helsesøster og fysioterapeut	Ferdig
HOD	64. Styrkje dei kommunale tenestetilboda gjennom auka psykologkompetanse og helsestasjonsverksemd	Byrja
HOD	65. Leggjje til rette for eit meir teambasert helsetenestetilbod	Byrja
HOD	66. Vurdere effekten av integrert rus- og valdsbehandling og vurdere korleis brukarar ser på arbeid med valds- og traumeerfaringar i rusbehandling	Byrja
HOD	67. Styrkje behandlingstilbodet for menneske med rus- og/eller psykiske helseutfordringar. Dette inkluderer også menneske med traumeerfaringar.	Byrja
HOD	68. Utvikle verktøy for å kartleggje valdsrisiko	Byrja
HOD	69. Sikre at valds- og overgrepserfaringar inngår i arbeidet med pakkeforløp for psykisk helse og rus, ved utgreiing, tiltak og behandling	Byrja
HOD/BLD	70. Sørge for at barn og unge ved barnevernsinstitusjonar som slit med traume, blir oppdaga og får naudsynt helsehjelp	Kontinuerleg
HOD	71. Betre behandlingstilbodet til unge overgripingar og vidareføre arbeidet med å spreie gode behandlingsmetodar	Byrja
HOD	72. Vurdere å etablere eit nasjonalt klinisk nettverk for behandling av barn og unge med seksuelle åtferdsproblem	Byrja
HOD	73. Vidareføre arbeidet med å utvikle behandlingstilbod for personar som er dømde for å ha utført seksuelle overgrep	Byrja
BLD	74. Styrkje tilbodet frå familievernet til familiar der det førekjem vald, og styrkje samarbeidet mellom familievernet og ATV	Kontinuerleg
KD/Alle	75. Bidra til at fleire kommunale tenester og statlege etatar etablerer bestillingssystem og rutinar som kan auke bruken av kvalifisert tolk i tenesteytinga	Kontinuerleg
JD	76. Opprette offeromsorgskontor som er knytte til politiet, i dei 12 politidistrikta i landet	Ferdig

Tabell 11.1 Status for tiltak i Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021) per 1. juli 2018

Ansvarleg departement	Tiltak	Status
JD	77. Sørgje for at det i alle politidistrikta blir etablert eigne fagmiljø for nedkjemping av kriminalitet innanfor vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep	Kontinuerleg
JD	78. Evaluere prøveprosjektet SARA for barn med tanke på å spreie verktøyet til alle politidistrikta	Byrja
JD	79. Evaluere besøksforbodet, inkludert korleis politiet følgjer opp brot på besøksforbod	Byrja
JD	80. Etablere retningslinjer for korleis politiet skal samarbeide med andre tenester ved bruk av omvend valdsalarm	Byrja
JD	81. Etablere retningslinjer for korleis politiet skal bruke kode 6 (strengt fortruleg adresse), inkludert korleis dei skal samarbeide med andre tenester	Byrja
JD	82. Setje ned ei gruppe / ein kommisjon som skal gå gjennom eit utval av partnardrapssaker	Byrja
JD	83. Styrkje kapasiteten og kompetansen ved Statens barnehus og ved etterforskning av vald og overgrepssaker mot barn	Ferdig
JD	84. Utarbeide nasjonale retningslinjer for Statens barnehus	Ferdig
HOD	85. Utarbeide retningslinjer for medisinske undersøkingar / tannhelseundersøkingar ved Statens barnehus	Byrja
HOD	86. Gå gjennom betalingspraksisen for medisinske undersøkingar ved barnehusa for å sikre likskap mellom barnehusa	Byrja
JD	87. Greie ut om avhøyr av barn og unge under 16 år som er mistenkte for seksuelle overgrep, skal gjennomførast ved Statens barnehus	Byrja
BLD	88. Greie ut ei lovendring med sikte på å endre foreldreretten og samværsretten til barn der far/stefar eller mor/stemor har blitt dømd for alvorlege overgrep mot eigne barn / stebarn	Ferdig



## 12 Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder

I tilknytning til budsjettproposisjonen for 2019 er det sett opp standardtabellar med nøkkeltal for Likestillings- og diskrimineringsombodet og Forbrukarrådet.

Tabell *Utgifter og inntekter etter art*: Føremålet med tabellen er å vise brutto utgifter og inntekter for verksemda basert på kontantprinsippet og artsinndelt etter dei prinsippa som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemdene.

Tabell *Inntekter etter inntektskjelde*: Dei fleste nettobudsjetterte verksemdene har fleire inntektskjelder, og føremålet med tabell 2 er å gi ei oversikt over dei ulike kjeldene.

Tabell *Kontantbeholdningane til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei føremåla kontantbeholdningane skal nyttast til*: Føremålet med tabellen er å vise dei totale overføringane til neste budsjettår og samansetjinga av overføringane.

### 12.1 Likestillings- og diskrimineringsombodet

Tabell 12.1 Utgifter og inntekter etter art

Beløp i NOK	Rekneskap			Budsjett
	2015	2016	2017	2018
<i>Utgiftsart</i>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønnsutgifter	41 262 912	39 542 353	36 845 837	34 868 000
Varer og tenester	15 133 996	13 069 996	13 283 082	15 182 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>56 396 908</i>	<i>52 612 349</i>	<i>50 128 920</i>	<i>50 050 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	0	-158 199	-95 790	0
<i>Sum utgifter til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald</i>	<i>0</i>	<i>-158 199</i>	<i>-95 790</i>	<i>0</i>
<i>Overføringar frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	0	0	0	0
Utbetalningar til andre verksemder	0	0	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 12.1 Utgifter og inntekter etter art

Beløp i NOK	Rekneskap			Budsjett
	2015	2016	2017	2018
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>56 396 908</i>	<i>52 454 150</i>	<i>50 033 130</i>	<i>50 050 000</i>
Inntektsart				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	0	0	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Inntekter frå investeringar</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>				
<i>Overføringar til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	53 981 000	52 856 000	55 107 000	42 929 000
Andre innbetalingar	344 141	523 259	1 017 802	410 000
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>54 325 141</i>	<i>53 379 259</i>	<i>56 124 802</i>	<i>43 339 000</i>
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Innbetaling frå sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>54 325 141</i>	<i>53 379 259</i>	<i>56 124 802</i>	<i>43 339 000</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdninga</i>	<i>-2 071 767</i>	<i>925 109</i>	<i>6 091 672</i>	<i>-6 711 000</i>

Tabell 12.2 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap			Budsjett
	2015	2016	2017	2018
Beløp i NOK				
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartementet	53 981 000	52 856 000	55 107 000	42 929 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	100 000	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	0	0	0	0
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>53 981 000</i>	<i>52 856 000</i>	<i>55 207 000</i>	<i>42 929 000</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	0	0	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Oppdragsinntekter m.m.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	344 141	523 259	1 017 802	410 000
<i>Sum oppdragsinntekter m.m.</i>	<i>344 141</i>	<i>523 259</i>	<i>1 017 802</i>	<i>410 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>54 325 141</i>	<i>53 379 259</i>	<i>56 224 802</i>	<i>43 339 000</i>

Tabell 12.3 Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei føremåla  
kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	2015	2016	2017	Endring
Beløp i NOK				2016–2017
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	14 340 292	15 265 401	21 357 073	6 091 672
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>14 340 292</i>	<i>15 265 401</i>	<i>21 357 073</i>	<i>6 091 672</i>
<i>Avsetjingar til dekking av oppståtte kostnader med forfall i neste budsjettår</i>				
Feriepengar m.m.	3 498 274	3 236 771	3 133 605	-103 166
Skattetrekk og offentlege avgifter	3 052 208	2 875 001	1 354 124	-1 520 877
Gjeld til leverandørar	-330 921	550 574	2 409 011	1 858 437
Gjeld til oppdragsgivarar	-2 489 231	-2 699 981	1 394 577	4 094 558
Anna gjeld med forfall i neste budsjettår	1 736 142	1 739 218	1 206 048	-533 170
<i>Sum til dekking av oppståtte kostnader med forfall i neste budsjettår</i>	<i>5 466 472</i>	<i>5 701 583</i>	<i>9 497 365</i>	<i>3 795 782</i>
<i>Avsetjingar til dekking av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større fleirårige investeringsprosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete, ikkje fullførte prosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetjingar til vedtekne føremål som ikkje er sette i gang	0	0	0	0
Konkrete, ikkje fullførte prosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 12.3 Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei føremåla  
kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	2015	2016	2017	Endring
Beløp i NOK	2016–2017			
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre føremål / ikkje spesifiserte føremål	8 873 820	9 563 818	11 859 708	2 295 890
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>8 873 820</i>	<i>9 563 818</i>	<i>11 859 708</i>	<i>2 295 890</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>14 340 292</i>	<i>15 265 401</i>	<i>21 357 073</i>	<i>6 091 672</i>

## 12.2 Forbrukerrådet

Tabell 12.4 Utgifter og inntekter etter art

	Rekneskap			Budsjett
Beløp i NOK	2015	2016	2017	2018
Utgiftsart				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønnsutgifter	90 023 556	95 724 320	95 882 695	109 936 000
Varer og tenester	40 956 217	50 019 323	52 407 238	66 735 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>130 979 774</i>	<i>145 743 644</i>	<i>148 289 933</i>	<i>176 671 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	7 054 808	7 778 336	5 762 393	1 900 000
<i>Sum utgifter til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald</i>	<i>7 054 809</i>	<i>7 778 336</i>	<i>5 762 393</i>	<i>1 900 000</i>
<i>Overføringar frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	0	0	0	0
Utbetalningar til andre verksemdar	200 000	0	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>200 000</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 12.4 Utgifter og inntekter etter art

	Rekneskap			Budsjett
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	11 949	9 413	1 828	20 000
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>11 949</i>	<i>9 413</i>	<i>1 828</i>	<i>20 000</i>
<hr/>				
<i>Sum utgifter</i>	<i>138 246 531</i>	<i>153 531 394</i>	<i>154 054 154</i>	<i>178 591 000</i>
<hr/>				
Inntektsart				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	-467 866	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	10 266	0	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>-457 600</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<hr/>				
<i>Inntekter frå investeringar</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<hr/>				
<i>Overføringer til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	144 374 194	152 067 171	152 809 252	176 131 000
Andre innbetalingar	2 595 581	1 420 938	2 265 484	2 460 000
<i>Sum overføringer til verksemda</i>	<i>146 969 775</i>	<i>153 488 109</i>	<i>155 074 735</i>	<i>178 591 000</i>
<hr/>				
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Innbetaling frå sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>146 512 175</i>	<i>153 488 109</i>	<i>155 074 735</i>	<i>178 591 000</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdninga</i>	<i>8 265 643</i>	<i>-43 285</i>	<i>1 020 582</i>	<i>0</i>

Tabell 12.5 Inntekter etter inntektskilde

Inntektskjelde			Rekneskap	Budsjett
Beløp i NOK	2015	2016	2017	2018
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartementet	144 374 194	151 321 318	152 434 592	176 131 000
Løyvingar frå andre departement	0	37 500	37 500	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	0	0	0	0
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>144 374 194</i>	<i>151 358 818</i>	<i>152 472 092</i>	<i>176 131 000</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	1 851 008	2 122 636	1 945 644	2 460 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>1 851 008</i>	<i>2 122 636</i>	<i>1 945 644</i>	<i>2 460 000</i>
<i>Oppdragsinntekter m.m.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	0	0	0	0
<i>Sum oppdragsinntekter m.m.</i>	<i>286 974</i>	<i>6 655</i>	<i>656 999</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>286 974</i>	<i>6 655</i>	<i>656 999</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>146 512 175</i>	<i>153 488 109</i>	<i>155 074 735</i>	<i>178 591 000</i>

Tabell 12.6 Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei føremåla  
kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	2015	2016	2017	Endring
Beløp i NOK	2016–2017			
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	39 460 878	39 417 593	40 438 492	1 020 899
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	111 721	118 655	118 338	-317
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>39 572 599</i>	<i>39 536 248</i>	<i>40 556 830</i>	<i>1 020 582</i>
<i>Avsetjingar til dekking av oppståtte kostnader med forfall i neste budsjettår</i>				
Feriepengar m.m.	7 511 706	8 565 309	9 379 774	814 466
Skattetrekk og offentlege avgifter	6 770 517	6 897 675	7 041 122	143 447
Gjeld til leverandørar	7 873 934	5 225 252	7 193 434	1 968 182
Gjeld til oppdragsgivarar	770 312	-45 340	-540 000	-494 660
Anna gjeld med forfall i neste budsjettår	2 787 546	3 348 578	2 919 956	-428 623
<i>Sum til dekking av oppståtte kostnader med forfall i neste budsjettår</i>	<i>25 714 016</i>	<i>23 991 474</i>	<i>25 994 286</i>	<i>2 002 813</i>
<i>Avsetjingar til dekking av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større fleirårige investeringsprosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete, ikkje fullførte prosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetjingar til vedtekne føremål som ikkje er sette i gang	0	0	0	0
Konkrete, ikkje fullførte prosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>



Tabell 12.6 Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei føremåla  
kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	2015	2016	2017	Endring
Beløp i NOK	2016–2017			
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre føremål / ikkje spesifiserte føremål	63 394	72 377	72 377	0
Fri verksemdskapital	13 795 190	15 472 398	14 490 168	-982 231
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>13 858 584</i>	<i>15 544 775</i>	<i>14 562 545</i>	<i>-982 231</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar				
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-1</i>	<i>-1</i>	<i>-1</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>-1</i>	<i>-1</i>	<i>-1</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>39 572 599</i>	<i>39 536 248</i>	<i>40 556 830</i>	<i>1 020 582</i>

Barne- og likestillingsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2018–2019) om statsbudsjettet for år 2019 blir dei forslag til vedtak førte opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

---

## Forslag

Under Barne- og likestillingsdepartementet blir i Prop. 1 S (2018–2019) statsbudsjettet for budsjettåret 2019 dei forslag til vedtak som følgjer, førte opp:

### Kapittel 800–873, 2530, 3842, 3847, 3855, 3856, 3858

#### I

#### Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
800	Barne- og likestillingsdepartementet		
	01 Driftsutgifter	150 743 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	10 111 000	160 854 000
840	Tiltak mot vald og overgrep		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70 og kap. 846, post 62</i>	25 888 000	
	61 Tilskot til incest- og valdtektssenter, <i>overslagsløyving</i>	98 607 000	
	70 Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv., <i>kan nyttast under post 21 og kap. 858 post 01</i>	78 291 000	
	73 Tilskot til senter for valdsutsette barn, <i>kan overførast</i>	31 090 000	233 876 000
841	Samliv og konfliktløyving		
	21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i>	11 263 000	
	22 Opplæring, forskning, utvikling mv.	7 829 000	
	23 Refusjon av utgifter til DNA-analysar, <i>overslagsløyving</i>	5 813 000	
	70 Tilskot til samlivstiltak, <i>kan nyttast under kap. 842, post 01 og kap. 858, post 01</i>	10 505 000	35 410 000
842	Familievern		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	343 022 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	31 068 000	
	70 Tilskot til kyrkja si familievernteneste mv., <i>kan nyttast under post 01</i>	208 461 000	582 551 000
843	Adopsjonsstønad		
	70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i>	12 525 000	12 525 000
844	Kontantstøtte		
	70 Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	1 800 890 000	1 800 890 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
845	Barnetrygd		
	70 Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	14 830 000 000	14 830 000 000
846	Familie- og oppveksttiltak		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 50 og post 71</i>	12 650 000	
	50 Noregs forskingsråd , <i>kan nyttast under post 21</i>	3 218 000	
	60 Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn, <i>kan overførast</i>	36 560 000	
	61 Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom, <i>kan nyttast under post 71</i>	291 985 000	
	62 Utvikling i kommunane	133 229 000	
	70 Barne- og ungdomsorganisasjonar	151 098 000	
	71 Utviklings- og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 21</i>	19 860 000	
	79 Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid mv., <i>kan overførast</i>	11 432 000	660 032 000
847	EUs ungdomsprogram		
	01 Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	8 431 000	8 431 000
848	Barneombodet		
	01 Driftsutgifter	21 968 000	21 968 000
853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker		
	01 Driftsutgifter	230 440 000	230 440 000
854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	69 371 000	
	22 Barnesakkunnig kommisjon	8 194 000	
	45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	25 500 000	
	50 Forsking og utvikling	17 631 000	
	60 Kommunalt barnevern	777 556 000	
	61 Utvikling i kommunane	28 671 000	
	62 Tilskot til barnevernsfagleg vidareutdanning, <i>kan nyttast under post 72</i>	20 252 000	
	71 Utvikling og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 21</i>	28 658 000	
	72 Tilskot til forskning og kompetanseutvikling i barnevernet, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	113 765 000	1 089 598 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
855	Statleg forvalting av barnevernet		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i>	3 836 242 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	24 121 000	
	22 Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 01</i>	2 623 089 000	
	60 Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak, <i>kan nyttast under post 01</i>	426 801 000	6 910 253 000
856	Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar		
	01 Driftsutgifter	141 429 000	141 429 000
858	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 855 post 01</i>	280 076 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	15 556 000	295 632 000
860	Forbrukarrådet		
	50 Basisløyving	134 924 000	
	51 Marknadsportalar	20 170 000	155 094 000
862	Stiftinga Miljømerking i Noreg		
	70 Driftstilskot	10 630 000	10 630 000
865	Forbrukarpolitiske tiltak		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	2 244 000	
	50 Forsking og undervisning, <i>kan nyttast under post 21</i>	9 662 000	
	70 Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>	1 453 000	
	79 Rammeprogrammet til EU om forbrukarpolitikk, <i>kan overførast</i>	6 312 000	19 671 000
867	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet		
	01 Driftsutgifter	14 122 000	14 122 000
868	Forbrukartilsynet		
	01 Driftsutgifter	33 485 000	33 485 000
870	Sekretariatet for Diskrimineringsnemnda		
	01 Driftsutgifter	19 006 000	19 006 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
871	Likestilling og ikkje-diskriminering		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	13 868 000	
	70 Likestilling mellom kjønn, <i>kan nyttast under post 21</i>	17 977 000	
	72 Lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn	11 914 000	
	73 Likestillingssenter	13 340 000	57 099 000
872	Nedsett funksjonsevne		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	15 060 000	
	70 Funksjonshemma sine organisasjonar	219 358 000	
	71 Universell utforming og auka tilgjenge, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	29 097 000	
	72 Funksjonshemma sine levekår og livskvalitet	12 197 000	275 712 000
873	Likestillings- og diskrimineringsombodet		
	50 Basisløyving	43 843 000	43 843 000
2530	Foreldrepengar		
	70 Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i>	19 220 000 000	
	71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	610 000 000	
	72 Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i>	485 000 000	
	73 Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	63 000 000	20 378 000 000
	Sum Utgifter		48 020 551 000
	Sum departementets utgifter		48 020 551 000

Inntekter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
3842		Familievern		
	01	Diverse inntekter	736 000	736 000
3847		EUs ungdomsprogram		
	01	Tilskot frå Europakommisjonen	2 364 000	2 364 000
3855		Statleg forvaltning av barnevernet		
	01	Diverse inntekter	16 021 000	
	02	Barnetrygd	3 959 000	
	60	Kommunale eigendelar	1 437 256 000	1 457 236 000
3856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar		
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	110 127 000	110 127 000
3858		Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet		
	01	Diverse inntekter	484 000	484 000
		Sum Inntekter		1 570 947 000
		Sum departementets inntekter		1 570 947 000

*Fullmakter til å overskride gitte løyvingar:*

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Barne- og likestillingsdepartementet i 2019 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekt under
kap. 842 post 01	kap. 3842 post 01
kap. 847 post 01	kap. 3847 post 01
kap. 855 post 01	kap. 3855 postane 01, 02 og 60
kap. 856 post 01	kap. 3856 post 01
kap. 858 post 01	kap. 3858 post 01
kap. 868 post 01	kap. 3868 post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og gjeld derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter er tekne med i utrekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

*Andre fullmakter:*

III

Satsar for barnetrygd

Stortinget samtykkjer i at Arbeids- og velferdsdirektoratet for 2019 i medhald av *lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd* § 10 kan betale ut barnetrygd med 11 640 kroner per barn per år.

Einslege forsørgjarar som fyller vilkåra for rett til utvida stønad etter barnetrygdlova og full over-

gangsstonad etter folketrygdlova, og som har barn i alderen 0–3 år, har rett til eit småbarnstillegg på 7920 kroner per år. Dette tillegget gjeld per einsleg forsørgjar, uavhengig av kor mange barn i alderen 0–3 år vedkommande faktisk forsørgjer.

IV

Satsar for kontantstøtte

Stortinget samtykkjer i at Arbeids- og velferdsdirektoratet for 2019 i medhald av *lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre*

§ 7 kan betale ut kontantstøtte med desse beløpa for barn i alderen 13–23 månader:

Avtalt opphaldstid i barnehage per veke	Kontantstøtte i prosent av full sats	Kontantstøtte per barn i alderen 13–23 månader
Ikkje bruk av barnehageplass	100	7 500
Til og med 8 timar	80	6 000
Frå 9 til og med 16 timar	60	4 500
Frå 17 til og med 24 timar	40	3 000
Frå 25 til og med 32 timar	20	1 500
33 timar eller meir	0	0

V

Sats for eingongsstonad ved fødsel og adopsjon

Stortinget samtykkjer i at Arbeids- og velferdsdirektoratet for 2019 i medhald av *lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd* § 14-17 kan betale ut:

Eingongsstonad ved fødsel og adopsjon	63 140 kroner per barn
---------------------------------------	------------------------





## Bestilling av publikasjoner

### Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: [www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)

Telefon: 22 24 00 00

### Privat sektor:

Internett: [www.fagbokforlaget.no/offpub](http://www.fagbokforlaget.no/offpub)

E-post: [offpub@fagbokforlaget.no](mailto:offpub@fagbokforlaget.no)

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: 07 Media AS – 10/2018

